

**Grågud og kvitekrist**  
**av**  
**Jahn-Arill Skogholt**

Denne PDF-utgåva er gjeve ut under ein Creative commonslisens: «Navngivelse-Ikkekommersiell 3.0 Norge» Innhaldet i lisensen kan du lese om her: <http://creativecommons.org/licenses/by-nc/3.0/no/>

Kort sagt du kan dele, kopiere og spre boka, men du kan ikkje tene pengar på ho og du må alltid gje opp opphavsmannen.

ISDN: 978-82-998087-0-5 (pdf)

# Grågud og kvitekrist

Gildehallen på Fjell var pynta til fest. På åren flamma bjørkekubbane, endå det skulle vere langt på sommaren. Men sommaren hadde ikkje villa ta ordentleg feste om landet dette året. Kald skodde låg om toppane, og frå Vestfjorden pistra sørvesten kald og rå. Ikkje det at det var noko uver å snakke om. Båtliggande på havet var det kvar bidige dag. Heller ikkje regna det så ovvettes, men det var eit hustrig saurver som folk vart ilskne og oppfarande av.

Årelden kasta flakkande lys over alt det gjævaste garden åtte. Hauldane på Fjell hadde vore dugande til å kare i hop i fleire ættleder no. Og lite gjekk det ut der i garden. Både Frode Gautason, som no sat på Fjell, og far hans og far hans før der igjen hadde ord på seg for å vere heller knipne både på kost og suvl, endå ingen av dei hadde hatt ord på seg for å knipe mot seg sjøl. I tre slektledd hadde bonden på Fjell hatt tilnamnet ølvom, når dei ikkje sjøl høyrde det.

Men i dag hang praktvevnadene på veggane i gildehallen og det glima i både gull og sølvprydde våpen mellom vevnadene. På bordet framfor høgsetet blenkte det i den dyraste eigneluten ætta åtte, ein gjenstand som året rundt låg inntulla i mjukt klede, og som berre ved dei store høve kom fram på bordet. Alle viste at begeret med den djupgrøne leten tolte svært lite før det sprakk, og då kunne ingen sette det i stand igjen.

Ætta hadde ått eit slikt beger til, men det var for to ættleder sidan slått i knas av ei vordslaus taus. Berre gullbeslaget som hadde vore om kanten fanst enno i ei av kistene i buret. Den Frode Gautason som då sat på Fjell hadde slage tausa mest i hel og jaga ho av landet.

Men i dag var gildet så stort at begeret måtte på bordet. Tausene var glade for at ingen av dei var betrudde til å handtere det. Det var alltid matmora sjøl som hadde hand om det kostelege begeret. Nei, det var ikkje noko vanleg bortfarsgilde dei feira på Fjell i dag. At odelssonen var komen til skjels år og alder, hadde runda femten vintrar og var myndig etter loven, det kunne saktens gje grunn til eit gilde midt i ein uvanleg grå og klam sommar. Men så var det at denne sonen hadde brakt så stor heider over ætta si.

På vågastemnet no nyss, etter at Gaute Frodason hadde vunne den årvisse kappspringinga, hadde sjølvaste Tore Hjort sett auga sine i guten, spurt han kven han var og kor han kom frå.

- Når den dagen kjem at far din drikk deg vaksen, då skal du kome til meg på Borg. Gode idrettsfolk får eg aldri for mange av, verken her i Vågar eller vest i Lofot, på Borg.

Dette hadde Hjorten sagt, og lagt til at endå om det no var for seint å snakke om fostring, så skulle han sjøl syte for at så mannleg ein gut fekk den våpenlæra han trong for å bli heil kar. Frode Gautason og Tore Hjort hadde seinare gjort handslag på det.

Frode kunne ikkje forstå anna enn at dette betydde at ætta på Fjell etter dette måtte vere å rekne blant dei førande i denne delen av Hålogaland. Og endå så knipen Fjell-bonden til vanleg var, så forsto han at det ikkje var til å unngå at han heldt eit drusteleg gilde for sendelaget som var komen frå Tore Hjort for å hente sonen hans dit vest til Borg.

Hjartet bultra i bringa til Frode der han førte leiaren for sendelaget opp i høgsetet. Ein gamal draum som farfar hans hadde vore den første til å målbere, såg no ut til å gå i oppfylling.

Gamle-Gaute hadde sagt til sonen sin dagen før han døydde:

- Du sit på ein god gard, Frode sonen min. Fer du fint åt med godset som eg og fedrane mine har samla, og bygger garden heller enn å øyde han, så kjem den dagen at ætta vår skal sitte mellom dei fremste her i Hålogaland. Ætta vår er gammal, og har fostra hovdingar så langt atti tida som soga og segnene går. Men her var for mange hovdingar kring ein fjord som var for liten. Og ingen av hovdingane hadde makt til å bryte dei andre under seg. Derfor har ætta vår aldri nådd opp mellom dei fremste.

Men han sa meir, gamle-Gaute:

- No er dette forandra. Dei andre hovdingane her i fjorden sette seg opp mot Harald Luva, Hårfagre kalla, då han gjesta Hålogaland. Det fekk dei bøte for. No er det Fjell-haulden som sit einsleg hovding igjen her ved fjorden. I Kjos er det berre armod og usseldom. Det neste er vel at dei søkk ned i trælekår. På Øgsnes er heile ætta reinska ut. Brukar du og ættlingane dine meir vett

enn gods, kan den dagen komme at haulden på Fjell sit der han retteleg skal sitte, mellom dei fremste håløygane.

Frode gøynde ein smil i skjegget der han sessa seg i høgsetet. Faren hadde synt seg sannspådd. Gaute førte med seg til Borg ein træl som bar namnet Bjore. Trælen var fødd i same natt som Gaute, og gjeve han i namnegåve. Men Bjore var ikkje fødd til træl. Eldste sonen til Steinbjørn Bjørnulfsson i Kjos, hadde han, Frode, tatt som træl for skyld Steinbjørn ikkje såg seg i stand til å betale.

Ølet som ternene bar til gardsfolket, var ikkje av det likaste slaget. Det var kome meingjær i ei av øltynnene ved siste brygging. Ølet var både beiskt og surt, men det var ikkje i Fjell-bonden sitt to å tømme ut øl i tynevis. Gardsfolket fekk drikke det. Og at det verka som anna øl, det hadde vist seg tidlegare. Så då fekk det vere godt nok.

Kring høgsetet hadde dei drikke av likare slag. Først nokre horn med mjød for å mjuke opp ganen og halsen. Så kom bollane med godøl på bordet. Gardsfolket suppa surøl og kasta beiske blick opp mot bollane som skumma ved høgseteenden. Men Frode visste at han trong ikkje ottast. Han hadde både tukt og age på gardsfolket sitt. Dei fekk vere godt nøgde med at dei fekk metten sin frå samme kjøttgryta som sjølfolket og sendelaget.

Gardsfolket kasta seg glupske over maten. Ein to-fors okse var ikkje nettopp kvar dagskost der i garden. Saltsild og makketen boknafisk hadde dei lært å ta til takke med.

Husfrua, Astrid Olvesdotter, ei inntørka flis av eit kvinnfolk, vart fælen då ho såg kor folket reiv i seg frå mattraua. Skulle ho få den skamma at gjestane måtte gå umette frå bordet fordi gardsfolket så glupsk reiv i seg maten? Halvt venta ho at mannen hennar skulle sette auga sine i folket og stoppe matlysten deira eit grann, men han hadde berre auga for gjestane og sonen som sat benka tett innved høgsetet.

Ho kasta engstelege blick etter matselja si, der ho myndig dreiv tausene ut med tome og inn med fulle fat. Men matselja læst ikkje ottast for matmangel etter det ein kunne sjå på ho. Retteleg fælsken vart ho då ho såg smila som tok til å breie seg over ølbollane nedetter bordet, og forsto at det ikkje lenger var surøl som vanka for gardsfolket heller.

Astrid vinka matselja bort til seg og utba seg med låg, men hard stemme ei forklaring på det som skjedde.

- Surøltynna er tom, kviskra matselja tilbake.
- Og eg trudde ikkje eg kunne bere surmjølk på bordet i dag.

Astrid syntest ho måtte gje ho rett i det.

- Og kjøttgryta, tømest ho?
- Eg trur vi har nok til alle, meinte matselja.

Det tok til å roe seg kring bordet. Gode rap steig frå folket, og fortalde at dei tok til å få metten sin. Mennene saug på munnskjegget for å få med seg kvar ein drope av godølet, som så undersamt var kome i bollane deira.

Då tok Frode ordet der oppe frå høgsetet.

- Som alle veit, så er det Gaute, sonen min, vi drikk av landet i dag. Det er med ære og som vaksen kar han no fer heimanfrå. Eg er viss på at han ikkje vil minke æra verken for seg eller ætta her på Fjell, når han no fer til Borg. Men skal han verge ære, må han ha manns verje. Derfor gjev eg deg no dette, sonen min.

Frå attom høgsetet drog han fram eit sverd og spente det om livet til Gaute. Blodet steig Gaute til hovudet då han såg sverdet. Det var ikkje eit sverd av mange, men sjølvaste Gorrbit som hang der. Med det sverdet hadde farfars far til Gaute eingong hogd ein mann tvert av på midten, etter det so ga visste å fortelle. Etter det hadde sverdet hatt namnet Gorrbit.

Endå raudare i hovudet vart han då faren drog fram eit av dei beste spyda sine og flidde han.

Etterpå kom det fram ein framifrå boge og eit vakkert pilekogger fullt av piler.

- Du er vaksen mann no, Gaute, sonen min. Akt vel på at desse våpna blir deg til ære og gagn og ikkje til mein. Øv deg vel i våpenleik. Gode våpen er bra, men gjer lite gagn om ikkje mannen som fører dei meistrar kunsten.

Blodet rann bort frå hovudet til Gaute igjen. Dei kunne sjå at han vart bleikare enn han pla vere.

Dei som sat nærast kunne og sjå at kinnknutane arbeidde på kjeven som beit tennene i hop og at knokane kvitna om sverdskjeftet.

- Her på Fjell har eg fått første øvinga i våpenleik, sa han lågt, men med sikrare stemme etterkvart som han snakka.

- Hos Tore Hjort blir vel ikkje øvinga kleinare. Men no vil eg prøve sverdet du har gjeve meg, far. Hent hit Bjore, trælen min, og ein hoggestabbe, ropa han til vaktmannen nede ved døra.

Frode gjorde ei rørsle som ville han stoppe det som var i ferd med å skje, men kom på at Gaute no var vaksen og fekk gjere med trælen sin som han ville.

Bjore kom sakte inn i hallen mens han trilla ein hoggestabbe framfor seg.

- Trill stabben bort til åren og reis han slik at han står støtt.

Gaute peika med sverdet sitt. Hoggestabben var stor og tung, men det gjekk utruleg raskt at trælen fekk den reist, og makstra slik at den sto støtt. Gaute gjekk bort og kjente på den. Så nikka han godkjennande.

- Legg venstre handa di på stabben med sprikande fingre. Trælen såg spørrende på han ei lita stund. Så glatta ansiktet seg ut og vart heilt utan uttrykk då han gjorde som han var tilsagt.

Gaute sto liksom og tok mål av handa ei stund. Så blenka det i sverdet, og blodet tok til å farge stabben. Smilande løfta Gaute det ytterste leddet av trælen sin veslefinger. Han gjekk bort til ei av tausene.

- Heng den til tørk for meg.

Til ei anna sa han.:

- Hent noko til å binde om såret.

Så snudde han seg mot høgsetet der faren sat.

- Ja,

far, eg meinte eg måtte ha rett til å ha såpass igjen av trælen min.

- For det er slik, snudde han seg mot trælen, at du og eg har vore meir leikekameratar enn herre og træl. No er det mitt håp at vi kan bli våpenbrør der vest hos Tore Hjort. Du er fri no, og kan glømme trælenamnet ditt, Bjore. Frå i dag skal du bere det namnet som tilkom deg i fødselen. Kom og la oss handtakast, Bjørnolv Steinbjørnsson.

- Eg trur ikkje det manglande leddet på veslefingeren vil gjere deg mindre våpenfør enn du elles ville vore, kviskra Gaute til Bjørnolv mens dei handtokest.

- Og no, Gaute hadde igjen snudd seg mot høgsetet.

- No er eg sikker på at du far vil be Bjørnolv sette seg ved langbordet og ta for seg av det som måtte vere igjen av mat og drikke.

Frode var like raud i toppen som sonen hadde vore for ei tid sidan. Tennene tygde skum.

- Eg har ikkje for vane å sesse verken træljar eller løysingar ved langbordet i gildehallen.

- Det er så, far.

Gaute var fast både i blick og stemme.

- Men fribåren son til fribåren mann har det aldri vore noko skam å sesse i langbenken. Særleg ikkje når mannen er av hovdingætt. Soga, eller kanskje skulle eg seie segna, fortel endåtil at hans ætt og vår ætt er runnen av same rot langt attitida. Den skylda Steinbjørn hadde til deg, den er no i alle fall betalt.

Frode sa ingenting mens Gaute maka til ein plass for Bjørnolv ved nerenden av langbordet. Men då Gaute igjen tok plassen ved sida av høgsetet freste han lågt:

- Det neste blir vel at du gjev bort sverdet du fekk av meg i dag. Far din og farfar din har tatt godt vare på det ætta åtte. Det ser ikkje ut til at du vil gå i våre fotefar. Meir skal eg ikkje seie, så slepp eg å sende deg med større skam av landet

Gaute svvara ikkje på det.

Sørvesten låg der, beint i mot då dei kom i fjæra neste morgon. Ut fjorden var det ikkje snakk om å bruke segl. Som så ofte før, var det årane som var mest til å lite på.

Styrmannen, Asgaut Raudskjegg Sylvesson, grein mot dei to gutane.

- Jaja, gutar, no får vi sjå korleis de meistrar denne idretten.

Gaute lo.

- Eg trur nok du vil oppdage at både eg og Bjørnulv har halde om ei åre før. Men blir det galt så er vi jo åtte mann i ein seksroring, seks til å ro, ein til å styre og ein til å bytte om nokon blir trøytte.

Bjørnulv sa ingenting.

Då dei runda Bukkhausen hadde Gaute forstått at det var stor forskjell på å ro ein seksroring og ein tororing, som han var mest van med å handskast med. Han la og merke til at fingerkluten til Bjørnulv var gjennomtrekt av blod.

Det var ei god stund sidan Bjørnulv hadde lagt merke til det samme. Han kjente og kor det banka og verkte i fingeren.

- Jaja, tenkte han, kanskje bra at eg har fingeren å kjenne på, så kjenner eg mindre av kor trøytt eg blir etter kvart.

Asgaut la kursen utover i Vestfjorden då dei passerte Bukkhausen. Det var tydeleg at han tenkte på å styre utanfor Vesle-Molla, kanskje utanfor Skrova også. Han veksla nokre låge ord med Kjartan Arason og overlot styreåra til han, men vart ståande i løftingen i lag med han.

Tvers av Gullbrandsøya glapp taket på åra for Bjørnulv. Åra var så sleip av blodet frå fingeren hans at det var vanskeleg å halde åra støtt. Asgaut kasta eit blick mot han, men sa ingenting.

Bjørnulv festa eit hardare tak på åra og greidde igjen å halde takten.

Gaute kjente at det tok til å brenne i rygg og armar. No måtte vel ein av dei to i løftingen komme ned og avløyse litt. Men Asgaut og Kjartan berre sto der. Skifta litt på å halde i styreåra, prata lågt saman.

Kvithatten på bårene var mektigare då dei fekk Skrova opp om styrbord. Kjartan, som heldt i styreåra då, gjorde ikkje meining til å endre kurs, heldt berre fram, rakt ut Vestfjorden.

Dei seks ved årene rodde og rodde heilt til dei hadde Skrova godt attanfor tvers. Då greip Asgaut styreåra og nikka til Kjartan.

- Segl, ropte Kjartan. Dei seks drog inn årene. Gaute og Bjørnulv kom seg ikkje til med noko før dei andre røynte fire hadde fått seglet til topps og stramma riggen.

Bjørnulv sokk i hop på tofta då vinden fylte segla og dei sto slaget inn mot Henningsvær-flæsa. Han kjente at han helst berre ville sitte slik, men han visste at dersom dei ikkje greidde å segle seg opp i vinden forbi Henningsvær-flæsa og Vestværet, så måtte dei igjen ro seg opp mot vinden for å stå eit nytt slag fram mot Lofot. Forresten visste han ikkje kor hen på Lofot Asgaut hadde tenkt å lande, så det var mogleg at det enno sto mykje tung roing igjen.

Han grov inni kufta og fann tak i ein senestump. Med tennene og med høgre hand greidde han å stramme den kring den avkutta veslefingeren for å stoppe blodet. Han la ikkje merke til at både Asgaut og Kjartan hadde auga på han mens han heldt på med dette. Lite ville han vel og ha brydd seg om han hadde sett det.

Seksringen var ein framifrå sjøbåt. Dei greidde å presse seg forbi både Henningsvær-flæsa og Vestværet, og sto kursen vidare fram mot Mikilvika.

Då ropte Kjartan brått:

- Klar for kuvending.

Denne gongen prøvde både Bjørnulv og Gaute å vere med på arbeidet. Gaute gjekk mest i vegen for det vante mannskapet. Bjørnulv gjekk på hovudet på tilja og vart borte.

Gaute slepte alt han hadde i hendene og kasta seg over Bjørnulv. Ein av mennene let falle nokre heller uhøviske ord då han greip etter trossa som Gaute hadde halde. Båten la seg over med ny kurs for Rolvsfjorden.

Då Bjørnulv kom til seg sjøl igjen hadde dei fira seglet og heldt på å lagge til land inne i Rolvsfjorden. Asgaut kom bort til Bjørnulv og tok venstre handa hans. Han såg på sena som var knytt om fingeren og smilte litt i skjegget.

- Det ser ut til at du har greidd å stoppe blodet. Det kan nok bli mannfolk av deg eingong. Det er ikkje stort meir vi kan gjere før vi kjem heim til Borg. Der får vi la ei sårkunnig kone sjå på fingeren din.

Mens dei heldt på å ordne med båten kom ein gammal gubbe ruslande ned til fjæra. Han og Asgaut Raudskjegg helsa på kvarandre.

- Du får sjå etter båten, du Svein, sa Asgaut. - Vi har ikkje meir farjøl enn vi greier å bere det. Men båten får ligge her til vi sender nokon for å hente han. Du veit hovdingen blir ikkje blid om han er blitt skadd i mellomtida.

Gubben akka og okka seg.

- Det er ikkje råd for meg å sette vakt over båten. Så dårleg som veret er, så må vi nytte alle hender til å berge høy når veret lagar seg såpass at det er mogleg. Men i dei tidene veret er som verst, skal båten bli godt vakta. Men kjem det hermenn, så har ikkje eg folk nok til å sette meg opp mot dei.

Asgaut berre grynta noko før dei tok i veg.

På turen over fjellet maka Asgaut det slik at han heile tida gjekk attom Bjørnulv, som om han skulle vere klar til å ta imot han i fall han datt.

Turen fall lang for Bjørnulv. Men han heldt seg på føtene, og trudde ikkje han hefta dei andre så verst mykje.

I tunet på Borg sto det ein høg mann og tok imot dei. Han helsa på Asgaut og veksla med han nokre ord om ferda.

Så snudde han seg mot Gaute.

- Eg trur ikkje eg tar feil når eg meiner at du er Gaute Frodason frå Fjell, som eg møtte på vågastemna for ikkje lenge sidan. Eg ser du har nytta tida godt og vakse deg mannlegare. Du skal vere hjarteleg velkomen hit til Borg. Her er det god bruk for fremmelege mannsemne som deg. Men kven er denne andre guten du har med deg, Asgaut?

Bjørnulv hadde stått i bakgrunnen mens Tore helsa på Asgaut og Gaute. No steig han fram mot Tore før Asgaut fekk tid til å svare.

- Om ikkje du hovding tykkjer det er for freidig av meg, så vil eg helst svare for meg sjøl. Sjøll kallar eg meg Bjørnulv Steinbjørnsson. Men det kan nok hende at du vil møte folk som kjem til å kalle meg Bjørnulv Løysing. Det skulle heller ikkje undre meg om ein og annan kunne finne på å kalle meg Bjore træl.

Tore Hjort såg undrande på han. Så kasta han blikket like undrande bort på Asgaut. Men det var Gaute som steig fram for å fortelle korleis det heile hang i hop.

Mens Gaute fortalde, skifta blikket til Tore mellom Gaute og Bjørnulv. Blikket gjorde også eit snarærend nedom handa til Bjørnulv.

Han sto still ei stund etter at Gaute hadde slutta forklaringa si.

- Mykje våpenøving har du vel ikkje fått, du som har hatt slik ein vanlagnad. Men eg kjenner far din og veit kva ætt du kjem frå. Det er folk som ikkje svik nokon i striden. Mannleg har eg og sett dei kunne gå fram i bardagen. Du ser ut til å ha same toet i deg. Også du er velkomen til Borg. Og i mi teneste heiter du Bjørnulv Steinbjørnsson. Men no skal Asgaut ta deg med og sjå til at du får stelt fingeren din skikkeleg.

Noko særleg glup handling var ikkje den fingerhogginga, Gaute, men eg kan forstå at du måtte gjere det for far din si skyld.

Seinare kom Tore til Bjørnulv og ville prate med han i trumål. Bjørnulv undra seg svært over kva den mektige hovdingen ville prate med han om, men sa ingenting. Følgde berre med Tore nedover bøane på Borg.

Til siste sette Tore seg på ein grov stein med utsikt over Borgpollen, og gjorde meining til Bjørnulv at han skulle sette seg attmed han.

- Sei meg, Bjørnulv, kor mykje veit du om ætta di?

Bjørnulv sat litt. Tenkte seg godt om før han svara.

- Det er ikkje vanleg å prate om ætt til ein træl. Men eit og anna ordet lak det jo ut av dei mest skadefro gardskarane på Fjell. Dei blir sagt at ætta mi var ei hovdingætt der inne i fjorden, jamgod med ætta på Fjell. Ja, det vart endå sagt at det skal vere eit ætteband mellom mi ætt og Fjell-ætta. Men dette visste dei visst ikkje mykje om, dei som nemnde det. Det vart og sagt at mi ætt mista makta si då ein av ættefedrene sette seg opp mot kong Harald Luva då han kom til Hålogaland for å stadfeste makta si over heile Norgesveldet. Sidan har det gått jamt nedover, heilt til trælekår for eldste son til Steinbjørn Bjørnolvsson i Kjøs.

- Då veit du det viktigaste. Og det du har høyrt er sant. Då treng du berre å vite

no, at hadde dei andre hovdingane i Hålogaland vist like mykje mot og vilje som forfaren din, så hadde kan hende Hålogaland i dag vore like fritt som Island er. Elles kan eg ikkje klage på fridomen vi har hatt mens Håkon Sigurdsson Jarl har sete på Lade og demt opp for auka kongemakt sørfrå. Ladejarlane er då også av håloygætt, så det er ikkje urimeleg.

- Likevel ser du, hovding, ikkje glad ut, våga Bjørnolv seg til å smette inn.

- Nei, Bjørnolv, det kan du ha rett i. Det går rykte om at ein ny konge av Luva-ætta, ein stor og mektig viking, etlar seg til å gjere arvekrav på Norge. Og Håkon Jarl har ikkje styrt godt dei siste åra. Det er mange som ikkje likar han. Det kan lett opne for ei ny kongemakt. Og eg trur neppe denne Luva-ættlingen er mindre maktsjuk enn ættefaren hans var. Men eg har tenkt å møte Olav Tryggvason på same viset som forfaren din møtte Harald Luva. Og eg trur at fleire tenker som eg, denne gongen. Og på eit vis blir det visst verre no, enn då Harald Luva kom, om vi fell til fote. Etter kva eg høyrer har denne Tryggvasonen tatt til å blote til Kvitest, ein maktsjuk, framand gud som ikkje toler andre gudar ved sida si. Derfor samlar eg gode menn og mannsemne rundt meg no. Vi må bu oss til den striden som skal komme, vi hovdingane her nord. Så du får vere gild, Bjørnolv, å ta våpenøvingane framover alvorleg.

Bjørnolv såg storøyg på Tore mens han snakka. Han kjente at noko vaks inni seg. Har sat han, trælen Bjore, løysingen, og vart tilsnakka av sjølvaste Tore Hjort mest som ein likemann. Fekk høyre av Tore no ville handle som forfaren til Bjørnolv eingong hadde gjort. Fekk høyre at det var den gamle Bjørnolv som hadde handla rett, den gongen for lenge sidan, og tapt på det, fordi dei andre ikkje hadde hatt syn og mot til å gå same vegen, vegen rakt imot kongen som ville ta fridomen frå håloygane. Han smilte bleikt opp til Tore, og nikka fleire gonger kraftig på hovudet.

- Når Tryggvasonen kjem, håpar eg at eg kan vere med deg og bere våpen mot han.

Han ville ha sagt det med djup og mandig stemme, men høyrde sjøl at det mest let som kvekking frå ein krimsjuk frosk.

Bjørnolv låg etter dei andre gutane på våpentreninga. Anna var ikkje å vente, sa Asgaut. Dei andre gutane hadde hatt våpen av ulike slag i hende mest sidan dei var fødde. Trælen Bjore hadde aldri fått lov til å ta i eit våpen.

Det var særleg sverdet han hadde vanskar med. Kvar gong han tok i sverdet kjente han svien frå den einaste gongen i gutedagane han hadde tatt i eit sverd.

Han og Gaute kunne vel vore fem vintrar den gongen, og Gaute hadde fått eit nytt sverd til åremålsdagen. Han hadde funne seg ein gammal bjørkestubbe uti bumarka som han sto og hogg på. Etter å ha hogge ei stund trøytna han, og spurde om ikkje Bjørnolv hadde lyst til å prøve nysverdet litt.

Det var sjølsagt ikkje nei i Bjørnolv sin munn. Han gjekk laus på bjørkestubben med aka den villskap som ein femvintrars gut kan make.

Brått greip ei grov hand i nakken på han. Ei anna, like grov hand, vreid sverdet ut av neven hans. Guten vart kasta bortover marka, mens Frode brukte det vesle sverdet til å kutte seg eit høveleg bjørkeskot som vaks like ved den gamle stubben. Han rafsa lauvet av skotet og gjekk laus på Bjørnolv.

Det var ikkje første gongen trælen Bjore fekk smake riset, men aldri før slik som denne gongen. Etter dei første innleiande rappa, sleit Frode kleda av han, og gjekk for alvor laus på den nakne, vesle gutekroppen.

Gaute forsøkte å gå mellom.

- Far, ikkje slå han så fælt, det var eg som baud han å låne sverdet. Det var eg som fekk han til det. Men faren berre føysa Gaute unna.

- Du skulle kan hende hatt juling, du også. Men denne trælen skal i alle fall få lære seg at ein træl ikkje tar i fri manns våpen.

Slaga fortsette å hagle heilt til han svimte av. Det gjekk fleire dagar før han kunne røre seg utan å kjenne smertane.

Nei, han fekk det ikkje til med sverdet. Og Kalv Kvite, som var den eine av dei to som skulle lære



gutane sverdleik, ga snart opp.

- Det er noko som alle veit, hekste han, - at trælur ikkje kan lære å bruke fri manns våpen. Og sverdet, det er fri mann sitt fremste våpen.

Denne Kalv Kvite var ein underleg figur. Han var heilt kvit, både i hår og hamlét. Berre auga var raude, som hos ein mann som hadde sete for lenge over ølbollen.

Kalv Kvite var ein hund etter kvinnfolk, men dei fleste kvinnfolka skydde denne underlege, vesle mannen, så han måtte helst ty seg til trælkvinner som ikkje hadde nokon rett til å unndra seg famntaka hans. Men det vart og prata om at det ikkje kunne vere så mykje han fekk til i hop med kvinnfolka, for det hadde aldri spurtest at det grodde i noko kvinneliv etter at Kalv Kvite hadde vore der.

Men med sverd i hand var Kalv Kvite ein mann å rekne med. Det var derfor han ofte vart sett til å trene opp unggutar, endå om han for heller hardt fram. Det hendte ikkje så sjeldan at gutane gjekk frå øvinga hos Kalv Kvite med blodet rennande. Og av og til var ikkje såra heilt små heller. Dette fekk Bjørnulv merke fleire gonger den korte tida Kalv Kvite var læraren hans.

Det vart til at Asgaut måtte ta hand om opplæringa av Bjørnulv, og han hadde eit uendeleg tålmod. I meste laget, syntes Bjørnulv titt. Bjørnulv hadde mest lyst til å kaste sverdet og springe og gjømme seg, men Asgaut tvang han til å drive på.

Ein dag Asgaut hadde drive Bjørnulv hardare enn han pla, sat dei begge på ein stein og pusta på. Bjørnulv meinte seg sjå at det var noko som plaga Asgaut, men visste ikkje heilt korleis han skulle te seg med det. Dei vart sittande der å kike litt skrått bortpå kvarandre.

Brått sa Asgaut:

- Gaute fortalde meg noko...

Bjørnulv fór opp.

- Gaute skulle lære seg å passe kjeften sin.

Så sokk han ned på steinen igjen.

- Men det kan vel komme mykje god latter ut av fortellingar om korleis trælen hans har hatt det i oppveksten.

Asgaut aka seg litt nærmare på steinen og la ei hand bortpå aksla til Bjørnulv.

- Du skal ikkje ha så låke tankar om Gaute. Det er rett at han likar å bli likt. Og det er rett at han kanskje ikkje passar kjeften like godt støtt. Men dette trur eg berre han har fortalt til meg, og eg trur ikkje han gjorde det med nokon vond vilje. Eg veit berre at det var nyttig for meg å få vite det. Likevel må du lære å bruke sverdet. Derfor må du, så godt du kan, prøve å glømme det som hende den dagen for ti vintrar sidan.

Ei stund sat Bjørnulv der med hengande aksler. Men brått for han opp og gaula til Asgaut at han skulle hogge hovudet av både Asgaut og Gaute, såpass at den historia ikkje skulle bli gåande på bygda.

Så vilt og rasande hadde Bjørnulv aldri svinga sverdet før, endå om det svei og brann og verkte i heile kroppen, slik det støtt gjorde når han prøvde seg med sverdet.

Han gjekk på Asgaut, vill som ein berserk. I førstninga måtte Asgaut vike for raseriet til Bjørnulv. Men etter ei stund hadde Asgaut ingen problem med å komme seg unna dei ville hogga.

Han prøvde å snakke med Bjørnulv, men det nytta lite. Bjørnulv gjekk berre på og brølte at han skulle ta livet av Asgaut. Til sist såg ikkje Asgaut anna råd enn å slå sverdet ut av handa til Bjørnulv.

Ei stund sto Bjørnulv berre og såg overraska på Asgaut. Så tok akslene hans til å riste, og han la på sprang opp i marka.

Om kvelden kom Asgaut til Bjørnulv og ba han bli med seg ut ein tur. Dei gjekk ned til fjæra og sette seg på kvar sin stein på vorren. Det hadde kome eit haustleg drag i lufta, og blada hadde tatt til å gulne. Dei sat litt, og drog kappene godt om seg mot det kulsne draget frå havet.

- Eg ville snakke med deg, begynte raudskjeggen.

Bjørnulv såg i ei anna lei, og svara ikkje.

- Eg ville berre seie at det er ikkje noko skam å bli rasande. Det er heller ikkje noko skam at eg er

betre med sverdet enn du er. Eg har brukt det i fleire år enn du har levd. Det er heller ikkje noko skam å ta til tårane når ein har vore skikkeleg rasande. Eg synest i alle fall ikkje at det er det når eg gjer det. Elles så ville eg ha sagt at det sinnet du viste meg i dag, det skal du ta godt vare på. Det kan komme godt med ein gong du har bruk for å gå på ein mann. Og kan du i eit slikt sinne bruke sverdet med noko større dugleik, kan det komme til å gå gjetord om deg.

Bjørnulv sat framleis og såg i ei anna lei.

- Og du skal vite at det Gaute fortalde meg, det kjem ikkje vidare frå meg. Eg er nokså sikker på at det heller ikkje kjem vidare frå han. Eg trur ikkje Gaute ville like å ha meg til uven.

Det tok til å riste litt i akslene til Bjørnulv igjen.

- Jaja, heldt Asgaut fram. Det var no det. Men så var det ei anna sak. Det kjem ein til gards - truleg i morgon, ein du aldri har møtt. Bodvar heiter han. Han har vore i Trøndelagen i sommar. Kva han har gjort der, er eg ikkje heilt viss på, men eg trur det har noko med Tryggvasonen å gjere.

Bjørnulv kunne ikkje halde seg lenger.

- Korfor tar du meg hit for å snakke om han? Kva har han med meg å gjere?

- Han har vel ikkje nettopp noko med deg å gjere, enno. Men eg tenkte at du kunne ha godt av å vite at han er ein av dei som står Hjorten nærast. Eg tenkte heller ikkje det gjorde noko om du fekk vite at soga om Bodvar Bjarmlending ikkje er så heilt ulik soga om Bjørnulv Steinbjørnsson.

Bjørnulv såg storøygd på Asgaut.

- Meiner du at...

Asgaut lo litt.

- Ja, eg meiner det.

- Og du sa at han er ein av dei som står Hjorten nærast, stotra Bjørnulv.

Asgaut såg fast på Bjørnulv.

- Eg sa det, ja. Forresten har eg ikkje merka at Tore har gjeve deg nokon grunn til å meine at han ser ned på deg heller.

Bjørnulv kjente at han raudna litt der han sat, og tenkte på det Tore hadde sagt til han med det første han var komen til Borg.

- Det er ei anna sak, og. Det har vore låkt med øving i bogeskyting. Men etter det vesle eg har sett, trur eg ikkje at du skulle bli blant dei kleinaste

der. Og eg kjenner meg viss på at når Bodvar kjem, så blir det mykje trening med bogen. Det er få i Hålogaland som kan måle seg med Bodvar når det gjeld bogeskyting.

Bodvar var Kalv Kvite si rake motsetning på alle vis. Mørk var han, både i hår og hamlet, og dryg i måla, både ein og hin vegen. Og han var ikkje lenge heime på Borg før Bjørnulv forsto at han heller ikkje trong truge seg på kvinnfolka. Det kunne nesten verke som det snarare var motsett. Likevel såg det ikkje ut til at eit einaste kvinnfolk vart fornærma over ikkje å nå fram til han.

Bodvar sin måte var slik at ingen kjente seg krenka.

For Bjørnulv var det ein nesten umogleg tanke at denne mannen eingong hadde vore træl.

- Så trygg på meg sjøl blir aldri eg, tenkte han meir enn ein gong.

Nokre dagar etter at Asgaut hadde snakka med Bjørnulv, var det ikkje Kalv Kvite, men Bodvar som møtte dei på treningsvollen.

Bodvar sto breibeint og augefor gutane etter kvart som dei kom. Blikket hans var så svart og kvasst at alle retta ryggen når han såg på dei.

Alle gutane stilla berre med sverd, slik dei var vane med.

- Jaha, så de er sverdmenn alle saman, ser eg.

Det låg ein liten spott i stemmen til Bodvar.

- Sjøl er eg ikkje nokon stor sverdsvingar, så ettersom Hjorten har sett meg til å øve med dykk i dag, så får de svinte dykk til å hente boge og pil.

Bjørnulv hadde høyrte eit nyss om at Det kanskje skulle bli ei omlegginga av treninga denne dagen, og hadde tatt med seg bogen og pilene sine. Men for ikkje å dumme seg ut om han hadde mistydd, hadde han lagt bogen og pilene sine bak ein einer like ved treningsvollen: Han var derfor den første

tilbake.

- Du er Bjørnulv Steinbjørnsson?

Bjørnulv berre nikka og såg nedi marka.

- Jammen, så stå ikkje der som ein træl. Sjå på meg når eg snakkar åt deg, gut.

Utan at Bjørnulv heilt visst korleis det gjekk til, sto han brått framfor Bodvar med sverdet i handa.

- Sjå der, ja, lo Bodvar.

- Det er tak i deg lell. Men la oss no ikkje gå laus på kvarandre med sverdet. Det unner vi ikkje dei som no kjem.

Bjørnulv hørte bråket av dei andre gutane og skynda seg å stikke sverdet tilbake i slira.

Bodvar stilla gutane opp på to rekker.

- Slik står bogeskyttarane når det er alvor, sa han.

- Men no er det berre øving. Og det første eg har å seie til dykk, er at de skal gløkke alt de har lært om bogeskyting. Ingen av dykk har lært bogeskyting som duger i strid. Det de kan, er vanleg bondeskyting.

Gaute tok eit steg fram og såg hardt på Bodvar.

- Jada, Gaute Frodason, eg veit at du er son til ein hovding i ein av fjordane aust mot Ofoten.

Likevel tar eg ikkje tilbake eit ord av det eg har sagt. I morgon vil du vite litt av kva eg meiner.

Så var dei i gang. Ikkje med det dei trudde dei skulle gjere, men med å trene opp arm-, aksel-, og ryggmuskane. Bjørnulv var van med tungt slit, så han greidde dei fleste øvingane lett. Der var nokre bondesoner som og greidde seg bra, mens dei av høg byrd hadde større vanskar med å henge med.

Morgonen etter såg Bjørnulv at det var vondt for Gaute å greie å løfte grautskeia til munnen.

Då skytinga kom i gang for alvor, viste det seg snart at Bjørnulv spente bogen betre og skaut lenger enn dei andre gutane. Han råka ikkje så godt i byrjinga, men det betra seg raskt.

Ein dag rakte Bodvar sin eigen boge til Bjørnulv.

- Prøv denne du.

Bogen til Bodvar var større og grovare enn Bjørnulv sin, og Bjørnulv stridde litt med å spenne den heilt ut. Han greidde det ikkje heilt, men han la likevel monaleg til den skottlengda han greidde med sin eigen boge.

Bjørnulv leverte bogen tilbake til Bodvar med eit sukk.

- Det tar visst ei tid enno før eg kan stå i skottlina saman med deg, Bodvar.

Likevel kunne han ikkje la vere å smile litt over den uventa æra som var blitt vist han.

Eit par dagar etterpå kom sjølvaste Hjorten ned til øvingsplassen. Han hadde med seg ein ny boge som han ga Bjørnulv.

- Bodvar seier du treng denne. Du har vakse i frå den du til no har brukt, seier han. Du får skyte nokre skot med denne, så du ven deg til han. Seinare på dagen kjem eg tilbake. Då får du kappskyte med Bodvar og meg og vise kva kar du er.

Bjørnulv vart ståande heilt klumsa. Kom seg ikkje til å seie eit ord. Tore lo litt.

- Ordhage folk har eg nok av. Det er bogeskyttarar eg treng.

Då Tore kom tilbake, syntes Bjørnulv at han hadde byrja få eit bra tak på den nye bogen. Likevel orda han litt tafatt frampå om at han ikkje var særleg lysten på å skjemme seg ut i ei tevling der han ikkje hadde noko å gjere, men Tore var ikkje til å snu.

Først skulle dei skyte fem piler kvar. Dei skaut mot kvar sitt neverstykke. Den som var først ferdig og hadde råka best, var vinnaren. Asgaut skulle vere fremste domaren, dersom det var tvil.

Bodvar vart først ferdig, og det viste seg at han hadde skote alle pilene sine gjennom neverstykket, i same holet. Berre ei av pilene til Tore hadde gått gjennom nevra, men dei andre fire sto godt samla kring holet. To av pilene til Bjørnulv hadde gått gjennom like ved sida av kvarandre. Dei tre siste sto nær inntil dei to hola.

- Eg må dømme Bjørnulv sist, sa Asgaut, - men eg trur Tore må legge seg i trening om han skal greie å halde på andreplassen her på garden over litt tid.

Same rekkefølga vart det i alle dei andre øvingane. Men når det gjaldt kven som kunne skyte lengst, så var det berre siste pila til Bjørnulf som avgjorde. Ho hadde nådd mykje kortare enn dei fire andre. Asgaut trudde det kunne vere noko galt med pila, og kravde omskyting, slik at Tore fekk siste pila til Bjørnulf og omvendt. Dei to pilene nådde akkurat like langt, så Asgaut vart nøydd til å dømme Bjørnulf sist også denne gongen.

Men Bjørnulf høyrde ikkje at nokon kalla han Bjore etter den dagen.

Gyda! Namnet var som eit vårsøg i hugen hans. Gyda Skaftadotter på Li.

Han visste at ho aldri kunne bli anna enn eit søtt sår i hugen hans. På Li hadde det sete fribårne odelsbønder i alle ættleder i manns minne. Så dotra på Li var esla til noko betre enn ein løysing frå ein fjern fjord. At ætta til Bjørnulf ein gong hadde vore hovdingar, gjorde ikkje saka betre. Ei ætt som hadde tedd seg slik at dei hadde fått gudane sin vilje imot seg, måtte det vere noko grunnleggjande galt med.

Men det smilet ho hadde sendt han sist ho og foreldra gjesta på Borg, det vart nok ikkje lett å gløemme. Og ho hadde snakka til han.

- Eg høyrer det er du som tevlar i bogeskyting, hadde ho kviskra til han då ho strauk forbi saman med dei to døtrene hans Tore.

Ingen kunne han snakke med om dette. Ikkje Gaute. Ikkje Asgaut. Og slett ikkje Bodvar. Dei ville berre meine han trudde han var blitt noko stort etter at han tevla med Bodvar og Hjørtten.

Så snart han hadde høve til det, strauk han opp i bakkane for å vere aleine og kjenne på desse nye, rare kjenslene.

Ein dag hadde han lagt vegen oppover mot Bjørntuva. Det var ein av desse klåre og gjennomsiktige haustdagane, omlag ei veke før vintertid. Frostten hadde enno ikkje vore på gjesting, men han kjente det gufsa litt kaldvore ned frå Gullringhamran.

Bjørka hadde kledd seg i gult, men bar for det meste enno lauvet sitt. Dirringa i ospelauvet var det slutt med for denne gongen. Som vanleg var ho den første til å kle av seg lauvprakten. Dei raude rogneblada var blitt brunare dei siste dagane, og hadde og tatt til å falle. Berre ei og anna selje sto enno trassig og grøn innimellom aka den gule og raude fargeprakten. Han fall i tankar om korfor ikkje alt dette raude i naturen kunne brukast til farging av ty. Harmeleg at både raudt og blått fargestoff som vara måtte kjøpast for så dyre pengar frå framande land at berre dei rikaste stormennene hadde råd til slikt.

Då merka han at han ei tid hadde sete og sett på nettopp ei av dei fargene som berre storfolk kunne ha. Det innslaget av blått som han hadde festa auga på, høyrde til i eit belte kring ein stakk. Inni stakken var det ei kvinne eller ei jente som gjekk der å bøygde seg over tuvene. Stakken gjekk elles så i eitt med fargene i naturen at det hadde vore vanskeleg å få auge på ho.

Nyfiken rusla han nedetter mot kvinnemennesket som gjekk der krumbøygde over tuvene. Tyttebæra skulle vel alle ha fått i hus no.

Han såg på det lyse håret som flomma laust over akslene at det var ei ugift jente. Ho høyrde visst stega hans i lyngen, og retta seg kvasst opp for å sjå kva det var som kom. Fortumla stoppa han.

- Gyda!

- Nei, er det du som fer slik og skremmer jenter i marka, lo ho.

- Ja, nei, det var no ikkje nettopp det... Eg meiner...

Han stotra og stamma og kjente at han vart raud. Forargeleg at han skulle bli så raud og ikkje finne på noko å seie til den vakre jenta.

- Du undrar vel på kva eg fer her og grev etter i marka på denne tida?

Ho hadde såvisst ikkje vanskar med å finne orda.

- Ho mormor fann ut at ho hadde for lite tranebær til eit av dei mange remedia sine. Og så ba ho meg om å gå opp i marka for å sjå om eg kunne finne nokre. Men det er visst blitt for seint. Du ser eg har ikkje mykje å bere heim til ho.

Ho syntte fram neverkoppen sin, og han såg at dei små, raude bæra så vidt dekte botnen.

- Tranebæra er ikkje lette å finne tidlegare på året heller, fekk han seg til å seie, og angra med det same. Der røpa han trælen i seg igjen. Frie karar for ikkje i marka og leita bær. Trælgutar, derimot,

dei kunne brukast til slikt og.

Men ho berre lo, og han høyrde at det ikkje var nokon vond latter.

- Det har du jammen rett i. Ikkje er det mykje av dei, og ikkje er dei lett å finne, dei som er heller. Men no må eg visst sjå til å komme meg heim. Du får følge meg bort til ho mormor, når du no først er her. Eg kjenner meg ikkje trygg på at bjørnen har gått i hi enno, så lite lauv som det har falle.

- Er det mykje bjørn her?

- Nei, mykje er det ikkje. Men dei fortel at ei ku vart slegen av bjørn tidlegare på hausten. Far snakkar om å få med seg folk og gje seg på bjørneveiding. Men det blir som oftast ikkje med meir enn snakket med han. I alle fall når det gjeld veiding.

Dei gjekk tause ved sida av kvarandre nedetter lia. Ho veifta litt med neverkoppen sin.

- Forsiktig så du ikkje tømmer ut dei bæra du har funne, kunne han ikkje la vere å formane.

- Eg veit alt om deg, sa ho.

- Å, sa han.

- Det blir snakka om deg.

- Å?

- Ja. Om deg og ætta di. Og om gudane.

- Kan eg vere noko å snakke om?

- Ja. Du er god med bogen.

Han sparka litt i lyngen, men fann ikkje på noko å svare.

Dei gjekk ei stund utan å seie noko.

- Du veit alt om meg, sa du?

Ho lo. Ein brå og overgjeven latter.

- Nei, ikkje alt, når eg tenker meg om. Eg veit ikkje noko om korleis du tenker og kva du kjenner.

Vil du fortelle meg om det?

- Eg trur ikkje det er stort å fortelle.

- Det må det vel vere, for ein som har hatt ein slik lagnad som du.

- Nei, eg veit ikkje, eg. Kva er det du vil høyre?

- Alt.

- Det vert ikkje lite det.

- Eg plar ikkje nøye meg med lite. Mormor mi har lært meg at det skal eg ikkje.

- Er ho klok, mormor di.

- Ho er den klokaste eg veit om. Men snart kan du gjere deg opp di eiga mening.

- Er du sikker på at ho vil treffe meg?

- Javisst. Ho vil treffe alle som betyr noko for meg.

- Betyr noko for deg, gjentok han som eit dvergmål, og såg at ho også kunne raudne.

Dei var nesten i veggen på den vesle stova før han vart var ho. Stova var låg og gjort av tømmer og jord, og gjekk mest i eitt med naturen. Men det var merkeleg at han ikkje hadde kjent røyklukta frå ljoren.

Det sto ei lita grå kjerring i døra og tok imot dei. Ho såg ut som om ho kunne vere eitt med jorda og like gammal som Odin. Men auga brann grå-grønn-brune under samanvokste augebryn som enno var kolsvarte.

- Nåh, der er de, sa ho.

- Eg har venta på dykk eit bel no. Det vart få bær, forstår eg, men eg kan vel greie meg med dei du har funne, sa ho til Gyda.

- Kom inn, om de ikkje forsmår. Eg har varma ei kanne tynnøl, og krydra ho. Eg trur det er det de treng etter ein haustdag i marka.

Bjørnulv såg usikkert bortpå Gyda.

- Korleis..?

- Du, Bjørnulv Steinbjørnsson, du forsmår vel ikkje ein drikk krydra tynnøl? Og du, Gyda Skaftadotter, du kan trygt komme inn. Verken mor di eller far din ventar deg heim riktig enno. Dei er vane med at ho gamle Ranveig held på dotterdotter si ei stund, når ho først kjem hit.

- Men korleis.., gjentok Bjørnulv.

Den gamle lo ein kneggande latter

- Åja, ho der, ho har tala om for meg korleis du ser ut. Dessutan så liknar du såpass på far din at eg nok skulle ha kjent deg igjen utan at nokon hadde prata om deg på førehand.

- Du kjenner far min?

- Skulle ikkje eg kjenne far din? Men kom no inn, før ølet blir kaldt. Eg likar ikkje å gjere noko til fånnyttes.

- Men korleis kunne du vite at vi kom, undra Bjørnulv då dei sat over ølbollen.

- Har ikkje Gyda fortalt deg at eg er ei trollkjerring, humra den gamle.

- Nei, er du det?

- Mange vil nok meine det. Og eg ser ingen grunn til at dei ikkje skal få halde fram med å meine det. Men til deg kan eg vel fortelle at det var fuglane som fortalde at de var på veg.

- Fuglane?

- Ja, høyrde du dei ikkje? Rypa som skratta oppe i lia, kråka som skreik at her kjem det folk?

- Nei, eg...

- Nei, du var venteleg for opptatt av den vene jenta som gjekk ved sida av deg. Du har vel ikkje vore i soveskinna hos ho enno?

Begge dei unge raudna og såg ned.

- Nei, det har du ikkje. Eg ser det på auga dine. Gutane ser på ei jente på ulikt vis før og etter første gongen i soveskinna. Du har før-blikket i auga dine.

- Ser ikkje jenta på guten på anna vis før og etter?

Gyda var nesten arg i stemmen.

- Å jauda, det gjer dei visst. Men det er lettare å sjå det på gutane. Jentene lærer seg meir til å skjule blikket sitt. Men eg kan sjå at de begge har lyst på kvarandre. Likevel trur eg det er best å vente eit bel. No må du gå, Gyda, dei tar til å vente på deg heime. Og eg skal prate litt aleine med unge Bjørnulv.

Etter at Gyda var gått, slo Ranveig meir øl i bollen og baud han drikke. Så stulla ho lenge med eitkvart borte ved elden. Ho læst ikkje sjå på Bjørnulv. Likevel syntes han at han kjende auga hennar på seg heile tida.

- Du går inn i den sekstende vinteren din. Jamgammal med Gyda, murra den gamle omsider.

- Ja.

- Du trong ikkje svare. Eg spurte ikkje.

- Nei, dåså.

- Eg skulle like å vite om det er like bra to i deg som det var i farfar din, den gamle Bjørnulv.

- Det veit eg ikkje. Eg har aldri kjent han.

Ho læst ikkje høyre. Heldt berre fram med å prate.

- Eg kjenner meg nokså trygg på at det er du som skal ha Gyda. Og så var det best om Skafte på Li ga ja-ordet sitt til det. Det blir så vanskeleg om du må ta ho mot ætta sin vilje. Men han gjev nok ja-ordet sitt, han Skafte, om han lever så lenge, og om det er Tore som spør for deg. Du skal ikkje søke ho i soveskinna før du får ho. Ho er ei stormansdotter, veit du.

- Ja, eg veit det. Og eg har aldri...

Blir det hardt for deg, og det blir det nok, så finst det vel både lausfriller og trælkvinner på Borg. Mannfolka har det lett, slik. Dei kan berre ta seg til rette blant småårskvinnfolka. Ikkje det at trur du vil trenge ta deg så mykje til rette. Dei vil nok vere villige nok, tausene. Ikkje er du uven å sjå på. Brei om bringa kjem du til å bli, høgvaksten og smal om lend. Dei liker slike karar, småtausene. Det gjer forresten vaksnare kvinnfolk og. I alle fall dei som ikkje har lært seg til å sjå kva som gjømmar seg bak yttersida på karfolka. Og om du ætter på farfaren din, og det trur eg du gjer, så er du slett ikkje blant dei verste, på innsida heller.

Bjørnulv sat der og visste med seg sjøl at det for aka tid ville vere uråd for han, løysingen, å få dotter til bonden på Li. Sat der å visste at det berre var tullprat at sjølvaste Hjorten på Borg nokon gong skulle be om dotter til bonden på Li til ein løysing i hirden sin, uakta kor bra ein bogeskyttar han skulle komme til å bli.

Likevel var det noko ved den gamle, noko ved orda hennar som gjorde at han ikkje kom seg til å

protestere. Orda hennar drog han inn i ein draum om eingong å ekte den fagre Gyda på Li. Og brått såg han ho, Gyda, naken og villig framfor seg i skinet frå elden som den gamle stulla med. Og han kjente ein brann både i hugen og i lendene.

- Ja, ikkje sant, mulla den gamle, - ei slik dros er verd å vente på, nokre vintrar. Ho blir ikkje mindre fager av det. Snarare tvert om.

Han sprang opp frå benken og ville famne den fagre skapningen. Då var ho borte.

Den gamle var kvass i målet:

- Eg har jo sagt at du skal styre deg og vente. Kanskje får du sjå ho fleire gonger, om du lærer deg å te deg. Men du skal vente, har eg sagt, og nøye deg med å sjå.

- Korleis..? Kom han seg til å mumle.

- Det kan vere det same. Berre lit på gamle Ranveig, du.

Og vit at dei to ættene våre har kryssa kvarandre mange gonger, og blanda seg med kvarandre.

- Betyr det at Gyda og eg er i ætt med kvarandre?

- Åja, fritt er det ikkje. Men det tar til å bli langt ute, no.

- Kven er du?

Han skreik det nesten.

- Kven eg er? Ei trollkunnig finnkjerring austanav Hinnøya, seier dei som ikkje held meg for noko. Og det er dei aller fleste. Dotter til finnkongen på Hinnøya, seier dei som held meg for noko. Men dei er det ikkje stort fleire av enn eg sjøl. Far din, kan hende. Kanskje dotter mi, mor til Gyda. Men det er eg ikkje sikker på. Og om ho meiner det, så vågar ho ikkje seie det så folk høyrer på. Gyda, heilt sikkert, og kanskje du, om ei tid.

- Finnkongen på Hinnøya? Kva har han med ætta mi å gjere? Betyr det at eg er av finnætt?

- Det er du, langt ute. Men finnblodet renn tynt i årene dine. Det skulle ha vore tjukkare, men slik vart det ikkje.

- Kva meiner du, menneske?

Ho tok ein djup sup av ølbollen. Blikket var innovervendt, som om ho ikkje såg det nære. Ho tok ein sup til av bollen.

- Ein gong, langt, langt att i tida, skal det ha funnest to brør. To brør av det folket som var, eller skulle kome til å bli mitt folk. Den eine av dei, seier dei, heitte Bjørnulv. Han tok ei kvinne av eit norrønt folk, og vart hovding for det folket. Han er det du ætter unna. Bror hans heitte Gaupe, og etter han ætter folket mitt. Det vart kleint med venskap mellom dei to brørne, fortalde dei gamle. Men seinare fann dei to folka tilbake til venskapen, og hadde mykje med kvarandre å gjere. Det hende og at det vart giftemål mellom dei. Då eg vart fødd, i høveleg tid etter at Bjørnulv, farfar din var fødd, avtalte fedrane våre at vi to skulle ha kvarandre. Vi møttest, farfar din og eg, og kom til å synest godt om kvarandre. Men det gjekk stadig meir attover med ætta di, og ein dag kom farfar din til far min og sa at han ikkje lenger makta stå ved den avtalen far min og far hans hadde vorte samde om. For meg var det ein tung dag. Det var det for han og, veit eg. Men for far min var det nok ei lette. Han skynda seg å gje meg bort til ein stormann aust i Tjeldsundet. Eg var tolleg vakker, den gongen. Og medgifta mi var slik at det ikkje var vanskeleg å bli av med meg for far min.

- Men korfor sit du her no, i denne gammen, du som vart gift med ein stormann i Tjeldsundet?

- Eg fekk det aldri godt, der i Tjeldsundet. Mannen min gjorde det snart klart for meg at det var medgifta mi, og ikkje meg han var interessert i. Han dengte meg mykje når han syntes at eg ikkje heldt mål som husfrue på ein storgard. Og han tok meg berre når han var så full at han mest ikkje makta noko. Elles heldt han seg til frillene sine. Likevel fekk eg ei dotter, mor til Gyda. Då han såg at det var ei dotter eg fekk, knesette han ein av frillesonane sine og gjorde han til odelsgut på garden. Eg fann meg i alt, heilt til han ein

dag dengte meg i påsyn av folka sine. Då sendte eg gann mot han. Etter den dagen kom han seg aldri ut av koven sin. Heller ikkje var han kar for å ha friller hos seg, der i koven. Etter det vart alle redde for meg. Sonen hans torde ikkje anna enn å behandle meg bra. Då dotter mi vart gift her til Li, avgjorde eg at eg ville følge ho hit. Eg kunne sjå at halvbror hennar vart glad for det.

- Men som mor til husfrua på Li, kunne du vel bu betre enn du gjer her?

- Ja, han ville vel ikkje ha våga anna, bonden på Li, om eg hadde villa. Men det skal du vite, at han er ein innful fyr, Skafta på Li. Han greidde snart å vende Tyra, dotter mi, imot meg. Ho torde vel ikkje anna. Ho vart ikkje mindre dengt, ho enn eg hadde vorte. Og kvar gong eg trassa Skafta, gjekk det ut over ho. Men ho ville ikkje at eg skulle sende gann mot han. Så etter ei tid kjente han seg rimeleg trygg. Ein dag kom han til meg og sa at om eg flytta hit opp i marka, så skulle han denge Tyra mindre. Eg trur han har halde den lovnaden. Og etter kvart har eg kome til å trivast her. Her kan eg uforstyrta ta imot småfolk som treng råd for einkvan sjukdomen eller andre plager. Det hender at det kjem folk av høgare byrd og. Dei hadde neppe likt å oppsøke meg i tunet til Skafta.

- Jamen, korleis..?

- Nei, no må du gå. Det er mørkt, men det kjem ikkje til å hende deg noko. Kom tilbake når du har høve og kjenner at det er rett. Då kan det vel hende du møter Gyda, eller i alle fall får sjå ho.

Året sleit seg fram mot midtvintersblot. Det var som om vinteren ikkje greidde å feste grepet om landet. Det hende at det snødde såpass at lendet vart kvitt, men straks snudde veret seg og hølja snøen vekk med sterke stormnevar frå sørvest. Mørket låg som ein våt skinnfell over landet. Folk sturte og vart ilskne.

Likare vart det ikkje etter at Tore Hjort sjøl sigla aust i Vågar til garden sin der, for å sjå etter at alt gjekk som det skulle med førebuinga til midtvintersblotet. Til sist måtte Asgaut lyse ut at den som først greip til våpen ville bli hengt på galgebakken, og den som først tok til knyttnevane ville bli slengt bunden i ei utløe i to døgn. Ingen var i tvil om at Asgaut ville stå ved det han sa, så det roa seg etter det.

Det vart betre etter at Kalv Kvite ba seg fri frå tenesta hos Tore Hjort og flytta over i garden til Skafta på Li.

Blant mennene vart det snakka ein del om denne flyttinga til Kalv, og om korfor Tore hadde vore så villig til å la han gå. Ein slik sverdkjempar var det underleg at Tore ikkje gjorde meir for å halde på, var det nokre som meinte. Andre sa seg glade for at Kalv var flytta til Li, og dei trudde nok at Tore i grunnen og var glad for det.

- Rett nok er han god med sverdet, Kalv, var det ein som sa.

- Men Tore har kan hende sett korleis Kalv såg på døtrene hans. Og berre nornene må vite kva ein mann som Kalv er villig til å gjere for å få det han trår etter.

- Ja, flein ein annan, - Kalv skrytte av at Skafta hadde lova han at han kunne bruke kjerringa til Skafta det han ville, om han berre flytta til Li. Men det trur eg nok at etter ei tid så blir nok ikkje mora til gagns. Då er det nok dottera på garden, den lyse og fagre Gyda som må til pers.

Då greidde ikkje Bjørnulv sitte der lenger. Han var ute av døra før han visste av seg, og hadde gått eit godt stykke før han merka at han var på veg til Ranveig. Han stoppa litt opp og kjente etter. Var det rett av han å gå til Ranveig i dag? Han kjente seg ikkje sikker på at han var bodsendt. Han kjente det heller ikkje som om han ikkje var ønska. Men han visste at han måtte snakke med Ranveig. Ho som kunne så mykje måtte då kunne gjere noko slik at Gyda ikkje fall i Kalv Kvite sine klør.

Då han kom fram til den vesle stova til Ranveig drøyde han litt. Det var noko som butta imot, kjente han. Han skaut seg attom ei diger rogn, og skotta bort mot døra. Dei nakne greinene på rogn tok ikkje mykje av for regnet som sila og draup, draup og sila. Einskilde bær hang enno på nokre av greinene. Dei var svarte mot det svinnande lyset.

Døra i Ranveigstova gjekk opp. Ein svær mannskaping krøkte seg ut. Bjørnulv klemte seg nærare inntil rogn. Dette var noko han ikkje skulle ha sett. Men han kunne likevel ikkje la vere. Den høge og breie mannen såg seg fort ikring før han skynda seg bortetter stigen. Bjørnulv såg ikkje beint på han. Visste at det fanst folk som kunne merke det om nokon såg beint på dei.

Likevel var det uråd å ikkje kjenne igjen mannen då han for framom rogn. Bjørnulv kjente ein sting i bringa med det same. Bodvar! Kva kunne vel han ha for ærend hos Ranveig?

Enno ei god tid sto Bjørnulv kurande still. Det var nok best han ga Bodvar eit godt forsprang, før han sjøl tok til å vandre heimvegen mot Borg.

Då gjekk døra opp igjen, og Ranveig sto der i det bleike lyset frå stueelden.



- Bjørnulv, kalla ho lågt.

- Berre kom fram. Eg veit du er der.

Han sto heilt stille.

- Kom no. Eg ville du skulle komme, endå om eg ikkje hadde tenkt å kalle på deg før litt seinare. Då seig han sakte fram frå skyggen attom rogn og stiltra seg inn i Ranveigstova.

Ho sessa han på pallen og stakk eit horn med varmt øl i handa hans. Ho såg grunnande på han då ho flidde han hornet. Så snudde ho seg mot åren og tok seg god tid med å rote i varmen og legge nye bjørkekubbar på elden.

- Dette har ikkje hendt før, Bjørnulv, snudde ho seg mot han, - at nokon har kome før eg kalla på han. Det må ha hendt noko omfram der bortpå Borg.

Då rann dei ut av han, alle orda om korfor han hadde sprunge frå Borg til ho, til Ranveig, den einaste han trudde kunne gjere noko vettugt med det som hadde vorte sagt.

Ho såg lenge på han, utan å seie eit ord. Raka litt i elden igjen. Tok ølkanna, skjenkte litt meir i hornet til han.

- Jaha, sa ho så.

- Jaha, det er ikkje alt vi rår over, vi menneske. Nornene har oss i si makt. Det er vi nøydde til å tru. Men først, Bjørnulv, berre dette: Du såg noko nyss som det ikkje var meininga at du skulle sjå. Då er det nok best at eg fortel deg litt om det.

- Meiner du at Bodvar..?

- Ja. Lurer du ikkje på korfor han var her?

- Jau, men eg...

Ho lo litt. Raka enno ein gong i elden.

- Du er ein underleg ein, du Bjørnulv. Du liknar farfar din. Du har styrken hans. Men du har noko meir. Eg veit ikkje kva det er. Derfor fortel eg deg det eg no skal fortelle. Eg ville aldri ha fortalt det til nokon.

- Om Bodvar?

- Ja, om Bodvar. Du trur vel at Bodvar er ein lykkeleg mann?

- Korfor skulle han ikkje vere det?

- Så svar meg då på korfor han skulle vere lykkeleg.

- Han har vore træl. No er han ein høgt vørd mann hos sjølvaste Tore Hjort. Kvinnene... Eg meiner... Dei... Det ser ut som om... som om dei ikkje har noko imot å sleppe han innåt seg. Bjørnulv kjente korleis den ufordragelege raudna flamma over ansiktet hans igjen, slik det støtt gjorde når han skulle snakke om kvinner og kjensler. Han håpa at Ranveig ikkje merka det i dette lyset. Elles såg ho mest inn i elden på åren i alle fall.

- Er ikkje du og bra vørd hos Tore Hjort, Bjørnulv?

- Eg skal ikkje klage. Eg har det bra. Men slik som Bodvar...

- Kappskaut ikkje du med sjølvaste Hjorten for ei tid sidan?

- Jau, men...

- Kor mange av jamaldringane dine har blitt vist så mykje heider?

- Det veit eg ikkje...

- Er du lykkeleg, Bjørnulv?

- Lykkeleg, eg? Eg er bra nøgd. Alle som har kjent trælekår ville vel vere bra nøgde om dei hadde det slik eg har det. Men lykkeleg... Du veit då, Ranveig, at det er noko eg saknar.

Igjen kjente han kor raudna flamma oppetter ansiktet.

- Du seier noko, Bjørnulv. Ville det ikkje vere sannare å seie nokon?

No vart han enno raudare. Han forsøkte skjule det med å ta ein ny sup av hornet, men sette ølet i vranga. Då han hadde hosta seg ferdig såg han at Ranveig smilte.

- Jaja, Bjørnulv, du har vel aldri tenkt at slik kan det vere fatt med Bodvar og?

- Med Bodvar? Men har er då vel...

- Enn om det var dotter til Tore Hjort han hadde kjær?

- Helga?

- Ja, enn om?

Då sa ikkje Bjørnolv meir. Drakk berre djupt av hornet og stirra inn i elden.

Handa til Ranveig strauk vart over håret hans.

- Stakkars deg, Bjørnolv, eg tøyser tålmodet ditt. Det var ikkje for dette du kom, men for Gyda. Vit då, Bjørnolv, at nornene spinn så mang ein vev som vi menneske ikkje kan løyse. Men ikkje trur eg at nornene har spunne det slik at Kalv Kvite skal kome Gyda usømeleg nær. Og det kan eg love at eg skal gjere det som står i mi makt for at så ikkje skal hende.

Dei seks figurane framme på pallen var svarte av mange blot og mykje blotblod. Kring halsen på den eine glimta det i ein gullring. Det var Frøya, vanedis, urdisa.

Bjørnolv skolv. Endeleg skulle han få ta del i det som alle frie menn og kvinner, unge som gamle, fekk ta del i.

- Dette er eit omframnt blot, kviskra Gaute.

- Det er ikkje vanleg med seks gudar på pallen til eit midtvintersblot. Særleg er det uvanleg at sjølve Odin blir påkalla. Det spørst om det blir menneskeofring i dag.

Det gjekk kaldt gjennom Bjørnolv. No sat dei der blant krøttera, trælane, og venta. Men sjøl var han ikkje lenger trælen Bjore som sat forskremt og hørde dei gamle fortelle om korleis trælar vart ofra om hovdingen syntes gudane hadde vist han lite godvilje sidan siste blot. Og korleis kunne ein træl vite kva hovdingen tenkte om gudane sin godvilje? Berre sitte der og vente på at kanskje kom dei snart og henta han som offer til gudane. Det var helst ein velskapt ungræl av mannkjønn som vart ofra om hovdingen meinte at gudane kravde menneskeoffer.

Han håpa at Gaute tok feil.

Hovdingen sjøl, Tore Hjort, sto framme ved gudepallen saman med den byrge husfrua si, Asta Toresdotter frå Bjarkøy. Bringesølvet hennar lynte i lyset frå faklane.

Der framme ved gudepallen skulle også Skafe på Li ha stått. Men i år hadde han skikka bod om at han ville blote heime på sin eigen gard, til sine egne ættediser. Dette var mest å sjå på som eit bod om at frå no av ville han tevla med hovdingen på Borg om hovdingemakta i Lofot. Tore vart svart i åsynet då han fekk bodet, men at han sa lite.

Mellom mennene vart det snakka om at det nok var Kalv Kvite som sto attom dette påfunnet. Andre meinte at det nok kom av at Skafe på Li heldt på å skjemme seg ut for heile folket ved førre midtvintersblot, for si manglande krafts skyld. Han var sikkert ikkje meir mannleg i år, og våga seg derfor ikkje til Borg. Det ville vere for stort eit nederlag å måtte be Tore peike ut ein annan til å vere medgode.

Bjørnolv hørde undrande på snakket, og forsto at det kravdest ei særskilt kraft for å stå mellom gudane og menneska. Etter det Ranveig hadde fortalt han, var det greitt å forstå at Skafe på Li ikkje hadde denne krafta. Men det var leit at Skafe ikkje hadde denne krafta, for så fekk han ikkje sjå Gyda under blotet.

No sto hovdingeparet der framme, mellom dei kokande blotgrytene og gudane på pallen. Tore løfta så vidt på høgje handa si, og Asgaut steig fram. Det gjekk eit sjo av overraska godkjenning gjennom folkemugen.

Alle hadde venta at ein av dei største bøndene ville ta Skafe sin plass som medgode. At det vart Asgaut, hadde ingen venta. Men Asgaut var ein omtykt og høgt vørd mann, ikkje berre mellom gardsfolka på Borg, men i heile Lofot. Enno ein gong hadde Tore makta gjere det overraskande som likevel var det rette.

Større og meir blanda vart folkesjoet då Tore enno ein gong løfta handa og Bodvar Bjarmlending steig fram mot gudepallen.

- Dette er visseleg eit omframnt blot. To medgoder har aldri spurtest her på Borg før.

Gaute var oppkava i stemmen.

Frå gudehuset på langveggen steig no den gamle gydja Siv Ragnvaldsdotter fram. Ho bar ein bylt pakka i kvite linklede som ho heldt fram mot Tore. Han greip blotteinen, dyppa den i blotbollen og skvatta blod over bylten og over gydja, mens han song galdrar. Då Tore tagde, snudde Siv seg mot Asta og rakte ho bylten.

Siv seig ned mot golvet, greip ei tromme som låg der, og ga seg til å tromme. Tromminga hadde

ein takt og ein rytme som heile tida skifta. Tromminga var lågmælt. Det same var stemmen til Tore som heile tida følgde tromma. Bjørnulv kjente kor den ujamne rytmen greip inn i han, reiv i han. Han kjente lyst til å kaste seg på golvet og hyle. Og fjernt, mest utafør seg sjøl, såg han at dei andre i romet hadde det likeins.

Heile tida dansa Asta der framme, vaggande, urytmisk som tromma. Linet bølga seg etter ho. Omsider fall den inste linenden ned på golvet, og med eit triumferande skrik løfta ho innhaldet i bylten over hovudet. Like triumferande som skriket til Asta, var dei siste trommekvervlane til gydja Siv.

Over hovudet heldt Asta det tørka avlelemmet til ein hingst, eit lem som var tørka saman med lauk og velluktande urter, eit storfelt avlelem. Igjen gjekk det eit sukk igjennom folkeflokken.

Asta senka lemnet ned framfor ansiktet sitt. Tok til å kysse det, sleike det, suge det, mens ho song med høg, kvinande stemme. Trommelyden låg nesten uhøyrleg under den skjerande kvinnestemmen, men auka i styrke då Asta greip ein blottein og tok til å smøre lemnet inn med feitt frå blotbollen.

Songen og tromma stoppa brått. Ei ung taus med langt, lyst hår og nakne føter under ei sid, blå kappe gjekk fram mot Asgaut. Han løfta hendene og opna spennan i kappan. Ho sto med hendene langs sida og let kappan falle mot golvet. Det var ikkje berre føtene, men heile jenta som var naken under kappan.

Jenta snudde seg mot Asta, rekte fram hendene og fekk hestelemmet lagt oppi hendene sine. Ho bøygde seg ned og kyssa det. Så gjekk ho fram mot pallen der Frøya sto.

Igjen tok tromma til å lyde. Med bøygd hovud fall jenta på kne framfor Frøya og rakte hestelemmet fram mot ho. Tromma lydte villare. Bjørnulv såg at Frøya smilte og nikka. Asgaut rørte lett ved aksla til jenta. Ho reiste seg. Spreidde beina. Bøygde seg fram og tok til å lirke lemnet inn i holet mellom Frøya sine bein. Då var Asgaut bak jenta og løyste broka. Like varleg som jenta lirka hestelemmet inni Frøya, førte han sin eigen manndom inn i jenta.

Låten i tromma vart villare. Jenta sin rørsler med hestelemmet inni Frøya vart villare. Asgaut følgde på inni jenta i same takten. Brått høyrdest eit skrik. Frå Frøya, frå jenta, frå Asgaut? Bjørnulv visste ikkje. Kanskje kom det frå alle tre samtidig. Frøya smilte. Jenta sokk i hop på golvet. Asgaut stelte med broka si, og sto igjen alvorsam ved sida av Tore og Bodvar.

Tausa låg enno ei lita tid på golvet framfor Frøya. Så reiste ho seg. Bøygde seg igjen og kyssa føtene til Frøya før ho sakte drog hestelemmet ut. Det såg ut som det hadde krympa, hang liksom slapt over hendene hennar der ho bar det fram til Asta som sto der med eine enden av linkledet i hendene sine. Saman linna dei to kvinnene lemnet inn i linkledet og la det på pallen framfor Frøya mens dei song til Siv si tromme:

Urmor, urdis, vanevette  
håloygdis frå urols tid  
mannelem deg lite mettar  
heilaghesten må deg ri  
Gje oss år som tidleg blømer  
Gje oss frost som varmen rømer  
Gje oss frævnad  
Gje oss mette  
Gje oss soner  
Gje oss døtre  
Gje oss bløming  
Gje oss liv

Den nakne taus gjekk igjen bort til Asgaut. Knela framfor han. Hovud og hender kvarv under kuftan hans. Snart tok broka til å sige nedover låra hans.

Då pila ei trælkinne med nedslått blick og eit stort fange høg fram mot guddepallen. Ho kasta frå seg hørfanget og breidde det utover på golvet framfor pallen. Så kraup ho eldande snøgt mot utgangen og vart borte. Asgaut førte jenta bort til høybrea, la ho ned og låg med ho der, lenge.

Etterpå sette han ho opp på pallen framfor Frøya og skvetta rikeleg med blotblod frå bollen både på ho og Frøya, før han la den blå kapp kring ho igjen.

Tromma auka i styrke og to nye blottauser kom inn, begge i skarlaksraude kapper. Den eine bar eit okselem for Torgerd Holgabrud, den andre eit bukkelem for Irpa, dei to mektige ættestadene for Håløygætta. Alt gjentok seg med desse to som med den første, berre det at no var det Tore og Bodvar som para seg med dei to blottausene, Tore Torgerd-tausau og Bodvar Irpa-tausau. Igjen gjekk det eit sjo igjennom folkemengda. Bjørnulv kika bortpå Gaute, men denne berre kneip munnen saman og rynka forvirra på augebryna.

Dei neste to tausene var tomhendte og bar blå kapper på akslene. Til Siv sitt trommespel dansa dei ein vill dans framfor Frøy og Njord, så kappene sto som vindspente segl kring dei. Då tromma stoppa, kasta dei seg på gruv framfor kvar sin gud.

Då var Asgaut og Bodvar der, også dei heilt nakne no. Dei reiste opp kvar si jente og tok kapp av ho. Dei hjalp jente med feitt frå blotgrytene oppi to blotbollar. Med denne blandinga av feitt og blod tok jentene til å gni inn det ovstore og stive lemmet til kvar sin gud. Mens jentene gnidde inn gudelemmane sto Asgaut og Bodvar bak kvar si jente. Men dei trengte ikkje inn i dei, dei berre sto der med mannslemmet mellom låra på jenta, og strauk ho over lender og lår.

Då slo Siv brått ein skarp kvervel på tromma og dei to karane smaug seg rundt tausau dei heldt på med, sette seg på pallen, Asgaut framfor Njord, Bodvar framfor Frøy. Med eit godt tak kring hoftene drog dei jenta ned i fanget åt seg og trengte inn i ho. Etterpå vart munnane til gudane smurde inn med rikelege mengder av blod og feittblandinga før jentene kyste dei. Så kyste Asgaut og Bodvar kvar si jente.

Igjen låg trommelyden der, låg og djup. Det rykte i Tore. Det var som han meir drogest enn gjekk fram mot Odin på pallen. Då var Asgaut, Bodvar og dei to tausene kring han, alle framleis nakne. Tore stoppa heit framme ved pallen framfor Odin og rekte hendene i veret. Raskt kledde dei to jentene av han. Ikkje før var han naken, så var Asgaut og Bodvar der og batt hendene hans. Så kasta dei eit reip over ein bjelke i taket, festa det til dei bundne hendene og hala han til vérs.

Imens hadde Asta lagt kappene om dei to jentene og sett dei på pallen i lag med dei tre tausene som sat der frå før. No flidde ho Asgaut og Bodvar kvar sitt spyd. Asgaut vendte spydet sitt mot bringa til Tore, Bodvar sitt mot ryggen hans. Teiknet frå tromma kom. Spyda lynte i skinet frå langelden. Blodet pipla frå risp i bringe og rygg. Tore svinga lett i reipet mens han kvad:

Allfar, Åsherre  
einherjers herse  
Valhallahovding  
hangagud.  
Einøygd og allvis  
hang du på treet  
såra av geirodd  
ved Mimes brønn.

Sjøl heng eg hovhengt  
Borsson-frenden  
gjev seg til Ygg-herren  
Bestlas son.  
Meingud frå sudr  
trugar landet.  
Hovdingblot gagnar  
trur eg for visst.  
Sigfader hjelp oss  
så hjelp du deg sjøl.

Frå kvar si side fanga Asgaut og Bodvar opp i blotbollen dei bloddråpane som pipla frå hovdingen før dei fira han ned og løyste han. Imens hadde Asta igjen løfta kappene av Frøya-, Holgabrud- og

Irpa-tausene. Saman ga dei seks seg til å smøre inn Odin frå topp til tå frå dei blotbollane der hovdingblodet var, mens Tore kvad:

Sigfar, Allfar  
kvinnekjær kåtgud  
tak imot blotet  
for års og frid.  
Signe den sæden  
som gytes i hovet.  
Styrk slik dei eiga,  
Allfar si ætt.  
Tene deg skal dei  
disene gode:  
Frøya den sprengkåte  
Irpa den fagre  
Torgjerd den fryktlause  
Holgabrud.

Enno ein gong para dei tre karane seg med kvar si taus, den same som dei hadde lege med tidlegare.

No strøymde tenestetausene og trælkvinnene inn i hallen. Nokre sette opp langbord på begge sider av langelden, andre bar inn dampande blotmat, mjød og øl i kanner og bollar. I høgsetet sat hovdingeparet. Til høgre for hovdingen, sat gydja Siv, mor hans. Ho hadde Bodvar attmed seg. Nærast høgsetet på andre sida sat Asgaut. Så følgde dei gjævaste bøndene og konene deira nedetter bordet. Gaute og Bjørnolv

sat begge ved nedre halvdel av bordet, men langt framme mellom hirdmennene.

Folk åt og drakk av det som var sett fram, men praten ville ikkje komme i gang. Berre smatting og eit og anna ølrapet høyrdest kring bordet. Tore tok til å rynke bryna. Til sist sa han:

- Nåh, gode grannar og gardsfolk, korfor er de så tause? Tykte de ikkje om blotet?

Ein bonde som heitte Torgils svara:

- Det var eit omframt blot, hovding. Maken kan eg ikkje minnst. Vi veit vel ikkje heilt korfor...

- Kva tykte du var så omframt?

- Eg kan ikkje minnst så mange gudar på pallen før.

Ein annan bonde, høgt oppe ved bordet på Asgaut si side, Torgny Bjørnson, var stri i røysta då han tok ordet.

- Det er ei tåg av ætt mellom deg og meg Tore. Såleis skulle det vere viktig for oss begge å verje om ætta sin heider. Aldri kan eg minnst at nokon utanom ætta tidlegare har ofra sæden sin til ei av ættedisene. Eg er utrygg på korleis disene tar imot eit slikt offer.

- Meiner du, Torgny, at det var galt av meg å ikkje velge deg til medgode i standen for Bodvar?

- Nokre vil kan hende tenke det.

- Du, Torgny, skulle vere gammal nok til å minnst farbror min, Hástein Dagsson, han som kom vekk på Bjarmlands-ferd. Gjer du det?

- Så gammal er eg ikkje at minnet mitt har tatt til å skjømmast.

- Men så sjå på Bodvar då!

- Eg veit at Bodvar liknar mykje på Hástein, men vi veit ikkje om han er sonen hans. Og om så er, så veit vi ikkje om Hástein nokon gong knesette Bodvar.

- Nei, vi veit ikkje. Vi veit ikkje eingong om Hástein levde så lenge at han kunne ha knesett Bodvar. Vi veit berre at Bodvar har eit veikt minne om at han vart kalla Bodvar Hásteinsson før han vart træl hos bjarmehovdingen Auttla. Og enno har eg ikkje høyrte nokon som lystar stå fram og skylde Bodvar for å lyge på seg det minnet. Men det er ein annan grunn og, til at eg valte Bodvar. Eg har lova bort eldste dotter mi til han. Og ettersom gudane ikkje har gjeve meg soner, så kan det vel vere at Bodvar ein dag kjem til å sitte som hovding på Borg, og blir den som skal føre ætta vidare. Eit augeblikk var det stilt som dauden i skålen. Så braut jubelropa laus og alle ville drikke

med Bodvar og Tore og Asta og Helga Toresdotter.

Etterkvart som det stilna litt i skålen, tok Tore ordet igjen.

- Det er ei sak til eg må fortelle dykk. De veit at Bodvar var sør i Trøndelagen i sommar og utetter hausten. De veit det ordet går at frenden min, Håkon Ladejarl, vart heller eigenmektig av seg, ettersom han steig på åra. Det er og blitt sagt at det var vondt for han å halde måten med kvinner, at han ikkje kunne la andre menns husfruer i fred. Det ordet var sannare enn vi ville tru. På ettersommaren var Håkon på veitsle i Gauldalen. Der budde han hos Tyra på Romol, men kasta auga sine på Gudrun Lundesol, kona til Orm Lyrgja på Bunes. Ho ville han ha, og kravde ho. Men Orm nekta, og skar ut hærpil mot jarlen. Det heile enda med at Håkon vart drepen av sin eigen træl, Kark, mens dei to gjømte seg for bondehæren i eit svinebol. No får vi berre håpe at Odin har tatt til seg Håkon frende i Valhall, endå om han vart drepen av ein træl. Kva trur du om det mor, du som kan hende er den mest kunnige om slike ting?

- Rett nok er det ein vanlagnad for ein fri mann, og då særleg for ein jarl å bli drepen av ein træl. Likevel skulle eg tru at Odin og Frøya no kranglar seg imellom om Håkon skal sitte i Valhall hos Odin eller i Sessrymme i Folkvang hos Frøya. Om Håkon fekk velge, ville eg tru at han helst sit i Sessrymme og ventar på at Frøya skal kalle han til leiet sitt.

Tore skratta.

- Håkon jarl var ikkje van med å vente på at andre skulle kalle, mens han var i live.

Siv humra saman med han.

- Det har du rett i son. Det må vere underleg for å Håkon å vere den som ventar og ikkje den som skikkar bod. I alle fall trur eg trygt vi kan drikke minneskål for Håkon, i vissa om at han no er blant einherjane.

Med stort bulder drakk folk no minneskål for Håkon, og heidra han som ein av dei største i Håløygætta.

- Eg vil tru, heldt Tore fram då bråket stilna, - at de og undrar dykk på korleis det kunne ha seg at det denne gongen vart boren fram offer til Odin. Dertil eit såpass uvanleg offer. Det er ikkje vanleg at vi ofrar til Odin ved midtvintersblot, som de veit. Men det har hendt meir i Trøndelagen enn det eg til no har fortalt. Det trur eg Bodvar skal få fortelle om.

Bodvar sat tenksam ei tid, så drakk han djupt av ølbollen og tok til orde:

- Dagen før Håkon vart drepen av trælen sin, stemna fem langskip inn fjorden mot Nidaros. Erlend Håkonsson, som rådde for skipa mens faren var på veitsle i Gauldalen, møtte dei med tre skip, ubudd på ufred, men vart møtt med odd og egg. Erlend let livet der. Det var endå ein av desse Luva-ættlingane som vil skape seg kongenamn i Norge, ein Krist-dyrkar som kallar seg Olav Tryggvason. Dei seier han er son av kong Tryggve i Ranrike, han som vart drepen av kong Gudrød Eiriksson. No sit denne Olav i Nidaros og er tatt til konge over alt landet på Øyreting. Det blir sagt at han hatar dei gamle gudane våre, og vil gjere Kvitekrist til einaste guden i landet. Eg ottast at vi kan vente han nordover til sommaren. For det veit alle at ingen einekonge i Noregsveldet kan sitt trygt om han ikkje har hæløygane med seg.

- Kva seier inntrønderane til dette?

Det var ein av hirdmennene som spurte.

- Dei seier vel omlag det same som vi gjer. Men vi skal ikkje gløyme at Olav Tryggvason er Luva-ættling. Og Luva-ættlingane har aldri kvidd seg for å bruke svik om våpna har veila. Og om han får med seg vikværingane og vestlendingane, så kan det bli ei dryg tugge for inntrønderane.

- Er han noko tess, denne kongen?

Olav er ein stor og mektig sjøkonge. Han har lege i viking i fleire år, og har mange sær s røynde og våpenføre menn hos seg. Eg trur ikkje vi skal forlite oss på inntrønderane denne gongen. Eller kva seier du Tore?

- Eg trur ikkje du tar mykje feil, Bodvar. Vi har knappast andre enn oss sjøl å lite på. Men eg trur nok at om Hårek på Tjøtta, Raud den Rame og eg står saman, så blir det ikkje så einfeltdt for kongen å legge Hålogaland under seg. Eg trur ikkje hovdingane på Bjarkøy og Trondarnes heller er så ihuga på å legge seg flate for ein einekonge av Luva-ætta. Vi har litt røynsle i arv frå den tida Harald Luva sjøl gjesta oss.

Då var det at ein liten bonde frå yttersida, med eit tynt pistrete skjegg, ein som heile kvelden hadde sete og mumla for seg sjøl nedi ølbollen, hadde drukke seg til mot og tok ordet:

- Det har vore sagt før i kveld at dette har vore eit omframt og underleg blot. Og det som uroar meg er at blottausene syntes meg noko i kåtaste laget til å vere møyer. Det undrar meg, Tore, om du har tillate deg å skjende gudane ved å bruke blottauser som ikkje var møyer?

Det vart drypande stilt kring bordet. Folk skotta opp mot Tore for å sjå korleis han tok ei så grov skulding.

Tore vart først kvit i åsynet, og handa gjekk som av seg sjøl mot sverdhjaltet. Så såg dei han beit tennene saman og tok seg på tak.

- Eg ser du har supa traust av ølbollen i kveld, Aslak. Og når vitet er lite frå før, så trengst det ikkje mykje øl for å jage det vesle som er. Trur du at mor mi ville la nokon vere blottauser om ho ikkje var viss på at dei var møyer? Trur du at bøndene på Ægheim aktar både meg og døtrene sine så lite at dei ville gje dei høve til å misse møydomen når dei visste at dei skulle vere blottauser? Du er blotgjest hos meg i kveld, Aslak. Du skal gå skadeslaus herifrå om du aktar tunga di resten av kvelden. Gjer du ikkje det, svarar eg ikkje for kor hovudet ditt er å finne i morgon.

Rusen kvarv brått frå Aslak bonde. Han vart kvit i åsynet og tokka seg snart ut av skålen.

Etter kvart som ølbollane tømmest vart praten lystigare. Mennene tok til å bli nærgåande mot tausene som bar inn nye ølkanner. Konene tok til å samla med seg døtrene sine og sige over i eldhuset der det var reidd opp med mjuke fellar på pallane. Bondedøtrene kunne ikkje anna enn å skifte blick med einstaka unge menn der dei vart føysa ut av hovet av mødrene sine. Nokre av dei eldste mennene tykte visst og at det rakk med ølstryken for denne gongen, og følgde etter kvinnene sine. Asta vart sittande, men eit skarpt blick frå ho fekk døtrene til å følge etter dei andre kvinnene. Ettersom konene og dei ugifte jentene forsvann, vaks kvinneflokken nede ved døra. Det var lausfriller, gardtauser og trælkvinner, ikkje berre frå Borg, man frå dei andre gardane med. Nokre av dei kasta frekke og lystne blick på mennene ved langborda, men dei fleste sto berre og småtrødde og såg ned.

Asta festa blicket sitt på Bodvar. Lenge sat ho og stirte på han utan å seie noko, men så kom det:

- Jaha, Bodvar, du skal bli måg, høyrer eg Tore fortel. Frende er du visst alt, etter det Tore meiner, Bodvar Bjarmending, Bodvar løysing.

Tore hogg auga i ho, men ho let seg ikkje merke med det. Bodvar berre såg i bordet og leika med eit mjødhorn framfor seg. Asta heldt fram:

- Ein son av høløgætt som ingen kan vitne er blitt knesett, er han lovleg å rekne for høløgættling, tru? Kan du seie meg noko om det, Bodvar? Dei seier du skal vere lovskunnig attåt alle dei andre gode eigenskapane du har. Kva seier du, Tore? Du skulle vel vite litt om det, ættling av ein lovseiemann på Steigarting som du er.

- Tei still no, Asta, fræste Tore lågt. - Eg har ikkje dengt deg særleg, dei åra vi har vore ektefolk. Men held du ikkje kjeften din no, så vankar det ei dengsle mange gonger verre enn du nokon gong har opplevd, verre endå enn det du til denne dag kunne ha tenkt deg.

- No talar du slik det høver seg ei høgbornen husfrue, Asta verdatter mi, peip det frå Siv. Ho sat der enno og det var beinsett for alle at ho ikkje nett hadde spytta i ølbollen.

- Mor mi, sa Tore, - eg skyldar deg vørnads, både som mor mi og som blotgydje.

Men strekk ikkje vørnaden min for langt. Eg trur det er tid for både deg og Asta å leite opp sovepallen no.

- Akt deg du, Tore husbonden min, så ikkje folk tar til å kalle deg for løysingsmåg. To løysingar i hirden din er kan hende minst ein for mykje. Blir ein av dei måg, blir det kan hende heile ætta utskjemt, fræste Asta.

Tore greip ho i armen og klemde åt så hardt han makta. Ho greidde ikkje å halde tilbake eit siste stønn av smerte, men heldt fram som om ingenting var hendt.

- Jaudå, Bodvar, du tedde deg mannleg mot blottausene før i dag. Tromma til vermor mi verkar slik på menn. Til trommelåten makta til og med Skafte på Li å vere mann førre året. Vis oss no at du maktar vere kar mot dei to blottausene dine utan tromma, så veit eg at dotter mi ikkje blir

liggande karlaus og barnlaus i sovefellane. Kanhende viser det seg at du til og med har to til å avle gutar. Det er det ikkje alle som har.

Kinnhesten Tore ga ho dreiv ho ut av høgsetet. Han samla ho opp frå golvet, kasta ho over aksla og kviskra til Asgaut idet han for forbi:

- Få mor mi til sovefellen. Gjer det du må for å få ho dit, men skad ho ikkje.

Det vart seinare kviskra om at den kvelden høyrdest det sår jammer og ynk frå buret der sjølfolket heldt til. Asta viste seg ikkje for folk fleire dagar etterpå.

Asgaut gjekk og sette seg ved sida av Siv. Han snakka lågt med ho og fekk ho til å drikke djupt og ofte av ølbollen.

Snart seig ho ned frå benken, og Asgaut bar ho til det buret der ho heldt til. Ei terne sørga for å få ho under fellen.

Asgaut og Tore råkttest ute på tunet. Tore var samanbiten og stram i åsynet, Asgaut berre gliste. Han dunka Tore i ryggen og lo.

- Jaja, hovding min, kaute kvinner kan titt vere verre enn våpenføre menn. Godt vi kan tukte dei med muskelkrafta vår, når det er naudsynt. Odin må vite korleis verda elles vil sjå ut. Og hugs no det, Tore, at du er ikkje den første som har måtta tukte ei tungekåt husfrue. Far din var ein godlynt mann, men det var ikkje fritt for at Siv fekk smake svolken når kautskapen og tunga bar av med ho.

Då Tore og Asgaut kom inn i hovet igjen var det ingen kvinnehop nede ved døra lenger. Mennene hadde henta dei. Det klaska og surkla kringom på pallar og golv, der mennene tok ut kåtskapen sin. Nokre av kvinnene skreik i kåtskap, ein kåtskap som ikkje var mindre enn mennene sin. Andre skreik i redsle og smerte der mennene for fram. Dei fem blottausene hadde samla seg kring Bodvar som kvinnelause menn kasta ilskne blikk mot. Men ingen våga nærme seg blottausene som Tore hadde fredlyst.

Det jamna seg ut med talet på kvinner og menn, ettersom mennene spydde og sovna kringom på pallane og på golvet.

Bjørnulv hadde fare varsamt over ølbollane, og fått sneiord frå Gaute for det.

- Ein viking og hirdmann lyt drikke så det minkar i ølbollen, om han vil ha vørðnad frå manneflokket. Du drikk som ei ufest møy.

No låg han under bordet og stinka av sitt eige spy, medan Bjørnulv sat og følgde med i det som gjekk føre seg i hallen. Han såg at mange av mennene for hardt fram mot kvinnene. Han kjente lyst til å skrike at slik gjer ein ikkje, men visste at han ikkje var kar om å sette sitt igjennom hos røynte hærmenn. Visste og at hallen var fredlyst, og at Tore hadde gjeve mennene lov til å ta for seg av kvinnene som vart bydd på blotkvelden.

Brått sat Bjørnulv der med ei ung jente i fanget sitt. Ho kasta armane kring halsen hans og hulka:

- Berg meg frå han der. Han har alt skamfare to kvinner og no er han etter meg.

Bjørnulv såg ein stor brande av ein mann som kom vaklande mot dei. Han kjente han att som ein av dei største sverdkjemparane i hirden. Mannen greip jenta i armen og røska ho mot seg. Bjørnulv heldt att som best han kunne. Dei sleit i kvar sin arm på jenta. Bjørnulv var redd for at dei skulle slite ho sund. Han prøvde å gjere stemmen sin fast og bestemt då han sa:

- Denne jenta er med meg. Du får finne deg ei anna.

Det var som han hadde venta, håplaust. Mannen remja noko uforståande og sleit hardare i jenta.

Bjørnulv visste ikkje kva han skulle gjere. Hallen var fredlyst, det hadde hovdingen sjøl slått fast tidlegare på kvelden. Så kom han på at det berre galdt for våpen. Muskelmakt var det ingen som hadde sagt noko om. Igjen sleit dei begge i jenta, til mannen med blodskotne auga slo etter Bjørnulv. Då slapp han brått. Skorten på motstand fekk mannen i ubalanse og i kne, men han slapp ikkje taket i jenta. Sakte sjangla han seg på beina att, med eit fast tak i jenta.

Då langa Bjørnulv ut eit spark. Han sparka så hardt som han makta og råka mannen i skrittet.

Mannen sette i eit gaul, krøkte seg i hop, remja ein gong til, spydde og slokna.

Då kjente Bjørnulv ein mektig neve i nakken som snudde han rundt. Bjørnulv sokk saman i knea, klar til å møte den nye fienden.

Det var Asgaut som sto der og lo.

- Eg trur ikkje du treng ottast, Bjørnulv, sa han.



- I morgon vil han neppe minnast kva det var som råka han. Visst vil han kjenne at han er øm i skrevet, men det vil han nok tru kjem av han har vore svært til kar med kvinnene. Ta no jenta med deg og gå. Eg har andre saker å ta meg av enn å vakte på dine kvinnesaker.

- Eg har ikkje..., byrja Bjørnulv heller arg.

Asgaut berre la handa si over munnen hans, smilte og var borte.

- Ta meg med, kviskra jenta.

- Berg meg, det er fleire som han her i hallen. Ho peika ned på mannen på golvet.

- Jamen eg, byrja Bjørnulv, men kom ikkje lenger, for no var det jenta som la handa si over munnen hans.

- Du er kjær i ei anna, eg veit det. Du veit ikkje kor du skal ta meg hen. Men eg veit. La oss stikke ned til Fåne sitt hus nede i Borgfjæra. Trælen hans har nok sytt for at det er varmt og godt der. Og Fåne sjøl, han sløkna for ei god stund sidan. Kjenner eg han rett, og det gjer eg nok, så kjem ikkje han til å ta på heimveg før den siste blotgjesten har reist frå Borg. Blir du med meg kan eg hjelpe deg til å få den du er kjær i.

Bjørnulv såg storøygd på jenta og følgte ho.

Jenta hadde rett. Trælen Koll hadde hatt vett nok til å gjere det godt for seg mens herren var borte. Han låg og snorksov innved åren der store bjørkekubbar og torv flamma. Den nesten tomme ølbollen hadde han ståande attmed seg.

Bjørnulv såg storøygd på mannen.

- Korleis kan ein træl våge å ta seg slik til rette? Hadde noko slikt skjedd på Fjell, så hadde det stått om livet hans. I alle fall måtte han ha rekna med å bli slått omlag helselaus. Han var nøye med å måle kor høgt ølet stod i tynna om han nokon gong reiste frå garden, bonden på Fjell.

- Åja, du veit, det er med bønder som med anna folk, lo jenta, - dei er ulike. Og med Fåne og Koll er det slik at ein ikkje veit heilt kven som er herren i huset. Dei har budd toeine saman i eit utal vintrar og er som eit gammalt ektepar å rekne.

Bjørnulv såg stort på ho.

- Meiner du at..?

Ho lo igjen.

- Nei, det meiner eg ikkje. Eg sa "eit gammalt ektepar" og som du kanskje veit så brukar ikkje gamle ektepar koven til stort anna enn å sove i. Ikkje det at eg trur Fåne og Koll deler sovekove. Slik er det nok likt med andre gardar at trælen deler soveplass med dyra. Ulíkt er det at ekte- sovekoven står tom.

- Men Fåne, då, undra Bjørnulv.

- Kor søv han?

- Han søv på pallen der borte.

Jenta peika mot nokre fellar på pallen langs eine langveggen.

- Du verkar kjent her i huset.

- Ja, eg har vore her nokre gongar.

- Med andre gutar etter blotfesten?

- Møy er eg ikkje, men møydomen min for ikkje her i huset. Den var det Tore Hjort som tok for nokre vintrar sidan.

- Tore Hjort?

- Ja. Eg var blutmøy då. Men eg har vore her saman med far min nokre gonger. Han er ein gammal ven av Fåne. Det har også hendt at eg har vore her saman med andre gutar. No veit du det. Så får du avgjere sjøl om du likevel vil ha meg.

- Ha deg?

- Du berga meg frå ein valdsmann. Eg kjem deg i møte med heile kroppen min, om du vil ha han. Men eg likar ikkje å vere saman med menn slik at alle ser det. Etter at Tore tok meg, som blutmøy, har eg alltid ønska å vere aleine med den karen eg har valt. Og eg vil velge sjøl.

- Og i kveld har du valt meg?

- I kveld har eg valt deg.

- Og eg veit ikkje eingong kva du heiter.

- Veit eg kva du heiter? I skålen i kveld vart du kalla Bjore Løysing, Bjørnulv Løysing, Bjørnulv Steinbjørnsson. Kva skal eg kalle deg?

- Sjøl kallar eg meg Bjørnulv Steinbjørnsson. Du må finne ut kva du vil kalle meg.

Ho lo og klappa han på kinnnet. I hardaste laget til at det kunne kallast kjærleg.

- I morgon tidleg veit eg meir om kva eg vil kalle deg.

- Kan du ikkje fortelle meg korfor Fåne ikkje brukar den oppreidde ektekovent?

- Fordi han framleis ventar på Disa.

- Og kven er Disa?

- Ho var frå Ullstad, som eg. Eg heiter forresten Ullfrid Hauksdotter, berre så du veit det. Disa og Fåne, dei var kjære i kvarandre. Ein vinterdag for omlag førti vintrar sidan, gjekk ho frå Ullstad for å vitje Fåne. Det var ein strålende vakker dag, men ein av dei vinterdagane som ikkje er til å lite på. Dei såg ho gjekk forbi Mærvold. Like etter tok det til å blåse opp. Det var det siste nokon såg til ho. Men dei fann ikkje restar etter ho. Ikkje eit bein, ikkje eit hårstrå.

- Korleis kunne det ha seg? Leita dei skikkeleg?

- Dei leita så godt det gjekk an. Det vart snakka om at ho måtte vere haugtatt. Derfor ventar Fåne framleis på ho med ferdig oppreidd sovekove med mjuke fellar og dundyner og linlaken i. Den dagen ho kjem skal han ikkje trenge skjemmast over gamle og brukte og lusete fellar i koven.

- Er det til den koven du har tenkt å ta meg?

- Nei, den skal stå ubrukt for Disa. Men som skikken er, så finst det også her i huset ein kove på andre langsida, ein kove for ungdommet eller gamlefolket, alt etter korleis det høver seg. Dit har eg tenkt å ta deg.

- Men enn om Koll vaknar og ser oss. Kva gjer han då?

- Du ottast for mykje, Bjørnulv. Sei meg, veit du ingenting om blotskikkane her i landet?

- Det spørst kva kant du ser det frå. Det eg veit om blotskikkane er trælen sin angst for å bli kalla inn i blotskålen for å vere eit av offerdyra ved blotet. Du veit vel at eg er vaksen opp som træl?

- Nei, men etter som du vart kalla løysing, så... Men kom no.

Fort var ho borte ved åren og tente ei spik som ho brukte til å tenne ei lampe inne i koven. Spika for som ei lyspil tilbake i åren der ho flamma brått opp og var kol. Eit lite augeblikk vart han nesten blenda av ein kvit serk då stakken vart borte. Så var serken og borte, og ho var berre eit mørkt omriss mot det veike lysskinet frå koven.

Sjøl kom han seg ikkje til med noko anna enn berre å bli ståande der, med armene hengande rett ned langs sida. Så merka han at ho kom mot han. Omrisset vaks. Det vart hår og lukter og hender som plukka av han plagg for plagg. Til slutt sto han der med sko og hoser og ei brok i tull kring beina og kunne ikkje ta eit steg.

- Stø deg på meg og løft det venstre beinet, kviskra ho.

Han hørte det var latter i stemmen. Han ville tenke på Gyda. Tenke på at Ullfrid hadde sagt at ho ville hjelpe han til å få Gyda. Men kom seg ikkje til med anna enn å gjere som ho sa. Veiva berre utan mål og meining borti håret hennar mens ho fekk det siste beinet hans fri frå kleda.

Så drog ho han inn i koven og lærte han og lærte han og lærte han. Lærte han kor mjuke kvinner kan vere, kor glatte dei kan vere og kor krevande og sterke dei kan vere, og kor uendeleg tålmodige dei kan vere mot den som dei trur vil dei vel.

Med det same Bjørnulv vakna forsto han først ingenting. Her var fellar så mjuke som Frøyas hår. Her var puter fylte med dun, her var teppe av dun. Var han fallen og kommen til Sessrymme, til Frøyas eigen sal? Men han hadde då ikkje vore i nokon strid?

Så hørte han ein latter, såg eit mørkhåra hovud med dansande mørke auga kikke på seg, og hugsa og smilte.

- Eg trudde ikkje det var vanleg oppå Borg at huskarane låg og drog seg til langt på dagen. Kom deg no opp, så skal du få ein sup øl.

Han greip etter ho. Fekk tak om den smale midja og drog ho inn og ned til seg.

- Nei, kom heller hit du, så skal du få eit kyss og noko meir attåt, murra han.

Ho stritta litt imot, men ikkje mykje, så hendene hans oppdaga snart at ho berre hadde serken på seg enno. Motstanden hennar var heller ikkje verre enn at ho løfta litt på seg og gjorde det lettare då han forsøkte å skuve serken opp og av ho.

- Fekk du ikkje nok i natt, din kåting, knurra ho og rispa han med neglane nedetter bringa så det gjorde vondt.

Då syntes han at han måtte gripe hendene hennar og halde dei og tvinge ho under seg. Det vart eit lite basketak der i koven, men han trudde nok at han ville ha fått det vanskelegare dersom ho hadde sett seg imot på alvor. Det kunne ein og sjå på smilet hennar då han hadde baska seg oppå ho og heldt hendene hennar ned mot kovegolvet.

- Du er som andre karar, du trur du kan ta det du ikkje får, skjente ho. Men det var latter og ikkje alvor i stemmen.

- Til denne tid har eg ikkje tatt noko, smilte han, - men no tar eg eit kyss.

Han trong ikkje ta det. Og heller ikkje var det nokon grunn til å halde hendene hennar lenger. Dei kunne begge bruke hendene til noko anna.

Etterpå vart dei liggande ei stund og halde rundt kvarandre, heilt til Ullfrid kom på:

- Nei, no må vi opp så du får sjå kva Koll har stelt i stand til oss.

Ho drog på seg serken igjen og smatt ut av koven. Han tumla seg naken etter. Då sto ho der klar og smetta skjorta nedover hovudet hans. Han såg seg om etter resten av kledda.

- Du treng ikkje meir førebels, sa ho og tok handa hans.

Han kjente at ho hadde rett. Det spraka ein god eld på åren og han var enno sveitt etter basketaket i koven.

- Sjå, sa ho, - Koll har velkome oss.

Han såg det. Det var sett opp eit bord framfor pallen. På pallen og under bordet låg det fellar. På bordet sto det eit trau med godt banka tørrfisk i høvelege bitar. Der sto og eit trau med brød og eit fat med gult, skinnande smør og to kanner med øl.

- Og dersom du trur at det er eg som har lagt kledda dine så fint opp på pallen, så må du tru om igjen. Det er det og Koll som har tatt seg av, kvitra ho.

Bjørnulv løfta ølkanna for å ta seg ein sup. Den hadde vakker utskjæring langs kanten. Han granska skurden. Det var ein heller uvanleg skurd. Kanna var ny. Altså måtte ein tru at det var nokon her i bygda som hadde gjort skurden. Nedover kanna var skore inn noko som med ein gong såg ut som vørdsause hakk. Han sette kanna frå seg som om han hadde brunne seg.

- Ullfrid, kan det vere..? Trur du at..? Er det..?

Han peika på ølkanna og såg vill i blikket på Ullfrid.

Ho såg den styrslause redsla i blikket hans og vart fælen.

- Kva er det, Bjørnulv?

- Kan det vere runer, det der på ølkanna?

Ho tok kanna og såg granskande på ho.

- Ja, det er det visst. Men er det noko å bli så oppøst for? Koll skjer runer på så mangt, han.

- Jamen det kan vere trollruner, meinruner.

- Tøv! Trur du Koll skjer meinruner i noko som skal brukast i hans eigen gard. Då ville det jo berre slå tilbake på han sjøl og resten av garden.

Bjørnulv nikka og roa seg. Jau, det høyrdest vettugt ut. Han løfta kanna og tok ein god sup.

Ullfrid lo litt.

- Nå, kjentest det ut som trolløl?

- Nei, det kjentest godt ut. Men korleis kan det ha seg at Koll kan riste runer, og kor har han den underlege treskurden frå? For det er vel han som er meister for den og?

Ullfrid hadde opna munnen til eit svar då ho vart avbroten av ei hamring på døra og ein stemme som gaula:

- Koll, Koll, kor er du? Er du der inne?

Då ingen svara heldt stemmen fram:

- Koll, Koll! Latsabb! Svartire! Hysskolt! Hestpeis! Okspung! Høyrer du ikkje at herren din

hamrar på døra og vil inn? Eg skal, ved alle gudar, skjære stasen din av deg og bruke den til agn på juksa om du ikkje opnar døra og slepp meg inn. Og nåde deg, ditt misfoster av ein seljekall, om det ikkje er eld på åren og varmt når eg kjem inn.

Ullfrid sette i ein skrallande latter.

- Berre lat opp døra du, Fåne. Det er ingen grunn til å tru at ho ikkje er open.

Dei høyrde fingrar som krafsa oppetter døra. Fingrane fann til slutt det dei leita etter og døra opna seg. Inn kom ein skapning i ei diger skinnkufte. Han stengte døra etter seg og glåmte på dei to på pallen.

- Velkomen til gards, frende, skratta Ullfrid.

- Kva er det som har jaga deg frå blotgildet så brått? Kom no, så skal du få deg ein sup øl. Det er eit gildt øl du har. Kven er det du har stole korn frå i år?

Gubben myste mot dei to på pallen.

- Nå-h, er det deg, Ullfrid? Kven er kvitreven som sit attmed deg? Det kan no vel aldri vere Koll? Så lågt har du vel ikkje sokke enno?

- Nei, let ein stemme frå dørgløtten.

Skapningen som åtte stemmen smatt inn og drog døra i etter seg.

- Du og eg, herre, vi får visst vente før vi får ungmøyer i berre serken attmed oss på pallen.

Han i skinnkufta snurra rundt og langa ut ein neve etter den som nyss var komen inn. Han på si side smatt unna som ein oter.

- Ro deg no, herre. Korfor er du så arg? Er her ikkje eld på åren og øl på bordet. Kva betre kunne du vente når du kjem heim på ei så ukristeleg tid?

- Du og dette kristpreiket ditt, murra den første.

- Ølet som står på bordet er visst ikkje tenkt for meg. Gjestane våre får ha ølet sitt i fred. Hent ein dugeleg bolle, så blir noko åt andre og. Om du ikkje har drukke opp det som er, mens eg har vore borte.

Han ved døra smatt ut og vart borte.

Den skinnkledde kom bort til bordet der Ullfrid og Bjørnulv sat. Han såg på dei med blå og vassne, men kvasse auga.

- Jaså, så du fann deg ein du lika denne gongen og? Men denne ser knapt ut til å vere vaksen nok til å gjere teneste i koven.

Han bøygde seg nærare Bjørnulv, såg granskande på han og brast i latter.

- Åja, no ser eg kven det er. Jaja, var han kar nok til å felle Geirmund Kåte, så var han vel kar nok til å felle deg og, vil eg tru. Men kor blir det av denne jotunsonen som skulle hente øl til oss?

- Eg er her, herre, let det frå bortmed døra.

- Eg skal berre sette frå meg ølbollen, så skal eg hjelpe deg av med skinnkufta.

Fåne venta til den andre kom og drog av han den tunge skinnkufta. Så sette han seg på benken og greip etter bollen. Så kom han i andre tankar og såg mot Koll.

- Denne bollen er for stor til å drikke av, din saupskolt. Har du ikkje med eit horn til meg så skal eg teve ryggstykkane dine til du skrik til denne kristusen din.

Koll svara ikkje, rakte berre eit drikkehorn fram til herren sin.

Fåne fylte hornet, drakk djupt og rapa. Så såg han bortpå Koll som framleis sto der.

- Kva står du der og kopar etter, din gudesvikar? Har du ikkje eit horn til?

Koll viste fram det hornet han sto og heldt på.

- Ja, kva står du der for, din tulling? Du er vel like øltørst som eg, kjenner eg deg rett. Sett deg på pallen, fyll hornet ditt og drikk.

Koll let seg ikkje be to gonger. Han hiva seg ned på pallen, demla hornet sitt i ølbollen og drakk.

Fåne sat der og smatta litt. Løfta på hornet. Såg på det. Sette det frå seg. Løfta det igjen.

- Jaja, grynta han, - la oss no drikke for eitkvart. La oss drikke for godt år og disene sin miskunn over hovdingen oppå haugen. Han kan trenge det, der han sit med berre to døtre og ei ilske kjerring. Han løfta hornet og drakk. Dei andre følgde han.

- Jaja, Ullfrid, hikra Fåne etter ei tid.

- Her sit du i berre serken saman med tre karar, den eine i berre skjorta. Er du ikkje redd for at vi

skal gjere deg noko?

Ullfrid smilte, strauk han over skjegget og kyste han på kjaken.

- Eg trur dette er dei tre karane i verda eg er minst ottesam for, smålo ho.

- Han i berre skjorta, han gjer meg knappast noko eg ikkje vil han skal gjere meg. Og du frende, du har aldri gjort meg

noko mein. Det veit eg at du aldri ville finne på heller. Og Koll, han eg om mogleg endå snillare enn du er.

- Koll, snøste gubben, - lit du på den svartiren, så er du endå dummare enn eg nokon gong har trudd at du var.

Ho bøygde seg bort og strauk Koll over skjegget. La seg over fanget til Fåne og kyste Koll på nasen.

- Ja, Fåne, Koll lit eg på. Og det gjer jo du og.

Ho kitla Fåne ertande med veslefingern i øyret.

Bjørnulv sat der med store auge og visste ikkje kva han skulle tru. Ullfrid hadde då sagt at Koll var trælen til Fåne. Og her sat Koll attmed dei og drakk av same ølbollen og vart kyst på nasen av Ullfrid. Han hørte at Koll vart utskjelt av Fåne. Likevel behandla Fåne Koll som ein likemann når han sessa han på pallen og baud han øl av den same bollen som han sjøl drakk av.

- Du seier ikkje stort?

Det gjekk ei tid før Bjørnulv oppdaga at det var han Fåne snakka til.

- Nei, eg er ikkje...eg har aldri...eg veit ikkje...eg forstår ikkje...det er...

- Koll, du har fortalt meg tidlegare at du er den vettugaste av oss. Kan du seie meg kva denne unge mannen meiner?

- Ja, herre, det trur eg nok at eg kan. Men det er vel i grunnen såpass enkelt at også du skulle kunne svare på det.

Bjørnulv hørte spotten i stemmen til trælen, og venta på slaget som aldri kom.

Fåne svara berre:

- Det er mogleg det, træl, men når eg spør deg om noko, så ventar eg eit svar som alle kan forstå.

Koll tok ein djup sup av drikkehornet sitt. Så løfta han det ein gong til og såg forundra på det. Han skar grimasar og rista hornet. Snudde det opp ned, men det kom ikkje ein drope ut. Så nikka han forståande mot drikkehornet, dyppa det igjen i ølbollen og fylte det. Drakk, men ikkje så djupt denne gongen.

Han sette hornet på bordet, la skalleskinnet i djuptenkte faldar, rista på hovudet, såg på Fåne og sa:

- Tja.

- Tja? Kva i alle åsynjers namn meiner du med det? Tja, er det eit svar?

Fåne kava seg opp og laut også fylle drikkehornet før han fall til ro igjen.

- No får du gje meg eit skikkeleg svar, din gudsforaktar, din kraumkall, din åtseletar, din, din ...

- Ja, sjølsagt, herre. Visst skal eg gje deg eit svar. Eg trur denne unge mannen synest det er rart at trælen din sit til bords med deg, og at ein fri mann kan tole så mykje av ein træl. Og så undrar han kan hende på korfor du ikkje gjev meg fridomen når det er slik mellom oss.

Fåne såg på Bjørnulv.

- Er det slik du tenker?

- Ja-a. De-et trur eg nok. Eg forstår meg ikkje heilt verken på deg eller på Koll. Eg kan ikkje forstå meg på ein træl som kan riste runer. Heller ikkje forstår eg meg på ein bonde som byd trælen sin sitte til bords med meg og drikke øl.

- Synes du ikkje eg skulle gjere det?

- Det er det berre du som kan avgjere. Men eg er ikkje van med at det er på det viset. Men korleis kan det ha seg at Koll kan riste runer? Og kor har han lært den skurden han har skore på ølkannene?

- Jau, ser du...

Fåne drakk djupt av hornet og vart fjern i blikket.

- Koll tok eg som træl borti Irlandet for mange år sidan då eg var i viking der. Han var noko dei kalla munk og budde i eit stort hus dei kalla kloster. Eit stort og kaldt hus gjort av stein. Eg forstår

ikkje at dei ikkje fraus i hel om vintrane. Det han dreiv med der, det var stort sett berre å riste runer og noko dei kallar stavar. Eg har tent mang ein slant på runekunna hans Koll.

- Ikkje så få heller, om sanninga skal fram.

- Tei no du still, Koll.

Fåne sukka og vart fjern i blikket.

- Og etterkvart så... Når vi går her toeine... Eg likar best å vere ven med folk, så no er det blitt slik det er. Eg veit at mange synest at eg skulle ha hatt meir age på trælen min. Det får dei berre meine. Men mange av dei som meiner at eg skulle ha dengt han meir, dei er takksame for kunstane hans.

- Stavar, kva er det?

Bjørnulv var nesten berre auga av undring.

- Vis han, Koll, sukka Fåne.

Koll reiste seg og gjekk bort til eit rikt utskore skåp. Han opna ei av dørene og tok ut noko som var pakka inn i fint linklede.

- Dette, sa Koll med djup vørndnad i stemmen, - er ei bok. Desse teikna er stavar. Og fordi dei er i ei bok, blir dei ofte kalla bokstavar. Denne boka er skreve på eit språk som heiter latin. Og den fortel om Den Einaste Sanne Gud, han som heiter Jesus Kristus, eller Kvitekrist, som han ofte blir kalla her i Norderlanda.

Då sette Bjørnulv i eig gapskratt.

- Du er ein god rakkarfant, du Koll, som vil prøve å innbille oss at den skinnbunten der kan fortelle oss noko. Men det måtte vel i så falle vere noko så urimeleg som at det finst berre ein gud.

Til si store forundring merka Bjørnulv at verken Ullfrid eller Fåne lo med han. Latteren køyvdest i strupen hans og han vart berre sittande å gape.

Koll smilte.

- Dersom du går ut og ser deg om, så vil du vel få ei meining om kva slags ver det kjem til å bli?

- Ja, sjølsagt.

- Dersom du ser på mosen på trea, så veit du kva som er sør og kva som er nord, ikkje sant?

- Jau.

- Alt dette som du ser er teikn som fortel noko til deg, er det ikkje?

- Jau, men...

- Sjå på dette, på desse boksidene, dette som du sikkert vil kalle krusedullar, eller noko slikt. Det er og teikn, teikn som fortel noko til meg. Det er slikt munkane i Irlandet stellar med. Dei brukar slike teikn til å skrive ned det som andre fortel, eller noko som dei sjøl har opplevd. Andre kan då tyde desse teikna på same viset som om han høyrde nokon fortelle historia. Dei lydane vi brukar når vi snakkar, det er og teikn. Og teikna er annleis her enn i Irlandet, der eg kjem frå, som igjen er annleis i Frankarlandet, som igjen er annleis enn i Serkland og så vidare. Du må kjenne teikna om dei skal fortelle deg noko. Men om du kjenner dei, så fortel dei.

- Men dette med den einaste gud, kva meiner du med det?

- Sjå det er ei anna sak. Vi som har møtt Kristus, vi veit at han er Den Einaste Sanne, og at dei gudar som blir dyrka her i Norderlanda berre er Djevelens blendverk. Men eg var ikkje skapt til å bli misjonær blant frie norske menn. Eg har ein liten kyrkjelyd blant trælane. Det får halde. La oss ikkje snakke meir om det.

- Desse teikna, desse stavane, desse bok-stavane, er det noko alle kan lære?

- Har du lyst til å lære dei, Bjørnulv?

- Det veit eg ikkje så visst. Det er så mykje eg må lære, eg som berre har vore træl. Men eg har lyst til å lære det meste, om det ikkje er seidkunstar.

- Eg skulle så gjerne ha lært deg, Bjørnulv, men då må du først lære deg latin, og det er ikkje gjort i ei snarvending.

- Går det ikkje an å bruke desse bok-stavane til å fortelle på norrønt mål?

Koll såg forundra ut og vart sittande i tankar ei tid. Så kika han bortpå Bjørnulv.

- Det var ein tanke. Det var sanneleg ein tanke. Det må vel kunne vere mogleg? Ja, det må vel det?

Koll fall igjen i tankar.

- Men då måtte eg ha noko å skrive på og med. Og det finst jo ikkje i desse barbariske traktar.  
- Eg frys, braut Ullfrid inn i samtalen. - Vill du ikkje varme meg litt borti koven, Bjørnulv?  
Bjørnulv hadde vore så djupt inni samtalen med Koll at det tok ei tid før han sansa kor han var og kven det var som snakka til kan. Han såg seg litt forvirra omkring.

- Eg skulle visst ha vore oppe på Borg for lenge sidan. Eg trur eg må...

Ullfrid lukka munnen hans effektivt med sin. Og drog han med seg borti koven. Han var ikkje vanskeleg å dra.

Denne gongen var det igjen ei heilt ny Ullfrid som møtte han. Ei langsamare og mjukare Ullfrid som gjorde ting med han som nesten fekk han til å gå frå vitet. Han undra om det ikkje fanst grenser for kva kvinner kunne gjere for å få ein kar ut av fatning.

Det sat ingen menn kring langborda og drakk oppe på Borg. Borda var tatt ned, og mennene var samla i ein klynge som elta ein open plass rundt høgsetet. Der sat Tore Hjort med tre bakbundne menn framfor seg. Bjørnulv såg at det var tre som tidlegare hadde halde seg mykje i lag med Kalv Kvite.

- ...så ettersom det er ei stor forsøming å sovne på vakt, høyrde dei Tore seie, - meinte eg det rettaste måtte vere å halde husting for å avgjere kva vi skal gjere med desse tre karane.

Han tidde litt før han heldt fram:

- Å sove på vakt er til ei kvar tid ille, men i desse dagar er det verre enn det lenge har vore. I desse midtvinterstider er det mangt av vetter som må haldast frå gards med eld og stål. Men eg ser ikkje dette som det viktigaste. Vi veit at no sit det ein kristningskåt Luva-ættling sør i Norge og vil legge også Hålogaland under seg og kristningsverket sitt. Vi veit og at det sit ikkje lenger nokon Ladejarl og vaktar leia nordover. Hårek på Tjøtta gjer nok så godt han kan, men endå om han ikkje just er nokon småmann, så skortar det mykje på at han har Ladejarlen si makt. Og i slike tider er det folk legg til å sove på vakt. Er det nokon som har meining om korleis dei skal straffast?

- Heng dei, var det ein som ropte.

- Heng dei, var det fleire som sanna i.

Då snudde Tore seg til Bodvar Bjarmlending.

- Eg har gjort det kjent at til sommars skal du bli mågen min. Då er det ikkje meir enn rimeleg at eg tiltrur deg såpass vett at eg høyrer kva du har å seie før eg seier nokon dom i denne saka.

Bodvar tok seg god tid før han svara.

- Du ærar meg med spørsmålet ditt, herre. Og eg veit ikkje om eg har vit og visdom enno til å gje deg råd. Men eg høyrte godt etter då du tala. Og det slår meg at vi kan vente ufred, stor ufred, frampå våren eingong, om ikkje før. Desse tre som no står bundne framfor deg, dei er dugelege med sverdet. Og eg trur ein kvar god sverdarm vil telle i den ufreden som må komme. Og hengt manns arm hjelper lite. Dei blir heller ikkje stort å ha med seg om vi hogg av dei ein arm eller ein fot. Men folk som søv når dei har anna å gjere, er heller ikkje stort å laste skip med. Likevel trur eg at eg vil gje det rådet at du lar dei leve. Set dei til å halde vakt i natt og, så

dei får vise om dei kan halde seg vakne. Eg synest du kan lyse ut at kvar den som søv på vakt etter dette blir blota til Odin.

Mange lo og syntes dette var godt tala. Men det var og dei som murra om at skulle ein hovding vise seg så mjukhjarta, så kunne han berre gå i haug og la gardvettane ta over garden igjen, like godt først som sist.

Tore sat ei stund og høyrte på folkemeininga, så sa han:

- Eg synes Bodvar har vist seg som ein god rådgjevar. Likevel meiner eg at han er noko mild i høve til det brottsverk dei tre har gjort seg skyldig i. Det er sant at det tener oss lite om dei sit med ein avhogd fot eller arm når denne norskekongen kjem. Daude sloss dei endå dårlegare. Likevel trur eg dei treng å hugse, og hugse godt at vi her på Borg ikkje finn oss i at vaktmenn søv. Eit høveleg minne kan det vere om dei saknar veslefingeren på venstre hand. Eg dømer derfor at alle tre skal få avhogd veslefingeren på venstre hand. Dei skal i tillegg stå vakt i natt som kjem. Eg lyser elles ut at alle som blir tatt i å sove på vakt så lenge vi drikk jul, dei skal blotast til Odin.

Bjørnulf såg ned på sin eigen veslefinger då han hørte Tore avseie domen. I det same han såg opp syntes han eit augeblikk at Tore såg nettopp på han, Bjørnulf, og at det låg eit lite smil i blikket.

Gaute var bratt i nakken då Bjørnulf trefte han etterpå. Bjørnulf forsto at noko måtte ha hendt, og det datt snart ut av Gaute at han var ein av dei som var plukka ut til å stå vakt om natta. Bjørnulf forsto at Gaute tok det som eit teikn på at han no var godtatt som fullgod huskar på Borg. At Bjørnulf ikkje hadde fått ei sånn godkjenning enno, gjorde ikkje Gaute si sjølkjensle mindre.

- Du får akte deg så ikkje sovnar, då, datt det ut av Bjørnulf.

Gaute såg eit augeblikk rasande ut. Så lo han.

- Ikkje ver misunneleg no, Bjørnulf. Din tur kjem nok snart. Men no trur eg borda er sette opp, så no går vi inn og får oss mat og nokre horn med øl. Kom no.

- Gå berre du. Eg har ete og eg er ikkje særleg lysten på øl just no. Drikk ikkje for mykje, Gaute. Hugs at ein blir trøyt av for mykje øl. Eg vil ikkje gjerne sjå at du skulle bli blota til Odin.

Gaute lo og rista på hovudet.

- Du snakkar som du har vett til, Bjørnulf. Det er vel når ein skal stå vakt at ein treng litt i kroppen. Dessutan er det lenge til dess.

Bjørnulf vart gåande og drive mellom husa, endå om veret var langtfra godt. Vestavinden sto inn frå Vestfjorden og dreiv føre seg ein vegg av regn og sklette. Skulle ein døme etter veret, såg det ikkje ut til at gudane var særleg nøgde med blotet. Men om det var lågt ver kring midtvinter, så kunne det likevel bli godt år med gode avlingar og avdrått. Og det var no det som talte for folk flest.

Som han gjekk der og slong, vandra tankane hans vide, og han kom til å tenke på foreldra sine og på garden langt der inni fjorden. Det var ikkje lett for han å hugse verken foreldra eller garden. Han hadde berre så vidt vore der eit par gongar som smågut, når Frode Gautason skulle inn dit for å hente noko han meinte han hadde krav på. Frode tok gjerne med seg Gaute og trælen hans på slike turar. Ville prale for dei der inne om kor stor han sjøl hadde vakse seg, og kor uendeleg små dei var blitt.

Bjørnulf kunne så vidt minnest ein storvaksen mann, grått og fattigsleg kledd, men med ei haldning og med våpen som sa at han ikkje let seg by kva det skulle vere. Ved sida hans sat det ei lita, ferm kone som varta opp reinkjøtt og tynnøl.

Til og med Bjore træl fekk ete attmed bordet når dei var der. Han hadde aldri heilt forstått korfor. Kanskje var det fordi Frode ville vise dei som budde der at han ikkje akta dei for meir enn træl, dei heller.

Det vart slutt på desse turane for mange år sidan. Frode hadde gått for langt i krava sine mot bøndene i fjorden. Dei hadde samla seg mann- og våpensterke på tinget og sagt frå om at no meinte dei at han ikkje hadde meir å kreve hos nokon av dei. Skulle han ha meir, måtte han hente det med våpenmakt. Og om han brukte våpen mot ein av dei, så måtte han rekne med å sjå dei alle i tunet hos seg ikkje lenge etter. Og Frode var ikkje den som tok til våpen når han trudde at motstandaren kunne vere sterkare enn han sjøl.

Han lura litt på kva for gudar far hans blota til no ved midtvintersleite. Men snart sveipa tankane hans innom Bodvar som no skulle bli måg på Borg og derifrå innom Olav Tryggvason, kongen som no truga freden i Hålogaland frå sør.

Så kom tankane på Ullfrid og på Gyda. Han kjente enno klårt det søte saknet ved tanken på Gyda, men Ullfrid sat i kroppen hans. Det var så ulikt, dette med desse to. Den eine ein uoppnåeleg draum, den andre ein handfast røyndom.

Han fann seg ein stein ved ein vegg i ly for veret. Sette seg med ansiktet i hendene og sukka.

- Nåh, er du lei deg for at eg ikkje har gjeve deg vaktteneste i dette veret?

Han kjente ei hand på aksla og såg opp på Asgaut. Asgaut smilte.

- Eg meinte eg såg deg og den jenta smette ut døra, og tenkte du hadde nok å ta deg til.

- Nei, eg saknar ikkje vaktteneste. Det blir vel tids nok nøgda av det. Elles trudde eg at du sa at du hadde andre ting å tenke på enn mine kvinnehistorier.

- Eg sa så, og meinte det og. Men det hindrar likevel ikkje at ein kan halde eit lite auge på ein ven.



Eller kva?

Bjørnulv smilte opp mot Asgaut.

- Takk skal du ha, Asgaut. Men bry deg ikkje om meg. Eg sit berre her og tenker litt. Det hender eg tar meg slikt føre. Det er visst dei som meiner at det ikkje er det vettugaste ein huskar og framtidig hærmann kan ta seg til, men eg har no fått den vanen.

Asgaut lo lågt då han gjekk.

Enno sat Bjørnulv og let tankane og kjenslene kverne i seg. Gyda, sukka det. Ullfrid, stønna det. Gyda! Ullfrid!

Nei, her fanst ikkje noko løysing, om ikkje Ranveig, gamle og kloke Ranveig kunne hjelpe han. Men ho var vel på Li og drakk jul. Så skamlause kunne dei vel ikkje vere på Li at dei ikkje henta ho ned til seg no til midtvintersblotet. Likevel, det var aldri godt å vite.

På vegen opp til Ranveigstova syntes han ender og gong at han såg far i dei snøfleckane som låg innimellom trea, far som ikkje kunne vere så gamle. Men han skynda seg berre vidare. Mørkret tok til å sige på.

Framme ved stova tok han i døra. Døra var ulåst. Men han var ikkje så sikker på om Ranveig ville ta bryet med å låse døra om ho var borte nokre dagar. Ho hadde vel ikkje så mykje som ville freiste ein tjuv, og elles hadde ho truleg andre hjelperåder til å halde uønska gjestar vekk.

Det var mørkt og kaldt i stova og sløkt på åren. Likevel hadde han ei kjensle av at det var nokon der.

- Ranveig, kalla han lågt.

Ingen svara. Kanskje ho var sjuk. Han kunne ikkje ta så feil. Det måtte vere nokon der.

- Ranveig, kalla han igjen.

Det var vanskeleg å sjå noko der inne i stova, men han var såpass kjent at han leita seg fram mot koven der Ranveig pla ligge. Då kjente han brått ei lukt som han kjente, men som han med ein gong ikkje kunne plassere. Med eitt visste han det.

- Ullfrid! Du her? Kva gjer du her? Kva gjer du i koven til Ranveig? Kom fram. Eg veit du er her.

Då lo det inni koven. Ein litt oppgjeven latter.

- Korleis kunne du vite at eg var her?

- Eg kjente lukta av deg.

- Heilt frå Borg?

Det var hans tur til å le.

- Nei, eg kom hit for å sjå om Ranveig var heime. Men korfor er du inni koven?

- Eg vart redd då eg hørte du kom, og så gøymde eg meg. Men kva gjer du her?

- Eg spurte først, og ventar på svaret. Men kom no. Det er snart heilt mørkt. Vi må komme oss tilbake til Borg.

- Kven har sagt at eg har tenkt meg til Borg?

- Kom no Ullfrid. Om ingen har sagt at du skal til Borg, så ber eg deg. Og då kjem du vel?

Igjen ein litt oppgjeven, men smilande latter.

- Gå du inn i skålen, eg går ned til Fånestova og ventar på deg der, sa Ullfrid då dei kom til Borg.

- Skal du ikkje få deg noko å ete, undra han.

- Det får eg vel hos Koll.

- Trur maten er betre hos Fåne enn her på Borg?

- Kor skulle eg gå her? Går eg inn i skålen, så veit du kva som hender. Du såg det førre dagen. Og i kvinnestova, der dei ærbare kvinnene sit, trur du eg vil vere velkomen der?

Bjørnulv berre rista på hovudet. Ho måtte ha merka hovudristinga gjennom mørket, for ho tok han om hovudet og kyssa han.

- Det er godt at du forstår, kviskra ho.

Asgaut sat og prata med Gaute då Bjørnulv kom inn i skålen. Gaute hadde tatt godt for seg av ølet. Asgaut såg heller morsk ut. Gaute nikka, reiste seg nokså ustøtt og stoltra seg i retning døra der Bjørnulv sto. Han smilte breitt då han vart var Bjørnulv, slo han på aksla og sa:

- Du får ønske meg god vakt. No går eg og legg meg til så lenge. Kan vere godt med ein blund før vakta tar til, veit du. Lettare å halde seg vaken då, veit du.

Det var roleg i skålen. Nokre få låg alt og snorka på pallane, andre sat og småduppa over ølhorna, atter andre sat og samtalte lågt, men den største gruppa var samla kring Kjartan Arason. Kjartan var ein kløppar til å minnest og til å seie fram gamle kvad. Særleg var det smedviser både om folk frå grannelaget og om meir kjente folk som vekte åtgaum. Kjartan var ikkje så reint lite av ein skald sjøl heller, men det var ikkje så ofte han let seg lokke til å kvede eigne strofer.

Asgaut vinka Bjørnulv bort til seg. Bjørnulv reiv til seg noko mat og tok til å ete.

- Har du ikkje smakt mat før i dag, ville Asgaut vite.

- Det har vorte lite med det, sanna Bjørnulv i.

Asgaut fylte eit horn med øl og stakk borttil Bjørnulv.

- Eg har lagt merke til at du er heller spak til å svinge drikkehornet. Og det er sant som dei gamle sa at ovdrykk av øl ikkje er godt for mannen. Men det kan vel og hende at det er å vanære gudane, no når vi drikk jul, om ein ikkje lar strupen leske med den gudegåva som ølet er. Så no synest eg du skulle tømme eit horn eller to, til ære for blotet og gudane. Du

treng likevel ikkje ære gudane fullt så mykje som vår ven Gaute Frodason. Eg håpar han ikkje steller seg slik at Odin får eit nytt offer i morgon. Ikkje det at eg ikkje unner Odin offeret, men...

Bjørnulv berre nikka med munnen full av mat.

- Elles kan eg tru at du har æra Frøy og Frøya ganske ihuga på anna vis. Du meiner kanskje at det får greie seg. Kor har du gjort av tausa no, forresten?

- Ho er vel nede hos Fåne, glapp det ut av Bjørnulv. Han kjente han var fortærande raud i toppen med det same.

- Så, det er Fåne som held dykk med hus. Er det i Disa-koven de held dykk då?

Bjørnulv greip ølhornet og drakk djupt for å vinne tid, for å komme på noko å svare.

- Enn du då, og blottausene dine? Kor de held dykk?

Asgaut slo opp ein stor latter. Han lo så han heldt på å køyvdest og måtte nedi drikkehornet etter ein dryg sup for å komme seg.

- Sjå der ja, hiksta han.

- Der ser du. Ein blir meir ordhag når ein får seg ein god sup øl. Jau, ser du, vi held no til i kvar sin kove, både Bodvar og eg. Og har hendene fulle begge to. Dei er sprelske, desse Ægheim-tausene, når dei først får smaken på det. Du skal vere nøgd du, som berre har ei å stelle med. To kan bli i meste laget for ein kar.

Dei vart sittande der ei god tid og prate. Og det vart til at Bjørnulv tømte hornet både to og tre gonger før han kom seg derifrå. Han var ikkje heilt stø på føtene nedover mot Fånestova. Han prøvde å skylde på mørket og vinden, men kom til at det hadde lite for seg.

Nede i Fånestova pusla Ullfrid med ei gryte over åreelden. Koll sat på hi sida av elden og skar i eit lite trestykke. Begge såg opp då Bjørnulv kom dumpande inn.

- Her luktar det godt, helsa Bjørnulv.

- Ja, vi har gjort eit aldri så lite innbrot i kjøttynna hans Fåne, lo Ullfrid. Såg du noko til han oppå Borg?

- Han sat i godt lag der, såg det ut for. Han hadde tatt til å tevla med Kjartan om kven som kunne flest kvad. Og det verka som også Fåne hadde mange gamle skjemteviser i minnet, tunga hans hadde sin eigen vilje, så det var ikkje alt som var like lett å forstå. Men kva er det du Koll sit og spikkar på?

Koll skava ei siste flis av trebiten han heldt på med og stakk den nedi ein liten skinnpung som han heldt fram mot Bjørnulv.

- Sjå her, denne er til deg, om du ikkje forsmår ei lita gåve frå ein gammal træl. I denne skinnpungen ligg det ein liten bit kalveskinn med nokre heilage stavar på og den vesle trebiten du nyss såg. På den har eg rista nokre runer. Eg har lese over dei og, så eg vil meine at om du ber denne pungen på barmen så er det i alle fall noko vondskap og trollskap som ikkje vil bite på deg. Du vil gjere meg ei stor ære og ei stor glede om du vil bere denne pungen inn mot barmen din frå no av. Nei, sei ikkje takk, berre ta han. Om du vil ha han.

Bjørnulf tok imot pungen og såg at han var gjort av særst fint garva kalveskinn. Pungen hang i ei snor som var gjort av same slags skinn. Han tok imot pungen, hengte den om halsen og bøygde seg lett for Koll som ei erstatning for den takken han ikkje fekk sette ord på.

- Eg har prøvd å få han til å gje meg den pungen, erta Ullfrid, - men han seier at heilag-stavane og ve-runene ikkje hjelper noko for ei lauslyndt førkje som meg. Det einaste som hjelper for slike, er svolk, seier han. Men no trur eg kjøtet er ferdig kokt. Du har vel ete på Borg, Bjørnulf, så du vil vel ikkje ha noko av dette?

Bjørnulf meinte at han nok skulle greie å få ned noko frå kjøtgryta til Ullfrid og.

- Går vel du, Koll, og hentar øl, mens eg får maten på bordet?

- Eg trudde det var kvinnearbeid å hente øl.

- Og eg trudde træljar hadde å lyde.

Dei gliste til kvarandre og gjekk kvar til sitt.

- Du sa du var munk borti Irlandet, Koll. Kan du fortelle meg kva ein munk er for noko?

- Ein munk, det er ein mann som er i Kristi teneste. Han vier heile sitt liv til Kristus og har svore på at han aldri skal ha kjønnsleg omgang med noka kvinne. Aka sin vilje, aka si kraft og aka sin hug skal han vie til Kristi framgang.

Ullfrid såg storøygd på Koll.

- Men det finst då ikkje menn som kan halde ein slik lovnad, om dei er rett laga. Mannehugen trår til kvinna, slik kvinnehugen trår til mannen. Ingen kan då greie å halde ein slik lovnad?

- Kristus er mi brud. Kristus er kvar munk si brud.

- Så det er slik det er, skratta Ullfrid.

- Han er visst meir til gud, denne Kvitekrist, enn eg har trudd. Han har altså det sams med både Loke og Odin at han både kan skifte ham og kjø. Ja, då forstår eg det betre.

- Du forstår ingen ting, men det hadde eg då heller ikkje venta.

- Ein slik lovnad trur eg aldri eg kunne greie å halde. Har du greidd det?

Bjørnulf såg spørrende på Koll.

- Nei, det kan verke som om du ville ha vanskar med det, ja. Og det har dei fleste når dei er så ung som du er. Då brusar blodet i kroppen på eit anna vis enn når ein blir eldre. Men eg må vel berre vedgå at om ånda er villig så er kjøtet skrøpeleg. Men det har hjelpt godt å sitte som einsleg træl her nede i Borgfjæra. Her har ikkje vore så mykje som har freista. Men det hendte då eg var yngre at ei og anna trælejente sneik seg nedover hit for å freiste. Og det hendte vel at eg ikkje greidde å stå imot freistinga. Det som er tyngst å bere på er at her ikkje finst nokon prest eg kan skrifte til og få syndsforlating hos.

- Skrifte og syndsforlating, kva er det?

Ullfrid og Bjørnulf spurte i munnen på kvarandre.

- Det betyr at om du har synda, altså gjort noko som er imot Kristi vilje, så går du til ein prest og fortel han om syndene dine og ber om forlating. Då kan han på Kristi vegne, og mot ei høveleg bot, løfte syndene dine av deg.

- Så det er som når du her gjev bot for til dømes manndrap, undra Ullfrid.

Koll sukka.

- Ja, det er vel kan hende det næraste du kjem det.

Dei hadde ingenting som jaga på seg, så dei vart sittande ved bordet og prate. Etter kvart vart det mest til at Koll fortalde frå sitt tidlegare liv der borte i Irlandet.

Han kunne fortelle at han vart fødd i det norrøne kongeriket Veigsfjord i noko han kalla Anno Domino 946. Det betydde 946 vintrar etter at denne Kvitekrist vart fødd. Mor hans var av norrønt blod. Slik hadde han, like frå tidleg barndom, lært å tale både det irske og det norrøne tungemålet.

Irlandet var eit land i stadig krig. Sjølv om det i namnet sat ein overkonge i Tara, så hadde han oftast lite å seie, og småkongane låg i stadig krig med kvarandre. Med sorg i stemmen fortalde han at om alle kongane kalla seg kristne, så var dei like fæle som vikingane når det galdt å røve og drepe i klostra når dei gjorde innhogg i grannekongen sitt rike.

Nord for Veigsfjord låg eit anna norrønt rike som heitte Dublin. Eit par år før Koll vart fødd hadde

Dublin fått ein ny konge som heitte Olav Kvaran. Han var ein både maktsjuk og krigsglad konge som låg i stadig krig med grannane sine. Særleg hadde han kasta auga sine på Veigsfjord, og prøvde stadig å legge dette riket under seg. Men Veigsfjord hadde dugande kongar som greidde å halde stand mot presset frå Dublin.

- Heilt til den sommaren då eg var 25 vintrar og hadde vore i klosteret i 10 vintrar, heldt Koll fram.

Den sommaren fekk Olav Kvaran hjelp av ein norsk konge som heitte Gudrød Eiriksson. Han var konge i Norge saman med brørne sine og son av ein Eirik som tidlegare hadde vore konge, først i Norge og så i Jorvik. Denne Eirik var son av Harald Luva eller Hårfagre, han som la heile Norge under seg.

Dette vart for mykje for Veigsfjord å stå imot. Restane etter hæren frå Veigsfjord rømte forbi klostret, og munkane naudba abbeden om å få rømme. Men han berre mana til å tru og bøn. Eit døgn samanhengande låg dei på kne og ba. Då kom hæren til kong Gudrød og kong Olav. Det gjekk som det måtte gå. Dei braut sund klosterportane og storma inn.

Mange av oss vart drepne der dei låg og ba, mellom dei var abbeden. Resten vart tatt som træl.

- Det var Fåne som tok meg til fange. Han er slik, Fåne, fortalt han ein gong han var drukken, at han likar ikkje å drepe uvæpna menn. Den boka eg viste dykk i går, den låg eg og heldt på då Fåne tok meg. Han tok den med. Eg veit ikkje korfor. Vikingar plar ikkje ta med seg bøker frå røverferdene sine.

Koll drakk djupt av hornet og geispa høgt.

- No tar det til å bli seint. Det er tid for ein gammal træl å sove. Og det er vel tid for dykk unge og til å gå i koven, om det ikkje nettopp er for å sove.

Dei var trøytt, Ullfrid og Bjørnolv og. Men kroppane deira kravde sitt før dei sovna.

Bjørnolv vakna brått. Syntes han kjente ei hand på aksla som hadde rista han vaken. Orda til Asgaut sto for han med det same han vakna: "Men det hindrar vel ikkje at ein kan halde eit lite auge på ein ven." Gaute! Gaute som skulle stå vakt og som hadde drukke så mykje. Han stiltra seg ut av koven og fekk på seg kledda. Ullfrid greip etter han i søvnen, men vakna ikkje.

Ute var det mørkt. Men det var eit mørke som fortalde at dagen og lyset ikkje var så overlag lagt unna. Han hasta opp til Borg.

Oppe på brinken tenkte han seg om så vidt det var, om han skulle ta til venstre langs galgetreet, eller ta den vanlege vegen dit han visste Gaute skulle vere. Tanken på stien langs galgetreet fekk han til å hutre. Det var ein veg folk helst ikkje gjekk, særleg ikkje når det var mørkt, og særleg ikkje i slike vettetider som i jula.

Men han måtte. Tida var knapp. Tore kunne vere har kva tid som helst, no.

Han hasta av garde i mørket, og snåva stadig i steinar og røter som stakk opp frå stien. Eit par gonger heldt han på å deise overende, men han sakna ikkje farta. Greip i staden om skinnposen han hadde fått av Koll og klemte han hardt i handa.

Dess nærmare han kom galgetreet, dess meir auka han farta. Ville forbi så raskt råd var. Det vart ein hard smell då han klaska i hop med det som hang frå treet. Det svinga bort og kom tilbake.

Ei kald hand med fire fingrar drog over ansiktet hans.

Han greidde ikkje heilt å køyve skriket som tvang seg frå strupen. Han tok eit par raske steg bakover, hekta foten fast i ei rot og deisa overende med bakhovudet mot ein stein.

Han trudde ikkje han hadde vore lenge borte då han ansa om seg igjen. Mørket var det same.

To gonger prøvde han å kare seg på føtene, før han greidde det. Då var kvalmen over han så han ga hals.

Og no kunne det vere det same. Tore hadde vore her og funne den fingerhogde vaktmannen sovande. Han som no dingla frå galgetreet.

Hang her fleire kan hende?

Han tok seg på tak og gjekk rundt treet. Det var berre den eine. Så var det kanskje likevel ei von.

Der Gaute skulle vere, var det ingen. Så var det som han hadde tenkt. Tore hadde vore her. Ølet hadde sete for tungt i kroppen til Gaute. Han hadde sove då Tore kom. Men av ein eller annan grunn hadde Tore ikkje hengt Gaute med det same. Det var kanskje berre dei fingerhogde som vart

hengte med ein gong. Gaute var blitt tatt med til Borg og låg i jarn der.

Bjørnulv sokk ned på ein stein og let bankinga i hovudet ta over.

- Troll ta Gaute. Han kunne ha vore såpass vettug at han hørte meir på både meg og Asgaut.

Tårene tok til å trille utan at det dempa verken i hovudet noko.

Gjennom hans eiga snykting og bankinga i hovudet var det ein annan lyd som trengte seg på. Det var ein låg dur frå ein stad i nærleiken. Det gjekk ei stund før han let duringa trenge inn i tankane sine. Dei hadde så meir enn nok med ulykka som hadde ramma Gaute.

Men etter ei stund var det ingen veg forbi. Duringa tok til å røre ved ytterkanten av tankane hans og trengte seg inn. Han tok til å lytte etter kva det kunne vere for noko.

Då hørte han det. Det var snorking. Jublande av håp sprang han på beina. Det var alt for brått for hovudet hans. Kvalmen skylla innover han igjen, og han måtte ned på kne. Men snorkinga var der framleis. Det kunne, det måtte vere Gaute. Det galdt berre å finne ut kor lyden kom ifrå.

Det luta ei gammal storselje framover ein liten bergufs like i nærleiken. Under den bergufsen ville det vere høvesvis tørt og lunt når veret sto frå den kanten som det gjorde i natt.

Han sprang bortover og firte seg nedfor bratta innunder bergufsen. Og rett nok. Det låg det eit menneske og snorka høgt. Bjørnulv greip den sovande i aksla og rista.

- Gaute! Gaute, du må vakne!

Gaute berre grynta og forsøkte å riste bort den plagsame handa.

- Vakne no, Gaute! Det hastar! Snart er Tore her. Er du lei av livet, din tosk? Vil du bli blota?

Han rista og skaka, men det hjelpte like lite. Gaute berre rølte og kava og slo han unna seg og sov vidare. Mens han bala med å få Gaute vaken sparka han borti noko som låg på bakken. Han bøygde seg ned for å finne ut kva det var, og kjente at det sildra noko vått over handa hans. Det var ein ølbolle. Enno var det ein liten skvett øl igjen. Han tømte det i seg.

Den tullingen Gaute, han hadde lura med seg ein bolle med øl, og hadde drukke seg overstadig rusa mens han sto på vakt. Og no måtte Tore komme snart.

Han sprang opp på vaktplassen igjen. og vart gåande der og drive, heilt til han såg lyset som gjorde seg fri frå mørket oppe ved Borg og kom nedetter. No kom Tore.

Han stupte utfor skrenten og kasta seg over Gaute. Slo og rista og kjefta og skaka.

- Vakne no, Gaute, din tulling. Tore er på veg, du blir blota.

Gaute låg som daud, men Bjørnulv ga seg ikkje, og til sist tok Gaute til å røre på seg.

- Vakne no, Gaute. Det er eg, Gaute. Det er Bjørnulv. Du søv på vakt, din fordrukne tulling.

Snart er Tore her på runden sin. Han kjem til å blote deg til Odin.

Det gjekk trått å få Gaute såpass vaken at han forsto kva som hendte. Så gjekk Alvoret opp for han, og han spratt opp, enno søvnørskan.

- Tore, har han vore her?

- Hadde han vore her, så hadde nok du lege i jarn no. Men han kjem. Skund deg.

Då dei kom tilbake til vaktstaden, såg dei at lyset hadde stoppa borte ved galgetreet.

- Takk skal du ha, Bjørnulv, for dette, hutra Gaute, tydeleg frossen etter søvnen.

- Du har berga livet mitt i natt. Det skal eg aldri gløemme.

Lykta til Tore vart verande lenge borte ved galgetreet. Så tok lyset til å bevege seg tilbake mot garden igjen.

- Kva trur du det er som skjer, undra Gaute.

- Eg veit ikkje. Det får vi nok vite i morgon. Men trur du at du er såpass vaken no at eg kan gå?

- Gå berre du, eg trur nok eg har lært no. Skulle eg ikkje no greie å halde meg vaken, så fortener eg å bli blotoffer.

Bjørnulv småsprang nedetter stien mot Fåne-huset. Det var berre så vidt han ikkje sprang rett inn i den høge, grå skapningen som sto der midt på stien.

- Så, du unner ikkje Odin blotofra hans, murra den høge.

- Kven er du, stotra Bjørnulv.

- Du kan kalle meg Glupe, om du må kalle meg noko, du som snik Odin sine blotoffer frå han.

- Kva meiner du med det?

- Å, du forstår nok kva eg meiner. Men ta det ikkje så tungt. Einkvan ville det slik. Eg veit ikkje

enno kven. Kanhende var det lagnaden. Og Odin får vere nøgd med det offeret han har fått i natt. Men akt deg du, så du ikkje går i vegen for gudane altfor ofte. Det kan bli ulykka di.

Bjørnulv såg det glimta i eit auge under den neddregne hatten. Så glei mannen til sides og var borte.

Inne i Fåne-stua glødde det på åren. Koll hadde tydelegvis vore vaken og lagt meir torv på. Bjørnulv flådde av seg kleda og klatra inn i koven, smaug seg innåt den gode, varme kroppen til Ullfrid. Ho snudde seg og med eine handa om lemnet hans. Det reiste seg lydig.

- Så kald du er, mumla ho.

- Så kald den er, den vesle fugleungen din og dei to egga dine.

Ho la seg over på rygg og fekk han oppå seg. Han prøvde å finne ein rytme, men ho greip han hardt om hoftene og heldt han i ro.

- Ligg still, kviskra ho.

Ho heldt han hardt nedåt seg og rørte seg varleg, mest utan å røre seg, kring han. Like før han gjekk under høyrde han ho kviskre:

- Du må vere var om deg sjøl så du ikkje forfrys deg og blir gagnlaus for Gyda.

- Gyda, pusta han inn mot halsen hennar etterpå.

- Jada, guten min, pusta ho tilbake, - du skal nok få Gyda når tida er der.

Morgonen etter fekk dei vite at ein av dei tre vaktmennene som var blitt fingerhogd hadde blota seg sjøl til Odin om natta. Han hadde såra seg med eggodd og hadde hengt seg i det treet der han skulle halde vakt.

Då Bjørnulv fortalde Ullfrid og Koll om mannen han hadde treft om natta, såg Ullfrid stort på han.

- Sa du at du såg at det glimta i eit auge under hattebremmen?

- Ja, det andre kunne eg ikkje sjå.

- Då trur eg nok at det var sjølvaste Odin du trefte der i natt, komen for å hente blotofra sine.

Dei drakk jul og folk samtala mykje seg imellom om at det hadde vore eit midtvintersblot av dei uvanlege. Kva dette betydde, vart dei aldri einige om. Nokre trudde at det som hadde hendt, tyda bra. Ville ikkje gudane la seg nøye med dette blotet, så nytta det visst lite kva ein så ofra dei. Andre meinte at noko var i ulage, og at mykje vanskeleg sto for døra, no når denne Luva-ættlingen sto i landet med ei ny tru.

Nokre svalla om at i retteleg gammal tid, då hendte det at hovdingen blota seg sjøl, når overlåg store trugsmål sto for døra. Til dette svara andre at hovdingen jo hadde vigd seg sjøl til Odin under blotet. Så fekk vel Odin sjøl hente han når han meinte at tida var mogen. Og om hovdingen skulle blote seg sjøl på rett, då vart heile Lofot og Vågar liggande der hovdinglaus, og det ville ingen vere tente med, unntatt denne kongen sør i Trøndelag.

Dagen før folk etter gammal sed og skikk skulle drikke ut jula og fare heim, rauk han opp med eit overhendig uver. Nordvesten flerra om hushjørna og heile verda var berre eit kvitt kov så det mest ikkje var gåande husimellom på Borg. Å komme seg lengre vegar i slikt eit ver var ikkje til å tenke på. Men det var aldri rekna snautt verken på mat eller drikke på Borg, og dei fleste hadde hatt raust med seg då dei kom, så det sto ikkje på.

Tre fulle døgn rasa stormen. Så vart det med eitt dørgande stilt. Ein sa at det var som om einkvan hadde slege stormen i hel med ein øksehammar.

Bjørnulv og Ullfrid sat nede i Fånestova saman med Koll då stormen kom på dei, mens Fåne sjøl var på Borg. Både Bjørnulv og Ullfrid syntes dei hadde det bra nok der dei var, og såg ingen grunn til å prøve å trasse seg mot veret opp til Borg. Dei trøyte tida godt med å høyre Koll fortelle om denne Kristus og alle undergjerningane hans. Då han fortalde om korleis Kristus vart opphengt på korset og hang der, vart Ullfrid fortentk.

- Det er jo nesten som Odin då han hengte seg sjøl i treet og hang der i ni døgn for å kunne sjå det som elles er skjult.

Men då vart Koll arg.

- Du må ikkje samanlikne Kristus med denne heidenguden Odin, som ikkje er noko anna enn ein

vondvette.

Så arg vart han at han ville ikkje fortelle noko på ei lang stund. Men det gjorde ikkje så mykje, for dei hadde koven og kvarandre.

Andre dagen dei sat slik og lot vinden ule, gjekk Koll og henta ei kole med tran. Oppi den hadde han noko oske frå åren og rørte godt rundt. Så leita han fram ei treflis som han hadde spikka kvass i den eine enden og ei brei trefjøl som han hadde klint noko sinkkvitt på.

Han dyppa trepinnen i trana og ga seg til å rite nokre stavar på fjøla. Så ga han fjøla til Bjørnulv og sa:

- Sjå her, her har eg skrive namnet ditt med stavar. Alle som kan tyde stavar og som ser dette, dei veit at her står det å lese Bjørnulv.

Bjørnulv såg på teikna og lo.

- Jaså, eg ville aldri ha trudd at dette var mitt namn. Men er det ikkje farleg å få namnet sitt rita ned slik? Kan ikkje det gje stavekunnige folk makt over den får namnet sitt skrive slik?

Koll vart svært alvorleg.

- Nokre ville meine at det du no seier er heidensk overtru. Men eg veit ikkje. Om ein dugande trollkar som kunne lese stavar fann denne

fjøla og ville deg vondt, så... Ja, eg har sett mykje her i dette landet som eg før ikkje ville ha trudd på.

Han sat tenksam ei stund. Så lyste han opp i eit smil.

- Men kor finn du norrøne trollkarar som kan lese stavar?

Og om vi ikkje brenn fjøla, så skal eg lese Krist-signingar over ho. Då meiner eg for visst at ingen trollkar skal kunne kome nokon veg med kunstane sine. Men ta no denne treflisa, Bjørnulv, og sjå om du kan gjere etter det som eg har gjort, og skriv namnet ditt.

Bjørnulv ville først ikkje.

- Korleis kan du tru at eg skulle kunne gjere noko slikt. Nei, det er ikkje eingong til å tenke på. Dette, trur eg, er ein idrett som sjøl ikkje Tore Hjort ville gje seg i kast med.

- Det kan vel hende, men han har heller aldri sagt noko om at han hadde lyst til å lære seg stavar. Du sa at du kunne tenke deg det. Prøv no.

Dei par dagane til som dei sat der, hadde dei mykje moro med Bjørnulv sine første forsøk på å tileigne seg skrivekunsten. Bjørnulv var ikkje meir sjølkjær enn at han lo i lag med dei to andre, endå om det var fortærande kor vanskeleg det var å få til denne skrivekunsten. Det var verre enn å øve med sverd. Men etterkvart som han heldt på, vart det lettare. Koll sa berre at vakkert var det ikkje, endå om det kan hende kunne vere lesande for ein som ikkje var for nøye på det.

- Men, føydde Koll til, - så har du heller ikkje den beste reiskapen for å skrive vakkert.

Dei dagane stormen vara sleit Bjørnulv mykje med skrivekunsten. Han nytta dei fleste stundene til å øve seg, så til slutt var heile fjøla utkrota. Koll let vel over kor ihuga Bjørnulv var.

Ein dag dei sat slik og samrødde og sendte ølbollen mellom seg, stakk Koll med eitt i å gråte.

Lenge sat han og let gråten fløyme. Ullfrid og Bjørnulv såg på kvarandre, men visste ikkje heilt kva dei skulle ta seg til. Til sist tok Ullfrid varleg bortpå Koll og sa:

- Koll? Kan du seie oss kva det er?

- Det er berre det, hiksta Koll, - at eg brått kjente meg som eit menneske igjen. Det er ikkje det at Fåne har vore særskilt hard mot meg. Som træl har eg vel hatt det betre enn dei fleste, men no sat eg her og rødde med dykk om åndelege saker, og så kom eg brått til å tenke på kven eg er. Eg minstest så mykje. Orsak meg. Eg veit eg er træl, og skal vere det til min døyan dag. Men eit lite bel kjente eg meg som heilt menneske igjen. Takk.

- Takkar du oss for at du har det vondt, undra Ullfrid.

- Kanhende du forstår betre kva eg meiner, Bjørnulv, snøfta Koll.

- Ja, svara Bjørnulv.

Han vart fuktig i augekrokane.

- Eg trur nok at eg forstår kva du meiner.

Dei tre i Fånestova sat ved matbordet. Der var banka tørrfisk, smør og brødleiver, kokt, salt sauekjøt. Der var gjæra blåbær i ei skål. Tørka tyttebær og rognebær, ja til og med molter kokt i

hop med honning hadde dei på bordet. Dei hadde det rett så stormannsleg når dei svelgde dette ned med det gode blotølet som Fåne hadde brygga.

Det var Ullfrid som først løfta hovudet og lytta. Då hørte dei to andre det og. Noko var blitt borte.

- Det er stilt ute. Det er ikkje vind lenger. Vinden har stilna.

Ullfrid spratt opp frå bordet.

- No fer dei frå Borg snart. Eg må opp dit.

- Nåja, roa Koll, - det blir vel gåande veg etter dei som fer. Så for den skyld treng du ikkje uroe deg. Ta deg no ro med maten.

Ullfrid berre frøste åt han.

- Når eg seier at eg må av garde, så må eg av garde.

Ullfrid tok til å kle på seg. Det same gjorde Bjørnulv.

- Det er visst noko du har glømt, Ullfrid

Bjørnulv sto og trødde borte ved åren.

- Eg veit kva du meiner. Nei, eg har ikkje glømt det. Eg ville berre sjå om du var såpass fast i hugen at du ikkje hadde glømt det. Sjå her.

Ho tok fram ei lita beinflis og la i handa hans.

- På denne beinflisa er det skore runer, sterke runer. Ta no denne flisa og legg ho i litt mjød, og la det stå ei fullmånenatt. Dagen etter brenn du flisa og har mjødet i ein skinnpose. Denne skinnposen skal du bere på barmen minst til over neste fullmåne. Det grannet som då er igjen av mjødet i skinnposen, skal du ha i ei drikke som Gyda drikk. Skulle det gå så lang tid at skinnposen er tørr, før du får høve til å gjere dette, må du legge skinnposen i drikken hennar. Når ho så har drukke den drikken, så kan ingenting skille dykk meir. Og er du ikkje heilt trygg på deg sjøl, så får du drikke litt av drikken du og.

Bjørnulv takka, tulla beinflisa inn i eit klede og stakk det innafor kufta si.

- Og no, Bjørnulv, før vi går, må eg få takke deg for den tida vi har hatt i koven i jula. Aldri skal du og eg i koven meir.

Ullfrid luta seg fram og kyssa han.

- Jamen, kva med neste jul, om ikkje Gyda og eg..? spurte Bjørnulv og kjente igjen den fortærande rødmen i kjakane.

- Eg tar aldri med meg same guten til koven meir enn ei jul. Eg leitar meg alltid ein ny, og finn eg ingen eg likar, så drikk eg jul toeine med Koll her nede i Fånestova.

- Og ligg med han, hekste Bjørnulv.

- Det blir mi sak.

Oppe på Borg viste det seg at Ullfrid ikkje hadde trengt ha det så travelt. Dei som hadde lengst veg hadde samsnakka seg til at det var for seint på dagen til å ta på heimvegen. Dei fekk heller vente til morgonen etter, og ta laus i grålysinga, dersom veret var lagleg til det.

Då dei hørte det ville Bjørnulv ha Ullfrid med seg nedover til Fånestova om natta, men ho nekta.

- Kor skal du vere i natt, undra Bjørnulv.

- Du vil jo ikkje ligge i kvinnestova og ikkje her i skålen heller.

- Å, eg finn meg vel eit bol, svara ho.

Bjørnulv ville ha ho med seg inn i skålen til det vart leggetid, men ho ville ikkje.

- Du kan då ikkje gå ute, masa han.

- Har du tenkt å gå inn i kvinnestova?

- Eg trur eg har sagt deg før kor lite eg har der å gjere.

- Kor har du tenkt å gjere av deg, då?

- Blir det ikkje anna råd, så er det varmt i fjøset hos dyra og trælane.

- Eg kan følge deg ned til Fånestova og gå opp til Borg igjen. Eg skal ikkje mase meg i koven åt deg.

- Det ville då heller ikkje ha nytta. Det er ingen som masar seg i koven åt meg. Men har eg ikkje sagt deg at no er jula omme for meg. No vil eg ikkje sjå deg meir. Ha deg inn i skålen og la meg vere i fred.



Inne i skålen sat enno langfarfolket ved bordet og drakk, men det var lengre mellom kvar gong dei løfta hornet no enn det hadde vore før i jula. Det var og mange fleire koner i skålen no enn det hadde vore tidlegare.

Bjørnulf sette seg for seg sjøl, skjenkte seg eit horn med øl og fall i tankar mens han sat med eine handa innpå barmen og leika med tytullen med runebeinet inni. Då var det med eitt ein mannsstemme like ved som sa:

- Jaså, løysing, du sit her og drikk øl.

Bjørnulf såg opp og såg at det var den mannen han hadde berga Ullfrid frå som hadde flytta seg nært han.

- Om det er meg du snakkar til, må svaret vere ja.

- Ein ven av meg fortalde at du hjelpte meg til å sovne første kvelden her.

- Eg trur venen din må ta feil. Korfor og korleis skulle eg hjelpe deg til å sovne.

- Er du så frekk, løysing, at du seier at venen min lyg?

- Nei, eg seier ikkje det, men mange hadde drukke mykje den kvelden, og då hender det at folk hugsar feil.

- Eg trur ikkje venen min hugsar feil, og no skal eg ta hovudet ditt som takk for den tenesta du gjorde meg.

Bjørnulf såg seg ikring, men verken Asgaut eller Bodvar var der og kunne hjelpe han ut av denne knipa. Han spratt opp frå benken. Men endå så drukken den andre var, var han raskt oppe og stilte seg med drage sverd mellom Bjørnulf og døra.

- Ja, no skjelv løysingen, men det skal ikkje vare lenge. Folk utan hovud skjelv berre ei lita tid.

Bjørnulf var våpenlaus, men visste at det gjorde ikkje store forskjellen. Mot ein røynd sverdsvingar som denne karen, kunne han ikkje ha verga seg lenge. Han trivla bak seg og fann ein krakk som han løfta framfor seg.

- Jaså, løysing, du vil leike. Ja, då skal vi leike i lag.

Ingen av dei andre mennene kring bordet let seg merke av det som hendte.

Sverdet flamma. Bjørnulf verga seg med krakken og sto brått der med ein halv krakk i hendene. Den andre var avhoggen. - I stad hadde du ein heil krakk, no har du berre ein halv. Kor lenge trur du at leiken vil vare?

Igjen var sverdet der, og Bjørnulf sto berre med eine beinet igjen i handa.

- Du har støtt mindre å verge deg med, Bjore Træl, Bjore Krakk. Synest du denne leiken er morosam?

Mannen brølte av latter.

Då gjekk døra opp og ein kald stemme sa:

- Eg synest ikkje denne leiken er morosam, Halvdan Sigurdsson. Eg trudde at eg hadde sagt klart ifrå, slik sedene byr oss, at denne skålen er fredlyst for våpen så lenge vi drikk jul her. Enno drikk du jul som min gjest, Halvdan. Kor kan det då ha seg at du svingar med nake sverd i hallen min?

Det skulle eg gjerne vite.

Mannen bråsnudde seg mot døra der Tore Hjort sto.

- Eg prøver å tukte vett i skallen på løysingen din, Tore, noko du ikkje har greidd, etter som det synes.

- Er du då så lite til mann at du til det treng sverd mot ein som er våpenlaus?

Det låg mykje hån i stemmen til Tore.

- Løysingen ville leike. Eg leika med han, men no skal du snart få hovudet hans.

- Stikk sverdet ditt i slira, Halvdan. No!

Stemmen til Tore var som torden.

- Eller så får du møte meg og sverdet ditt!

- Du vernar løysingane dine godt, Tore. Skal han her ekte yngste dotter di, kan hende?

Tore vart kvit.

- Det der skulle du ikkje sagt, Halvdan. Men fordi far din og eg var gode vener, skal eg la vere å ta deg ut og denge deg som ein træl. Stikk no sverdet ditt i slira, så skal du få fare herifrå i fred.

- Dei seier at du er blitt gammal og redd, Tore. No trur eg dei har rett dei som seier det. Tør du

ikkje møte meg med sverd for å berge løysingen din?

- Du skal få eit siste høve til å berge deg herifrå i fred, Halvdan.

Stemmen til Tore var kald som eit isflak og kvass som eit nybryna sverd.

- Stikk sverdet ditt i slira og kom deg ut.

Halvdan vart ståande

ei stund med gapande kjeft og heva sverd. Leppene rørte på seg som om han ville seie noko. Så var det som om stemmen til Tore og vettet til Halvdan brått lurte seg attom ølet og inn i heilen hans. Han vart med eitt like kvit som Tore. Handa med sverdet sokk ned. Han måtte bruke aka si makt for å løfte sverdet såpass mykje at han fekk det opp og ned i slira. Han mumla noko uforståande for seg sjøl og rørte seg, skeivt som ein krabbe, mot døra.

Tore greip han i aksla idet han ver i ferd med å smette seg ut.

- Du går til soveplassen din no, og blir der til i morgon. Ser eg deg meir i dag, er ikkje livet ditt mykje verd. Seinare viser du deg ikkje på Borg igjen, Halvdan, før du har lært å te deg som folk.

Stemmen til Tore var låg, slik at berre dei som sto nærmast høyrte det.

Tore gjekk bort til Bjørnulv og la armen om akslene hans. Slik førte han Bjørnulv med seg og sessa han på fotbrettet til høgsetet som han sjøl kleiv opp i. Bjørnulv var glad for at det ikkje var fleire igjen i skålen. Auga til dei som var der brann som høgssommarsoler på han.

- Så ja, Bjørnulv, no tar vi oss eit horn øl. Det trur eg vi treng no, både du og eg, endå om vi vel ikkje er dei største hornsvingarane, verken du eller eg.

Bjørnulv såg stort på Tore.

- Eg trudde det var meg det var noko galt med, ettersom eg ikkje får det til å drikke meg drukken på øl.

- Eg skal tru deg noko, svara Tore lågt, - men la det vere mellom oss. Eg er ikkje særleg huga på øl, eg heller. Eg synest ikkje det er godt. Men når vi drikk jul, så må eg drikke for ikkje å skjemme meg ut. Lær deg det du og, at det er mogleg å løfte hornet ofte, utan at det minkar så mykje i det. Dessutan...

Tore lo stilt, men hjarteleg.

- Dessutan ser mange det som eit manndomsmerke om du sølar ein del når du drikk. Slik kan du fylle hornet oftare, om nokon i førstninga skulle legge merke til det.

Dei drakk litt og sa ikkje så mykje. Så sette Tore auga i Bjørnulv.

- Eg har sakna deg i skålen dei fleste kveldane.

- Ja, eg...eh...eg, stamma Bjørnulv og visste ikkje kva han skulle finne på å seie.

- Var det så mykje betre å drikke jul nede hos Fåne? Tore var skarp i stemmen.

Bjørnulv vart først raud, så bleik. Han såg ned i bordet og turte ikkje løfte blikket mot Tore. Var det ei fornærming mot hovgoden og gudane at han ikkje hadde tatt meir del i blotgildet på Borg? Så høyrte han ein underleg lyd frå Tore, og kunne ikkje la vere å kikke opp. Då såg han at Tore sat der og bobla av undertrykt latter. Tore såg blikket til Bjørnulv og brast ut i ein brølande latter.

- Nei, ver ikkje redd, hiksta Tore og tørka lattertårene.

- Det verkar som om du har dyrka frævingsgudane godt denne jula. Korleis er det, forresten, har ho stukke av frå deg no?

Bjørnulv berre nikka.

- Såså, opp med hovudet gut. Det finst fleire tauser i verda. Og du er enno ung. Jaja, Tore nikka ettertenksamt, - det er vel kan hende då det kjennest sterkast.

Tore tømte hornet og reiste seg.

- Eg har saker eg må ha omsut for. Eg trur du kan gå kor du vil utan å tenke på kva Halvdan Sigurdsson har for seg.

Han la handa på aksla til Bjørnulv og klemte varleg då han for forbi.

Det gneistra av frost ute. Snøen låg oppunder takufsane. Farvegen der nærgrannane hadde tatt seg heim, låg som ei djup grøft nedetter bøen. Bjørnulv følgde grøfta eit stykke nedetter og såg for seg korleis hestane og karane hadde bala seg veg. I djupaste skavlane måtte snøen ha gått mest oppunder armane i alle fall på dei stuttaste karane.

Han gjekk i sine eigne tankar og hadde gått mange steg forbi før det nådde fram til heilen hans at

eit skispor hadde tatt av frå ferdagrøfta. Han gjekk tilbake og såg det einslege skisporet. Det minte han om noko, men han visste ikkje heilt kva. Så gjekk det opp for han at sporet gjekk i den leia der Ranveig budde.

Han sprang opp til Borg, leita og fann seg eit par ski og sette utfor. Han bråsnudde der skisporet gjekk frå farvegen. Det knaka i skia, men dei heldt. Han heiv seg på staven og staka seg fram etter det einslege skisporet mot stova hennar Ranveig.

Synet trefte han som eit knyttneveslag i bringa: Det blå, skimrande lyset kring ljoreopninga. Først trudde han at det var nålys, at Ranveig låg der og døydde. Så kom han på noko anna han hadde høyrte, at det følgde eit slik blålys med når det vart utøvd sterk seid. "Eg er ei trollkjerring", hadde Ranveig sagt. Og ho hadde prova det då ho viste han Gyda, naken og vakker og freistande i flammene frå åren.

Seid! Han ville ikkje komme for nær noko så umandig. Det var som om skia hadde sin eigen vilje og ville snu. Men enn om det no ikkje var seidlys, men nålys han såg? Enn om Ranveig låg der og døydde, og han var for umannsleg til å gå inn og kan hende hjelpe ho?

Han tvang seg mot døra. Men døra ville ikkje opp. Det var noko som heldt og stemte imot. Jau, det måtte vere seidlys han hadde sett. Men enn om...

- Odin, du som rår over seiden, hjelp meg til å velge det rette no. Eg vil ikkje enno sjå Ranveig hos Hel.

Døra gjekk så brått opp at han stupte inn i rommet. Det var noko som rørte seg borti sengekoven.

- Ranveig? Er det du, Ranveig? Er du sjuk?

Då var handa i bringa på han igjen. Tok om hjartet hans og klemte. Han rygga mot døra. Kom ihug posen han hadde fått hos Koll. Leita innpå bringa. Fann den. Skreik:

- Troll og jotnar og mørkemakter vik!

- Gå din veg! Gå! Hekste det borte frå koven.

Det var ikkje Ranveig sin stemme. Likevel var det Ranveig sin stemme. Men det var noko anna kjent med den og. Det var... Det var...stemmen til Ullfrid. Slik ho hadde snakka då han fann ho her sist.

- Ullfrid! Men er ikkje du..? Kva gjer du her, no?

- Gå! Gå! I Frøyas og Odins namn, gå! Går du ikkje no, må eg bruke makta mi mot deg, og då veit eg ikkje korleis det går med...

Han vart ståande. Såg at blålyset tok til å krype frå koven mot han. Kom sigande som ein bekk. Det var ikkje så sterkt som det han hadde sett kring ljoren. Men det kom og kom. Han greip hardare mot bringeposen. Sto der. Løfta posen mot lyset, delte det. Let det strøyme forbi seg på begge sider. No var det snart forbi han og bak han. Kva ville hende då? Ville posen framleis berge han?

Lyset tok til å gneistre. Han kjente at no hadde dei to lysbekkane samla seg bak han. No var det for seint å gå. Han løfta posen over hovudet og skreik:

- Djevlar og demonar, i Kristi namn, vik!

Gneistane sto som ein foss kring han, og var kalde som istappar. Det kom eit gurglande skrik borte frå koven. Så vart alt stilt. Og mørkt.

Han kvervla rundt. Den lyse, firkanta dørøpning sto der som ei frelse. Hovudet hans ville dit, ville ut, ville bort. Men føtene nekta. Ein stad inne i han låg det ein atterljom av eit skrik og stengte. Skriket frå koven. Frå Ullfrid? Frå Ranveig?

Då nådde ein låg og uendeleg trøytt stemme fram til han.

- Bjørnulv? Bjørnulv, kan du høyre meg?

Også Bjørnulv kjente seg stupande trøytt då han tvinga seg til å snu kroppen. Bort frå den frelsande dørøpning, mot koven der fælaska kom frå.

- Det er over no Bjørnulv. Vil du kveike på åren?

Snart spraka og brenn det frå åren. Alt var frå før gjort klårt for gneisten frå eldstålet. Han slo ljore-bordet ifrå. Enno meir lys siva inn og han kunne sjå ei lita og tørr Ranveig ligge som ei dokke inni dei kleda som den langt større og fermare Ullfrid hadde bore dagen før.

- Eg ville ikkje skade deg, Bjørnulv, ville berre ha deg herifrå. Men du heldt på å drepe meg då du

brukte denne Krist-guden mot meg.

Bjørnulv såg storøygd på ho. Tankane var eit einaste rot. Ullfrid. Ranveig. Ullfrid-Ranveig. Ranveig-Ullfrid. Den freistande frilla. Mormor til Gyda. Han klynka som eit lite barn og greidde berre å presse fram:

- Ranveig. Du. Hamløype.

Ho drog Ullfrid-kleda tettare om seg. Aka seg fram mot kovekanten og klappa med handa nedpå pallen.

- Set deg her, Bjørnulv.

Han berre sto.

- Ja, kanskje du skulle finne ei kanne øl til oss, først. Du veit kor du finn det. Vil du?

Føtene gjekk mot det vesle romet på langveggen. Hendene fann ei ølkanne og tappa i. Det var kanno, og ikkje hovudet hans som styrte skritta tilbake til pallen der Ranveig hadde klappa.

Ranveig drakk ein djup sup av kanno. Hosta litt. Ho drog kleda enno tettare om seg, som om ho fraus. Men det vart ikkje nok. Ho famla bak seg i koven. Droge ei dyne over seg så berre det grå, skrukkete ansiktet stakk fram. Ho drakk ein sup til av kanno, sukka og ga kanno til Bjørnulv.

- Så, drikk no.

Han berre såg på ho.

- Eg veit du er ikkje så smaussen på øl, men drikk deg ein sup lell. Ein god sup. Drikk no.

Han drakk.

- Hamløype, sa du. Ja. Tja. Og nei. Eg er ikkje noko vanleg hamløype. Eg kan ikkje endre skapnad slik eg vil. Eg kan ikkje vere ulv eller bjørn. Eg kan ikkje vere ørn eller ramn. Kanhende rår eg ikkje over sterke nok seidkrefter. Eg kan berre vere Ullfrid. Og berre under midtvintersblotet. Meir enn det, eg må vere Ullfrid under midtvintersblotet, enten eg vil eller ikkje. Før ville eg det, og var glad for det. No veit eg ikkje lenger. Hamskiftet slit. Ei jul døyr eg vel av det.

- Men, Ranveig...

- Nei, du skal teie. Eg veit ikkje om slutten kjem den neste jula eller den deretter eller den etter der igjen. Og du skal vite, Bjørnulv, at Ranveig er ikkje Ullfrid, og Ullfrid er ikkje Ranveig. Ranveig minnst berre uklårt kva Ullfrid gjer, og Ullfrid hugsar mest ikkje at det finst ei som heiter Ranveig.

- Men høyr no...

- Vent. Eg trur eg veit kva du tenker. Du er fælsken over at du har hatt mormor til Gyda som frille i jula. Det har du ikkje. Du har hatt Ullfrid som frille i jula. Eg trur ho har lært deg noko som Gyda hadde villa takke deg for, eingong. Om ho hadde visst det.

- Men korleis kan eg treffe Gyda, etter dette? Korleis kan eg treffe deg?

- Det kan eg ikkje svare deg på. Du skulle

ikkje ha visst. Eg gjorde alt eg kunne for å halde deg herifrå. Men du berre kom. Det er første gongen at ein eg ikkje ville ha hit, har kome. Du har krefter i deg, Bjørnulv, krefter eg ikkje rår med. Kanhende er det denne Krist-guden, kor du no enn har han ifrå, som gjev deg desse kreftene. Du må fortelle meg om han ein gong, om du vil.

- Men du sat då og høyrde på, i jula. Nede hos Fåne... Mens Koll...

- No forstår eg. Men du gløymer kva eg seier. Det var ikkje eg som høyrde på. Det var Ullfrid. Ranveig kan hugse at du og Ullfrid delte kove. Stort meir kan Ranveig ikkje hugse. Ranveig kan hugse at du ga Ullfrid stor glede og at Gyda vil få stor glede av deg når den tida kjem. Men no må du gå. Eg må sove. Kom igjen i morgon. Eller ein annan dag. Om du vil. Og eg både håpar og trur at du vil. Du er ein underleg kar, du Bjørnulv. Eg vil så ugjerne miste deg.

Hovudet sokk tilbake på puta. Bjørnulv stiltra seg ut.

Bjørnulv hadde vondt for å få sove i nettene som følgde. Ikkje før var han sova så kom det til han i draumen ei gammal, skrukket kjerring som ville opp på sovepallen til han. Når han ville skubbe ho unna, vart ho ung og vakker heilt til ho var under fellen hos han. Då vart ho med eitt gammal og skrukket igjen.

Han kava og kava for å komme unna, heilt til han vakna med sveitten silande over heile kroppen.

Hadde her berre vore noko å gjere, men veret hadde slått om igjen, så det var mest uråd å stikke hovudet utomhus. Sørvesten ylte om novene og regnet sto som ein vegg innover Vestfjorden. Dei vann så vidt å skaffe i hus det dei trong av ved og torv til å halde åreelden såpass ved like at dei heldt den verste råsken ute.

Ein dag hadde han våga seg på veg ned til Fåne, på vona Koll kunne hjelpe han til å bli kvitt dei verste mardraumane. Men ute på brinken der bratta ned mot Fåne-huset tok til for alvor, hadde vinden slege han overende. Då han forsøkte å reise seg, hadde vinden tatt nytt tak og kasta han mot ei gammal rogn som sto der. Då såg han ikkje anna råd enn å kravle seg på alle fire oppover mot Borg igjen.

Der han kraup oppover i den dimme halvmørke dagen, såg han ein høg, gråkledd skapning stå med kapp flagrande kring seg, og eit minne frå jula rann han i hug. Men han slo det frå seg, meinte han måtte ha sett feil. I slikt eit ver kunne verken gudar eller menneske stå oppreist der framme på brinken.

Då tok med eitt ein hund til å gjøy der oppe på garden, og som om gøyinga skulle vore eit slags signal, reiv der seg ei open rift i det tunge gråullteppet himmelen hadde gøymt seg attom. Der sto som ein lysstråle gjennom opningen og traff gråmannen bortmed galgerogna. Som i eit lynglimt var mannen sitt ansikt opplyst under den sidbremma ullhatten der eit tomt augehol stirra på Bjørnulv, og ei blå tunga hang ut av kjeften som på ein hengt mann.

Det for så ilt gjennom Bjørnulv i det same. Så prøvde han roe seg med at nettopp på ein dag som i dag var det, om nokon gong, ver for skrømt og daudingar. Og då var det vel ikkje så underleg om ein dauding var å sjå ved galgetreet. Han måtte spørre seg for om nokon visste om ein einaugd mann som var blitt hengt der i treet. Likevel kjente han at han var kaldare, heilt inn i marginen, enn han trong vere for veret si skyld.

Han rente seg mest på Asgaut idet han trivla seg inn døra til eldhuset. Asgaut såg undrande på han og drog han med seg bort til åreelden. Der gjorde han teikn til ei av tausene som brennsnøgt bar ei kanne varmt tynnøl bort til dei. Asgaut slo øl i eit staup og tvang Bjørnulv til å tømme det i to lange drag. Han hjalpte Bjørnulv av med kapp og hengte den på ein nabb attmed elden.

- Så, no trur eg det er best du fortel meg kva det er som feilar deg. Noko har det vore heilt sidan jul, men slik du no ser ut har eg aldri sett deg før.

Då ramla det ut av Bjørnulv, alt. Hulter til bulter kom det, om Ranveig-Ullfrid, om Koll og om daudinga han nyss hadde sett.

Asgaut sat mest taus og hørde på, skaut berre inn nokre korte spørsmål ein og annan gongen for å klare opp i den rotete fortellinga. Då Bjørnulv hadde tømt alle orda or seg, sat dei begge stille ei god økt.

Asgaut harka litt før han tok til orde:

- Eg trur det er rett om eg fortel deg at eg og var saman med Ullfrid ei jul for lenge sidan, ei av dei første ho var her. Den aller første var ho saman med Tore. Det var mens far hans enno levde og var blotgode. Seinare veit eg at Bodvar var saman med ho ei jul. Vi har undra oss litt over, alle saman, at ho aldri blir eldre. Vi visste nok at det var noko trolldom med i spelet. Men ettersom ho aldri gjorde noko gale mot dei ho var saman med, så var det ingen grunn til å jage ho.

- Tore, du og Bodvar?

Bjørnulv såg storøygd på Asgaut.

- Ja. Du ser kan hende ein samanheng her? Ingen av oss er menn som hastar med å komme til botn i ølbollen. Ingen av oss er menn som likar råskap og drap. Drepe gjer vi om vi må, men ikkje for vår eigen lyst. Vi meiner alle at du er av same slaget. Men du må vere noko særskilt, ettersom du veit det som ingen av oss fekk greie på. Ettersom du kjenner både Ranveig og Ullfrid. Ranveig slepp ikkje mange innpå seg. Då er eg meir undrande over kva det er Odin vil deg.

- Odin?

- Ja, forsto du ikkje at det var han du såg, no ved galgetreet? Du veit vel at Odin blir kalla "dei hengte sin gud"?

Asgaut såg undrande på Bjørnulv. Så var det som han brått kom på noko, og såg litt brydd ned.

- Nei, du treng ikkje vere brydd, Asgaut. Det er noko alle veit at trælur ikkje får eigna til seg mykje

kunnskap om gudane. Men Odin... Det er andre gongen...

- Andre gongen?

Asgaut var kvass i mælet.

Det var ikkje anna råd for Bjørnulv enn å kome fram med det som hadde hendt den natta i jula då han hadde vekt Gaute. Han omgjekk det at Gaute hadde sove, men plumpa ut med kva Odin hadde sagt. Og då var det ingen annan utveg enn å komme fram med heile sanninga.

- Jaja, såpass skylda du vel Gaute. Og eigentleg trur eg nok Tore ville vore takksam mot deg om han hadde visst det. Han ville nok likt dårleg å bli nøydd til å henge sonen til Frode Gautason på Fjell. Men no skyldar du ikkje Gaute noko lenger. Han har gjeve deg fridomen. Du har gjeve han livet. Men vi får halde tann for tunge, både du og eg. Eg trur neppe Gaute ville like det om nokon visste at han skyldar deg livet sitt. Det kan hende vere galt nok at han sjøl veit det.

- Kva trur du Odin vil meg?

- Eg veit ikkje, Bjørnulv. Odin lar ikkje nokon sjå seg utan at han sjøl vil det. Kanskje vil han ha deg som si fulltrue. Men det skal du vite at Odin er ein hard herre å tene, lunefull og sviskefull som han er. Nei, eg veit ikkje, Bjørnulv, men eg trur det må vere meir med deg enn vi til no har visst om. Du treng vel og å få vite at av og til skapar Odin seg om til ei kvinne og ligg med menn. Endå om eg knappast trur at dette har noko med Ranveig-Ullfrid å gjere. Ranveig dyrkar dei gudane ho kjende heimanfrå, og dei er andre enn våre. Likevel kan det vere godt å vite.

Om Bjørnulv hadde trudd at det skulle bli lettare etter at han hadde snakka med Asgaut, tok han feil. Draumane vart berre verre. No var dei ikkje berre den ung-gamle kvinna som brautest med han om plassen i benken. No hende det at denne framande også tok form av ein høg, mager og gråkledd mann.

Han gjekk som ein skygge kring på garden. Han grudde seg for å sovne, og grudde seg for å stå opp. Når dei andre var oppe, trudde han at han kunne ha sove uplaga, men han visste at det kunne aldri Tore tole, at ein av huskarane låg og drog seg om dagen, endå om det lite eller ingenting var å gjere.

Bjørnulv trudde ikkje at det var mange som la merke til korleis han såg ut. Nesten alle på garden såg plaga ut. Folk flest får dette draget over seg når dei blir tvinga til gjerandsløyse så lenge. Berre dei eldste gjekk der med ein liten smil i munnvikene.

- No står skreien feit og fin uti havet, mulla dei, - og med sørvesten kjem han inn Vestfjorden. I år treng vi ikkje fare ut på ville havet og sette livet på spel for å få hjellane fulle. Berre nokre få båtlengder frå land, så kan vi laste båtane. Gudane er godhuga, slik midtvintersblotet lova oss. Men dei yngste skulle nok heller ha villa ro litt lengre og sette livet på spel om dei berre slapp gå her utan noko å røyne kreftene på.

Ein dag var vinden spak, og regnet heldt seg der oppe i skyene, endå om dei låg langt nok nedover fjellsidene. Men havet var framleis så opprørt at det ikkje kunne vere snakk om å gje seg ut på havet for å sjå etter om dei gamle hadde vore sannspådde.

Dei unge ga seg heller i kast med leik og idrett, men Bjørnulv tok Asgaut til sides og spurte om han kunne ta seg lov til ein tur ned til Fåne-stua. Asgaut ga han straks lov til det.

Straks Bjørnulv opna døra til Fåne-stua slo snorkinga frå Fåne og ein emmen stank imot han. Koll sat med lutande hovud og stirra inn i åre-elden. Bjørnulv vart ståande innved døra og visste ikkje heilt korleis han skulle te seg.

- Du treng ikkje vere redd for å vekke Fåne. Det må minst ein jordskjelv eller ein ny øltørst til for å få han vaken. Kom no og sett deg innved elden. Eg har venta på deg.

Koll snakka utan å sjå opp.

- Du har venta på meg? Korleis..?

- Det var noko som sa meg det. Likevel trur eg det er best at du fortel...

Enno ein gong bobla det heile ut av Bjørnulv. Koll sat heilt urørleg mens Bjørnulv fortalde, og ei god stund etterpå. Så greip han ein stav som han hadde liggande ved sida av seg, og tok til å rote i åreelden. Elden flamma opp og dansa i underlege, knitrande og kâte sprang over kubbane. Koll var der heile tida med staven sin. Det var som om ville han styre flammene, tukte dei under sin vilje.

- Ullfrid-Ranveig kjenner vi. Og eg trur det er rett som Asgaut sa: Dei har ikkje noko med Odin å

gjere. Det som gjer meg meir tenksam er at Odin kjenner deg så godt at han veit om draumane dine, og blandar seg inn i dei. Eg trur du må gjere eit val, Bjørnulv. Enten må du vie deg til Odin fullt og heilt, eller så må du finne eit vis å stenge han ute. Det er tungt å vere fulltrua til Odin. Eg har sett mange menn forsøke det, utan å make det særleg lenge. Og så må vi ikkje gløyme at det var dei som ville fulltru på Odin. For deg er det annleis, om eg ikkje tar feil. Det er Odin som vil at du skal fulltru på han. Noko slikt har eg aldri høyrte gjete før. Vil du dette, Bjørnulv? Tør du dette, Bjørnulv?

Bjørnulv såg bedande på Koll.

- Eg kjem til deg for å få råd. Du veit så mykje, og eg veit så lite, både om Odin og dei andre gudane. Det einaste eg veit er at dette som har hendt har gjort meg skremt.

- Vel du Odin, Bjørnulv, kan han gje deg makt og vørnad. Det kan reise opp att ætta di. Men det kan og øydelegge deg, om du ikkje er sterk nok. Er du sterk nok, Bjørnulv?

- Eg veit ikkje, Koll.

Bjørnulv høyrde sjøl at han nærmast jamra orda fram.

- Kva tid trur du at du veit det?

- Korleis kan eg vite det, Koll? Eg veit berre at eg ikkje søv. Eg går som ein skygge oppå Borg. Eg trudde du kunne hjelpe meg. Derfor kom eg.

- Det er mogleg eg kan hjelpe deg, men då må du vite kva eg skal hjelpe deg til. Det eg kan love deg er at eg skal be Ullfrid-Ranveig fjerne seg frå draumane dine. Den oppmodinga trur eg nok blir høyrte.

- Korleis skal du be om det, når det ikkje er ver til å komme seg vegen til Ranveig?

- Å, det finst hjelparar som tar seg fram den vegen same korleis veret ter seg. Det skal du ikkje tenke meir på. Men Odin... Han kan eg ikkje fjerne verken frå tankane dine eller draumane dine om du ikkje sjøl vil det, veit at du vil det. Og eg ser det slik at Odin trur på deg, trur på styrken din. Han veit at det kjem ei hard mannjamning om ikkje lenge. Han veit at han treng sterke folk til å bere merket sitt i den striden. Og om du vel han bort, så kan eg ikkje love deg verken makt eller rikdom. Du får kjenne djupt i deg sjøl, kjenne etter kva som betyr mest for deg: Makt og rikdom eller indre fred. Den dagen du trur du veit det, kan du komme til meg igjen.

Det rak eit rykte innom Borg ein dag. Skafta på Li hadde ikkje rusta seg ut for skreifiske i vinter. Han hadde tenkt å sitte heime med huskarane sine. Det var mange nok som bar rikdom til Borg, om ikkje han og skulle bere hovdingskatt dit, skulle han ha sagt.

Tore vart kvit av sinne då han hørte det. Så lo han ein kort og brå latter.

- Det merkast kor Kalv Kvite fer. Men Skafta får eg vel tale med. Plukk ut elleve karar du, Asgaut. Eg rir sjøl tolvte til Li no i dag.

Det var stilt på tunet på Li då dei reid inn. Dei tøyla hestane og venta ei stund, men ingen kom ut for å ta imot dei.

Ikkje før Tore hadde banka hardt på døra med spydskaftet, kom ein fortunla og søvndrukken Skafta i døra.

Tore smilte kaldt.

- Så, de dyrkar søvnen på Li, medan andre bur seg til skreifiske. Og dugeleg må her ha vore brygga til jul, ettersom augo dine, Skafta, fortel om ein tung ølrus. Elles trudde eg det var skikk på gardane her å ha vaktmenn ute, så ikkje ufredsfolk fekk kome overraskande på. Men kanskje lit du så fullt og heilt på at hovdingen vaktar øya, at du ikkje synes det er naudsynt med egne vaktmenn?

Det var greit å sjå at Skafta lika talen til Tore ille. Likevel prøvde han seg på noko som truleg var tenkt som ein venleg smil.

- Ufred har det vore så lite av her på Lofot etter at hovdingen på Borg festa makta si, så vi har mest

glømt å tenke på å akte oss. Men kva står på ettersom du hovding kjem så mangmennt i tunet mitt?  
- Det sneia ein underleg tale innom Borg no nyleg. Bonden på Li ville ikkje på skreifiske med huskarane sine i vinter, vart det sagt. Dette undra meg så mykje at eg tenkte eg ville høyre med deg sjøl, kva du hadde å seie.

I det same var Kalv Kvite ved sida av Skafte. Han hadde sverd ved lend og såg mykje klårare og kvassare ut i blikket ein bonden sjøl.

- Eg veit ikkje om ein friboren odelsbonde treng svare på slike spørsmål, hovding. Eg trudde odelsbøndene rådde seg sjøl i slike saker her på Hålogaland, flein han.

Tore heldt heile tida blikket festa på Skafte. Læst ikkje sjå Kalv Kvite.

- Eg ventar på svaret ditt, bonde, og minner om tingsemja frå gammalt av: Hovdingen på Borg held huskarar nok til å verge Lofot mot vanleg ufred. Bøndene svarar sin høvesvise part av løn og kost. Men om det er slik at du, Skafte, har tenkt å svare din part med godt sølv i år, skal ikkje eg tvinge deg vekk frå ølhornet og ut på havet. Men eg vil ha svar innan tre døgn, så eg veit kva eg har å halde meg til før eg sender mine folk på fiske. Svaret ventar eg å høyre heime på Borg.

Med det sagt, snudde Tore hesten og rei ut frå tunet på Li med følget sitt.

Dagane gjekk, men noko svar frå Li kom det ikkje. Fjerde dagen tok dei første huskarane og trælane til å dra til sine vær. Då ga Tore igjen ordre til å sale opp. På ny gjekk turen til Li.

Men denne gongen kom ikkje mennene frå Borg uventa til Li. I tunet vart dei møtte av ein mannehop på rundt tretti menn. Fremst sto ein flirande Kalv Kvite og nokre andre menn med sverd. Ei halv tylft menn hadde bogar med piler kvilande mot strengen. Andre bar spyd, både hoggspyd og kastespyd. Attrast sto ein hop med trælur væpna med alt frå høygafklar til tunge stokkar.

Tore stoppa framfor Kalv Kvite.

- Kor er Skafte?

- Han ligg klein inne i koven. Og ettersom han, liksom du, ikkje har soner, så ba han meg tale for seg. Det han har å seie deg, Tore, er at han frå og med i dag seier seg fri frå tingsemja, og aktar å verge garden sin sjøl etter denne dag. Bøndene meiner du har brote tingsemja med å legge alt for harde skattar på dei. Alle veit at så mykje som dei ber til garden din, et ikkje huskarane dine. Og det vart ikkje sagt noko i tingsemja om at bøndene skulle auke rikdomen din med det dei ber til Borg. Anna svar får du ikkje. Ri heim no, du er ikkje velkomen her i tunet.

Tore løfta sakte høgare handa over hovudet, og før nokre visste ordet av det sto det ei pil og dirra i høgare aksla hans Kalv. Nokre av bogemennene datt til marka med ei pil gjennom brystet. Dei andre bogeskyttarane greidde å sleppe av garde kvar si pil, men berre ein i følget til Tore vart skada.

Så drog Tore sverdet og storma fram mot hopen i tunet. Kalv forsøkte seg med nokre keivelege hogg med venstrehand, men fekk både sverdet og to fingrar slått av handa si. Asgaut og Kjartan felte kvar sin sverdmann før resten av hopen tok til beins og rømde. Kalv Kvite sto frådande av smerte og raseri med blodet strøymande frå dei to såra sine.

- Hent Skafte, Kalv! Han er vel ikkje verre faren enn at han greier å stavre seg ut på tunet.

Tore var iskald og hard i røysta. På ustøe bein forsvann Kalv inn i huset. Ei lita stund seinare viste Skafte seg i dørøpninga. Seint og stivt bøygde han seg og steig ut på tunet.

- Du helsar meg med lite gjestevenskap i dag, Skafte. Korleis er det, er det du eller Kalv Kvite som styrar her på garden. Du skulle vite, om ikkje han veit det, at ein bonde ikkje kan seie opp ei tingsemje, og slett ikkje utanom tinget. Dette sviket skal du få svare bøter for på neste ting. Ver glad om du ikkje blir lyst fredlaus. Bryt du tingsemja fleire gonger lar eg garden din brenne.

Tore tagde ei tid. Skafte hadde heller ikkje noko han ville ha sagt, høyrtes det som.

- Men om eg må drepe deg, Skafte, så vil eg ikkje rydde ut ætta di. Ætta di er gamal her på Lofot. Like gammal som mi, på lag. Ei viss sams ættetog skal det visstnok og finnast. Derfor tar eg dotter di med til Borg i dag. Hent ho, og få ein hest sala til ho.

Skafte vart ståande og sjå på Tore, som om han ikkje forsto kva som hadde blitt sagt. Auga hans var dimme, og siklet rann frå kjeftvikene. Han såg i det heile ut som om det ikkje var mykje som nådde inn til heilen på han.

Tore gjorde eit utålmodig teikn til Asgaut. Asgaut steig av hesten og skuva Skafte heller ublidt til sides slik at han kunne stige inn i stova.



Like etterpå hørte dei kvinneskrik inne i huset, og etter ei stund kom Asgaut halande ut med ei reisekledd Gyda i den eine handa. I det andre armen hans sleit ei skrikande Tyra.

- Ikkje ta Gyda frå meg, skreik ho.

- Ho er det einaste eg har å trøyste meg med på denne vanvittige garden.

Raudskjeggen forsøkte heile tida å slite seg laus, men ho hang som klistra fast til armen hans. Det var underleg å sjå det hjelpelause uttrykket i ansiktet til den elles så faste Asgaut. Bjørnulv la merke til at nokre av mennene gøymde ansiktet bak handloven. Han forsto korfor, og ville nok ha hatt vanskar med å halde seg alvorleg sjøl, om det ikkje hadde vore Gyda og mora hennar det galdt. Han la merke til nokre rykkingar i nakken til Tore, og forsto at til og med hovdingen hadde vanskar med å halde seg alvorleg.

Det var ingen hestar på stallen, og berre tidheft å prøve å få ut av Skafte kor dei hadde gøymt hestane, så Tore ba Bjørnulv ta Gyda opp på hesten til seg.

- Du er den lettaste av oss, så det blir inga urimeleg bør for hesten om Gyda rir saman med deg, sa han.

Gyda virka ikkje uvillig då Asgaut hjelpte ho opp på hesten bak Bjørnulv. Men no var det Bjørnulv Tyra klamra seg til. Ho krampheldt i eine foten hans og skreik høgt og skjerande:

- Ta ho ikkje frå meg! Ta ho ikkje frå meg!

Bjørnulv såg spørrande bortpå Tore. Tore såg litt usikker ut han og, og klødde seg baki hovudet. Så let han hesten sin ta dei par stega bort til Tyra, bøygde seg ned til ho og sa mjukt og varleg:

- Kanhende du vil vere med til Borg, du og, Tyra?

Tyra slapp foten til Bjørnulv og klamra seg til Tore sin fot i staden.

- Ja, gret ho, - ja, ta meg vekk frå denne kvitjotnen som har kasta gann over garden. Ta meg med til Borg, gode hovding. Betre å vere taus på Borg enn kone på denne jotungarden.

Slik vart det to hestar

som måtte bere dobbelt opp til Borg. Men så var det då heller ikkje lengre vegen. Dessverre, syntes Bjørnulv. Han kunne ha ridd slik til aka tid, med armane til Gyda kring seg og kroppen hennar hardt pressa mot sin. Han leita etter noko å seie, men fann ikkje ord. Ho sa ikkje noko, ho heller. Men dei reid ikkje så fort at ho hadde trengt halde så hardt og tett kring han av den grunn. No var det ikkje så ille å vere blant dei som Tore hadde plukka ut til ikkje å fare på fiske, men vere heime og vakte garden.

Det var ei stadig bårande kjensle i bringa å vite at Gyda var på same garden som han, vite at under det taket fann Gyda kvila si. Der åt ho og sat over handarbeidet sitt.

Stort nærare kom han ho ikkje. Ho vart dregen inn i ei kvinneverd, der det ikkje fanst nokon plass for ein huskar. Av og til såg han ein skimt av ho saman med døtrene til Tore. Ein gong vinka ho til han. Då såg han at Helga snakka til ho, og etter det vart det ikkje noko vinking.

No var det ikkje nettopp noko gamanliv å vere huskar heime på Borg når stordelen av karfolket var heimanfrå og garden ikkje skulle vektast Kleinare enn når alle var der. Vaktene fall både ofte og lange på den mannetylfta som framleis fanst på garden.

Ein dag Bjørnulv kom av vakt, og skulle til å stupe seg overende på sovepallen etter at han hadde plukka i seg litt mat så aller snarast, slo ein tanke ned i han. Ranveig! Kva med ho, no når både Tyra og Gyda var flytta hit til Borg? No var det vel ingen som bar til ho, verken bitan eller slitan.

Han prøvde å tenke etter om han hadde kjent ho kalle sidan den rare etterjulsdagen då han nesten rømte frå gammen hennar og la seg til med draumar. Men, nei, han kunne ikkje minnest at han hadde kjent draget. Kunne det kome av at ho ikkje hadde tolt det siste hamskiftet? Kunne draumane vere eit varsel om at ho ikkje lenger var lekamleg til stades på jorda, at ho no vandra kring som ei mare og plaga folk i draumar. Det hadde ho forresten heller ikkje gjort etter at han var hos Koll...

Det nytta ikkje kor trøytt og utkjasa han var, han fekk ikkje sove. Han måtte skaffe seg greie på korleis det var med Ranveig. Tyra og Gyda, dei måtte vite noko. Dei kunne då ikkje gå så rolege kring på Borg utan å vite korleis det sto til med Ranveig? Men korleis skulle han få snakke med dei? Det vart som så ofte elles, det vart Asgaut han måtte ty seg til.

Heldigvis visste han at Asgaut ikkje var på sovepallen sin, men vakta brinken ned mot Pollen.

Bjørnulv fekk på seg kledda og småsprang oppover nabbane. Utan lov frå Asgaut kunne han ikkje gå frå garden, endå om det var i sovetida hans. Tore var striks på det.

Asgaut sto så dørgande still og halla seg på spydet, at Bjørnulv nok hadde tatt han for ein seljekall og sprunge forbi, om ikkje Asgaut hadde kalla lågt til han.

- Er det noko på ferde, Bjørnulv, ettersom du kjem springane hit no når du skulle sove?

- Det er ikkje anna på ferde enn at eg må opp til Ranveig og sjå etter at alt er som det skal med ho, no når ikkje Gyda er der lenger og kan sjå om ho.

- Eg trur knappast du treng ottast for Ranveig. Var det ikkje så du sa at ho brukar kalle på deg når ho treng deg?

- Jau, men enn om det no var derfor eg kom så brått i hug ho no.

Asgaut såg fortenkt ut.

- Du seier noko. Det var kan hende det. Jaja, gå berre du. Men ver snar. Du treng den kvila du kan få.

Bjørnulv gjorde ikkje vegen lang ned til garden. Han fann seg eit par ski og hogg staven i snøen for å gje seg fart. Då heldt han med det same på å renne overende ei gammal kjerring, inntulla i klespjank av ymse slag. Han hekste arg til stakkaren.

- Du får sjå deg for kor du fer, menneske.

- Åja, eg får vel det, let det frå klestullen.

- Men korleis kunne no eg vite at sjølvaste Bjørnulv Steinbjørnsson hadde slike bråærend kring husnova i dag.

Bjørnulv hadde ikkje meir tid å ofre på fattigkjerringa. Han hogg på ny staven i snøen og ga seg på laup. Då var det eitt som om skia hans låste seg i snøen og ikkje ville vidare. Den røysta... Han heiv seg rundt og for tilbake til ei kjent latterhikring inni klestullen.

- Om du var på veg til ein gamme oppi utmarka på Li, så trur eg du kan spare deg turen. Gå no og få deg den søvnen du treng. Eg kjem til deg på vaktstaden din seinare. Då kan vi snakkast. Du treng ikkje vere redd. Eg skal ikkje hindre deg i vakta di, og ingen vil få vite at eg er der.

- Det var vakkert av deg å tenke på meg, etter aka den plaga du har hatt med meg natterstider. Eg var ikkje heilt klar over korleis det var fatt, var vel for veik etter det som hadde hendt i jula. Då eg fekk bod, var det likevel eitkvart som dimma synet for meg, så eg ikkje kunne finne ut av det. Det var som ei makt sto i vegen for meg. No trur eg at eg veit kva for ei makt det var.

- Har du snakka med Koll?

- Jada, eg har snakka med Koll. Han trudde det var best om eg fekk vite alt slik det var. Og han meinte du ikkje hadde tatt nokon lovnad frå han om å teie. Du har nok forstått at Koll vil ha deg over til denne Krist-guden sin. Der kan eg ikkje stø han. Ein meingud er han, denne Krist. Aldri før har vel noko menneske høyrte gjete at det berre skulle finnest ein gud til i verda. Men eitt er eg einig med Koll i: Det skal krefter til for å bli Odin si fulltrue. Du har krefter, Bjørnulv, eg ottast ikkje for det, men vil du bruke kreftene dine til Odin sine gjerningar? Det spør eg meg sjøl om. Og det spør eg deg om.

- Hadde eg berre visst, Ranveig. Eg veit så lite. Eg forstår ikkje korleis Odin kan vere høgste gud i Åsgard, og likevel møte så mykje otte og vanvørndnad frå folket som tilbed han, når det røyner på. Dei kallar han for svikargud og tviskapnad og hånar han for seidskapen hans. Ja, dei veit endå til å fortelle at han i skapnad av kvinne har sett born til verda. Nei, Ranveig, eg trur ikkje eg kan gje trua mi fullt og heilt til ein slik gud. Eg spør meg sjøl, etter det vesle eg har høyrte, kva skilnad er det på Odin og Loke? Og ingen ville finne på å gje si fulltrue til Loke. Korfor då til Odin? Kva trur du det er han vil med meg?

- Gudane i Åsgard er ikkje mine gudar, Bjørnulv, endå om eg held mykje av disene. Så, nei, eg veit ikkje kva Odin vil deg. Kanhende samlar han folk til ein slags endestrid mot Kvitekryst. Og eg vil tru at Odin har sett styrken i deg. Og på eit vis har han måtta gje tapt for styrken din.

- Kva meiner du med det?

- Har han vore i draumane dine etter at den andre mara kvarv?

- Nei, det...

Bjørnulv høyrtes forundra ut.

- Når eg kjem til å tenke på det, så har han ikkje det.

- Der ser du. Han kan ikkje komme seg inn i draumane dine utan at han har ei anna mare å henge seg på. Han har ikkje makt over deg. Og det trur eg ikkje han vil få, om ikkje du gjev han det.

- Men korleis kan eg, berre eit stakkars menneske stå imot ein gud? Særleg når det er den største og mektigaste guden?

- Det er så laga at det er menneska sjølv som vel seg sin fulltrue gud. Kanhende er det nornene som har spunne det slik at det ikkje er gudane som vel menneska, men menneska som vel gudane. Slik trur eg Odin no buttar imot den allstyrande lagnaden.

- Men om eg nokon gong skulle ha trong til å påkalle hjelp frå Odin, og eg slik har svikta han. Korleis skulle eg då kunne vente at han ikkje ville svikte meg?

- Det, Bjørnulv, er lite å tenke på. Odin hjelper berre om han trur at han samstundes hjelper seg sjøl. Det gjeld no kan hende litt for alle gudane, men i særleg mon for Odin.

- Så du meiner eg kan berre gløyme det som har hendt?

- Nei, Bjørnulv, det meiner eg ikkje. Du skal ta godt vare på minnet om det som har skjedd. Slik kan du vere på vakt. Odin er sløg som ingen annan. Og når han vil ha deg i garnet sitt, så gjev han nok ikkje opp i første økta. Så hugs, Bjørnulv. Hugs og akt deg. Men ver ikkje redd. Sjå livet og lagnaden an, og avgjer sjøl om du skal tru på deg sjøl eller på gudar. Og vel du å tru på gudar, så skal du sjøl velge kva for gudar.

- Takk for råd, Ranveig, denne gongen som andre gonger. Men korleis går det med deg der oppe i utmarka på Li? Bergar du deg over vinteren? Er det nokon som ber mat og brensel til deg? Det høyrtes ein tørr latter borti mørket.

- Du er ein god gut, Bjørnulv. Pass deg berre, så du ikkje blir for god. Det har ingen mann godt av. Men takk for omtanken. Jauda, eg ville nok ha klart meg bra, om eg hadde villa. Du veit der rek folk innom hos meg stundimellom. Og dei ber no med seg eitkvart, dei fleste. Endå om mange av dei har så lite at eg ser til at dei ber det med seg heim igjen. Men etter at både dotter og dotterdotter mi vart borte frå Li, såg eg ingen grunn til å sitte der oppi utmarka lenger. Du veit at eg gjerne vil vere så nær Gyda som råd er. Eg har ei kjensle av at den dagen kjem då jenta treng å ha meg i nærleiken.

- Men kor er du no då?

Det lo igjen der borti mørket.

- Vi er eit ulike trekløver, vi tre der nedi Borgfjæra. Men det var ikkje nei i nokon munn då eg kakka på døra og ba om husvære. Elles så finst det ei lita stue på garden der eg rår meg sjøl, når eg finn det likast.

- Meiner du at du held til hos Fåne? Veit han at du er..?

- Nei, det veit berre dei som du har fortalt det til.

Bjørnulv syntes han merka noko beiskt i stemmen hennar.

- Ja, eg... skulle vel ikkje...

- Nåja, gløym no berre det. Du måtte vel. Og eg trur ikkje det kjem stort vidare frå dei du har snakka med. Elles er det ikkje godt å vite, ikkje eingong for meg, kva Fåne veit. Eller trur han veit. Han er ein luring, den gamle vikingen. Og gjømmar mykje bak ein kjeft som alle trur alt dett ut av. Elles har han det sams med deg, Bjørnulv, at han på mange vis mest er for god for denne verda. Men det veit vel du som har sett korleis han ter seg mot trælen sin, og korleis han enno ventar på Disa.

- Du Ranveig... Gyda... Veit ho at du er der nedi Fånegarden? Ser ho åt deg der?

- Så, du synest du har sett lite til ho her på Borg. Eg forstår at det kjennest så. Men du får smøre deg med tolmod. Eg meiner ikkje at du skal vere like tolmodig som Fåne. Men før denne vinteren er over, trur eg knappast du kan rekne med å sjå noko meir til Gyda enn du no gjer. Kjøm ho til meg, så er hovdingdøtrene med, og av og til mor hennar. Eg veit ikkje kor godt eg likar det, men det må så vere. Over vinteren.

- Kalv Kvite, han kom ho vel ikkje for...

- Nei, du treng ikkje ottast. Enn så lenge syntes han nok det var gildt nok å herje med husfrua som

han ville. Eg trur han syntes han meinka Skafta nok på det viset, og batt han hardare og hardare til øltynna. Men om ikkje Tore hadde tatt Gyda derifrå, så er eg redd det hadde gått slik du fryktar. Kalv Kvite finst det ikkje noko godt i. Akt ryggen din for han, Bjørnulv.

Så var ho borte, like stilt og brått som ho kom. Det var berre natta og mørket og vakta og tankane igjen.

Så kom den tida at det vart vaktskifte på Borg. Kjartan Arason kom ridande til gards med sitt mannskap og skulle avløyse Asgaut og karane hans. Det hadde vore nokre dagar med dårleg ver, så utroren hadde vore heller dårleg, kunne Kjartan fortelle. Men dei gamle hadde hatt rett. Sørvesten hadde drive skreien inn Vestfjorden, så mest kvar ein fjordpoll sto full av den feitaste og finaste skrei. Heldt det fram slik, meinte Kjartan, så ville dei ryke opp for tørkehjellar før fisket var omme. Dei hadde skøytt på med å bruke så mykje dei våga av det dyrebare saltet og salta ned ikkje så reint lite.

- Det spørst, sa Kjartan til Tore, - om du ikkje skulle sende ei skute over til Salten etter råvedstenger før prisane går lukt i veret. Dei fiskar nok godt nordover i Vesterålen og no, vil eg tru. Tore drog på det, og lurte på om det var mykje som hadde rotna frå førre året.

- For då hadde vi rikeleg med hjellstenger, let han på.

- Og eg fekk då henta ei føring med nye stenger frå Salten i fjor haust.

Kjartan berre lo og sa at det nok ikkje gjekk an å samanlikne med førre året. Ei og anna stanga hadde nok rotna og brotna, slik det hendte kvart år. Men Tore hadde, som sant var, sørga for at det fanst nye stenger til å erstatte dei som ikkje lenger heldt. Nei, grunnen var at så rikt eit fiske som i vinter, det hadde endåtil gamle folk vondt for å minnest maken til. Og så feit ei lever, det var det ingen som kunne huske.

- Det kjem til å spørrest etter brenslet og, om vi skal koke ut aka graksen til tran, kunne Kjartan fortelle.

- Noko trur eg vi berre må fløyte ovanav ukokt. Det vi skal blande med tjære og bruke til smøring utomdørs.

Tore la ikkje skjul på at han syntes dette var omframt gode nyhende. Og kvar og ein som høyrte på, mumla om at juleblotet visst ikkje hadde gått umerka av gudane. Det gamle vaktmannskapet, dei som no skulle uti været og fiske, dei fekk to døgn på seg til å bu seg til avferd, og til å sove.

- I år er eit slikt år då vi ikkje treng jage på folk meir enn godt er, meinte Tore.

Ute i væra var det liten forskjell på tegn og træl, oppdaga Bjørnulv. Slitet med årene var det same, og når dei roa seg for natta, grov dei seg ned i omlag same bola. Men støtt var det trælane som måtte ligge ytterst og ta imot kjølda frå kalde og sprukne veggjar. Slik heldt dei oppe ein viss skilnad også der.

Bjørnulv rodde saman med Asgaut på ei noko tung og uhandterleg åttring. Ettersom dei var berre seks mann ombord hendte det at dei måtte slite hardt når vinden bar imot så dei ikkje fekk bruke segla.

Rett overfor Bjørnulv sat det ein træl som vart kalla Kot. Han var ikkje mykje eldre enn Bjørnulv, men større og grovare og ei kjempe til å ro. Bjørnulv syntes ofte han såg ein hånleg flir i munnvika til Kot når Bjørnulv var så trøyt og utkjasa at nevane glapp om åra.

Kot var elles særst fåmælt, og avgrensa talen sin berre til å svare når nokon snakka til han. Det var også vanskeleg å få tak i blikket hans. Vanlegvis såg han ned og ville ikkje møte auga til dei som snakka til han. Bjørnulv syntes likevel at han ender og gong kunne ane eit glimt av vilt hat i auga til Kot, og meinte han kunne gjenkjenne det blikket han hadde sett hos fleire av sine jamlikar i si eiga træletid. Det var eit blick som høyrde nokre få sterke og unge træljar til, eit blick Bjørnulv ofte nok hadde sett slokne under pisen.

Bjørnulv forsøkte å ikkje la Kot forstå at han vakta han og venta på utbrotet. Bjørnulv visste elles ikkje kva han håpa på for Kot sin del: å få den ville vona sløkt ein gong for alle under ein nådelaus pisk, eller av ein tauende over ei grein, eller av eit fall av eige tildriv utfor ein høg hammar slik som for Kvase "heime" på Fjell. Berre nokre få av det slaget greidde å tøyne seg og la den stridbare

hugen stilne av år og slit.

Ein dag dei ikkje hadde vore på havet for veret si skyld, rakla Bjørnulv seg ein tur bortetter berga. Han gjekk i sine eigne tankar, og hadde gått lenger enn han hadde tenkt då han brått vart var ein underleg song bak nokre store steinar nedi flomålet. Varleg lista han seg i ein vid boge rundt steinane, mens han heile tida forsøkte halde seg skjult bak steinar og einerbusker og anna kratt ovan flomålet. Det fall ikkje så vanskeleg for det hadde tatt til å skjømmast så smått.

Det var ein flokk træljar som heldt til der bak steinane. Kot sto på ein stein framfor dei andre som låg på kne framfor han. Kot song ei strofe, og så svara dei andre.

Først forsto ikkje Bjørnulv kva det var som gjekk føre seg. Så kasta eit vindgufs eit par ord klårt fram til han: ... in nomine Patri...

Resten vart borte, men han hadde kjent igjen orda han hadde høyrte frå Koll sin munn i jula. Koll hadde fortalt at han hadde ein liten Krist-lyd blant trælane.

Varleg leita Bjørnulv seg derifrå i undring. Kot Krist-gode? Då kunne det ikkje vere slik at alle Krist-godar var like mjuke i hugen som Koll, slik han hadde trudd.

Dagen etter kom Bjørnulv uforvarande til å møte blikket til Kot over årene. Bjørnulv fekk ein støkk med det same. Hatet i auga til Kot brann mørkare og sterkare enn det han hadde skimta der før. Bjørnulv grunna mykje over det blikket. Han forsto ikkje korfor Kot skulle hate han, Bjørnulv, som sjøl hadde kjent korleis det var å vere træl.

Han funderte ei stund på om han skulle prøve å prate med Kot om det, men gjorde det ikkje. Det kunne kanskje vere det som fekk den tynne hinna av styring til å brotne for Kot. Og då kunne lett Kot komme til å hamne under pisken eller i enden av reipet. I alle fall ville han sjå tida an. Han hadde ikkje lyst til å bli Kot sin banemann.

Dagane gjekk. Dei vart lengre og lysare, og bra var det, for no måtte dei lengre ut for å fange skreien. Det var klart at no var han på veg bort frå Lofot for denne gongen. Men enno beit han såpass bra at dei ikkje såg det likt å avblåse fisket.

Stenger til å henge fisken på hadde dei ikkje fleire av, men dei hadde spent reip mellom hjellane og hengte fisken på dei. Det var i minste laget med luft mellom fisken på det viset. Det la seg fort sleipe på skinnet på dei sidene av fisken som vendte mot kvarandre. Derfor hadde dei laga det slik at nokre av karane måtte vere på land saman med kvinnene for å snu fiskesperrene dagleg. Slik meinte dei at dei skulle greie å sleppe til luft nok til å hindre fisken i å surne.

Så var brått fisken borte. Dei rodde lenger og lenger ut og leita dagen lang, men kom på land med lite fangst. Karane tok til å murre og meinte at no var det på tide å sule opp og dra heim til garden. Det fanst ikkje folkvit i å ligge her og slite seg ut over årane kring heile havet når fisken var borte, meinte dei fleste.

Asgaut drog litt på det. Ga dei rett på eit vis, men meinte at dei måtte forsøke ei gammal og god méd noko lenger vest før dei ga seg.

- Eg trur nok Tore vil spørre oss når vi kjem heim om vi har vore der, meinte han. Men han avgjorde samtidig at berre dei mest lettrodde båtane skulle fare dagen etter. Dei andre kunne så smått ta til å pakke i hop og gjere klart for heimferd om det viste seg at heller ikkje der var fangst å få.

Det var slik ein underleg drått i lufta neste morgonen. Dei eldste prata seg imellom om kva dette no kunne bety. Ingen kunne minnest akkurat dette verlaget frå tidlegare tider. Nokre meinte at det var ein godverslovnad som låg i lufta, at det var vinteren som hadde tenkt å sleppe taket tidlegare enn vanleg var. Dei meinte at så godt eit lune som gudane hadde vist i vinter, så måtte ein og kunne vente ein omframt tidleg vår. Andre sa det motsette, at dette nok var eit varsel om at gudane syntes dei hadde vore i godlune lenge nok, og at dei no brygga på eit skikkeleg uver for å minne menneskekrypa om at vinterfiske var noko anna enn å lepje søtmjolk.

- Eg er uviss, eg og, sa Asgaut. - Så eg vil gje dykk lov til å rå dykk sjøl i dag. Dei som vil, kan fare på sjøen i lag med meg, dei andre kan la vere. Sjølar eg denne firesessa. Ho er lettrodd og sit godt på bårene, om det skulle bli naudsynt. Eg tar med meg Kot og Harm, og deg Bjørnulv, om du vil vere med.

Sistpå vart det berre til at fire av dei lettaste og beste båtane la i veg.

Det var dørgande stilt på havet, ikkje så mykje som eit drag av vind i lufta. Dei la seg på årene og tøygde seg utover fjorden. Firesessa til Asgaut var den mest lettrodde av båtane, så dei tok snart til å dra ifrå dei andre. Asgaut løfta åra og ropa til dei andre båtane at dei trong ikkje følge så langt vest som han hadde tenkt seg. Var der fisk å få vest i den méda, så kunne dei heller kome neste dag. Dei rodde og sveitta, for det vart varmt ettersom sola klatra opp over himmelkvelven. Bjørnulv tenkte at dei nok hadde rett dei som hadde spådd at det var våren som var i emning, for dette vart mest som ein sommardag å rekne, såg det ut til.

Ikkje før hadde dei fått snøra i havet, så var fisken der og beit så det var ein fryd. Asgaut og Bjørnulv hala fisken ombord så kvikt at Harm hadde nok med å ta unna fisken og skjære agn, mens Kot andøvde, for om det enn var vindstilt, så bar straumen så sterkt at ein måtte andøve heile tida for å halde båten i méda.

Båten la seg stadig tyngre i vatnet under den aukande fisketyngda. Verken Asgaut eller Bjørnulv hadde tid til å sjå seg kring, så travelt hadde dei det med snørene sine. Nett i det same det kom eit sterkt krent frå Kot, kjente Bjørnulv at han kulsa og fraus. Han såg opp, og auga vart trillrunde i skolten på han.

- Asgaut, har du sett, kviskra han.

Asgaut såg opp, og gapte.

Heile himmelen i sørvest var svart som natta, og skyene kom med eit fart som kunne sette støkk i kven det skulle vere. No vart dei og var eit lågt drønn uti havet, eit drønn som på mest inga tid auka til eit brøl, og dei såg vinden komme rasande inn Vestfjorden.

Bjørnulv tok til å hale opp snøret, men ein rasande kommando frå Asgaut fekk han til å stoppe:

- Kast snøret! Ro!

Men dei hadde ikkje ein sjanse. Vinden var over dei, nesten før dei hadde tatt det første åretaket. Dei hadde berre eitt å gjere, prøve å halde båten på rett kjøl og lense unna for veret.

Det vart ein seglas der utgangen syntes viss. Ingen av dei fire ombord hadde det minste håp om å komme frå denne turen i live. Dei tok inn mykje vatn, og Asgaut kommanderte Bjørnulv og Harm til å ause. No var det ikkje forskjell på tegn og træl lenger. Her galdt det å overleve, og ingen av dei tvilte ein augeblink på at Asgaut si avgjerd var rett. Det var Asgaut og Kot som var dei beste med årene, endå om det ikkje var snakk om å ro, berre å forsøke å vri båten unna dei største bårene.

Men båten tok inn meir vatn enn dei to greidde å ause. Då avgjorde Asgaut at dei fekk prøve å kaste fangsten overbord.

- Så får de alle vie den til dei gudane de trur mest på, gaula han.

Bjørnulv kasta og auste. Det same gjorde Harm. Bjørnulv såg at munnen til Harm rørte seg der han kasta fisk etter fisk over ripa, men det var uråd å høyre orda. Bjørnulv var heller ikkje sikker på om Harm hadde vore blant dei som låg på kne i bøn til Kvitekrist hin kvelden.

Men kven skulle Bjørnulv vie fangsten til? Han mumla namna til Frøy og Njord, Irpa og Halgerd Holgabrud, men syntes ikkje namna til nokre av dei smaka godt på tunga. Han visste at det berre var tomme namn han kasta ut i vinden.

Odin? Skulle han prøve å kalle Odin til hjelp? Men om no Odin hjelpte han, då hadde han festa seg til han for aka tid framover. Rett nok kunne gudane svike menneska, men menneska kunne ikkje svike gudane, om dei ikkje ville ha gudane mot seg. "Det er menneska som vel gudane", hørte han stemmen til Koll murra i bakhovudet. Men når mennesket først hadde valt, så fekk han stå ved valet sitt, om guden hjelpte.

Det var då han vart var han, den gamle gråskjegga, skrantne skapningen i akterskotten på båten. Han heldt armane ut og liksom skuva bårene unna, så dei ikkje skulle slå inn over båten. Han heldt det eine auge sitt festa på Bjørnulv og gliste.

Med det same slo stemmen frå Harm gjennom vindulet av sjøbraket: - ... et Spiritus Sancto...

Bjørnulv greip ein fisk og slengte den av aka kraft mot skapningen i bakskotten og skreik:

- Vik frå meg din falske gråkall, i Kristi namn!

Uttrykket i auget vart vondt med det same. Bjørnulv kjente at det einøygde blikket under gråhatten brann han som ein open loge. Det var som om det varte ei heil æve, før skapningen brått var borte. Med det same var det som om sjøen slo saman over dei.

Lenge såg dei berre grøn sjø kring seg, og visste at no gjekk dei til botnar.

- Det er mi skyld, for det gjennom Bjørnulv. - Hadde eg gjeve etter for Odin, hadde han nok berga oss alle i land.

Med det same skar båten fram frå sjøen, skaka seg usikkert som ein spedkalv, la seg over og tømte grøn sjø utover ripa. Så stilna det. Vinden for forbi dei, la etter seg berre eit veikt brus. Det var som vinden hadde funne ei betre fengd lenger fram, som han no jakta på.

Valne fekk dei opp seglet, men sjøen var enno så grov at dei sette fleire klør, endå om vinden var spak. Himmelen var enno svart som tjære, og det var mørkt som svartaste vinternatta, så ikkje eingong Asgaut visste kor dei var. Dei berre sløra unna og sløra unna, unngjekk nokre skjær som var det lagnaden si styring. Seig for styrbord hals inn noko dei trudde måtte vere ein fjord. Minska seglføringa endå meir, just i tide før dei støytte mot land.

Lendet var flatt. Dei drog opp båten, kvelvde han over seg og sovna i snøen i ein einaste klump av kroppar, endå så våte dei var.

Bjørnulv vakna av at Kot dreiv og slo han i ansiktet med flate handa.

- Så, det var dette som skulle til for å få det til å gå over styr for Kot, mumla det i hausen hans, mens han snudde seg over på andre sida og ville sove vidare.

- Nei, du må ikkje sove meir, masa Kot.

- Sovnar du no igjen, så vaknar du aldri meir. Då frys du i hel.

Bjørnulv kava vilt med begge nevane for å jage den plagsame Kot. Sove. Han ville sove. Berre sove. Då greip Kot han i akslene, drog han fram unna båten, reiste han opp og ga han eit par kraftige lusingar, la armen om han og halvt drog halvt bar han i ring kring båten.

Det gjekk ei økt før Bjørnulv skjøna at Asgaut dreiv på og arbeidde for å få Harm vaken, og at det såg smått ut. Dei fekk drage han fram unna båten og tok til å arbeide med han alle tre. Dei gnidde han med snø i ansiktet, drog av han på føtene og gnei, klappa og slo føter og armar og ansikt. Dreiv på til sveitten sila av dei.

Dei heldt på å gje opp då det brått gjekk ei lita rykning gjennom den eine foten. Det var som om den vesle rykkinga ga dei alle nye krefter. Dei gnikka og gnodde, velta og slo, reiste han opp, rista og skaka han, slapp han ned igjen, gnodde og gnikka, ga seg ikkje før dei kjente ein veik varme i ansiktet hans. Då reiste dei han opp igjen, hjalp kvarandre med å dra han med seg i ring kring båten, alltid i ring kring båten. Stundom slepte dei han, og etterkvart tok han nokre vaklande steg før han igjen datt i hop. Slik heldt dei på til dagranda tok til å dra seg sakte opp over fjella i aust, og dei kunne skimte landet rundt seg.

Det var sjølsagt Asgaut som først kjente seg igjen.

- Vi er i Rolvsfjorden, pæste han.

- Bak den nabben der ligg huset hans Svein. Og no trur eg nok at åredeia er i ferd med å kveike på elden. No meiner eg vi skulle vere berga.

Dei banka lenge på døra før dei høyrte ei skjelvande gammalmannsrøyst inne frå huset:

- Kven er det som bankar så fælt? Er det folk eller er det jotnar som ferdast i natta?

- Du får late opp no, Svein. Det er Asgaut Sylvesson frå Borg som bankar. Vi er fire mest ihelfrosne karar som vil inn i varmen. Den eine veit eg ikkje om vi bergar livet til, om han ikkje får varme fort.

- Korleis kan eg vite at du snakkar sant? Ein kvar skoggangsmann kan seie at han er Asgaut Sylvesson, berre for å komme seg inn og rane meg og mine for både liv og gods.

- Du skulle vel kjenne stemmen min, Svein. Og let du ikkje opp no, så hogg eg sund døra. Og då veit eg ikkje om eg er i lage til å spare livet ditt når eg kjem inn.

Då høyrte dei det krisla i låsen. For korleis skulle Svein kunne vite at Asgaut sitt trugsmål berre var tomme ord, og at einaste våpna dei hadde var fiskeknivane sine?

Det vart svært til styr då dei fire kom inn og folka på garden såg korleis det sto til med dei. Men då dei hadde drege kleda av Harm og ville legge han i ein av sengebenkane, sette Svein seg heilt på bakbeina.

- Tar eg ikkje feil så er det der ein træl. Her på garden legg vi ikkje trælur i sengekovane i hallen. Fråden sto om munnen på Svein og han var kvit i ansiktet. Då brotna tålmodet til Asgaut. Han

langa ut venstrehanda og drog gubben innåt seg. Med andre handa sette han kniven mot strupen på kallen.

- Du vel sjøl, Svein, knurra han, - om du gjev han sengerom frivillig, eller om han får sengerommet over liket ditt.

Då kvitna kallen og ga seg, og let hente to tauser som la seg innåt Harm på kvar si side for å varme han.

Gardtausene leita fram klede til dei tre som var oppegåande. Til Kot hadde dei funne fram nokre gamle filler. Kot skulle til å dra dei på seg då Asgaut stoppa han.

- Vent, Kot.

Så ropa han til ei av tausene og ba ho finne skikkelege klede til Kot.

- Men Svein sa., protesterte ho.

- Eg kan tenke meg kva Svein sa. Men om du ikkje straks er her med skikkelege klede til Kot, vankar det stryk på deg. Svein skal eg ta meg av.

Etter at dei hadde ete, sovna både Asgaut og Bjørnulv. Kot sette seg bort til koven der Harm låg. Han læst ikkje merke blikka frå husfolket, blikk som sa at han ikkje var ønska i hallen. For han såg blikka dei sendte Asgaut, og visste at dei ikkje ville våge å jage han.

Det var langt på dag då Bjørnulv vakna. Det første han såg var ryggen til Asgaut som sat der og skar på eitkvart trevirke. Så la han merke til at koven der Harm hadde lege var tom. Både Harm og sengeklede var borte.

- Harm, geispa han. Kor er Harm? Og Kot? Korfor er sengeklede borte.

Asgaut lo ein kort, tørr latter.

- Harm er daud. Han greidde det ikkje. Kot er i fjøset saman med dei andre trælane. Han ville det slik sjøl. Sengeklede driv Svein og brenn.

- Brenn? Korfor brenn han gode sengeklede? Ja, for det såg då ut til å vere gode sengeklede?

- Han syntes vel dei var skjemte, etter at ein træl hadde lege i dei. Og om han er så rik at han kan brenne gode sengeklede, så såg ikkje eg nokon grunn til å stoppe han.

Dagen etter segla dei straks det tok til å lysne av dag. Liket av Harm låg framom masta med eit klede kring. Det var ei linn bør, og det høvde godt med flo og fjøre, så dei fekk straumen i Sundklakkstraumen med. Nord om Havern fekk dei vinden imot, men Asgaut hadde god tid, så dei kryssa seg fram i lange baut, og nådde fram til Borgfjæra i det same siste lysranda kvarv frå himmelen i vest.

Dei hadde lagt inn årene, og Kot hadde alt hoppa på land då dei vart var at det sto tre karar i flomålet og venta på dei.

- Er det deg, Asgaut, kalla det der oppanfrå. Dei hørte straks at det var mælet til Tore.

- Ja, eg er her, svara Asgaut. Straks tok dei tre skapningane til å sige ned mot båten.

- Eg ser berre tre av dykk.

Denne gongen hørte dei at det var Bodvar som snakka.

- Ja, vi er berre tre i live. Den fjerde er her, han og, men han er kald og stiv.

- Kven er det som ligg stiv?

Det var som om det var noko ustøtt i mælet til Tore.

- Du har mista ein tru træl, Tore. Det er Harm som ligg her. Både han og Kot var menn eg ikkje gjerne ville bytte ut i ein storm. Eg vil tale meir med deg om det seinare.

Mennene sat over staup med tynnøl i hallen og lytta til at Asgaut fortalde. Bjørnulv la merke til at han framheva sterkt den innsatsen Kot og Harm hadde gjort. Om seg sjøl fortalde han lite, men han skaut av og til inn nokre setningar som gjorde det klart at Bjørnulv var å sjå på som ein fullbefaren stormfugl. Idet han heldt på å avrunde fortellinga si vente han seg særskilt til Tore.

- Eg vil be deg om eitt, husbond. Og det er at du tenker på å gje Kot fridomen, og gjev Harm ei gravferd som ville søme seg ein fri, om enn fattig mann.

Tore vart litt stram i åsynet med det same.

- Kor skulle det gå om eg ga alle trælane mine fri fordi dei strir for å berge livet sitt i eit uver?

- Det ber eg deg ikkje om. Det eg meiner er at Kot og Harm gjorde så mykje meir enn det det ein kan vente av trælur i ei sånn stode.



Tore såg hardt på Asgaut. Så mjukna draga hans etter litt.

- Du ber aldri om noko for deg sjøl, du Asgaut, og sjeldan for andre. Og då berre når ingen kan tvile på at dei har fortent det du ber om. Det skal bli som du vil. Det er ei lita stove ledig nedpå Helle, under garden min der. Han som budde der mista alle sonene sine på havet. Sjøl døydde han like før jul. Ein mann som ikkje er redd for å ta i eit tak, kan skaffe seg levemåten av det jordgrannet som er der, attåt havet. Og då er det vel ikkje urimeleg at også Harm får seg ein jordfleck, og blir ført dit på sømeleg vis.

Bjørnulv visste ikkje retteleg kva for ord han skulle bruke, men han kjente på seg at han måtte seie noko.

- Det er truleg uhøvisk av meg å legge meg borti det eldre menn talar om. Endå meir uhøvisk er det truleg at eg seier imot det hovdingen har avgjort. Men eg vil be om at det med Harm si jordferd, det spør du Kot om, Tore, før du avgjer noko.

Alle dei andre mennene såg undrande på Bjørnulv.

- Korfor seier du dette, Bjørnulv?

Asgaut var etter måten brysk i mælet.

- Eg seier det fordi eg trur at Harm kanskje kunne ha tenkt seg ei anna jordferd enn den Tore kjem til å gje han. Eg trur kanskje han ville ha hatt jordferda si vigd til ein annan gud enn den Tore kjem til å vie den til.

- Og kva for ein gud skulle så det vere?

Det låg ei aning av spott under orda til Tore.

- Kan ikkje det få vere ei sak som Kot tar seg av, om han veit noko.

Bjørnulv kjente brått sinne og trass stige i seg.

- Det er kan hende noko alle frie menn har vanskeleg for å forstå, men det hender at også trælur har si tru og sine gudar, gudar dei ikkje vil svike verken i livet eller i dauden.

Tore såg lenge på Bjørnulv. Så nikka han.

- Vil du snakke med Kot?

Det var Bjørnulv sin tur til å nikke.

- Det gjer eg gjerne. Eg skal gjere det no.

- Var det ikkje betre at du venta til i morgon? Trælurane er ikkje vane med at nokon kjem til dei i mørket.

- Å, eg trur nok eg veit korleis eg skal fare fram.

Smilet til Bjørnulv var mest ikkje synleg.

Det var ei gammal kvinne som langt om lenge opna døra som svar på Bjørnulv si forsiktige banking.

- Kven er det som bankar så seint på kvelden?

Stemmen var låg og hås.

- Det er eg, Bjørnulv.

Ho kvapp til, og ville til å lukke døra.

- Trudde du det var Koll, kan hende?

Bjørnulv smålo litt.

Den gamle kvinna stivna, sto urørleg i mørket.

- Skal du ikkje sleppe meg inn?

- Korfor sa du det?

- Sa kva?

- Det om Koll.

- Å, det. Eg trudde kanskje de venta han.

- Korfor skulle vi vente han? Veit du ikkje at trælur ikkje har lov til å vere ute etter at det er blitt mørkt? Trur du at Koll fer og rek på andre gardar etter at det er blitt mørkt? Og kva skulle han ha her og gjere?

- Det er svært som du spør, du gamle. Eg veit at Koll rek hit, stundimellom. Eg trur ikkje de har så mykje stunder til å dyrke Kvitekrist utan etter at arbeidsdagen er slutt og då er det er blitt mørkt på denne årstida. Dessutan trudde eg kan hende han kom for Harm si skyld.

- Kva veit du om dette. Du skulle ikkje komme hit etter at det er blitt mørkt. Gå! Gå med ein gong!

- Kven er du, gamle, som gjev meg ordrar?

- Eg meinte ikkje... Men ver så snill å gå. Det blir berre...

- Så, Torla, slepp berre Bjørnolv inn, du. Han gjer ikkje nokon skade.

Bjørnolv kjente straks igjen stemmen han hørte attom seg. Det var enno ein noko framand svip over måten Koll snakka. Den gamle kvinna kvarv inn i mørket, men let døra stå på gløtt etter seg.

- Eg er einig med Torla. Du burde ikkje komme hit. Du kan ikkje lite på at du kjem levande herifrå, når du kjem hit aleine i mørket.

- Tore veit at eg er her.

- Kan så vere. Men ein daud skrott som ingen finn, gjev ikkje nokon grunn for klage om mord.

- Men korfor skulle dei drepe meg. Veit dei ikkje at eg har vore ein av dei?

- Det er nettopp det dei veit. Derfor hatar dei deg. Korfor skulle du bli fri, og ikkje dei, spør dei seg, og hatar. Eg må berre vedgå at Kvitekrist ikkje har greidd å mjuke hjarta deira særleg, enno.

- Eg kjem fordi...

- Eg veit korfor du kom. Det var rett av deg. Men no treng du ikkje vere her lenger. Eg svarar for Kot. Vi vil gravlegge Harm på vårt vis.

Den dagen Kot skulle reise ned til plassen sin på Helle, passa han opp Tore ute tunet, mens Tore var aleine.

- Eg ville gjerne snakke med deg, hovding, be deg om noko.

- Og kva er det?

- Eg ventar ikkje at du skal seie ja. Eg skulle nok ha nøgd meg med å takke for fridomen min, men eg vil gjerne ha Atla og dotter hennar med meg.

- Nei, det kan du ikkje vente at eg skal seie ja til. Om alle skal be om fridom for alle, så har eg snart ikkje trælur igjen.

- Nei.

Kot vart ståande og trø.

- Er ho kvinna di, Atla?

- Nei. Ho var kvinna til Harm. Ho meiner at dotter hennar er med Harm. Eg skulle gjerne gjere for kvinna til Harm, og dotter hans, det beste eg kunne.

- Er du sikker på at du vil dette, Kot. Om ho er den eg trur ho er, så er ho ikkje mykje å sjå på.

Ikkje er ho særleg dugande i arbeidet heller. Skal du ha ei kvinne, vil du trenge ei som er god til å arbeide.

- Ho er kvinna til Harm. For Harm si skyld skulle eg gjerne...

- Du Kot, du Kot. Der bur visst meir i deg enn ein skulle tru, og det er visst ikkje noko stort sakn om du tar ho med deg, om du vil deg sjøl så vondt. Jaja, ta ho du, og ungen med. Det blir magert for dykk til vinteren, men det får bli di sak. Eg kjem ikkje til å gje dykk noko for å berge dei skarve liva dykkar.

- Eg har ikkje tenkt å be deg heller. Eg får takke, då, og be deg seie frå at ho kan vere med meg.

Snøen rann av marka. Det veksla mellom sol og mildt regn. Alt ved sommardagsleite var mest aka jorda snøbar. På Borg var førebuingane til festarøl i full sving. Enno fanst det att øl frå julefeiringa, men i tillegg sto nye tønner og brumma med nytt sterkøl.

Det hasta med festarølet. Bodvar skulle sør til Trondheimen i sommar også. Det galdt å ha øyra og auga på alt det som denne Luva-ættlingen brygga i hop. Det vart prata fram og tilbake om Bodvar skulle reise før eller etter vårtinget. Helst ville Tore at han skulle reise før, men innsåg til sist at skulle dei få til eit festarøl som dei ikkje skjemde seg ut på, så måtte han reise etter vårtinget.

- Men då må du vere ferdabudd og reise beine vegen frå Vågar etter vårtinget, slo Tore til sist fast.

- Og då får du ikkje tid til å stoppe verken hos Raud i Salten eller hos Hårek på Tjøtta. Eg får heller sende andre dit.

Det var travle tider på Borg. Tausene vann ikkje over alt som skulle gjerast både til festarøl og

tingferd, så det vart sendt bod på jenter frå Ægheim om å komme og hjelpe til. Det var blottausene frå jula og nokre eldre jenter som kom. Snart visste alle på garden at blottausene var barntunge. Folk nikka då dei høyrte det. Det var berre enno eit teikn på at gudane hadde tatt vel imot ofra på juleblotet.

Dei første gjestane kom nesten ei veke før festarølet skulle ta til. Det var dei som hadde lengst veg som kom først. Mellom dei var folket frå Trondarnes, Sigurd Toresson, brorson til Asta, og folket hans. Mellom dei var broren til Sigurd.

Dei to brørne var svært ulike. Sigurd var bleik og lys i håret, og tok alt til å bli noko tungfør i kroppen, endå om han enno var ein ung mann. Han viste lita interesse for idrett og leik, og sat helst og høyrte på når eldre folk snakka. Når dei kom inn på handelsferder kasta han hovudet framover, og det brann i auga hans.

Tore, som var jamgammal med Gaute og Bjørnulv og vart kalla for Hund, var heilt annleis, mørk i hår og hold, mjuk og mjå, og let ikkje eit einaste høve til tevlingar av alle slag gå frå seg.

Andre dagen har var på Borg, kom han bort til Bjørnulv. Endå om han var halve hovudet mindre enn Bjørnulv, fekk han likevel til å sjå på Bjørnulv ovanfrå og ned på eit vis. Det var ikkje til å ta feil av at her var det ein som var seg medviten at det rann hovdingeblod i årene hans.

- Dei seier at du er god med bogen. Dei seier at det her på garden snart berre er Bodvar Bjarmending som er betre enn deg. Eg skulle like å vite om det er du som er så god, eller om det står kleint til med våpendugleiken her på garden.

- Det får du spørre Bodvar om.

Bjørnulv kjente seg ikkje heilt vel framfor denne framfusne hovdingsonen.

- Eg hadde no elles ikkje tenkt å spørre nokon. Eg tenkte snarare på å få til ei tevling og sjå sjøl.

- Ja, det trur eg nok ikkje Bodvar har noko imot, om du spør han.

Bjørnulv snudde seg og ville gå, men Tore greip tak i armen hans og heldt han igjen.

- Korfor skulle eg spørre Bodvar? Tør du ikkje stille opp utan å spørre Bodvar om lov?

- Eg? Er det meg du vil kappskytte med? Eg trudde du meinte Bodvar. Eg meiner det er det som ville høve seg, ettersom det er Bodvar som er best her på garden.

- Det kan du ha rett i, men det er så mangt og så mange som krev Bodvar no om dagane. Eg trur knappast han har stunder til å leike i lag med oss ungdomane. Derfor får eg nøye meg med deg.

Bjørnulv likte seg ikkje, men han kunne ikkje komme unna. Han ønska at han kunne ha snakka med Asgaut eller Bodvar før dei sette i gang. Skulle han la seg slå av denne hovdingsonen nordfrå, eller skulle han gjere det han var god for, og vinne, om han var best. Korleis ville Tore ta det om han vart slått av ein som sto så langt under han i rang?

Dei skaut etter dei same reglane som Bjørnulv kjente frå før, og det vart snart klart at Tore var god. Bjørnulv såg at han trengte ikkje meinke seg mykje for å la Tore vinne. Då var det som om han høyrte ein stemme tale til seg:

- Du skal ikkje gjere deg mindre og kleinare enn du er. Om Tore Hund ikkje veit at det ikkje er noko skam å tape for enn likare kar enn han sjøl, treng han å lære det.

Bjørnulv skaut det beste han kunne, og då tevlinga var over, var det greitt å sjå kven som hadde vunne. Men sigeren var ikkje så overlag at taparen trong ha noko skam på seg. Likevel var dei ikkje vanskeleg å sjå at den unge hovdingsonen ikkje likte at nokon var betre enn han, så han utfordra straks Bjørnulv til kappsprang.

- Men då vil eg at fleire skal vere med, sa Tore.

Han plukka ut frå sitt eige følge ein som heitte Karle, og Gaute og to til av gutane på Borg. Før dei starta, såg Bjørnulv at Tore snakka lågt med Karle.

Tore og Bjørnulv kom likt ut. Så drog Tore litt ifrå, men Bjørnulv beit tennene i hop og tok i så det nesten svartna for auga hans. Han høyrte den samme røysta inni seg og visste at han skulle ikkje la seg slå av Tore om det ikkje var heilt visst at Tore var raskare enn han var sjøl.

Det var uråd å dømme om kven av dei som gjekk først over mål. Dei to som sto der og skulle dømme vinnaren, var heilt einige om det. Ingen av dei kunne seie om det var Tore eller Bjørnulv som hadde vore best. Derimot var det greitt at Karle frå Bjarkøy hadde slått Gaute, så vidt det var.

Då dei hadde fått igjen pusten, utfordra Tore til ein ny omgang. Denne gongen kom Bjørnulv ikkje så godt ut i starten. Det var som om Karle var i vegen for han, og Tore hadde fått ei bra forsprang då han kom seg fri. Likevel tok han igjen opp jakta på den snarføtte Tore.

Forspranget fram til Tore minka litt, men ikkje fort nok, syntes Bjørnulv. Dessutan hørte han pusten til Karle kloss i ryggen på seg. Igjen tømte han hovudet sitt for alle andre tankar, utan den eine: å ta igjen Tore, ta igjen Tore og slå han.

Pusten til Karle vart borte bak han, og ryggen til Tore kom nærmare. Då hørte han pusten til Karle igjen, denne gongen som ei kvæsande ralling bak seg. Så var det noko framfor den eine foten hans, og han stupte overende. Han såg steinen på bakken mens han datt, men greidde ikkje å vri seg unna før alt vart mørkt.

Då Bjørnulv vakna, sat dei andre gutane storøygde kring kan, og Tore heldt ein kald og våt klut mot hovudet hans. Straks Bjørnulv kjente seg såpass at han kunne sette seg opp, skyssa Tore dei andre gutane avgarde.

- Eg vil snakke litt toeine med denne karen, sa han.

Enno ei stund stella og stulle han litt med Bjørnulv, vridde opp kluten i vasskjørlet og tørka blod som hadde rent nedetter halsen.

- Du skal vere glad for at det vart hol og blod, så blir ikkje kulen og verken så ille etterpå, mulla han.

Tore kasta kluten i bøtta og sette seg framfor Bjørnulv. Ei stund såg han på Bjørnulv utan å seie eit ord, men så kom det:

- Eg vil du skal vite at det var eg som ba Karle om det. Eg reknar Odin som mi fulltrue, og då kunne eg ikkje la deg vinne over meg i to tevlingar etter kvarandre.

- Kva trur du Odin meiner om å vinne på slikt vis?

Tore lo litt.

- Å, Odin er ikkje så nøye på korleis han får det som han vil, berre han får det. Han har mang ein gong gjort sine motmenn verre pretter enn eg gjorde deg no. Men eg ville berre ha sagt det, så du ikkje har verre uvilje mot Karle enn du treng ha.

Då dei kom opp til dei andre gutane igjen, sa Tore:

- Det er noko til kar, denne Bjørnulv. Hard i hovudet, rask på føtene og god med bogen, endå om han synest vere noko uviss på føtene ein gong i mellom. Men det spår eg at vi kjem til å få høyre meir om han seinare. Så eg synest vi kan ta til å kalle han Bjørnulv Bogedrott med ein gong. Så kan vi seinare seie at vi var dei første som såg at han kom til å fortene det namnet.

Same dagen kom gjestane austfrå. Det var båten frå Fjell som låg først. Det var greitt at Frode Gautason meinte å ha rett til å vere den første austanav som sette fot i fjæra på Borg, der sonen hans var høgt i ære som huskar hos sjølvaste Tore Hjort.

Frode Gautason sto brei og brautande i framstammen då skipet la til brygga. Men han makta ikkje å styre harmen sin då han såg at det berre var Asgaut og ikkje Tore sjøl som helsa han velkommen.

- Jasså, så Tore, frenden min, har det så annsamt at han sender år mannen og trælane sine til å helse fjordkongen velkomen til gards.

Gaute tok eit steg framover, enten det no var for å helse på far sin eller forsøke å roe han, men Asgaut vinka han på plass igjen.

Asgaut bøygde seg vørdsamt for Frode.

- Eg vil tru Tore hadde freista finne tid til sjøl å helse velkommen om han hadde visst at det var ein konge som kom. Sjøl har han aldri smykka seg med finare namn enn herse. Eg ber om orsaking på hans vegne, men samstundes må eg få lov til å peike på at træljar er det ikkje i det følget eg har med meg.

Frode sette auga i Bjørnulv, men ba berre mennene sine dra opp skipet og tjelde det.

- Og så reiser vi telta våre her på stranda.

- Tore ba meg vise deg og følget ditt til gards med ein gong.

Asgaut heldt seg høvisk, men Bjørnulv kunne sjå at han tok til å få eit stramt drag kring kjakane.

- Eg vil ikkje hefte Tore i alt det han har å gjere. Og på garden er det vel berre plass til dei som er i ætt med han i tredje leden eller nærmara, og som han er skyldig til å be til bryllaupet til dotter si. Vi andre får vel halde oss unna til sjølve gjestebodet tar til.

- Det må visst vere første gongen at det ikkje er plass til dei Tore ber til gards.

- Eg vil ikkje gå i føtene hans når han har det annsamt. Og eg ventar at han ber meg til gards sjøl, når han får høve til å ta imot meg på sømmeleg vis. Asgaut bøygde seg for Frode og vinka følget sitt med seg.

Dei treffe både Tore Hjort og den unge Sigurd Toresson frå Trondarnes i tunet oppe på Borg, ivrig opptatte med å samtale om korleis dei skulle ordne brurferda utan å bryte med gammal sed og skikk, når brura ikkje skulle hentast på ein annan gard. Sigurd heldt på at det måtte vere rettast å føre brura til ein av dei andre gardane til Hjorten, Hol skulle vere høveleg, og så føre ho derifrå og til Borg på sjølve bryllaupsdagen.

Dei to var så ihuga inne i samrøda at det gjekk ei tid før Tore hugsa at han hadde sendt Asgaut og følget hans for å ta imot dei nye gjestane.

- Kor blir det av Frode Gautason og følget hans, Asgaut?

- Jau, det har seg slik at du har ein unådig konge sittande i fjæra hos deg no, Tore.

Bjørnulv la merke til at Gaute vart raud og stam om kjakane.

- Unådig konge? Kva er det du pratar om, Asgaut?

Tore såg undrande på Asgaut og rista på hovudet.

- Sei meg, Asgaut har du vore haugtatt? Har tussane fått makt over vettet ditt. Meg synes det lite morosamt at du står her og trøyer tida med tøv når viktigare saker står for døra.

- Orsak meg, Tore, men ikkje har eg vore haugtatt, og ikkje pratar eg tøv. Frode Gautason kallar seg fjordkonge og er unådig fordi du ikkje sjøl tok imot han. Han driv no og set opp telt nede på stranda og meiner han skal la vere å ta opp plassen på garden for dei som er tredjeledds eller nærare i ætt med brura.

Tore rista på hovudet igjen.

- Dette hadde eg ikkje bruk for no. Kjem du, Sigurd, med meg ned til stranda? Om vi kjem to hersar og ber, så må vel kongen blidgerast og bli med til gards. I alle fall må han vel bli det om vi spør han til råds om korleis vi skal gjere det med brudeferda.

- Ja, det trur eg nok, humra Sigurd. Men om vi spør han, så må vi nok gjere som han rår oss, eller så blir han truleg unådig igjen.

Det vart som Sigurd hadde gjort framlegg om. Helga Toresdotter vart i løynd ført til Hol to dagar før bryllaupet. Frode Gautason gjekk kring på Borg og skein som ei sol og fortalde alle at det var bra han kom såpass tidleg som han gjorde, slik at han fekk høve til å løyse eit problem som dei to hersane hadde stridd med utan å finne noka løysing. Neste morgonen reid Bodvar og brursveinane hans tungt væpna nedover til Hol. Slik skikken var, tok dei seg god tid på vegen nedover, slo på skjolda og ropa hærrop ved gardane, og stoppa på dei største gardane for å la seg skjenke øl og få med seg dei ugifte gardssonene på vegen vidare.

Det var over høgdaysleite då dei nådde Hol. Garden låg som utdøydd då dei reid inn på tunet. Følget løfta hærskrig og reid i galopp fram mot skåledøra. Bodvar svinga spydet over hovudet før han banka på skåledøra med skaftet.

- Eg veit du er der, årmann Kvate Hauksson. Lat opp døra og gjev meg brura mi, om du ikkje vil ho så vondt at ho skal kallast flannfluga.

Ei glugge i veggen vart opna. Innanfor glugga skimta dei ansiktet til Kvate Hauksson.

- Du geberdar deg mannleg, Bodvar Bjarmending. Men det har mang ein kar gjort, om han enn leid av horundfall. Har du nokon som kan tale for deg?

Kjartan Arason styrte hesten sin fram mot glugga.

- Om du ikkje kjenner meg igjen, Kvate Hauksson, så er eg Kjartan Arason. Eg talar for Bodvar. Og det seier eg så alle her høyrer, at aldri skal nokon mann kunne kalle han fudfloge. Og at han ikkje lir av horundfall, skulle alle vite som var på Borg og drakk jul i vinter. Blottausene klaga ikkje, og no går dei barntunge til kvardags der ute på Ægheim. Men nett no er dei på Borg og styrar til bryllaup. Du kan sjøl sjå dei når du kjem dit med brura.

Døra til skålen var opna så vidt på gløtt, og Helga Toresdotter vart pressa ut gjennom dørgløtten.

- Her har du brura di, ri no bort i fred, kauka det innanfrå.

Helga freista pile seg bort til det nærmaste av bura, men vart under mykje latter fanga av brursveinane og løfta opp på hesten framfor Bodvar.

- Ja, no har eg brura, men framleis saknar eg heimanfølget hennar. Saktens greier ho seg utan, om det er så at du vil ha garden brunnen ned over hovudet på deg. Men kva ettermæle Tore Hjort sin årmann på Hol då vil få, svarar eg ikkje for.

Seint og sakte tok dei inne i huset til å skuve ut kister og ambrar og dallar gjennom dørsprekken. Kvar gong døra igjen vart stengt, slo brursveinane på skjolda og ropa på eld. Slik heldt det på heilt til heile heimanfølget sto ute på garden. Då tok heile følget til å slå taktfast på skjolda og rope:

- ØI! ØI! ØI!

Då endeleg slo Kvate Hauksson døra på vid vegg og baud smilande brurgomsfølget stige inn, der dei vart ønska velkomne av ein smilande Tore Hjort som delte høgsetet med Sigurd.

Ølet fløynde friskt i hallen, men både trælkvinnene og gardtausene gjekk ufreista til og frå. Alle visste at dei ikkje måtte rørast før brurparet var komne i brureseng dagen etter. Men heite blick verken kunne eller ville nokon hindre.

Også på vegen oppover for følget i mak. Dei måtte nesten det, for det var ikkje alle som sat like støtt på hestane. Men oppe ved Skjerpen reiv ein liten flokk, leia av Tore Hjort, seg laus frå vegen og følget og sprengreid bakbakkane opp mot Borg.

På Borg sto alle dører på vid vegg, og fram mot skåledøra var det pynta med nysprotte lauv; til høgre rogn for brudgomen og til venstre bjørk for brura. Tore og Asta sto i døra og helsa velkomen, mens kvinnene sto i flokk bak bjørkelauvet og dei gifte mennene som ikkje hadde vore med på brudehentinga sto på hi sida bak rognelauvet.

Brursveinane veik av til høgre og tok plassen sin saman med dei gifte mennene. Berre Bodvar reid rett fram mot skåledøra med Helga framfor seg i salen. Framfor skåledøra tøyta han hesten sin slik at den gjekk rundt seg sjøl, mens han ropa:

- Eg lyser for alle at eg har henta brura mi til gards, med lovleg rett og lovleg heimanfølge. Eg overlet ho no til kvinnene, som skal gjere ho i stand. Men i morgon krev eg ho igjen. I morgon krev eg ho i brureseng til fudfeste og koneskaut.

Så slepte han Helga ned framfor bjørkekivistane, hoppa av hesten og let seg ta imot og leie til sess i høgsetet. Dei andre mennene seig inn etter han, mens kvinnene tok sete i gamleskålen.

Dei gifte mennene var ikkje særleg øltørste. Skulle ikkje vere det, heller. Dette var dei unge og ugifte sin kveld, og då både Tore og Sigurd reiste seg og gjekk, rusla dei andre gubbane etter.

Sistpå var det berre Frode Gautason som sat der og heldt lag med dei unge. Men då Gaute tok til å sende lange og harme blick til far sin, tokka også han seg ut av skålen.

Som alltid var når ølet flomma, kjente Bjørnolv seg ille ved. Rett nok var det berre ungdomar som sat kring bordet og drakk i kveld, men han visste at det også blant dei var nokre som ikkje syntes det var særleg gildt å sitte til bords med "løysingen frå Kjos". At det kunne seiast noko liknande om han dei feira i kveld, visste han at det ikkje var mange som tenkte på. Og i kveld var ikkje Asgaut i hallen, så han hadde ikkje han å halde seg til. Og Bodvar, ja han måtte drikke djupt og djervt i kveld, om han aldri så lite likte det.

Ein gong utpå kvelden då Bodvar måtte utom nova eit ærend, passa Bjørnolv på å gjere seg same ærend ut. Han stilte seg attmed Bodvar, så nær at dei kunne snakke saman utan at andre hørte det.

- Du veit korleis eg har det med slike drikkegilde, Bodvar. Blir du harm om eg ikkje blir sittande lenge?

- Ikkje om du løftar hornet titt, mens du er her. Berre dei andre trur at du blir borte fordi du er så drukken at du ikkje vinn deg tilbake. Såpass synes eg du får heidre meg på denne dagen.

Då dei gjekk inn gjorde Bjørnolv seg ustø på føtene, datt ned på benken, løfta hornet og tømte det. Mesteparten rann nedover haka og kleda. Han brølte etter påfyll med ein gong, og heldt på slik ei stund. Heile tida kika han på dei andre om dei skulle legge merke til han, men det var berre Gaute som skjulte ein liten smil då blikket deira møttest.

Så snart han syntes han kunne, fekk han med stor møyse reist seg frå bordet og vakla ut av døra og bortover tunet og framover brinken ned mot fjæra. Der seig han ned på ein stein og kjente at han neppe hadde vore heilt stø på føtene sjøl om han ikkje hadde gjort seg til.

Han hadde ikkje sete lenge før øldunsten og manneteven seig ut av nasen hans, og dei gode luktene tok til å fylle han. Det anga salt og friskt frå havet, det dufta søtt frå veksande gras og sprettande lauv. Etter ei stund seig han sakte nedover mot den gamle, verslitne badstova som sto der inni pollen.

Han hadde høyrte i forbifarta ein av dei siste dagane, noko om brurlauget. Og han tenkte at kanskje hadde dei elda der i dag, og kan hende var det enno såpass varmt at han kunne få sveitta noko av ølet ut av kroppen. På vona braut han med seg nokre bjørkekvister der han gjekk.

Han var komen nesten fram til badstova då han brått høyrte jentelatter og brakket då døra til badstova vart slengt opp. Han kasta seg ned attom ein stein og kika fram. Og såg ei tylft med nakne jenter som kom springande ut av badstova og kasta seg på sjøen. Dei spruta og skreik, for sjøen var enno styggeleg kald.

Bjørnulv vart sittande som forhekse og sjå på dei. Dei var så reine og nakne desse jentekroppane, mykje reinare og naknare enn ei nyskura taus som skreva mot ein av gardskarane. Også så kvite og lette og runde som dei var. Dei var som fortetta luft som spruta opp av det piska havet. Brysta deira, dei var så like, endå så forskjellige dei var. Nokre duva, store og mette. Andre spissa seg små og svoltne mot verda. Likevel var dei som støypte i same forma, ei form som krympa og strekte seg, alt ettersom.

Og der var midjer, liv som tok springfart og kvelvde seg til rause hofter og runde bakendar. Og likeins der; nokre rausare og rundare med lovnad om ei framtidig frodig husfrue, det var som bar dei alt usynlege nøklar i eit usynleg belte kring livet. Andre mindre, fastare truleg, spenstige liksom, utan klare lovnader om korleis dei om nokre år ville kjennast under husherre sine hender i ektehoven.

Og der var magar og der var lår. Og alt var rundt, rundt, rundt.

Men rundast av alt, vakrast av alt, var det ei som var. Gyda. Ho var ikkje støypt i same forma som dei andre. Det var støypt berre ei i den forma

- Der er ikkje noko i verda så rundt som kvinner, og ingen andre kvinner som Gyda, tenkte han, og skvatt då han kjente ei hand på aksla si og ei røyst som kviskra:

- Dette skal du ikkje sjå, Bjørnulv. Kom fort, før brureseiden tar deg heilt. Du er godt på veg, alt no. Kom fort, før det er for seint.

Handa drog og drog i aksla hans. Men han såg ingen fare. Han såg berre alt dette vakre og runde som ei tylft gonger plaska og spruta rett framfor auga hans. Men handa vart meir og meir krevande, og brått kjente han som ei iskald klo som grov seg inn i kjøttet under høgre øyra hans.

Smerten var så intens at den braut augekontakten med dei duvande drosene i havet. I staden leita blikket seg mot dette som plaga han så ilskt, no når han hadde det så godt. Han møtte blikket til Ranveig og rykte til med det same, vakna liksom opp. For han såg noko i blikket til Ranveig, noko han kjente igjen frå andre, men aldri hadde venta å finne i nettopp hennar auga. Det var naken redsle som stirte på han.

Han vart så paff at han utan vidare motstand følgde med ho der ho drog han bort frå badstova, frå dei sprutande og hylande jentene.

Då jentene ikkje lenger var å sjå, skubba ho han overende i eit grønlande skogsnar, og tok til å rive sprettande lauv og groande plantar. Ho flerra opp skjorta hans og tok til å teikne mønster med plantane og blada over ansiktet, brystet og armane hans, mens ho song ein tone som reiv og sleit så langt inne i han at han aldri hadde visst at det var noko der. Brått kjente han liksom eitkvart som braut seg laus frå kroppen hans og kasta seg til vers med skrik som ein korp og ei kråke.

Han sette seg opp, rista på hovudet og kjente seg tom og sliten, nesten som etter stormnatta i vinter.

- Kva er det, Ranveig? Kva er det som skjer?

Ho daska han over kinnet, halvt argt halvt muntert.

- Veit du ikkje at Helga er gått inn i bruredøgnet sitt? Veit du ikkje at det er sterk seid som følger ei brur døgnet før ho går i brureseng? Kva slags tosk er du som gjev deg til å sjå på ei brur skal bli og

ternene hennar. Hadde eg ikkje kome no, hadde vi mista deg. Men når du ter deg som ein galning, så hadde du kanskje fortent å bli det.

Han seig saman og kjente at han berre ville sove, men Ranveig rista rasande i han.

- Sei meg kva var det du tenkte? Vil du sjå til å svare meg. Du får ikkje sove no, for då mister eg deg kanskje likevel. Vil du sjå til å svare.

Han kjempa seg på føtene. Rista igjen på hovudet og såg undrande på Ranveig.

- Kva er det du snakkar om?

Ho såg rasande på han, men så var det som om ei sky letta frå ansiktet hennar.

- Åja, det er sant. Du visste vel ikkje det eingong, du.

Det er slik at døgnet før

ei jente skal gå i bruseseng, festar det sterk seid til ho. Dei kallar det Frøyas seid. Derfor han ingen sjå ansiktet hennar den dagen utan å ta skade, og slett ikkje heile nakne kroppen.

- Men jentene som var med ho, kva med dei? Gyda var der. Korleis går det med ho?

- Frykt ikkje for Gyda du. Seiden bit ikkje på møyer, berre på menn og dei kvinner som har kjent menn.

Heile det gamle ansiktet drog seg i hop i ein flir.

- Det er kan hende forklaringa på at så mange av "møyene" frå gardane bortover ikkje var i lag med Helga i natt.

- Meiner du at..?

- Nei, eg meiner ikkje noko, eg. I alle fall seier eg ikkje noko meir. Men tenke og tru, det gjer eg no som eg vil.

Mens dei rusla bortetter bøen kom det stilt og tenksamt frå Bjørnulv:

- Men Gyda, ho var der.

Ranveig strauk han lint over armen.

- Ja, Gyda, ho var der. Kom no i lag med meg, så skal eg bøte skjorta di, og lese eit par galdrar til over deg. Eg vil vere viss på at vi får behalde både deg og vettet ditt.

Ranveig hadde kokt grauten, dekkja bordet og varma tynnøl til han før ho vekte han.

Ho smilte litt spørrande til han då han sette seg opp på pallen. Han forsto kva det var smilet løynde, og smilte tilbake.

- Neida, Ranveig, eg trur ikkje eg er stort galnare enn eg var i går på denne tida. Men eg er deg visst stor takk skyldig for at du drog meg ut av makta til Frøyaseiden.

Då han seinare sat med munnen full av graut, datt det nokre ord ut av han som han ikkje var sikkert på om Ranveig høyrte gjennom grauten:

- Men no etterpå, når alt har gått bra, takk vere deg, så ville eg ikkje hatt det ugjort, det eg gjorde. For aldri har eg sett noko vakrare enn det eg såg i natt. Ikkje eingong trekrotinga hans Koll kjem opp mot det.

Det var godt over høgdaysleite før bråket tok til å bygge seg opp på Borg. Men no sto dei der mennene, i to rader frå kvinnestova og fram mot horget. Dei nærmaste hamra på døra til kvinnestova og ropa at no fekk dei sjå til å få brura ferdig og komme ut med ho, for no venta brurgommen så sårt, no hadde kvinnene hatt ho lenge nok, no var det mennene si tid.

- Møy skal ikkje alltid møy vere, ropa dei. - Han ventar no, han som skal fri ho frå møydomen og gjere ho til fullt menneske og kvinne.

Døra gjekk opp og brurejentene hoppa først ut. Så kom brura meir nølande etter. Både ansikt og hår var dekt av sløret som det sølvglitrande brurebandet heldt fast om hovudet. To av brurejentene leidde ho mellom seg. Dei trong vel det. Ho såg nok ikkje så godt gjennom sløret.

Mennene slutta opp bak etterkvart som kvinnenetoget skreid forbi. Snart flokka alle seg fram mot horget der fire gudefigurar sto på pall med blottausene frå juleblotet liggande nakne på kne framfor. Alle kunne sjå at magane deira tok til å runde seg. Rund var magen til Frøya og. Det var som om det store hestelemmet som stakk ut av livssprekken til Frøya pumpa ho full av liv. Irpa og Torgerd Holgabrud glodde svartsjuka og med smale liv på Frøya. Frøy stirra nesten skamfullt og tomt ut i lause lufta der han sto med avlelemmet sitt så vidt stikkande fram mellom låra. Ein to-fors bukk



mekra klagande der han sto bunden ved pallen. Frå mugen høyrtes eit lågt sjo av forventning.

Då hogg trommelyden med eitt gjennom alle andre lydar. Siv vreid seg i ein stavrande dans fram mot pallen. Kroppen hennar var dekt av fjørhamar og flikar og lappar av skinn frå ulike fuglar og dyr. Lyden frå blottromma sokk inn i folk og sette flokken i ei svaiane og vrikkande rørsle. Berre Bodvar var stiv i kroppen der han steig fram mot pallen.

Så var det brurejentene sin tur til å svaie seg fram mot pallen med brura mellom seg. Men Helga var framleis stiv og famlande. Tore læst og vere umerka av trommelyden og gjekk med fjørande steg fram mot geitebukken ved pallen. Sverdet var som eit gullyn i lufta då han reiv det frå balgen og skilde hovudet frå bukkekroppen med eit hogg. Blodet spruta frå den avhogne halsen og over blottausene der dei låg framluta på kne.

Igjen glefste sverdet gjennom lufta og begge bukkehorna gjorde eit sprang opp i lufta. Tore greip begge horna i venstre handa og med ei einaste flytande rørsle rente han dei opp i Irpa og Torgerd Holgabrud. Det steig eit stønn frå menneska då dei såg magane til dei to disene spile seg ut med det same.

På veg frå disene greip handa blotteinen som låg på pallen framfor dei, rente den nedi bukkeblodet og strauk den langs armane til Frøy. Straks blotteinen nådde nederst på høgre armen til Frøy, sprang lemnet hans fram, hardt og strittande så det nådde han nesten oppunder haka. Igjen gjekk det eit sjo og eit støn gjennom folkemengda.

Så var sverdet på veg igjen. Denne gongen varlegare og skar berre eit lite sår i Bodvar sin høgre og Helga sin venstre tommelfinger. Tore stakk sverdet i balgen, tok hendene til brurfolket og la dei to såra mot kvarandre. Med blotteinen klinte han Frøylemnet inn med bukkeblod og la dei to samanfiltra hendene fast om det.

Han løfta begge hendene mot gudane på pallen og song:

Frøy og Frøya, gudar båe  
vanegud og urols dis.  
Gudar stadde her på pallen  
blot vi byd i heilagt horg.  
Ve og vilske, vonde vette,  
jag dei frå dei to som stend  
for dykk og skal smidast saman.  
Gjev dei hugnad, hell i heimen  
ættlingar som ætta ærar,  
gudar, vanedrott og dis.  
Ættediser; Irpa, Torgerd  
følg dei to til bruresenga,  
ande på dei,  
smide liv.

Med blotteinen skvetta han rikeleg med blod over gudane, brureparet og blottausene før det vart bryllaupsgjestane sin tur. Dei svarta med å bryte ut i høge rop og jubel til takten frå tromma til Siv. Bodvar sopa Helga opp i armane sine og bar ho tre gongar med sola rundt gudepallen før han dyppa fingeren sin i bukkeblodet og teikna ringar kring brysta til dei tre disene og lemnet til Frøy.

Borda sto duka på sørtunet. Ølet skumma og oksekjøtet flaut i feitt. Steikt fugl og dampande lutefisk spreidde angane sine over tunet. Brødet låg i høge stablar bortover borda. Det skorta ikkje på maten og drikka på Borg. Men nokre av gjestane mulla om at det var no helst å spela med lykka si når ein slo så stort på det at trælane fekk ete av same kosten som gjestebodsfolket. Ein fekk no tru kva ein ville om kor lenge gudane ville hjelpe ein mann ikkje hadde betre vett.

Men snart fekk dei anna å tenke på. Ein påliteleg træl som sto vakt, kom springande og fortalde at ein båt kom fossroande inn pollen.

- Er det ein stor båt? undra Tore. Er det ein båt du kjenner?

Nei, trælen trudde ikkje han kjente båten. Stor var den heller ikkje. Det var ikkje snakk om noko skip. Og så vidt han kunne sjå, var det ikkje meir enn fem mann i båten, så noko ufred trudde han

ikkje dei trong ottast for. Ikkje frå den båten som no kom. Men kanskje hadde dei vondt bod i lasta, ettersom dei fossrodde slik.

Tore kalla Asgaut til seg og ba han med låg røyst om å ta eit par-tre menn med seg og gå nedi støa for å ta imot dei som kom. Asgaut vinka Bjørnolv, Gaute og to andre karar med seg. Då dei var komne fram på brinken kom Tore Hund rennande og undra om han fekk vere med. Asgaut berre smilte og klappa han på aksla mens han nikka.

Det var ein underleg hop som sto i Borgfjæra. Fem karar i dei underlegaste kleda Bjørnolv nokon gong hadde sett. Det var ikkje likt til at Tore eller Gaute hadde sett noko slikt før, skulle ein døme etter korleis dei kopa på mennene nedved båten. Det måtte vere rike karar, trudde Bjørnolv, for så mykje raudt og blått hadde han aldri sett på ein gong før. Fargene brann så det nesten gjorde vondt i auga. Og fjørene og duskane på hattane og erma brika og brann som gull og sølv. Nei, noko slikt kunne aldri ha vore sett før i Lofot, trudde Bjørnolv.

Men rarast av alt var at den eine av mennene var nærmast svart på let i ansiktet inni aka fargeprakten. Ein av dei andre var gul som leid han av leversott, endå han ikkje såg sjuk ut. Dei tre andre var og mørkare både i hår og hamlet enn vanleg var mellom folk i Lofot.

Den svarte feia av seg hatten og bøygde seg djupt, før han ba om lov til å komme til gards.

- Vi hørte borti Vågar at Lofor-hovdingen feira bryllaup for dotter si, og då tenkte vi at vi ville by oss til å hugsvale både han og brureparet og gjestene med spel og song.

Mannen snakka mest som ein vikværing, men likevel låg det ein framand dâm over språket hans. Kva den dâmen var, kunne ikkje Bjørnolv avgjere. Han berre hørte at den var der.

Tore reiste seg høvisk frå høgsetet og kom dei i møte då dei toga inn på sørtunet. Høgtidsam og alvorleg kom han dei i møte. Så stoppa han litt og såg undrande ut, heilt til undringa løyste seg opp i ein brei smil.

- Svart? Er det verkeleg du? Er det verkeleg du som er ute og ferdast?

Dei to mennene hasta til møtes og slo armane om kvarandre. Så heldt dei kvarandre på armlengds avstand eit bel, før dei omarma kvarandre på nytt.

- Nei, no er det mange år sidan eg har sett deg sist, Svart. Det må ha vore borte i Irlandet, i Dublin trur eg, då... Men kva er det som fører deg hit til Lofot?

- Det ryktast langs leia at Tore Hjort giftar bort eldste dotter si i dag. Og ettersom eg var i landet, så tenkte eg at på ein slik dag så sit nok sølvet laust hos Lofor-hovdingen om nokon kjem med strengeleik og piper til gjestebodet hans. Og du veit korleis eg har det med sølv.

Då lo Tore godt.

- Ja, det kan vel hende at du har rett i det med sølvet. Men først lyt du og reisefølget ditt få dykk noko i livet, både av vått og tørt.

Bjørnolv merka seg at folk drakk på eit anna vis no enn dei hadde gjort i jula, endå så lenge dei vart sittande ved bordet. Men så hadde det då heller ikkje vore strengeleik og pipelåt ved bordet i jula. Folk sat som klumsa og mange glømte reint å drikke. Svart og den gule slo på kvar sin strengeleik og dei andre tre lokka fram underlege og vakre låtar på pipene sine. Den yngste dansa og gjorde dei villaste sprang og sprell mens han spela.

Stundom la han som såg ut til å vere eldst av pipeblåsarane bort pipa si og song framande og vemodige songar til dei andre sitt spel.

Så slo songen over til kvassare tonar, og det kom ord som Bjørnolv forsto:

Lyse lind som klirrar

smykke, vende aldri

auga sine frå meg

- ho vil eg minnast.

Ho som kløktig kjenner

brettspel, kan 'kje gjømme

hugstrid, der ho stirrande

står under Hagbards hals

Berre eit ho meinte

møya, den søljeprydde,  
hadde eg av lyte, då ho  
såg meg i kveldsmørk stue.  
Berre at eg har fall i  
håret mitt over panna  
syntes ho skjemte meg - lite.  
Kvinne-hug skulle eg kjenne.

Svarte auga vender eg  
mot kvinna med prydde klede.  
Tenestemøya di tykkjer  
min lyse let er for bleik.  
Likevel har det hendt meg  
når eg skjemta med møyer  
likte dei meg, når eg leika,  
betre enn fagre drengar.

Eitt av dei auga som lyser  
i hennar fagre andlet  
når ho bær'øl i hallen  
reknar eg verd trehundre.  
Og til femhundre set eg  
håret som no ho greier,  
Gullfaks-Siv, om morgonen:  
Denne møya blir meg dyr.

Trøstig tør eg sette  
pris på den som meg dårer:  
Likt med heile Island og  
Hunaland over havet,  
England med og Ireland  
ville eg by på kjøpet.  
Vel eg veit kva kammen  
kloke dis skal koste.

Tore Hund halla seg over mot Bjørnulv og kviskra:  
- Dette er ei av dei gamle Kormak-visene. Kormak var son av Ogmund frå Vika som rømde til Island for Eirik Blodøks og Gunnhild si skyld.  
Lenge sat dei ved bordet og lydde. Sola glei mot vest og tok til å søke seg ned mot fjellkammane.  
Truleg ville dei ha glømt seg aldeles bort om ikkje Svart hadde sett mot sola og lagt bort strengleiken sin.  
Han reiste seg og bøygde seg djupt for Tore og Asta og brureparet.  
- Eg takkar for at alle har lydd så lenge til oss, men no trur eg tida har lidd så langt at det er tid å føre brureparet til brurekoven. For det er vel skikken også her, og den skal vel ikkje brytast?  
Det var som om heile gjestelyden vakna av ein draum. Dei sat eit bel og berre stirra ikring seg.  
Det var Kjartan som først sansa seg. Han sprang opp og brølte:  
- Til brurekoven!  
Brått var heile hopen på beina og gjentok ropet:  
- Til brurekoven, til brurekoven!  
Under stor ståhei vart de to førte til brurekoven mens brurtausene og brursveinane song den gamle songen som høyrte med:  
Fud og flann

kvinne, mann  
ættardis og gudar  
koven ventar  
koven krev  
mann og møy må møtast.  
Fud og flann  
kvinne, mann  
ætta krev ein ættling.

Og så, med eitt, var jula der igjen, syntes Bjørnulv. Ølet gurgla i strupane. Det var som gjaldt det å få tønnene tømte så raskt råd var. Snart låg skrevande kvinnfolk med pesande karar over seg kor ein sette foten. Det var ikkje berre gardtausene og trælkvinnene som deltok no. Mang ei godt vaksen kone frå smågardane dyrka disene like så fritt. Men dei fleste av dei stakk seg noko unna folkeauga med karane sine.

Ved eit av borda sat det ei staut enke utanfrå Ægheim. Ho var ei kyndig kone som hadde hatt ansvaret for ølbrygginga til gjestebodet. No saug auga hennar seg fast i Svart. Han merka blikket hennar, men smilte berre litt der han sat bøygd over ølhornet.

Då kom det ein svær branne av ein kar vaklande bort til bordet der enka sat. Han greip fatt i ho og ville dra ho med seg, men han var så drukken at det var så vidt han greidde å stå på føtene sjøl. Enka berre sat og let seg ikkje rikke, heilt til han greip tak i håret hennar og drog. Ho fata om armen hans og heldt igjen. Men endå så drukken han var, var det greit kven som kom til å vinne dragkampen.

Kvikt som ein katt var Svart på føtene. I eit par mjuke sprang var han borte ved dei to. Svint, så det var så vidt auga kunne følge det, dreiv han ei kort slag inn bak øyra til enkefriaren. Mannen stupte som ein stokk. Enka retta litt på håret sitt før ho reiste seg. Ho og Svart vart ståande eit bel og sjå på kvarandre. Ho bøygde hovudet så vidt til ein ordlaus takk. Så gjekk dei sakte bortover vollane utan å komme borti kvarandre.

Bjørnulv tokka seg nedover bakkane mot havet, og var glad for at han hadde sett Gyda bli hysja i hus saman med konene og døtrene til dei andre storbøndene.

Kvelden etter bryllaupet tok Sigurd Tore Hjort til sides.

- Det er ei sak eg gjerne ville du skulle vite før vi fer til Vågartinget om to dagar. Asta har bede meg reise sak for seg på tinget.

- Jaså, kven er det ho har sak mot, ei sak ikkje eg kan føre for ho?

- Mot deg, Tore.

- Mot meg?

- Ja, ho vil klage deg for tinget og kreve bøter for at du slo ho i folks påsyn under juleblotet i vinter.

- Jaså, ja ho er av ærekjært folk, Asta.

- Ja, ho er det, men eg trur ikkje det ville vere bra om husfrua di skulle reise sak mot deg på Vågartinget.

- Det kan vel vere noko i. Men eg veit ikkje korleis eg skulle kunne hindre Asta i å kreve det som er retten hennar.

- Eg har tala ved ho...

- Og..?

- Eg gjorde framlegg om at du kallar inn til husting i morgon, og lar meg dømme i saka. Ho godtok det.

- Med så mange gjestar som no er på garden, blir det ikkje stor skilnad frå å legge saka fram på Vågarting. Dessutan var ikkje far din kjent for å dømme mildt når ei sak vart lagt fram slik at han fekk dømme. Så det er ikkje utruleg at eg vil tene på om saka blir lagt fram for Vågartinget.

- Det får du sjøl avgjere, Tore. Eg trur nok det blir mindre æremink for deg om saka blir avgjort på husting enn om ho kjem opp på Vågartinget. Men eg ser ikkje bort frå at det kan bli dyrare for deg på hustinget. Du får sjøl avgjere kva du er mest kjær om, æra di eller sølvet ditt.

Det vart til at Tore kalla inn til husting dagen før dei skulle dra til Vågar. Og det gjekk som Tore

hadde tenkt. Sigurd dømte dobbelt bot, endå om det var kleint med vitne som kunne hugse at Tore hadde slege Tyra.

Tore reidde ut bota utan å seie noko. Men seinare var det mange som skumla om at Sigurd nok hadde sikra seg ein del av bota for seg sjøl. Dei var ikkje kjente, Trondarnes-karane, for å gjere noko for inkje.

Dei budde båtane til tingferd. Frå alle dei gardane som talte, kom bøndene med husfolket sitt. Berre frå Li kom det ingen. Li-naustet sto stengt og folketomt. Då var det fleire som kom på at det ikkje hadde vore nokon frå Li i bryllaupet heller, endå om dei visst var bedne. Eller var dei ikkje det? Hadde det kan hende blitt avglømt? I alle fall meinte alle å vite at Tore hadde stemna Skafta til tings og kravde sølvskatt av han fordi han ikkje hadde vore med på skreifisket i vinter.

Det var alt samla seg mykje folk på tingplassen då folka frå Borg kom. For dei som trong teltplass var det vanskeleg i finne seg ein god stad, men det var ikkje mange som trong leite. Dei fleste vart det som vanleg plass til på garden til Tore Hjort. Også Frode fekk tilbod om husvære hos Tore, men han slo kaut på at han trudde ikkje han trong husvist hos ein som måtte samankalle naudting for å betale konebot før han drog til tings. Dei som var til stades såg at det kvitna kring munnen til Tore då, men han nøydde seg med å seie at Frode fekk gjere som han sjøl fann best.

Det vart til at Bjørnolv og Tore Hund heldt seg mykje i lag under tinget, endå så ulike dei var. Såg Tore ei samling av mange menn, så ville han straks avstad og høyre og sjå kva det var som gjekk føre seg. Bjørnolv likte helst å halde seg litt i utkanten av folkemugen. Han syntes han fekk best overblikk over det som gjekk føre seg på det viset. Heller ikkje likte han spitorda og skubbinga som kunne oppstå når mange menn var samla på ein liten plass.

Andre dagen under tingsamlinga såg dei ein flokk hope seg opp like bortanfor tingvollen. Dei såg og at Frode Gautason var midtpunktet i flokken. Straks ville Tore av stad å njosne etter kva det var som gjekk føre seg. Bjørnolv ville heller gjere seg ein tur bortover vollane, for som han sa, å kvile hovudet.

Då Tore Hund kom bort til flokken var den i ferd med å løyse seg opp, men enno heldt Frode på å legge ut om korleis han skulle drive tilbake søksmålet frå fattigstakkaren Steinbjørn Bjørnolvsson, far til træleungen Bjore som han hadde fødd fram på garden sin. Endå då den siste av mennene gjekk sin veg, sto han og lo av korleis han skulle knekke fattiglusa. Då Tore kom nærmare, såg han at Frode var godt drukken. Frode freista legge armen kring Tore og undra om det var saker Tore ville ha fram på tinget.

- For i så fall så skal du berre spørre meg, Frode Gautason, om korleis saka skal førast. Dei trur ikkje eg veit korleis saker skal førast, dei som trur seg vere større og mektigare enn eg er. Men eg skal lære dei noko om å føre sak, før dette tinget er over. Treng du hjelp, min unge ven, så berre spør.

I fullt sinne drog Tore sverdet.

- Det kan hende det er du som treng hjelp, ditt ovdrukne svin. Og eg skal hjelpe deg av med hovudet, såpass at du ikkje ein gong til set utnamn på venen min.

Frode vart bleik, og trivla etter sitt eige sverd. Så fall handa slapt ned.

- Vi er på tinget, og her rår tingfreden. Den som grip til våpen her, kan bli lyst fredlaus.

- Det treng ikkje du ottast for. Hovudlaus mann blir knappast stemna for tinget. Får du ikkje fram sverdet ditt for å verge deg, hogg eg av deg sverdarmen før eg tar hovudet ditt.

Med det same landa eit tungt slag på armen hans, så sverdet skvatt bortover vollen. Frode nytta høvet og vart borte. Tore kasta seg rasande mot den høge, gråkledde framande, men mannen berre lo og greip armane til Tore og heldt han. Då Tore kjente at her var det ingenting han kunne gjere, spratt tårene i auga hans av avmakt og sinne, men han tok seg i det, beit tennene saman og slappa av. Då den gråkledde kjente det, slapp han taket.

- Du er visst litt av ein villkatt du, som løfter sverd mot sjølvaste fjordkongen. Kva er du for ein og korfor er du så ivrig etter å skille Frode Gautason av med hovudet?

- Eg heiter Tore Toresson og er frå Bjarkøy. Og når eg ville ha hovudet til Frode Gautason, så er

det

fordi det på det hovudet sit ein skamkjeft som han brukar til å snakke ilt om venen min, Bjørnolv Bogedrott.

Den gråkledde lo litt.

- Du kjenner mykje fint folk, høyrest det som. Ein konge vil du drepe for å verge namnet til ein drott. Det kan verke som om du er ein god ven å ha. Men kva var det han sa om venen din?

Tore såg hånleg på den høge.

- Eg er ikkje så umannsleg at eg tar opp att slikt.

Den andre nikka.

- Nei, det har du rett i. Det tener deg til ære at du tenker slik. La oss sette oss her og finne ut korleis vi skal binde tunga på denne Frode Gautason. Han kjem sikkert også til å bere fram klagemål mot deg fordi du drog sverd mot han trass i tingfreden. Han er ikkje så lite hemngjerrig, den gode Frode. Tilgje meg elles når eg seier at du ikkje ætter mykje på folket ditt, når det gjeld utsjånad. Bjarkøyfolket er høge og lyse folk, men du er mørk og, ja, ikkje av dei største.

No var det Tore som lo.

- Du skal berre seie det rett fram. Eg er heller liten av vekst. Det har eg høyrte så mange gonger at det gjer meg ikkje noko. Eg veit og at den stutte voksteren min ikkje gjer meg til låkare kar enn dei som har hovudet høgare over marka. Eg er ikkje mindre enn at eg når høgt nok til å hogge av hovud som berast høgt. Endåtil ditt trur eg nok eg skulle nå i med sverdet mitt, om det vart naudsynt.

- Ja, det skal du få meg til å tru, lo den høge.

- Og om du undrar på korfor eg er så svart og liten, så skal eg fortelle deg det med. Det blir sagt at ein av forfedrane mine ikkje fekk born med frua si, og så tok han seg ei frille av skridfinnane si ætt. Det kom mange born frå det bolet. Han knesette dei alle, og såleis vart ætta vår berga. Ein og annan gongen dukkar det opp ein i ætta vår som liknar på ho, slik som eg gjer.

- Det er ikkje alle som ville fortelle slikt.

- Nei, men eg skjemst ikkje av å vere av skridfinnætt. Eg møter dei kvar sommar på Trondarnes. Eg har lært meg språket deira og veit at dei kan mangt som vi hæløygane ikkje kan. Noko har eg lært, anna vil dei hjelpe meg med, om eg treng det. Men no har eg fortalt deg det meste om meg, og endå veit eg ikkje kven du er.

- Kven eg er? Du spør vanskeleg, du. Eg er ikkje så viss på kva eg skal svare.

- Men eit namn har du vel?

- Det kan hende eg har fleire. Men du kan godt få vite at skridfinnane innpå Hinna, det skulle ikkje undre meg om det er dei du kjenner, dei kallar meg Allat. Det er det namnet eg brukar oftast. Seinare på dagen ropa Tore Hjort opp saka han reiste mot Skafte på Li fordi han hadde sete heime om vinteren under skreifisket.

- Men, heldt Tore fram, - endå om eg har stemna Skafte til tings på lovleg vis, så kan eg ikkje sjå at verken han eller nokon andre frå Li er til stades på tinget. Eg ber derfor om at domsmennene avgjer saka utan å få høyre Skafte sine prov.

- Har du folk her som kan seie eid på at alt ved innstemninga gjekk rett og lovleg for seg?

Det var lovseiemannen som spurte.

Eg Reid sjøl tolvte til garden hans då eg stemna han til tings. Alle dei som var med meg er her og kan sverge eiden sin. Krev tinget at det skjer?

Lovseiemannen såg på domsmennene, men dei berre rista på hovudet. Det var greitt å sjå at alle trudde på det Tore Hjort hadde sagt.

Tore skulle til å ta ordet igjen for å føre fram saka, då ein kvikk liten kar hoppa innfor vebanda. Kalv Kvite flein breitt mot Tore.

- Eg skal ikkje gjere meg større og betre enn eg er, og motseie både herse og lovseiemann, men eg trur at du Tore har lite å vinne på å halde fram med saka mot Skafte.

- Talar du for Skafte?

Lovseiemannen såg på Kalv.

- Nei, eg talar for meg sjøl. Eg er den nye bonden på Li. Skafte var så låk her i vinter at han trudde

han skulle stryke med, og då selde han garden sin til meg. Han meinte det var ikkje godt å vite kven sine hender garden ville komme på når han var borte. Derfor trudde han seg best tent med å selge til ein som han visste kven var, sa han.

- Eg hadde ikkje tenkt å ta garden frå Skafte.

Tore var bister i målet.

- Men eg sa det til han at han fekk sjøl avgjere om han ville ro fiske eller ikkje, men då ville eg ha skreiskatten i sølv. Skatten kom ikkje, og derfor har eg stemna han til tings.

- Det var nettopp det, ser du, at eg trur heller ikkje det er mykje sølv å hente hos Skafte. Den var ikkje nettopp billig den flamske vinen han knegjekk meg for å få kjøpe då han kvikna til live igjen i vinter. Ein og annan penningen meinte eg og at eg måtte ha for alt ølmaltet som har gått med på Li i vinter. Han er raus til å skjenke, han Skafte, både til seg sjøl og andre.

- Det skal godt gjerast å drikke opp ein gard på ein vinter.

Lovseiemannen høyrtes tvilande ut.

- Ikkje når vinen er dyr og det er mange som drikk.

- Og du har sjølsagt vitne som kan gjere eid på at både gardhandel og vinhandel gjekk rett for seg etter loven?

Kalv Kvite sette opp eit både spørrende og foruretta uttrykk.

- Eg er vel ikkje eit slikt umenne at eg fer med fark og fanteri for sjølvaste Vågartinget? Det var to tylfter menn til stades ved begge kjøpa, alle fri menn i alle ættegreiner. Ja, om eg ikkje tar heilt i miss, så var det endåtil nokre av huskarane på Borg til stades. Alle er her og er villige til å legge eiden sin. Men eg veit ikkje heilt kva det skulle vere godt for. Det einaste som finst igjen hos Skafte er heimanfølget til Tyra. Og den har du vel ikkje tenkt å kreve skatt av, Tore? Det kan då ikkje vere etter loven? Om det då er slik at ikkje den og har gått med. Men det får no Skafte svare for.

Lovseiemannen vendte seg mot Tore.

- Krev du at mennene kjem fram og gjer eiden sin?

- Ja, det gjer eg. Eg krev at dei kjem fram alle, begge tylftene, mest fordi det kan vere hugnadsamt å sjå kven av huskarane mine som har sete på Li og drukke flamsk vin i vinter.

Så kom dei fram, den eine etter den andre. Det viste seg at ei halv tylft av karane var huskarar på Borg. Dei såg nedfor seg og var så lågmælte at det var så vidt ein kunne høyre eiden dei bar fram. Dei visste nok at dei etter dette ikkje hadde mange dagane igjen på Borg.

Då alle hadde svore, sa Tore:

- Tyra har sagt seg skilt frå Skafte. Eg ber om tinget sitt medhald i at eg hentar ut heimanfølget hennar frå Li når eg kjem heim frå tinget. Og då meiner eg det må vere etter loven at om Skafte har brukt av heimanfølget hennar til å kjøpe skamdyr vin hos Kalv, så skal Kalv reie ut det som manglar på heimanfølget.

Dette protesterte Kalv kvasst på, men domsmennene slo fast at slik skulle det vere.

Om kvelden gjekk Bjørnulv igjen aleine bortetter vollane. Det var mykje som rasa oppi hovudet hans som han måtte tenke over. Han hadde vondt av Gyda, for den skamma far hennar hadde ført over ho. Men han kunne heller ikkje la vere å tenke på at ho ikkje var så godt eit gifte lenger, når ho ikkje lenger var odelsjente på Li. Likevel våga han ikkje gjere seg dei heilt store håpa. Enno var ho vel for høgt på strå til å gå i ekteseng med ein løysing. Men no våga han likevel tru noko meir på den gamle lovnaden til Ranveig om at Gyda skulle bli hans.

Idet han gjekk forbi eit lite skogholt høyrte han nokre lydar. Han stoppa og lydte etter, og fann ut at det høyrtes som kvalte skrik frå eit menneske, ei jente eller kvinne truleg. Han bykste inn i skogholtet og det første han såg var dei vettskremte auga til Gyda der ho vart pressa mot ein stein av ein kar som med den eine handa heldt ho over munnen og med den andre reiv i kleda hennar. Den eine handa hennar var pressa mot steinen bak ryggen hennar, og den ho hadde fri brukte ho til å verge seg mot handa som famla inni kleda.

Det svartna for auga hans med det same, og han visste ikkje kva han gjorde før han kjente det dumpe slaget av knyttneven sin mot hovudet til karen. Karen sjangla bortetter marka, men var alt i ferd med å drage til seg sverdet som hang i beltet. Snøgt som ein elding sprang han til og sparka til

sverdhanda så sverdet for i ein høg boge inni skogholtet. Då, med eitt, såg han og kjente igjen karen framfor seg. Det var Gaute. No kasta Gaute seg fram med knytte nevar.

Det vart eit hardt, men kort basketak. Bjørnulf var lengre i armene og hardare i musklane enn Gaute, og endå om han enno var dimma av raseri, fall slaga hans der dei skulle. Til sist låg Gaute på bakken og ville ikkje reise seg meir.

- Rører du Gyda meir mot hennar vilje, så drep eg deg, freste Bjørnulf ned mot den slagne motstandaren sin. Gaute svara ikkje med det same. Først då dei to hadde snudd ryggen til han og gått ei stykke, ropa han etter dei:

- Friller har ingen vilje. Men gå berre de, eg ser no at de høver i hop, løysingen og dottera til ætteskjendaren. Og større takk hadde eg ikkje venta av deg, Bjore. Hunden bit ofte den handa som klappar han.

Bjørnulf bråvendte og ville tilbake til Gaute, men Gyda heldt han igjen. Ho berre rista på hovudet og klemte handa hans.

Dei gjekk saman bortetter rabbane, sa ikkje stort, og hadde nyss runda ein bjørkekrull då ein høg, gråkledd mann sto framfor dei. Bjørnulf trudde det måtte vere ein fredlaus, og greip etter sverdet.

Den gråkledde slo ut med armene og Bjørnulf såg at han var våpenlaus.

- Du er snar til å gripe etter sverdet, endå eg høyrer at du ikkje er så stor ein sverdsvingar som ein kunne vente av ein huskar hos Tore Hjort.

Det låg ein liten smil om munnen til den framande. Bjørnulf svara ikkje, prøvde berre å stirre hardt på han.

- Tar eg ikkje mykje feil, så er du han som kallar seg Bjørnulf Steinbjørnsson, og som andre kallar Løysing?

- Eg heiter Bjørnulf, og Steinbjørnsson er eg, same kva dei andre kallar meg.

- Og ho du er saman med er Gyda Skaftadotter?

- Du spør mykje til å vere ein kar som ikkje seier kven han sjøl er. Eg synest du skulle seie det, før du spør meir. Elles kunne ein komme i skade for å tru at du ikkje har nokon rett til å vere her.

Det gjekk eit underleg drag over ansiktet til den gråkledde. Så vart det borte, og han lo litt.

- Jau, no kjennest det som eg har rett til å vere her. Og namnet er Steinbjørn Bjørnulfsson frå Kjos. Haka til Bjørnulf datt som om ho ikkje skulle ha noko feste. Han stirra storøygd på den høge.

- Jamen, jamen ... då må du vere...

- Ja, Bjørnulf, det er eg. Men enno kjennest det som om eg ikkje har nokon rett til å vere det. Vi snakkast meir eingong i morgon.

Sa han, og var vekk som om han aldri hadde vore der.

Gyda såg spørrande på Bjørnulf.

- Han sa han heitte Steinbjørn Bjørnulfsson frå Kjos. Då må han vel vere...

- Ja, han heiter så, far min. Og du såg han, du og? Du såg at han var her? Det er ikkje berre noko eg har drømt?

- Nei, han var her. Og i morgon får vi nok vite kva for ærend han har her.

Dagen etter var det mest berre småsaker oppe på tinget. Det var småfolk som hadde tvistar mot kvarandre, og ville ha retten sin mot uvenen sin på tinget. Men då Frode Gautason kom feiande med mange menn, tok folk til å samle seg. Mange hadde høyrte Frode legge ut om korleis han skulle knekke den fattiglusa som hadde stemna han til tings.

Innanfor vebanda sto ein høg, gråkledd mann. Av klesdrakten hans forsto dei fleste han måtte vere fattiglusa som Frode hadde snakka om. Då Frode vel var komen, nikka Tore til den gråkledde og han tok ordet:

- Eg har stemna Frode Gautason til tings i dag, fordi han fer med usanningar og ærekrenkingar om meg og sonen min. Visst kunne eg ha bydd han holmgang, men det er verken hovudet eller blodet hans eg er ute etter. Eg vil ha dei dømte for usanne her for alt folket på på tinget, dei svikorda han fer med. Eg skylda han eingong pengar, pengar eg ikkje makta å betale. Korfor det vart slik, kjem ikkje denne saka ved. Eg baud meg til å gå i tenesta hans som skyldtræl, for å betale. Det nekta han, og tok i staden sonen min, endå han var nyfødd, og ga han som træl til sonen sin som var fødd



same natta. No har gudane smilt såpass til meg at eg har betalt skylda eg hadde til han. Men enno driv han og kallar sonen min for træl, endå sonen hans ga sonen min fri for eit år sidan. Han kallar og sonen min for løysing. Det kunne han kan hende ha gjort om det var slik at han berre var frigjeven. Men no er loven slik at når skylda er betalt, då er skyldtrælen fri, fri som om han aldri har vore træl, og skal ikkje kallast løysing, men fri mann. Den som bryt den lova er skyldig til bot. Eg ber domsmennene her på tinget fastsette bota.

Frode Gautason lo høgt, og tok ordet.

- Det er sant at denne mannen kom til meg i fjor med nokre skinn og noko sølv i ein pung, og ville betale gammal skyld. Eg visste så altfor vel at det stadig gjekk utfor med han og ætta hans. Slik det går det gjerne med folk som vil flyge høgare enn dei er fjæra til. Forfaren til denne mannen var ein liten hovding inni fjorden på Hinna. Han reiste odd og egg mot Harald Luva då denne vitja Hålogaland. Det gjekk som det måtte gå. Han mista stordelen av godset sitt. Seinare har ætta vore fattige og stakkarslege. Så eg tenkte at eg vel kunne gje grid, og tok imot vesaltinga han kom med, og såg ikkje nøyare på det. Seinare oppdaga eg at sølvet var dårleg, og skinna var verre. Vel kan eg vere ein mild mann, men når nokon prøver å lure meg så grovt, då er eg ikkje så mild lenger. Eg ber tinget lyse denne mannen fredlaus, og i bot idøme meg dei stakkars eignelutane han har inni fjorden. Garden er ikkje mykje verd, og husbunaden er berre til å brenne, men jorda er vel ikkje skinnare enn at eg kan bruke ho til sommarbeite for ungfeet mitt.

- Har nokon av dykk vitne å føre?

Tore såg frå den eine til den andre.

- Ja, eg har vitne på at eg har betalt han. Vitna kan og gjere eid på at han såg over både sølvet og skinna før han tok imot det. Dei kan og vitne at verdien på skinna vart sett skammeleg lågt, men at eg godtok det, så det skal eg ikkje stridast med han om.

- Og du, Frode, har du vitne?

- Kva skulle eg med vitne? Eg tenker det at eiden min står seg mot ei tylft av slike som han der.

- Ja, om det er slik at hans eid er mykje meir verd enn min, då har eg ikkje mykje å stille opp. Eg er ikkje nokon rik mann, så eg fer ikkje så mangmennt. Eg har berre ei halv tylft med vitne.

- Er dei her og vil gjere eid?

- Det er dei.

- La dei då komme fram.

Dei seks mennene som kom fram var like lite brikjande og gråkledde som saksøkaren, men dei la fram eiden sin med høg og klår stemme.

Då siste mannen hadde svore, sa Tore:

- Eg kjenner desse mennene. Dei er friborne i alle ætteledd og truverdige menn. Om Frode ikkje har vitne, må vi etter loven døme saka mot han.

Frode skreik opp.

- Eg sver at alle dei eidane som no er lagte, er falske. Korleis skal det bli her på Hålogaland om hovdingar skal miste retten sin mot løgnaktig fattigpakk. Og kva med utlegga eg hadde til å fø opp træleungen hans? Dei har ingen snakka om.

Den høge gråkledde greip inni kufta si etter ein skinnpung som han slengte framfor føtene til Frode.

- Her trur eg du har for utlegget ditt. Det er ikkje sølv i den pungen, men eg trur dei skarve kopparpenningane som der er, dekker godt dei utlegga du har hatt. Han var vel ikkje så kosteleg den maten trælane dine fekk å ete. Sei domen no, domsmenn.

Domsmennene samrødde seg eit bel, men vart snart einige og let Gunnar på Hov føre ordet.

- Vi finn det prova med eid at Steinbjørn Bjørnolvsson har betalt skylda si til Frode Gautason, ei skyld som i alle fall for ein stor del alt var betalt av det arbeidet Bjørnolv Steinbjørnsson alt hadde gjort på garden hans. Det var Frode sjøl som valte gutebarnet Bjørnolv som skyldtræl, og ikkje den vaksne Steinbjørn, endå han baud seg til. Steinbjørn er derfor ikkje skyldig til å betale Frode for oppfostringa av sonen. At han no har gjort det, får vere hans sak. Vidare har vi alle, no under tingsamlinga, høyrte Frode kalle Bjørnolv både for træl og løysing. Vi dømer derfor Frode Gautason til å betale ei mark veigd sølv i bot til Steinbjørn Bjørnolvsson, og ei bot på to mark veigd sølv til

Bjørnulf Steinbjørnsson. Vi dømer og at heretter er Bjørnulf Steinbjørnsson ein fri mann, og kvar den som kallar han for træl eller løysing, er skyldig til bot.

Frøde fræste og svor, men vart hysja med av lovseiemannen.

Då tok Tore ordet.

- Det er no sagt at den er skyldig til bot som kallar Bjørnulf Steinbjørnsson for løysing eller træl. Og eg legg det attåt at den som kallar Bjørnulf for træl, eller krenker han med trælenamnet Bjore, han skal vere fredlaus i alt det land som eg rår over. La det og vere sagt at endå om vi ærer fedrane våre, og det skal vi, så må det haldast mot dei at dei ikkje gjorde som ætta til Steinbjørn Bjørnulfsson og reiste odd og egg mot Harald Luva, og ein gong for alle fridde Hålogaland frå Ynglingeætta si maktsjuka, eller døydde med heider. Men enno kjem det tider då vi kan få høve til å bryne nasen på ein ynglingeættling som vil vekse seg større enn bolen rekk. Steinbjørn Bjørnulfsson skal frå no av kallast min ven og jamlike. Bjørnulf Steinbjørnsson har eg høyrte kalla Bjørnulf Bogedrott. Det er eit namn som høver. Ung som han er, veit eg berre ein i Hålogaland som overgår han med bogen, og det er min eigen dottermann og måg, sjølvaste Bodvar Håsteinsson. Kjem Tryggvasonen og vil prøve å kue Hålogaland under seg, er eg glad om eg har slike menn under merket mitt.

Seinare, mens Sigurd og Tore Hjort sat toeine, sa Sigurd litt spotsk at når Tore hadde slike menn, så kunne det vel ikkje gjere så mykje at han sjøl ikkje såg seg høve til å fare med Tore mot Olav Tryggvason om det skulle bli til det.

- Du veit eg er i mågskap med Olav, og synest ikkje det er rett å bere våpen mot han.

- Så du vil heller la både deg og Hålogaland bli kua av ein vikværsk konge, endå om du vel er like nært i mågskap med meg.

- Ja, det er rett at eg er i mågskap med deg og. Derfor sit eg i ro på Trondarnes og ber ikkje våpen mot nokon av dykk. Men om galt skulle hende, så veit du at Asta, moster mi, eig ein gard på Bjarkøy. Den skal eg verge for ho så langt eg formår. Og då kan det komme godt med at ein av oss ikkje er av det framfuse slaget. Dagen etter reiste Sigurd heim. Tore, bror hans, for ikkje i lag med han. Tore ville gje seg over i Lofot sommaren over.

- Og skulle det bere i hop med denne Olaven, så er ikkje eg mågen hans, meinte Tore og fingra med sverdskjeftet.

Steinbjørn sto ute på odden og såg utover Vestfjorden. Sola hadde gjømt seg bak ein sky, men likevel var det varmt og godt. Frøy hadde bore grønt utover jorda igjen. Nokre niser leika seg der ute på fjorden. Havet brumma og braut kring foten på Vågakallen, endå fjorden låg still og kyrr. Det hadde nok blåse friskt ute i havet om natta. Dei lange, slake dønningane som briska seg til skumskavlar over båane der ute, fortalde om det.

Han løfta på hatten og tørka eit sveittgrann av skallen. Det var såpass drag i lufta at det lange, grå bølgehåret for framover ansiktet og la ein lokk tvers over nasen. Han kosta den til sides og greip baki nakken og vart ståande slik med håret samla inni handa.

Bjørnulf sto eit stykke lenger inne på odden, halvt gjømt bak ein stor stein. Korfor han halvgjømte seg slik, var han ikkje sikker på. At faren visste seg iaktatt gjekk fram av den litt anspekte måten han sto.

- Ikkje rart at skridfinnane kallar far min for Allat. Han er høg. Rank er han og, endå om livet ikkje har fare berre vakkert fram mot han. Det er kanskje derfor han er så grå.

Steinbjørn sette hatten på hovudet igjen. Hatten var og grå, med sid brem. Greitt å sjå at den var laga av naturfarga gråull, slik kufta og broka var det.

Grå. Høg og grå. Grå sid hatt.

Før Bjørnulf visste av seg, sprang han fram og greip faren i armen.

- Frende...

- Det der må du aldri gjere meir, Bjørnulf. Komme så brått på ein mann bakfrå.

- Du visste at eg var her.

- Blikket ditt brann. Vinden

førte lukta di. Likevel...

- Du var på Borg i jula.

- Eg? Nei. Det er mang ei jul sidan eg var på Borg.

- Eg trudde kanskje... Eg trefte ein... Men den gongen i båten... Det kunne ikkje vere deg. Du liknar så mykje.

Steinbjørn sukka og vinka avvergande. La handa si bortpå aksla til Bjørnolv og førte han med seg bort mot ein flat stein. Dei sette seg.

- Fortel.

Etterpå sat dei tause begge. Steinbjørn plukka nokre laukstrå som sto der. Stakk dei i munnen. Togg sakte.

- Det har eg aldri tenkt på. At eg liknar gråguden. Men no har eg gjort det eg svor. For sekstan vintrar sidan. Heretter skal eg bere fargar. I alle fall når eg er mellom folk.

- Kva råd gjev du meg, frende?

- Om lagnaden har bunde deg til seidguden, monar mine råd lite. Denne Kvitest... Eg kjenner han ikkje. Han er ny her i landet. Men det seier dei at Sigfar og eingong var. Førte krig mot dei gamle gudane, vanane. Tok Njord og tvillingane som gissel. Ga verdilause gissel tilbake. Ein svikar og seidkall, men likevel den mektigaste. Og visaste. Men heller ikkje han kan gå lagnaden forbi. Når Surtssonene kjem i Neglfare... Eg veit ikkje, frende. Eg har mest glømt gudane.

- Når du ikkje veit, så...

Bjørnolv gjorde mine til å reise seg, men Steinbjørn drog han varleg i ermet.

- Sit litt til. Vi kan vel samrå om det?

Han hufsa seg litt og plukka nokre fleire laukstrå.

- Eg trur Koll er klok, men som alle kristmenn er han noko synkvervt av guden sin. Ranveig er nok den som ser klårast og veit flest vegar til sanninga. Fortel ho om likskapen mellom han og meg. Kanhende opnar det ein veg for ho.

Han plukka nedi marka igjen. Denne gongen var det syre han stakk i munnen, mens han smilte skeivt til Bjørnolv.

- Du hadde nok håpa på likare råd frå far din, endå om du skulle vere bra van med at det er lite han er kar om å gjere for deg.

- Du sa at du hadde ikkje bore fargar på sekstan vintrar?

- Ja?

- Det hadde du svore ein eid på?

- Ja.

- Men no kan du bere fargar igjen?

- Ja, eg...

- Du har prova at du er kar om å gjere det du har sett deg føre, også for meg. At lagnaden ville det skulle gå sekstan vintrar, var det vel ei meining med. For eg trur ikkje vi heilt manglar lykke, vi to.

- Det må vi tru, Bjørnolv.

Det var stilt nede på tingvollen. Dei fleste var farne heim no tinget var over. Tore Hjort var att med nokre av mennene sine for å sjå etter noko småvøling på garden sin. Eit par andre skuter låg og utpå vågen. Mellom dei var skuta til Frode Gautason.

Som dei nærma seg garden til Tore, kom Tore Hund springande imot dei.

- Her har hendt nytt mens de var borte, pusta han.

- Kva då for nytt?

- Fåne er drepen. Frode Gautason har hogd han.

- Korleis gjekk det til?

- Dei sat og drakk og Fåne sa at han unte Frode den vanæra som hadde hendt han på tinget. Då drog Frode sverdet og hogg Fåne.

- Har han lyst drapet på seg?

- Ja.

- Har han bydd bot til frendane til Fåne.

- Rimeleg bot til Fåne sine frendar skulle eg ha betalt, om han hadde hatt nokre, herma Tore.

- Kor er Frode no?

- Han held på og pakkar i hop. Tore Hjort sa han ville ikkje ha han her lenger.

- Då må vi skynde oss.

Steinbjørn la i veg bortover mot garden til Hjorten.

- Du kjem så brått, Steinbjørn, helsa Tore.

- Kan eg få låne seks menn hos deg. Eg vil sette dørrett hos Frode før han dreg.

- Det hadde eg venta. Eg blir sjøl med, sjuande.

Frode var på det nærmaste ferdig med å pakke i hop, då flokken kom bort til teltet hans med Steinbjørn i brodden.

- Du kjem mangment, Steinbjørn. Våga du ikkje komme aleine?

- Eg treng desse mennene no når eg set dørrett hos deg, Frode.

- Kva for klagemål mot meg har du? Eg trudde du vart ferdig med dei på tinget.

- Eg krev drapsbot for frenden min, Fåne.

- Frenden din?

- Det veit alle at Fåne Vigfusson var nærfrenden til mor mi, og at andre frendar ikkje lenger finst i Øgsfjorden. Eg tar derfor arven etter han og krev drapsbot her for retten. Drapsbota kan eg vente med til neste ting om du så vil, men arven tar eg no, og desse mennene er vitna mine.

- Når Tore Hjort set makta si bak deg, må eg berre gje meg. Men full drapsbot gjev eg ikkje, for spitorda hans.

Steinbjørn nikka.

- Det går eg med på. Du kan reie ut halv drapsbot med det same, om du så vil. Med det same lyser eg ut at sonen min, Bjørnolv, skal sjå etter arven min borti Lofot. Og om det er sølv etter Fåne, kan han bruka av det. Om han gjer det med vit og i samråd med Tore Hjort.

Med det vart det.

Seinare tok Bjørnolv far sin til sides og sa:

- Eg vil at du skal gje Koll fri.

- Eg sette deg til å styre med garden etter Fåne. Då må du ha såpass husbondsmakt at du sjøl avgjer korleis garden skal styrast og trælane skal stellast. Det kan eg berre seie at eg skal ikkje kreve deg for skadebot om du gjev Koll fri.

- Ranveig skal ha husvist på garden. Om ho og dei vil, kan ho ha dotter og dotterdotter si hos seg der.

Steinbjørn smilte.

- Vil du ha dette vitnefest? Eller er det nok at eg gjentar at du har husbondsmakt på garden, og steller han slik du vil, så lenge du ikkje øyder han?

Det ga kvarandre handslag på at slik skulle det vere.

Før dei skiltes sa Steinbjørn:

- Vi har vølt husa heime i Kjos. Ingen går svoltne til koven lenger. Ei halvtynne med øl finst det vel og. Du er velkomen dit, om du ser deg høve, og Tore lar deg.

- Først trur eg nok vi må møte denne Tryggvasonen. Etterpå kjem eg gjerne til Kjos, om eg lever.

- Møtet med Olav har eg tenkt meg med på. Ingen veit kven som stuper på den turen.

Tore sigla heim til Borg same kvelden. Det var for varmt til å ha liket til Fåne liggande. Og Tore trudde han helst ville i haug på sin eigen grunn i bakkane opp mot Borg.

- For det skal du vite, sa han til Bjørnolv, at mykje av jorda nedimot Borgpollen og bakkane oppetter var Fåne sine. Men han har i alle år latt meg få bruke dei mot ei rimeleg leige. No får du avgjere korleis du vil stelle deg med det.

Koll sat og såg inn i grua då Bjørnolv kom inn. Det brann ein låg varme som ikkje greidde å halde hallen varm. Bjørnolv kulsa og sette seg innåt grua. Koll rota litt i glørne og la på litt meir torv.

- Nå, der er du. Kjem far din?

- Nei, korfor skulle han..?

- Tok han ikkje arv etter Fåne?

- Korleis veit du at..?

Augo til Koll glødde då han sette dei i Bjørnulv. Så døydde elden i augo hans ut og han sukka.

- Eg gløynde kor ung du er. Orsak meg. Eg skal forklare deg...

Koll rota litt meir i grua før han igjen såg på Bjørnulv. No var augo hans heilt tome.

- Vi hadde eit spel, Fåne og eg. Vi spela herre og træl. Jauda, vi var det og. Men ettersom åra gjekk, så vart vi meir og meir som vener å rekne. Når det var andre her, så spela vi herre og træl-spelet. Elles... Eg trur han etterkvart vart det mennesket som har stått meg nærast. Etter at Krist tok mor mi til seg. Eg veit ikkje, men eg trur du må vere særst lite kjenslevar om du ikkje skal merke det når nokon som står deg så nær døyr. Det vart eit tomrom inni meg då han ikkje var meir. Var det Frode som drap han?

- Kva får deg til å tru det?

- Det kom slik for meg.

- Ja, det var Frode. Visste du at det var far min som hadde odelen etter Fåne?

- Ja.

- Korfor har du aldri fortalt meg det?

- Du fekk tidsnok vite det, meinte eg. Men korleis er det, tok ikkje far din arven etter Fåne?

- Jau.

- Korfor er han ikkje her, då?

- Han sette meg til åremann på garden.

Ansiktet til Koll lyste opp i eit stort smil.

- Så no er det du som styrer garden her. Og eg er trælen din.

- Nei.

- Kastar du meg ut? Vil du ikkje ha meg? Er det fordi eg er Kristmann?

- Nei. Nei. Nei. Nei, til alle tre spørsmåla. Eg kastar deg ikkje ut. Eg vil ha deg her, enten du no er Kristmann eller ikkje. Koll, eg vil ha deg her som læraren min. Eg vil at du skal lære meg å rite runer. Eg vil at du skal lære meg å rite bok-stavar. Eg vil at du skal lære meg meir om Krist-trua di. Men du skal ikkje vere træl. Du skal vere fri mann. Løysing vil dei kalle deg. Men det er vel betre enn å vere træl? Eg vil følge deg til Borg i dei seine kveldane når du fortel trælane der om Krist. Vi treng ikkje fortelle dei at du er fri mann. Vi kan halde fram med det herre og træl-spelet som du og Fåne hadde gåande.

- Og korleis blir det med gardsdrifta? Vil du ta tilbake jorda di, eller vil du halde fram som huskar på Borg?

- Det veit eg ikkje. Eg må snakke med Tore.

Dei sat lenge over ølkrusa den kvelden, Bjørnulv og Koll. Sjeldan hadde Bjørnulv vore så tung i hovudet som han var då han leita seg til koven sin. Likevel fekk han ikkje sove. Alt det nye kverna i hovudet hans. Kva skulle han gjere? Skulle han ta tilbake jorda si? Skulle han halde fram som gardskar på Borg? Skulle han gjere det kjent at Koll var frigjeven? Han var enno tung i hovudet då han trødde bakken opp mot Borg dagen etter.

Han kjente seg liten då han møtte Tore oppe på Borg. Tore var i ferd ned å sette trælane og gardskarane til dagens gjerning då Bjørnulv steig inn på gardstunet.

- Nå der er du, helsa Tore. - Du har vel tenkt gjennom hauglegginga av Fåne?

Hauglegginga av Fåne! Visst skulle han ha tenkt på det. Han flakka med auga og torde ikkje møte blikket til Tore.

- Ja, nei, eg, det vart...

Så tok han seg saman og tenkte: Eg kan ikkje stå her og stotre. Han løfta hovudet og møtte blikket til Tore.

- Eg veit så lite, sa han lågt.

Tore rykkte til.

- Det er sant. Det er så lett å gløemme. Om du vil la meg få rå deg, så...

- Det er ikkje nokon eg heller ville ha til å rå meg, om du vil.

- Visst vil eg. Og no må vi raskast råd etle oss til å få Fåne i haug. Seinare får vi tenke på og

snakke om alt det andre som må tenkast på og snakkast om.

Det gjekk ikkje lange tida før det var menn på veg til alle gardane, roande og riande, for å be folk inn til gravøl over Fåne.

- For det trur eg, sa Tore, - at om vi legg i

hop det som enno finst i tønnene i Fåne-stua og på Borg, så skal folk sleppe å reise tørste frå gravølet. Mat trur eg heller ikkje det skal skorte på. Det finst både sel og fuglar på holmane, og det skulle ikkje undre meg om vi greier å veide ein kval til Fåne sitt gravøl. Så vidt eg veit sto han seg godt med gudane. Dei unner nok han og gjestane hans ferskkjøtt til avferda.

Tore sto litt og såg nesten bedande på Bjørnulv. Så kom det mjukt: - Du veit at du må sende Koll i lag med Fåne.

Først skjøna Bjørnulv ikkje kva Tore meinte. Så kjente han at det tok til å bygge seg opp eit stort skrik inni han. Den gamle træle-redsla fløynde ut i kroppen hans, og det verke som etter ein uvant og hard arbeidsdag. Så braut skriket seg ut.

- Nei! Nei! Koll skal ikkje drepast uskyldig fordi Fåne er drepen. På den garden der eg er åremann skal ikkje noko menneske drepast som eit dyr, berre fordi dei kallar han træl.

- Meiner du Fåne var så klein ein kar at han ikkje fortener ein træl til å syte for seg når han trer inn i hallen til Odin Allfader?

- Eg veit at Fåne ikkje hadde ønska det. Og kva skulle ein Kristmann som Koll ha å gjere i Valhall. Eg trur ikkje ein gong dei ville sleppe han inn dit. Han ville vere dømt til for alltid å virre omkring i utanfor-landet. Det kan eg ikkje sjå at Fåne heller ville vere tent med.

- Eg veit kor vanskeleg det er for deg, Bjørnulv, men det er gammal skikk. Du vil minke ettermælet til Fåne mykje om han ikkje får trælen sin med seg. Og det bryr ingen seg om han er Kristmann eller blotmann. Trælen følger herren sin og går han til hande. Det er herren si tru som avgjer kor dei skal hamne. Trur du heng-guden bryr seg om kva tru trælen hadde før han vart træl?

- Kanskje ikkje. Men eg bryr meg. Og hos meg skal ingen mann slaktast. Koll blir. Eg veit at Fåne ville ha ønska det slik. Du får gje deg denne gongen, Tore. Eg trur ikkje Fåne sitt ettermæle minkar fordi eg ikkje slaktar Koll. Det blir i så fall mitt namn som får pletten, men det har så mange plettar frå før at ein til skal eg vel greie å bere.

Tore hadde vorte brattare i nakken mens Bjørnulv tala.

- Gardskarane mine plar lyde meg.

- Så er eg ikkje gardskaren din lenger. Du får sende atterbod til bedarane dine. Vi skal nok greie å få Fåne i haug, Koll og eg og andre som måtte sjå seg syn til å kome i slikt eit skammeleg gravøl.

- Så, det er slik du startar gjerninga di som åremann på Fånevolden, med å vanvørde han som sat der før. Men, nei, eg sender ikkje atterbod. Fåne var ein ven. Han skal fare herifrå med full ære. Det står ikkje kleinare til med meg enn at eg kan unne han ein av mine eigne trælmar med seg på ferda.

- Baud du deg nokon gong til å gje han trælmar mens han var i live?

Tore stivna.

- Kva vil du med det?

- Eg ber deg svare meg. Gjorde du?

- Ja.

- Kor er dei no? Har han slakta dei?

- Han ville ikkje ha dei, mumla Tore.

- Men no, når han er daud, då synest du at du kan nøye ein av trælane dine inn på han. Kjenner du alle venene dine like dårleg som du kjente Fåne? Tenk deg om. Du veit han ville ha takka deg nei no og, om han hadde kunna.

Tore flakka med blikket.

- Vi får snakke om det seinare.

- Snakke kan vi. Men denne gongen blir det som eg vil, Tore, om du ikkje får han som eig både garden og Koll, til å seie noko anna.

Utetter dagen tok det til å skye over, og havskodda kom sigande inn frå nord. Ein og annan sluddbyge strødde si kvite væte over dei grønkande engene. Dagslyset kvarv i ei ullgrå halv natt.

Bjørnulv vart gåande og trø oppe på Borg utetter dagen, endå om der ikkje var mykje å trø etter. Gyda og Tyra hadde ridd saman med Helga til Hol tidleg på dagen. Dei hadde hatt både Asgaut, Kjartan og Tore Hund i følget sitt. Ranveig var igjen stad å finne, endå han hadde leita etter ho både ute og inne. Han skulle så gjerne ha prata med ho for å få hjelp til å stå imot alle dei som han visste ville kreve at koll skulle i haug saman med Fåne. Han visste ikkje korfor, men han kjente det på seg at Ranveig ville sjå på den saka slik han sjøl gjorde.

Det leid mot kveld før han kom seg til å trø ned mot Fånevolden igjen. Han kjente at det ville ikkje bli lett å sjå Koll i auga, endå om han visste at han ville gjere alt som sto i hans makt for å hindre at Koll skulle i haug dagen etter. Han hadde skimta Tore eit par gonger mens han rak rundt på Borg om dagen, men ingen av dei hadde gjort noko for å komme meir i prat med kvarandre.

Nedanfor galgerogna syntes han at han vart vár ein høg, gråkledd skapning som sto der under utofsen og skydde seg for véret. Den eine augeblinken var det som om den gråkledde var der, den andre augeblinken var han borte. Han drog handa over auga og slengte væta ifrå seg, og syntes den gråkledde vart meir handfast av det. Jau, det var ikkje tvil. Mannen sto der. Glad raska Bjørnulv på stega og tydde seg innunder utofsen til den gråkledde.

- Er du her alt no, far. Korfor kjem du så i løynd? Vart vi ikkje einige om at du skulle bere staselege klede neste gong vi møttest?

Den gråkledde klukka fram ein kald latter.

- Du skulle vel kjenne meg så godt no, Bjørnulv, at du veit at eg fér i løynd når eg synes det høver best. Det er no elles noko nytt at du kallar meg far. Eg trudde det var "meingud" som var namnet ditt på meg. Eg syntes eg måtte prate med deg fordi du ikkje unner meg å sjå trælen din i hallen min.

Bjørnulv kvakk to steg attende og kom utfor utofsen der han fekk skletteeling midt i fjeset så han mista synet av den gråkledde igjen.

- Kan du ikkje la meg vere? Eg har vigg meg til Krist. Skal vie meg til Krist. Koll er Kristmann. Kva skal du med han i hallen din?

Latteren var kaldare enn nordavinden.

- Trur du at Koll vil bli den første Krist-trælen i hallen min? Eg har mange av dei, og dei har vi mykje moro med. Eg har lært mykje om Krist sine veikskapar frå dei. Dei er så glade i å prate desse Krist-mennene.

Den kulsande latteren kom igjen.

- Eg trur du kjem til å gje meg Koll, Bjørnulv. Eg trur ikkje du er sterk nok til å stå imot alle dei som vil tvinge deg. Eg trur også at du kjem til å bli mi fulltrue. Eg har ikkje råd til å miste deg til Krist, Bjørnulv. Krist har for mange vener. Eg har for få. Det er du som skal bikke vektskåla, Bjørnulv. Slik har disene spunne det. Den veven slepp vi ikkje fri av, verken du eller eg.

Bjørnulv heiv seg rundt og sprang, sprang som han ikkje hadde gjort sidan kappløpet med Tore Hund. Han snåva i steinar og røtter, men heldt på beina som ved eit under, heldt nesten på å brake i hop med langhuset på Fånevolden, fekk ikkje stoppa, men vreid seg forbi hjørnet, greip med venstre handa om hjørnet og vart slengt inn mot veggen, kjente nasen gnure mot grovt tømmer i dørkarmen og merka det varme blodet som rann ned mot munnvikene.

To forundra ansikt stirra opp frå tavl-brettet då han stumla seg inn døra. Han sjangla seg bort til pallen, datt om der og hadde Ranveig sitt bekymra fjes over seg med det same. Ho drog ein mjuk klut fram frå ein stad innanfor det omfangsrike skjørtet og fekk tørka blodet av han. Ho vart mildare i blikket då ho såg at det ikkje var noko alvorleg fatt med han.

- Du kjem brått, smilte ho. - Kjem du frå eit møte du ikkje syntes om?

Bjørnulv sukka. Både Ranveig og Koll kunne høyre at det var ein letta og god sukk.

- Eg skal ikkje spørre om korleis du veit om møtet mitt. Eg har lært meg at du veit mangt som du ikkje skulle vite.

Han løfta høgrehanda og strauk ho over den mjuke og skrukkete kjaken. Med det same sovna han.

Tidleg same våren hadde Fåne tatt til å gjere i stand gravplassen sin. Den låg på ein brink rett overfor husa, ikkje langt frå haugen til sjølve haugkallen. Sjølve gravinga hadde Fåne fått ferdig mens han var i live. Steinsettinga hadde trælane på Borg gjort ferdig etter at liket kom heim frå Vågar. Dei to store hellene som skulle ligge over grava sto klare til å bli velta over gravkammeret. Sola hadde enno ikkje tatt til å gløtte over himmelranda då Bjørnulv rusla opp mot grava. Han sette seg på gravkanten og halla ryggen mot den eine hella. Han visste ikkje om han ønska at faren skulle komme til hauglegginga. Kom Steinbjørn var det han som måtte ta avgjerda om Koll skulle følge Fåne i haugen. Kom Steinbjørn ikkje, var det han sjøl som måtte trasse både Tore og andre gode menn for å berge livet til Koll.

- Du veit det er forventa at eg og skal ligge der.

Bjørnulv kvapp. Han hadde ikkje høyrte at Koll kom. Røysta til Koll var heilt roleg som om han snakka om noko heilt kvardagsleg.

- Vil du det?

- Det er ingen som spør kva eg vil.

- Eg spør.

- Blir eg lagt i haug med Fåne, så kan eg ikkje lære deg å rite runer og bok-stavar. Då kan eg heller ikkje lære deg om Krist. Og då kan det hende at heng-guden får viljen sin med deg.

- Kva trur du Fåne hadde villa?

- Om eg svarar deg på det, hjelper det deg lite. Seier eg at eg trur han ikkje hadde villa det, kan det like gjerne vere fordi eg gjerne vil leve. Seier eg det motsette, kan det og vere fordi eg vil leve, og trur at du vil la meg leve fordi eg er så rettskaffen at eg snakkar sant. Fåne kunne berre Fåne svare for. Vi får håpe Steinbjørn kjem, så slepp du den avgjerda.

- Du veit eg vil ha deg i live, Koll. Og eg veit ikkje kva Steinbjørn vil. Men han kan eg ikkje trasse. Om han kjem.

- Det var då svært så djup- og tungsindige karane var på ein vakker morgon.

Stemmen til Ranveig var fylt av ertande lått.

- Kristmenn trur på Kristi allmakt. Blotmenn trur på lagnaden. Så seier dei i alle fall. Men alltid legg dei råder om korleis dei skal trosse Krist-makta eller lagnaden. Mannfolk er nokre underlege skapningar. Det eg veit, er at enno er vi alle tre i live. Vidare veit eg at åbiten står på bordet nede i Fåne-stua, saman med ei god kanne øl. Eg tok fram av det beste ølet i dag. Eg veit ikkje om vi har fortent det,

men eg veit det er godt. Og eg veit det vil gjere meg godt. Eg trur det vil gjere dykk to tåpelege karar godt og. Kom no, elles drikk eg kanna tom aleine, og det vil ikkje gjere meg berre godt.

Bjørnulv kjente at han brått vart så tindrande glad. Han treiv Ranveig og hufsa ho opp på ryggen sin og sette på sprang nedetter vollane med ho. Ho kvein sin ei ungjente, sette knærne i sidene på han og hyppa han framover. Koll sette i ein stor latter og prøvde seg på ein liten gallopp, han og, men fekk det ikkje heilt til. Dei hadde alt munnen full av mat då han smilande bøygde seg inn døra. Bjørnulv tømte siste skvetten frå ølkanna i hornet sitt. Trugande løfta han kanna mot Ranveig.

- Kva er dette for noko, kvinne? Har du trolla med ølet? Aldri har ei ølkanne vore så udryg her i huset før. Du får hente ei ny, og om ho er like udryg som denne, så skal du sanneleg få stå til rette. Ranveig fall ned på kne og ba så tynt ho kunne, utan å breste i latter.

- Nåde, høgvørde herre, eg har ikkje gjort noko galt. Det er nok han Kristmannen og runkallen der som har kasta trolldom over ølet. Høgg du hovudet av han, skal eg ta det med og legge det i øltynna. Då blir nok ølet drygare.

Bjørnulv såg strengt på Ranveig og peika mot døra. Ho tokka seg i veg, lita og krokut. Så sette han auga i Koll.

- No får vi sjå kva som hender med neste ølkanna, om nokon skal miste hovudet.

Dei snaua fata seg i mellom. Bjørnulv halla seg attover og rapa høgt og velnøgd. Han makta ikkje å gjere noko med det då han kjente at tårene tok til å renne nedover langs nasen. Det rare var at det ikkje kjentest umannsleg då Ranveig stakk til han ein klut som han kunne tørke dei vekk med. Han tørka og tørka til det slutta å renne. Så snytte han seg kraftig, og kjente at han hadde det godt og



smilte mot begge dei to gamle.

- Her sit eg, trælen Bjore har vore, med føtene under eige bord og gret som ein unge og har det godt. Her sit eg saman med det beste trollkvinna og den likaste runkallen i heile norderlanda. Skal eg fortelle dykk kva som kjem for meg? Det kjem for meg at vi skal få mange gode år saman. For du Ranveig, du skal flytte hit og hente mange kanner øl enno. Begge skal de gjere ei lang reise saman med meg, før vi alle skal kvile i jorda. Og du, Koll, der du kjem frå, der er det grøne og bølgerande bøar, ikkje sant. Under desse bøane trur eg du ein gong skal få kvile, ikkje på ein forblåst kolle i Lofot.

I det same dundra det hardt på døra. Bjørnulv spratt opp og drog sverdet.

- Kven er det som dundrar så tungt på døra.

- Asgaut, tolvte.

- Eg trudde vi var vener som ikkje trong té oss slik.

- Eg er her i ærend for hovdingen på Borg.

- Ber fram ærendet ditt.

- Eg kjem for å hente Koll.

- Kva vil du han?

- Det er haugferd i dag.

- Døra er att. Det kjem ho til å vere til du hogg ho sund. Og då møter du sverdet mitt, om du ikkje brenn huset ned over meg. Koll hentar du berre over mitt lik, Asgaut.

- Hovdingen sa han trudde du ville ta det slik. Kan vi snakke om det, Bjørnulv?

- Berre snakk, du, men det hjelper deg lite.

- Kan eg komme inn og snakke?

- Stikk inn hovudet, du, så får eg ta det av. Er du først inne, veit både du og eg at eg ikkje kan stå meg mot sverdet ditt.

- Om eg legg sverdet igjen ute, får eg då komme inn?

Bjørnulv tagde lenge. Etter ei tid hørte han latter og nøgde rop utanfor huset. Han syntes og han hørte nokon som nemnte namnet Koll. Han hørte mennene dra seg bort frå døra. Forvirra kasta han eit blikk mot bordet. Der sat Ranveig einsam og tynte den siste dropen øl or kanna og opp i hornet sitt.

- Koll! Kor er Koll?

- Han gjekk.

- Gjekk? Eg sto og vakta døra.

Ranveig humra mens tunga fanga den siste ølfukta frå hornet.

- Fåne var ein lur rev. Han hadde ikkje berre ein utgang frå hiet sitt.

- Let du Koll gå?

- Var det ikkje du som såg for deg at Koll skulle kvile i sitt heimlands jord?

- Eg sa visst det.

- Men du trudde ikkje på det?

- Eg veit berre at dei har henta Koll som ein oksekalv på beite for å slakte han.

- Oksekalven veit ikkje kva han går til. Koll visste det, men han gjekk lell. Han valde sjøl. Han var fri då han gjorde det. Betyr ikkje det noko for deg, Bjore.

Bjørnulv trudde nesten ikkje sine eigne øyra. Kva slags rett hadde denne øslikkande gamle hekse til å sitte der og kalle han med trælenamn? Han kjente ein nesten uimotståeleg trong til å kaste seg over ho og klemme pusten ut av den tynne og skrukkete gamle halsen hennar. Han tok eit skritt mot bordet, men sansa seg og fræste ut:

- Hel ta deg, kjerringskinn.

Så snudde han og sprang som ein gal nedover mot naustet der Fåne låg sveipt. Han opna døra og snuste inn i naustet. Det var ingen likstank å kjenne. Han sokk ned ved sida av Fåne. Let hovudet søkke ned mot det kalde, daude brystet. Gjorde ikkje noko forsøk på å halde tilbake tårene som sprengte på. Gret så sårt som han ikkje hadde gjort sidan den gongen i utmarka på Fjell då han hadde prøvd nysverdet til Gaute.

Hikstande fall han i søvn der han sat. Han bråvakna av eit skrik ein stad. Lydde. Fann ut at

skriket måtte ha vore hans eige. Hørte at véret hadde slått om mens han sov. Vinden sjoa om naustveggane. Hørte nedbøren plaske kring seg. Syntes det høyrtes ut som regn eller svært våt sklette.

Han kjente ikkje at han orka å reise seg å gå ut og møte verda. Tok i staden til å småprate med Fåne. Aldri hadde Fåne vore så lett å prate med som no. Han var mjuk og varm i røysta og ga trøystande svar på alle spørsmål. Fortalte at han aldri hadde vore nokon gud si fulltrue, men at han nok, som dei fleste bønder og vikingar, hadde vendt seg oftast til Tor, men at han og hadde funne stor hugnad i å halde venskap med Njord. Det var som om Njord, som var hovding for dei eldre vane-gudane, var visare enn æsane. Men etter at han hadde slutta å segle i viking og leigde bort jorda til Tore Hjort, hadde både Tor og Njord vortne fjernare for han. I staden hadde han tatt til å dyrke venskap med Balder, og funne ut at Balder såg med stor vørndnad på Kvitekryst. Balder og Kvitekryst kunne nok ha vorte gode vener om ikkje Krist hadde vore så stri på at ingen andre gudar skulle ha noko å seie der han rådde. Odin hadde Fåne alltid frykta og halde seg lengst mogleg unna. Odin var ein som hovdingane fekk bale med, om dei så ville.

Då lo det borti naustkråa.

- Eg kunne tenke meg at vi kom dit, ja. Enkle menn vil ha enkle gudar. Det finst altfor mange enkle menn i norderlanda no for tida. Men eitt er eg glad for, Bjørnulv. Du har lært av meg å finne visdom hos dei daude, endå om eg støtt har funne at dei hengte er dei visaste.

Bjørnulv sprang opp. Det lo igjen.

- Nei, sit du berre. Denne gongen ser du meg ikkje. Du kan springe til Utgard om du vil. Likevel når du ikkje unna orda mine, om eg vil dei skal nå deg. Men du skal vite at eg er vorten i tvil. Eg veit ikkje om eg vil ha deg som fulltruen min. Eg har tatt til å grunne på om du er for veik. Kanskje er vi alt vortne for veike begge to. Kanskje har vi ikkje noko å hente hos kvarandre lenger. Det kjem ein konge saman med Kvitekryst. Kanskje skulle eg ha møtt dei lenger sør. Det kjem ein hovding og hentar Fåne snart. Hovdingen seier han er min fulltrue. Likevel skulle du ha vore der ute og talmast med han om trælen din. Men for den som ikkje er sterk nok, er det alt for freistande å lytte til daude menns visdom, mens andre avgjer liv og lagnad der ute. Høyr! No kjem dei og hentar Fåne. Og deg. Er du like letthenta som han?

Det lydte tunge steg og låge røyster på vegen ned mot naustet. Bjørnulv sto som fastfrosen. Ei nesten umerkande melding frå Fåne seig langsam inn:

- Stå...i...ro. Ver...like...lett...henta...som...eg. Det...er...til...det...be...s...te.

Mennene opna døra. Høgrehanda til Bjørnulv knytte seg som i krampe kring sverdhjaltet. Asgaut og Kjartan steig inn i brodden for fire andre huskarar frå Borg. Det var som flimra det ei tyngsle bort frå auga til Asgaut då han vart vår Bjørnulv.

- Nåh, der er du. Vi har leita etter deg over alt. Det er dags å legge Fåne i haug. Dei fleste er komne.

- Steinbjørn..?

- ...er ikkje komen. Men vi kan ikkje vente lenger.

- Er det ikkje han som skal velte hellene over grava?

- Når han ikkje er her, må du gjere det. Hovdingen vil snakke med deg. Han ba meg ta vare på sverdet ditt så lenge.

- Har hovdingen funne ut at Fåne var så viktig ein mann at han må ha to trælmar med seg i haugen, både Koll og Bjore?

To djupe smertefurer skar seg inn kring auga til Asgaut.

- Fåne åtte berre ein træl. Han heitte ikkje Bjore. Så vidt eg veit finst det ingen træl med det namnet verken på Borg eller Fånevolden.

- Det er så mykje eg ikkje veit, Asgaut. Men eg trudde skikken var slik at alle frie menn ber våpna sine når dei hauglegg ein odelsbonde og viking. Lær meg, Asgaut, om eg tar feil.

Asgaut såg ned, men Kjartan nikka

- Slik er det, Bjørnulv.

- Men for meg gjeld det ikkje? Eg skal stå der våpenlaus som ein træl som ventar på kniven? Han krev stor lydndad av mennene sine, Lofor-hovdingen. For stor kanskje. Kven av dykk ville gje frå

seg våpna sine og gå våpenlause til hauglegginga?

Bjørnulv augefór dei, ein etter ein. Ingen av dei møtte blikket hans.

- Lett..hen..ta, so..m e..g, mól det inni hovudet til Bjørnulv. - Truleg er du for veik, skratta det frå naustkråa. Utan å ha tenkt på det sto han med eitt der med det nakne sverdet i handa.

- Kom og ta sverdet mitt, Asgaut. Du kan det om du vil. Om du ikkje brått er blitt like redd for det som Tore Hjort tydelegvis er blitt. Kom no. De er seks. Eg er ein. Alle veit at eg ikkje er nokon stor sverdmann. Gjer det som hovdingen har sagt de skal gjere, eller la meg gå. Asgaut?

- Sver du at du skal gjere det hovdingen pålegg deg å gjere?

- Nei, det kan eg ikkje sverge.

- Du ba meg lære deg. Veit du ikkje at det er næraste skyldmannen

til den daude som skal hogge trælen som skal følge han. Eg trur Tore ville fritta deg frå det.

Bjørnulv drog opp ein skeiv smil og stakk sverdet i slira.

- Han er for god for denne verda, Lofor-hovdingen. Ta Fåne. La oss gå. Så får vi sjå kven som skal hogge kven, før dagen er omme.

Då dei kom fram såg Bjørnulv at både ferdanista og verktøyet var kome på plass i grava. Det forundra han at det sto ei sølvvekt på ein så framtrudande plass, til det gjekk opp for han at Fåne, som så mange vikingar, måtte ha vore ein stor handelsmann. Dei la båra med Fåne nedi grava og Asgaut plasserte eit skjold ved hovudenden og eit ved fotenden av båra. Tore Hjort plasserte sverdet, øksa og spydet ved sida hans, slik ein kvar hærmann ville ha våpna sine liggande mens han tok kvila si.

Den gamle, halte hesten til Fåne sto og såg sløvt nedi grava. Den forsøkte seg på eit vrinsk idet kniven til Kjartan gjekk inn i halsåra, men vrinsket køyvdest av blodspruten. Den var plassert slik at den datt nedi grav tett innved skjoldet som var plassert ved fotenden til båra som Fåne låg på. Gardshunden, også den gammal og nesten blind, forsøkte å slikke opp nokre dråpar av hestebloodet idet kniven til Kjartan snitta over halsen.

To av gardskarane på Borg førte Koll fram mot gravkanten. Koll fanga blikket til Bjørnulv og smilte. Bjørnulv drog sverdet opp av sliren og gjekk fram mot Koll. Med eit raskt snitt skar han over taua som batt hendene til Koll saman. Bjørnulv snudde seg mot Tore og kremta.

- Eg har sete i nauset i dag og snakka med Fåne. Han fortalde meg at han var den første herifrå som fór i viking og handelsferd i austerveg. Ved Bulgar fekk han sin første træl. Det var ei kvinne. Ho ga han fri i Miklagard. Seinare tok han aldri ein træl før Koll. Han fortalde meg at han samla på sølv - og gull, når det ein hende gong høvde slik, men træljar samla han aldri på, sa han. Han meinte at han også skulle greie seg godt i Valhall utan ein træl. Koll har oppgåver her i Lofot, oppgåver som enno ikkje er fullførte, fortalde han meg. Eg sit som far min sin åremann på garden etter Fåne. Eg meiner Fåne har gjeve meg i oppgåve å verge livet til Koll med sverdet mitt. Sverdet mitt rekk ikkje langt mot så mange gode menn som her er samla, om Lofor-hovdingen ber dei gå laus på meg. Men skulle eg falle her, så ber eg dykk om å la meg følge Fåne i haugen. Vi prata så godt saman, han og eg, i dag.

Det steig ei murring frå mennene kring grava. Bjørnulv såg at Tore Hjort svelgde og budde seg til å ta ordet. Han kom ikkje så langt før ein djup stemme skar gjennom uroa ved grava. Alle snudde seg mot den høge mannen som sto på ein knaus rett overfor dei. Synet fekk til og med Tore Hjort til å bleikne. Hosene var grøne så det skar i auga gjennom uveret. Trøya var skarlaksraud. Over det heile vifta ei kappe så blå som ein sommarhimmel. Over den høge panna og det grå håret sat ein hjelm der alle kunne sjå at det blenka i innlagte gulltrådar.

- Eg vil legge frenden min, Fåne, med heider i jorda i dag. Men eg har sagt til åremannen min at han har hand- og halsrett over alt som lever på garden eg har ervt etter Fåne. Gamal skikk seier at ingen stor-hovding kan endre det. Det er grunnen til at nokre av oss reiste hærrop og våpen då Ynglingeættling Harald kom nordover for å ta arven frå oss. Ætta mi kjempa då. Eg vil reise same kampen i dag, om nokon prøver seg på det same.

Auga til Bjørnulv sleit seg laus frå Steinbjørn og søkte seg mot Tore. Ansiktet til Tore Hjort var nesten like raudt som trøya til Steinbjørn. Det var tydeleg at Tore sleit for å finne ord. Truleg såg Steinbjørn det same, for han rette opp venstrehanda og gjorde eit teikn. Med eitt kom det ei tylft

menn til syne til venstre for han. Alle var skinnkledde og bar langboge med ei pil kvilande lett på bogestrengen.

- Skridfinnar, susa det gjennom manneklokken nede ved grava.

Steinbjørn gjorde eit nytt teikn og ei ny tylft menn dukka opp til høgre for han. Også dei hadde bogar med pil på strengen. I tillegg bar dei andre våpen. Nokre hadde sverd, andre spyd. Alle hadde dei tunge økser stukke inn under beltareima. Desse var ikkje skridfinnar, men norrøne menn inne frå Øgsfjorden.

Bjørnulf kjente blodet sjoa gjennom kroppen. Han fatta om akslene til Koll med venstreamen. Høgrehanda knytta seg om sverdhjaltet.

- Ho hadde rett, Ranveig, kviskra han. - Lagnaden avgjer meir enn Odin og Kvitekrist.

Koll berre smilte og kviskra:

- Enno er inkje avgjort.

I det same let det i luren oppe frå utkiken på Borg. Den mørke skapningen der opp viste med armen utover fjorden. Der kom det ein båt lensande. Han segla som hadde han Hel i hælane. Med det véret som no rasa, skulle han ha hatt minst to klør sett. Men båten kom for fulle segl. Dei som hadde best syn fortalde seinare at det vatnet han tok inn framme segla han ut igjen atte.

Det var Helga som først reiste ropet.

- Det er Bodvar! Det er nytt om Tryggvasonen!

Med eitt var heile gravfølget i sprang ned mot støa. Berre Tore Hjort, Asgaut og Kjartan var ståande igjen ved grava, saman med Bjørnulf og Koll. Steinbjørn og følget hans trekte sakte nedover. Steinbjørn steig roleg fram mot Tore, og fall på kne framfor han.

- Lofothovding, pusta han. Det skjer store saker i verda. Eg står til di teneste. Men først må vi lukke grava over frenden vår. Eg er ikkje framand for ein spade. Tar du ein, du og?

Tore rekte ut ei hand og la den på aksla til Steinbjørn.

- Reis deg, Steinbjørn Bjørnulfsson. Eg tar med takk imot truskapen din. Det er lenge sidan eg har handtert ein spade, men det går nok. Velt hellene over grava og lukk ho. Etterpå skal vi møte større oppgåver saman.

Steinbjørn rista sakte på hovudet.

- Skikken seier vel at det er eg som skal velte hellene og lukke grava, men eg trur at både stoda og Fåne vil noko anna.

- Åremann! Lukk grava!

- Det gjekk ei tid før Bjørnulf forsto kva det var far hans hadde meint. Så sette han ryggen mot den første hella og skulle til å velte den over grava. Då kom han brått på noko, retta seg opp og skar ansikt som av smerte.

- Det vart så vondt. Eg trur eg treng hjelp. Bra at eg har ein træl her.

Han smilte mot Koll og gledde seg over at Steinbjørn delte smilet hjarteleg med han. Litt vondskapsfullt kjente han at det ikkje var noko skår i gleda at Tore tydelegvis kjempa for å halde maska då Bjørnulf og Koll i fellesskap brukte ryggen til å velte hellene over grava.

Asgaut, Kjartan og dei fire andre bæreberarane hadde latt seg rive med av folkemugen i spranget mot støa. No kom dei tuslande tilbake og hjelpte til å skuffe jord over grava til Fåne. Koll og Bjørnulf smilte til kvarandre i ei felles oppleving av tevlinga mellom dei to hovdingane om kven som var den beste til å spa jord på grava. Tore var yngst, men Steinbjørn hadde mange års fattigdom og hardt arbeid bak seg. Det kunne sjå ut som om Steinbjørn heldt seg litt tilbake for ikkje å knekke den yngre Lofor-hovdingen heilt.

Bodvar sat enno på aktertøfta då dei kom ned i støa. Han sleika seg om munnen og sette den tome ølkanna på tøfta ved sida av seg og bøygde seg høvisk for Tore.

- Det hastar, hovding. Tryggvasonen er på veg nordover. Hårek treng hjelp til å møte han. Raud har fått bod. Vi når ikkje nord til Trondarnes. Og Sigurd, han sit i ro. Du, Raud og Hårek må møte han. Vi må segle snart. Tenn båla i gildehallen. Vi må blote for siger.

Mennene sat kring bordet og rødde. Mest var det Bodvar som hadde ordet og fortalde om stoda langs kysten sørover.

- Det brenn veter og flyg hærpil over heile Trøndelag no. Olav Tryggvason har brunne hovet på Lade. Det kan ikkje bøndene i Trøndelagen finne seg i. Hårek på Tjøtta har fått bod frå frendane sine i Namdalen og Innherad. Frå Tjøtta og Torgar rustar dei ut fem skip no. Raud den Rame meiner han kan mønstre fem skip frå Salten på kort tid. Får vi med oss Øyvind Kinnriva frå Vesterålen, skulle vi kunne mønstre åtte skip frå Lofot, Vågar og Vesterålen. Då han vi segle mot Luva-ættlingen med atten skip. Han har truleg ikkje meir enn tolv, og ingen av dei kan i storleik måle seg med "Ormen" til Raud og din "Gullveng". Berre så synd at Erling Skjalgsson og Olav sit i så stort venskap og mågskap. Då får vi heller ikkje med oss Sigurd frå Trondarnes, for mågskapen si skyld. Saman med dei to kunne vi ha jaga Tryggvasonen av landet ein gong for alle.

Kalv Kvite kom ridande til Borg same kvelden i brodden for ei halvtlyft at huskarane sine. Han vart ikkje verande lenge. Ville berre fortelle at han hadde sjøsett "Svana" og at han rekna med at han, saman med grannane sine skulle greie å manne og utruste skipet. Han ville berre at Tore Hjort skulle vite det, så han ikkje kravde dobbel leidang av folket i Li-grenda.

- Det vil eg og at du skal vite, Tore Hjort, sa han, - at eg seglar ikkje under ditt merke mot kongen fordi eg vil inn i varmen på Borg. Vener blir vi aldri, du og eg, Tore. Men eg hatar Kvitekrist mykje meir enn eg hatar deg. Du skal vite at du har ikkje trugnare mann i følget ditt enn eg, denne gongen.

Dagen etter kom dei rekande frå smågardane kringom. Ikkje alle var like godt væpna, men det fanst våpen på Borg så dei kom etterkvart til å sjå ut som ein hær, dei som fann romma sine i dei to skipa til Tore. Nokre av dei fylte dei tome romma i "Gåsa" til Steinbjørn. Berre nokre få av skridfinnane hadde funne seg plass ombord. Dei andre hadde kvorve i skinnbåtane sine.

Fram mot kvelden kom to velbudde skip slørande inn i pollen. Det var "Huge" frå Hov og "Skarven" frå Ægheim. Det vekte litt oppsikt at det var Svart som sto i løftingen på "Skarven". Svart sjøl gliste så det såg ut som om halve ansiktet hans var gjort av tenner.

- Det hadde du aldri trudd, Tore, at eg skulle bli ein av styrmennene dine i strid. Hagbard ligg overende med ein vond fot og kan ikkje anna enn å påkalle alle jotnane i Utgard til kamp mot Olav og Kvitekrist. Han fekk oss til å surre seg til styreåra, men straks vi møtte første tungsjøen vart det så vondt at han svimte av. Då snudde vi og bar han til koven. Eg tør ikkje tenke på kva dei stakkars kvinnfolka no lærer av nye ord. Etter at vi hadde bore Hagbard på land, valte mannskapet meg til styrmann, men eg skal love deg, Tore, at eg ikkje skal bli vond på deg om du set ein annan i plassen min.

Tore svara med eit nesten like stort glis.

- Vi får sjå, Svart, vi får sjå. Viser du deg udugeleg og blir liggande for langt etter sørover, så skal vi vel finne ein annan til å ta hand om styreåra.

Tidleg neste morgon segla dei seks skipa sørover. "Gullveng" og "Terna" segla først. Tore Hjort førte sjøl "Gullveng" med Asgaut som stavnbu, mens Bodvar sto i løftingen på "Terna" og hadde Kjartan som stavnbu. Frå mastetoppen ombord på dei to skipa vaia merket med den svarte borgen på grøn botn. Det var det same merket som flagra øvst i masta på dei andre skipa og, men under bar dei sine egne merke. "Gåsa" førte ei sølvfarga kvann på grøn botn. "Svana" hadde fått eit nytt merke: Ein sølvfarga oksekalf på grøn botn. Hovætta si svarte ørn kvilte vengene på ei raud bakgrunn i masta på "Huge". I masta til "Skarven" leika ei svart nise på blå botn.

Bjørnulv hadde snakka med far sin om å mønstre på "Gåsa", men Steinbjørn hadde ikkje vore særleg mota på det.

- Eg trur Tore gjerne vil ha deg ombord på "Gullveng". Han meiner at han treng dei beste skyttarane i sitt eige bakrom. Eg er samd med han i det. Ingen av oss treng tvile på kva for eit skip Olav vil søke seg inn til når det kjem til strid. Det er heller ikkje uviktig for meg at det er lettare for deg å vinne heider og fagnad under auga til hovdingen enn det vil vere i bakrommet til far din. Dette blir første striden din, Bjørnulv. Mitt råd er at du tér deg tappert, men varleg. Eg skulle

gjærne sjå deg som stavnbu ombord i "Gåsa" ein dag.

Slik hadde det seg at Bjørnulv og Tore Hund delte sete i bakrommet på "Gullveng". Tore prata som ein foss og la ut om korleis han skulle rette pilene sine mot kongen. Litt trollkunnig kunne han fortelle at han var, så han meinte han skulle greie å styre pilene sine mot dei mest ubeskytta delane av kroppen til Krist-kongen.

- Han har nok verna seg med Krist-seid før han fær til møte med hæløygane, men eg trur knappast at Krist-seiden står seg mot det eg har lært hos skridfinnane. Denne gongen skal vi lære kongen og Krist-pakket hans ei lekse dei seint skal glømme.

Bjørnulv berre nikka og smilte. Meir skulle det ikkje til for å halde ordstraumen frå Tore ved lag. Dei var ikkje komne langt ut på Vestfjorden før det gjekk rop mellom båtane. Straks var alle vår dei fem skipa som stakk ut frå Raftsundet og tok til å stange mot dønningane i Vestfjorden. Skarlaksseglet og det gullpryda drakehovudet på det første skipet glitra i sola og fortalde at her kom den rike Øyvind Kinnriva seglande med følget sitt. Dei tok rev i segla og eit godt bel før dei nådde Godøya hadde vesterålingane tatt dei igjen.

Ved Godøya låg Raud og venta. "Ormen" var nesten like rikt pryda som "Stjerna" til Øyvind. Begge hadde ord på seg for å like å vise fram rikdomen sin. Både skipa og klesdrakten fortalde at her var det menn som hadde råd til å bere rikdom med seg i ufred. Tore Hund kunne ikkje dy seg å kome med spitorde om dei to hovdingane. Sjøl var han ikkje van med, frå Bjarkøya og Trondarnes, at det vart bragla med rikdom når ein gjekk i strid. Der vara dei seg for å la kostbare eignelutar gå til tap og spille. Skikken var ikkje slik på Borg heller. Tore Hjort såg ut som ein simpel bonde ved sida av dei to brikjande hovdingane då dei gjekk i land på Godøya for å samrå seg om korleis felttoget mot Olav Tryggvason skulle leggest opp.

Det vart slik ein kunne vente. Dersom dei møtte kongen før dei fekk kontakt med Hårek, skulle Tore legge seg inn mot kongeskipet i midten, mens Raud skulle dekke høgre fløy og vere den første til å tette hola i Tore si fylking, dersom kongen fekk overtaket. Øyvind skulle dekke venstre fløy og gå til åtak der han meinte han kunne gjere mest skade. Om kongen ikkje hadde fleire enn tolv skip, skulle Øyvind sine skip ikkje bindast saman, men kvar styrmann skulle legge til strid der han fann det mest naudsynt.

Tore Hund drog opp ein skeiv flir då han hørte om planane.

- Ja, det kunne ein vel vente. Lofotværingane skal vere åtet i fella, og så skal dei andre hauste skinn slik det høver. Vi får håpe at vi møter Hårek før vi møter Olav. Den gamle ølvomma frå Tjøtta vil sikkert kreve å overta som åte. Det er det mest ærerike og det hastar for han. Han er gamal vorten, og kan døy på sotteseng kva dag som helst. Kanskje er det siste sjansen hans til å døy for spydodd eller sverdegg og få seg ein plass i Valhall. Den gamle hornsvingaren vil truleg trivast dårleg i Hel sine dørke hallar.

Tore Hund og Bjørnulv fekk mangt eit høve til å samtale sørover leia. Ikkje ein einaste dag trong dei slite over årene. Heile tida hadde dei god bør, og ingen kravde mykje innsats frå bakromkarane.

Tore var heile tida oppi under over kor lite Bjørnulv visste. Som son på eit viktig hovdingsete hadde han fullt innsyn i det som rørte seg mellom kysthovdingane og noko mellom innlandshovdingane og. Rett nok var det slik at Sigurd ikkje var så overlag glad i å fortelle sin yngre bror om alt han fekk vite, men mor deira var ei kvinne som ikkje let seg stenge ut frå det som var å vite, og ho sytte for at også yngste sonen hadde tilgang til kunnskapen.

Det var ingen grunn for tevling mellom Bjørnulv og Tore på denne turen. Dei var begge jamkarar i bakrommet. Begge var forvitne og ville eigne til seg den kunnskapen som den andre hadde. Trælen frå Fjell og hovdingsonen frå Trondarnes hadde eit hav av kunnskap å byte med kvarandre.

- Men eg forstår ikkje heilt korfor bror din sit heime på Trondarnes mens vi fær mot Olav, undra Bjørnulv. - Bror din er då ingen Kristmann, og det er då aka grunn til å tru at Olav vil kviste makta til bror din og, om han vinn fram med kristningsverket sitt.

- Bror min bryr seg ikkje mykje om gudane. Jaudå, han held store blot og ber folk til gilde, men eigentleg er det berre eitt han trur på, og det er sølvet. Går han til kamp mot Olav og taper, så ryk både gardane og sølvet. No ser han tida an og skyldar på mågskap. Om Olav vinn, så feirar han

gjerne Krist-messe før sølvet si skyld. Blot eller messe, det er det same for han. Truleg ser han ein føremon i om Olav vinn. Då kan han bli lendmann og få finneferda aleine, om Hårek er på taparsida.

- Denne mågskapen, korleis er det med den?

- Det har seg slik at kona til Sigurd, Sigrid, er søster til storhersen på Sola, Erling Skjalgsson. Erling på si side er gift med Åstrid, søster til Olav.

Tore humra litt.

- Det sat langt inne, det giftarmålet mellom Åstrid og Erling. Erling er ein byrg mann, og ville ikkje la Olav gje seg jarlenamn. Støtt hadde frendane hans hatt hersenamn, sa han. Og sjøl ville han ikkje ha likare namn enn før-frendane sine. Åstrid syntes det var leit at ho som var kongsdotter og kongssøster skulle gifte seg med ein som berre sat der som herse på Sola. Ho var ikkje vond å sjå på og hadde eit stort heimanfølge, så ho såg nok for seg at det ein dag skulle komme eit friarmål frå ein kongsson. Ho var nok ikkje framand for tanken om å sitte som dronning ein dag, Åstrid. Ho hadde gode brikkar på brettet, Åstrid, for Olav hadde sagt at ho skulle sjøl få rå for giftarmålet sitt. Ho endra meining då Olav let slå i hel beste jaktfalken hennar og sende den ribba til ho. Som betaling for giftarmålet let Erling og alle frendane hans seg kristne. Slik har det seg at det sit ei kristen kone på Trondarnes. Ho tel nok Sigurd frå å fare mot Olav, og Sigurd er glad for det, trur eg.

Segla kvilte aldri på turen sørover. Det var lyst nok til å segle både dag og natt, og dei nådde Tjøtta utan å ha sett noko til Krist-kongen sine båtar. Fleire gongar under vegs sette dei folk i land for å njosne nytt, men ingen hadde høyrte eller sett noko til framande skip på tur nordover. Mennene tok til å trøyttast på goddagane då dei segla inn til Tjøtta der fem velbudde skip låg og venta på dei.

Bjørnulv hadde høyrte mangt eit gjetord om denne Ynglingeættling og sonen til Øyvind Skaldespelar som hadde bygd seg opp frå småmann til einherskar på Tjøtta og den mest værde mannen i heile Hålogaland. Rett nok hadde Tore Hund berre spitord å komme med om denne storhovdingen, men det hadde Tore om dei fleste hovdingane.

- Ver varsam om du skulle komme under auga til Hårek, flein Tore. Du har ein bra boge. Ikkje la Hårek få sjå den på nært hald. Då vil han ha den - som gåve. Hårek har det laget at han får det meste han vil ha - som gåve. Dei som ikkje ville gje han gardane sine på Tjøtta - som gåve eller til ein overlag billig pris, dei har etterpå vist ein underleg hang til å vandre til Valhall eller Hel. Og gardane deira, dei sit Hårek med no. Det blir og sagt at det var ein mann på Tjøtta som hadde den beste ringbrynja som nokon gong var laga i Hålogaland. Det beit ikkje våpen på ho, sa dei. Den brynja eig Hårek no. Berre så synd at ho er for lita for han.

- Han er ein stor mann, Hårek?

Tore gaplo.

- Du får sjå, du får sjå.

Hårek var stor, den eine vegen. I høgde var han mindre enn folk flest. Skallen var blank, og det hang nokre pistrete grå hår kring øyra hans. Men i breidde og i livmål var det ikkje mange som kunne tevla med han. Han tedde seg som om alle var trælane hans. Bjørnulv kunne sjå at både Raud den Rame og Tore Hjort likte det kleint, men Øyvind Kinnriva gjorde alt han kunne for å halde seg til vens med den feite Tjøtta-hovdingen. Steinbjørn sørga alltid for å halde avstand til Hårek.

Det var sjølsagt at frå Tjøtta og sørover skulle Hårek segle i brodden. Øyvind Kinnriva skulle støtte opp under Hårek når dei møtte Olav. Raud og Tore fekk dekke kvar sin flanke.

Bjørnulv og Tore Hund kom til å overhøyre ei ordveksling mellom Steinbjørn og Tore Hjort. Steinbjørn let falle nokre beiske ord om at Hårek nok var ein betre skald enn Tore Hjort.

- Men i strid ville eg heller ha hatt deg som leiar enn Hårek, sukka Steinbjørn.

Tore Hjort såg på han og smilte.

- Du skal ha takk for det, Steinbjørn. Men du veit korleis Hårek er. No gjeld det å halde saman mot Olav. Når vi møter Olav får vi nok legge oss fremst i fylkinga, både du og eg. I godver er Hårek flink til å segle føre, men når det røyner på, blir det nok vi lofotværingar, vågaværingar og

hinnaværingar som får ta støyten, endå om vi veit at det er Hårek som får skaldekvada. Vår lagnad, Steinbjørn, er å røyne bardagen utan å få kvad etter oss.

Dei frå lengst nord tok til å bli kei av aka denne seglinga. Heldigvis var børa god, så dei trong aldri ta etter årene. Tore Hund mumla noko om at mennene kunne ha hatt godt av ei økt over årene. Det ville ha sløkt hugen til å vende nordover til kjerringvarmen og sengehalmen, meinte han.

Utanfor Namdalen støyte dei på eit par mindre skip som låg og venta på kongen. Dei visste sikkert at han var på veg nordover for å kristne, sa dei, og slo seg i lag med båtane nordfrå for å møte kongen.

Dei segla forbi Namdalen og Innherad, og mennene tok til å prate høgt om at dei trudde ryktet om Olav si ferd nordover var berre tullprat og at no var det på tide å vende heimover. Det var arbeid som venta på gardane, sa dei. Hovdingane måtte gjere seg morske for ikkje å få mennene alt for mykje mot seg.

Det var tidleg ein morgon dei runda Kvaløya og såg sørover mot Hasvågøya og Småværet. Vinden hadde vore ørlite kontrari heile natta, men dei hadde makta å krysse seg framover utan å ty til årene.

Ein flåte på tolv skip låg for kurs vest-nordvestover frå Oksbåsen. Det steig eit rop frå heile Håløyg-flåten. Mennene greip sverda og slo dei mot skjolda for å egse seg opp til strid. Ingen var i tvil om at skipa til Olav Tryggvason som kom dei i møte. Dei brølte på Odin, Tor, Njord og Ull og svor på at no skulle Krist-kongen jagast av landet ein gong for alle.

Skipa til kongen drog seg endå høgare opp mot vinden. Det var klårt at dei hadde sett skipa som kom stemnande nordfrå. Segla på kongeskipa tok til å blafre, så høgt gjekk dei opp mot vinden. Som ein mann gjennomførte halskarane sin manøver, alle skipa stagvendte på likt og la seg på kurs vest-sørvestover.

- Dei rømer, var det ein som skreik.
- Dei seglar mot Vesterhavs-øyene, skreik ein annan.
- Dei rømer landet, kauka ein tredje.
- Kongen tør ikkje møte oss, hoia ein fjerde.

Mennene slo på skjolda og heldt eit svare liv, sikre på at dei hadde skremt kongen vestover mot storhavet.

Bjørnulv la merke til at Tore Hund fomla innanfor kufta si og drog fram ei pil. Han heldt pila ei stund og mumla noko før han sendte den etter flåten til kongen. Bjørnulv såg aldri kor pila tok vatnet.

Dei andre mennene i bakrommet slo opp ein hjarteleg latter. Dei forsøkte å overgå kvarandre i å kome med spitorde mot ynglingen som trudde han kunne skyte ei pil over halve verda. Den einaste som ikkje lo var Tore Hjort. Han kalla Tore Hund bort til seg og var morsk i målet då han spurte om kva dette var for galskap.

- Eg kan ikkje minnest at eg ga ordre til at nokon skulle skyte. Vi har ikkje for vane å kaste bort gode piler på Borg. Når du seglar med meg, høyrer du kva eg har og seie og gjer det, ikkje noko anna.

Tore Hund såg frimodig på sin eldre namnebror.

- Nei, det er rett at du ikkje ga nokon ordre. Men pila var mi, den. Eg tenker eg kan skyte mine eigne piler kor eg vil. Mennene har fått seg ein god latter. Berre det tenker eg var god nok grunn til å skyte. Du er hovding, Tore. Du skulle vite at dei har brukt mange dagar til å bygge seg opp til strid mot Olav. Når det ikkje vart strid, kan ein god latter vere bra å sette i staden. Men eg er ikkje nokon narr. Derfor skaut eg ikkje pila for å kalle på latteren. Den pila eg skaut, den kjem til å følge Olav Tryggvason så lenge han lever, og den kjem ikkje til å gjere han mykje godt. Du og dei andre hovdingane, Tore, har jaga Olav og minka æra hans. Det er bra nok det, men pila mi, den har gjort han mykje meir mein.

Dei to namnebrørne såg lenge og hardt på kvarandre. Tore Hjort var den første til å bryte augekontakten. Han spytta over ripa og sa håst:

- Så, du er ein seidmann så ung du er. Er det vanleg mannsferd å seide der nord på Trondarnes? Tore Hund smilte, ein smil det var tydeleg at Tore Hjort kleint likte.



- Nei. På Trondarnes er det lite seid. Seid og Sigurd går ikkje godt i hop. På Bjarkøy derimot... Tar eg ikkje mykje feil, så er vi Odin sine fulltrue, både du og eg. Då skulle ingen av oss vere framand for seid. Men om det er vanskeleg for deg, så får du heller freiste å tenke på pila mi som morskap for mannskapet. I alle fall trur eg ikkje at pila mi har øydelagt noko for deg. Eg vil tru tvert imot. Ho ligg i havet no. Det skal ikkje gå så mange år før ho råkar Olav, om han då ikkje maktar å tyne dei gamle gudane heilt. Men det trur eg ikkje han greier. Ikkje han.

Det roa seg ned på Borg. Berre vakthaldet var enno meir skjerpaa enn det hadde vore. Dagane gjekk med det vanlege arbeidet og dei vanlege våpenøvingane. Tore og Bjørnulv vart einige om at det ville vere uklokt av Bjørnulv å ta tilbake jorda dette året. Men Bjørnulv skulle ikkje vere nokon vanleg huskar lenger, men gå rundt på Borg saman med Tore og lære seg gardsdrift, slik at han neste vår kunne skaffe seg eigne dyr og ta opp igjen gardsdrifta på Fånevolden. Steinbjørn hadde også, før han reiste heim igjen til Kjos, ymta noko om at han meinte det ville vere beste måten å gjere det på.

For Bjørnulv vart dagane lange. Tore var frå tidleg morgon til sein kveld ikring på garden og hadde eit auge på og eit ord til alt som skjedde. Bjørnulv trakka trufast i hælane på han og lærte kvar dag meir om å styre folk, meir med ord enn med harde åtgjerder. Eit rosande ord frå Tore fekk folk til å gjere meir enn slag frå mang ein annan. Men Tore veik heller ikkje tilbake for å ta til piskan eller tampen om han fann at det var grunn for det.

Når kvelden kom og gardskarane og trælane gjekk til kvile, sat Koll og Bjørnulv saman. Kvar kveld var det ei ny rune eller ein ny stav som skulle lærast. Etter kvart tok han også til å stave seg fram i boka til Koll, på det framande språket som Koll kalla latin. Etter ei tid hadde Bjørnulv lært seg dei viktigaste bønene, og kunne krote dei ned på trefjølene som Koll hadde liggande klar når kveldseta tok til.

Ein kveld dei sat over boka og fjølene vart Koll fjern i blikket og svara ikkje når Bjørnulv spurte han. Til slutt måtte Bjørnulv ruske i han for å få kontakt.

- Koll, kva er det? Er det noko galt med deg?

Koll berre rista på hovudet og såg undrande på Bjørnulv.

- Nei, det var berre noko som kom for meg. Eg såg deg på ei grøn eng, heime i mitt eige land, i Irlandet. Hugsar du kva du sa før hauglegginga til Fåne? Det om at du meinte eg skulle kvile i Irlandets jord? Det er utruleg, men kan hende hadde du rett. Kanhende kjem vi begge til å fare til Irlandet ein gong. Då vore det godt for deg om du kunne tale irane sitt mål. Enno har eg vel ikkje glømt mi eiga tunge. Kanhende skulle eg lære deg det.

Ranveig, som alltid sat saman med dei om kveldane, bles.

- Kor mykje trur du det er mogleg å stappe inn i det stakkars hovudet til guten. Ein og annan gongen må han vel sove, han også.

Koll såg mildt og ertande på ho.

- Eg kan ikkje stappe inn i hovudet hans noko som ikkje alt er i mitt. Trur du at hans hovud er så mykje kleinare enn mitt? Dessutan, Ranveig, har eg den trua at det er ganske mykje i ditt hovud også. Noko av det er godt, men eg trur at Krist vil meine at det meste er galt. Men korsom er, det er plass for mykje i eit menneskehovud, både av godt og galt, om ein sjøl vil.

- Dette Kristpreiket ditt, fnyste Ranveig, - det øydelegg guten. Han er gammal nok til å få seg ei kvinne til å dele koven med, så han fekk anna å tenke på enn preiket ditt.

- Kanhende har vi kvar sine oppgåver, Ranveig, lo Koll. Skaff du han ei kvinne, så skal eg gje han kunnskap. Elles kan eg godt lære deg og iremålet, om du ikkje er for gammal og støl i hovudet til det.

Ranveig vrengde auga og himla mot Bjørnulv.

- Du skulle ha lagt han i haugen til Fåne, Bjørnulv. Han tar til å bli gammal og tosket, denne trælen din. Ikkje eingong Skafta på Li snakkar iremål, endå så drukken han jamt er. Ikkje det at eg har så mange ord ubytta med han, føydde ho til.

- Kanhende kjem du til å reise til Irlandet, du også, Ranveig, smilte Bjørnulv. - Sit saman med oss. Kanhende dryp det inn eit og anna ordet i den gamle hjernekeista di og.

Ranveig snøste igjen. Det glimta ertande i auga hennar og så rann det ut av ho:

- Júdica me, Deus, et discérne causam meam de gente non sancta: ab hómine iniquo, et dolóso éru me. Det er utlagt: Å Gud, stø saka mi. Gje meg støtte mot ein rase som ikkje kjenner nåde, frels meg frå ein svikefull og grusam fiende.

Det var ei av dei latinske bønene Bjørnulv hadde streva med dei siste kveldane.

Både Koll og Bjørnulv såg storøygde på ho.

Ranveig snudde seg mot åren og grov i glørne.

- Jaja. Det dryp no inn eit og anna i ei gammal hjernekeste og. Men når det gjeld kvinne til koven, Bjørnulv, så skal du tenke på om det er frille eller frue du vil ha. Det kan vel hende at gamle Ranveig kan hjelpe deg med begge delar, alt etter kva du ønsker.

Han fekk av og til ein skimt av Gyda når han gjekk omkring saman med Tore oppe på Borg. Det hendte ho hasta ein smil til han. Då heldt hjartet hans på å sprengje seg ut av kofta. Men det var ikkje så ofte det hendte, for oftast var ho

på Hol hos Helga som gjekk barndiger.

Ein kveld var Bjørnulv sær s uansen over stavane. Det enda med at Koll sukka og la bort fjølene.

- Hugen din er ikkje her i kveld, Bjørnulv. Det gagnar lite å halde fram. Eg undrar på om det er kvinnesorger som rir deg. Kanhende du skulle ta ein prat med karen, Ranveig.

Ranveig snøste som ho pla.

- Eg er no her støtt. Vil gutkvelpen prate med meg, så veit han kor han finn meg. Men vil han ruge over kvinnesorgene uhjelpt, så blir det hans sak. Åsa frå Ullstad går der oppe på Borg, kåt som ei kjette, og brenn i blikket berre ho ser kofteryggen hans. Ho flytta gjerne til Fånevolden som frille, om så i denne kveld, dersom han ga ho eit vink. Ho kunne du kanskje lære iremålet, Koll. Dei seier ho har både den fagre barmen og det raude håret etter ei formor borte frå Irlandet. Det var visstnok ein av langferdene til Hagbard som hadde rappa med seg ei irekvinne som såg slik ut. Jaja, vil ikkje gutkvelpen ha den faste stjerten hennar under hendene sin, så får det no bli hans sak. Ho går no der og fuktar skrittet sitt i lengt etter han.

Koll løfta på ølkanna og rista på ho. Han la kanna opp mot øyra og rista ho ein gong til.

- Det skvalpar ikkje i ølkanna. Eg trur ho må vere tom. Har nokon imot at eg hentar ei kanne til?

Koll drog på akslene då ingen svara, greip kanna og rusla mot døra.

Ikkje før var Koll ute av døra før Bjørnulv kasta seg på kne framfor Ranveig og la hovudet i fanget hennar.

- Ranveig... Gyda... Trur du at eg kunne..? Trur du at ho ville..? Dersom eg ba ho...

Ranveig strauk han vart over håret.

- Bjørnulv, Bjørnulv, det er ikkje lenger noko stor ære å vere dotter til Skafta på Li. Og du er ikkje nokon småmann no for tida. Far din sit med hovdingemakt inni Øgsfjorden igjen. Du er åremannen hans på Fånevolden. Du kan be om nesten kven du vil, og få ho. Gyda har villa hatt deg sidan første gong ho såg deg. Ho kjem gjerne til Fånevolden som husfrue den dagen ho har gjort skyldnaden sin mot Helga. Men den skyldnaden må ho gjere. Først skal det fødast og nærast ein unge der nede på Hol. Derfor trur eg knappast det kan drikkast bryllaup på Fånevolden før neste haust. I mellomtida treng du Åsa. Skal eg hente ho i morgon?

- Jamen, Gyda, kva vil ho tenke..?

- Gyda veit, som alle kvinner til alle tider, at mannfolka treng nokon å leike seg med mens dei ventar. Og kanskje kan du lære noko hos Åsa som kjem Gyda til bate når hennar tid kjem. Du vart ikkje fullært etter eit par netter med Ullfrid i jula

Kroppen til Bjørnulv stramma seg til med det same ho nemnte Ullfrid.

- Jaja, så snakkar vi ikkje meir om det. Eg hentar Åsa i morgon. Eg trur nok Tore går med på det. Han er ein klok mann. Han har nok merka korleis kroppen din brenn.

Ranveig og Åsa sat ved åren då Bjørnulv kom heim kvelden etter. Bjørnulv såg seg spørrande kring i romet.

- Kor er Koll?

- Ranveig skratta.

- Eg trur han tenkte at hugen din ikkje sto til stavar i kveld, i alle fall ikkje bok-stavar. Han nyttar

nok høvet til å freiste frelse ein trælestakkar. Han har forsømt seg skammeleg på det området ei tid no, veit du. Men hels no vakkert på Åsa. Ho skal bu her ei tid framover. Du blir nok kjent med ho etter kvart.

Bjørnulv bøygde seg keiveleg og stotra:

- Velkomen til Fånevolden, Åsa.

- Jaja, Bjørnulv, snøste Ranveig, - du treng no ikkje bøye deg så djupt for eit tyende. Set no fram mat og drikke til husbonden din, Åsa. Han treng noko å styrke seg på - først.

Med nedslått blick reise Åsa seg og sete fram kveldsverden. Bjørnulv såg at Ranveig ikkje hadde overdrive. Barmen var full og fager og enden stramma seg vakkert under skjørtet mens ho pusla med maten. Det raude håret låg som eld og gneistar kring hovudet hennar. Han hadde eit vagt minne om at han hadde sett ho i eldhuset på Borg ein dag, men forsto ikkje at han ikkje hadde lagt betre merke til ho. For ho var verd å legge merke til, tøtta frå Ullstad.

Bjørnulv åt lenge før han sansa seg. Han såg på dei to kvinnene.

- Enn de, då? Har de ete? Skal ikkje de ha noko?

Ranveig geispa stort.

- Aaaaah! Det er seint for ei gammalt kjerringskinn. Nei, eg har ete det eg skal i dag. Eg har noko eg må sjå etter i eldhuset før eg legg meg. Du får by Åsa ein matbit, om ho vil ha.

Dei såg litt sky på kvarandre etter at Ranveig var gått. Bjørnulv skuva fata med brød og kjøtt bort til ho. Ho braut seg ein brødbit og plukka seg ein kjøtmole.

- Du skal bu her på Fånevolden no framover?

- Ranveig sa det. Om du ikkje har noko imot det?

- Dei sa ikkje noko oppe på Borg, om at...om at du ikkje fekk flytte?

Ho rista på hovudet.

- Dei sa at det ville bli godt for deg om eg kom hit. Vil det bli godt for deg?

Bjørnulv smilte prøvande.

- Eg trur det.

Ho la handa si mjukt over kjaken hans og klødde han vart bakom det høgre øyra, som var han ein katt. Han tok handa hennar og kyste ho inne i handloven.

- Eg trur det. Du får vise meg at eg ikkje tar feil.

Kleda glei av ho, lett som om kroppen hennar var smurt med olje. Barmen duva som i ein bris. Ho var mjuk. Ho var varm. Og enden var spenstig under hendene hans. Kleda hans fall som haustlauv under hendene hennar. Han visste ikkje om det var han som førte ho eller ho som førte han til koven. Han sokk djupt inni ho og visste at det var ikkje bok-stavar denne kvelden var vigg til.

- Men eg må ikkje gløemme at Koll har meir visdom og lærdom eg skal eigne til meg, mumla han til seg sjøl før han fall inn i søvnen.

Koll var litt overgjeven over Bjørnulv i tida som følgde. Det leid sjeldan langt på kvelden før Bjørnulv tok til å geispe og leite seg veg til koven. Det gjekk trått for Bjørnulv å lære seg dei tungebrenkande orda i iremålet, og Koll mumla noko om at det var godt og vist at Krist hadde sett forbod mot at lærde klostermenn skulle ha noko med kvinner å gjere. Det var tider då han meinte at kvinner var dei som mest motarbeidde Kristi verk på jorda.

Men så kom det dagar då Åsa mest ikkje var til å vere i hus med. Ho fræste berre Bjørnulv kom nær ho, og hadde stadige turar til eldhuset. Om natta hadde ho serk på seg og snudde ryggen avvisande til Bjørnulv.

Desse dagane smilte Koll, og kravde underverk av Bjørnulv. Bjørnulv vart heilt tida sliten mellom ulike kjensler. Han ville lære, men han visste heile tida at auga hans hang ved Åsa der ho svinsa kring i huset. Lengten etter dei gode dagane og nettene var ein stadig verk i hugen hans, og når dei dagane kom, glømte han lengten etter ny lærdom. Eller... Nei. Det var ikkje sant. Lengten eter lærdom var sterk, men lengten etter Åsa var sterkare. Og så var det slik at der låg ein annan og enno sterkare lengt under hugen etter Åsa. Til og med når han nådde høgden i koven med Åsa låg der ein ufullendt lengt i hugen hans. Der song eit dvergmål langt inni han. Gyda, Gyda, Gyda, song

det. Men Gyda var ikkje der. Gyda var ikkje på Borg. Gyda var på Hol. Kva ærend skulle han kunne gjere seg til Hol for å komme ho nær?

Gjennom lengten forsto han ho. Ho hadde tatt på seg ein lovnad overfor Helga. Og dei lovnadene ein har tatt på seg, dei skal ein halde. Men av og til kulsa det gjennom han. Enn om ho hadde funne ein annan kar, ein som storma seg inn på ho der nede på Hol? Enn om der var ein som knytte hugen hennar til seg medan han gjekk her oppe på Borg og hadde det annsamt med Åsa sine kunstar i koven og Koll sine kunnskapar om runer og stavar og framande tungemål?

Dei dagane Åsa var som vrangast hadde han hug til å gå utom nova og skjære seg eit bjørkeris og tukte ho, men Ranveig hadde sagt at det lite ville nytte.

- Nokre kvinner har det slik, hadde Ranveig sagt, - at når dei har dagane sine, då er dei ikkje åtleggande. Det er greitt å sjå at Åsa er slik, og om du tuktar ho med bjørkeris, då oppnår du berre å skaffe deg ein fiende som du ikkje treng. Eg trur du har, og kjem til å få fiendar nok, om du ikkje skal gjere Åsa og til fienden din.

Heile tida såg Ranveig beint inn i hugen hans, og prøvde å trøyste han.

- Eg veit, sa ho, når han sat og sturte, - kva som vantar deg. Men du skal vite at eg kjenner meg viss på at ho saknar deg like mykje som du saknar ho. Kanskje leikar hugen hennar tidvis med menn som er fagrare enn deg - for dei finst - om dei ikkje er mange, og om det finst nokre slike på Hol, veit eg ikkje. Men det skal du vite at i bærmarka kring Borg - for ikkje å snakke om kring ein åreld i Limarka - vart det eingong knytt eit band som det skal mykje til for å løyse. Og når ho har gjort sin plikt mot Helga, og kjem attende til Borg, då sit ho gamle Ranveig her og kan drage i nokre lagnadstråder som eg trur disene vil smile og nikke til.

Endå om hugen til Bjørnulv svei og brann, delvis etter korleis hugen til Åsa var, delvis etter korleis lengten etter Gyda var, så var det mange gode kveldar på det som Bjørnulv alltid kom til å tenke på som Fånegarden. Ein kveld dei sat over drikkehorn, etter at stavane og runene og iremålet og latinen og kristlæra var lagte til side, tok Koll ordet.

Det var ein kveld då Åsa var i sitt medgjerlege lune. Likevel hasta ikkje Bjørnulv med å kome til koven. Tilliks var det ein av dei få kveldane då han løfta drikkehornet til munnen tittare enn han pla gjere. Åsa var inne i ei tid då ho tvinna seg kring Bjørnulv. Men av ein eller annan grunn let han seg ikkje rive med til koven. Han sat der og løfta hornet og hørde på tognar seg.

Han såg at Koll også løfta hornet oftare enn han pla, og vart ikkje ovundra då Koll tok orde - etter å ha tørka noko vått bort frå augekriken:

- Eg hadde aldri trudd at eg skulle treffe så mange gode menneske i dette kalde heidninglandet. Eg tenker først og fremst på deg, Bjørnulv, og Fåne og Ranveig og Ullfrid - ja, for ho er jo eit menneske i eigen rett, ho og. Elles trur eg at verken hovdingen eller mange av høvedsmennene hans er illmenn.

- Er dei då så mykje

betre, folka borti Irlandet?

Bjørnulv såg spørrende på Koll.

Koll vart sittande tenksam ei tid, mens han såg nedi bordplata. Så løfta han blikket og møtte auga til Bjørnulv.

- Når sant skal seiast, så er vel ikkje folka utanom klostra så mykje betre i Irlandet enn det er her.

- Og inni klostra, er det berre godmenne der?

Igjen såg Koll ned. Lenge denne gongen. Då han løfta blikket igjen var det ein sår drag i det.

- Du spør, du Bjørnulv, utan baktanke, trur eg - og tvingar meg til å vere ærleg. Det er ikkje berre godmenne i klostra heller, må eg vedgå. Det er mange fleire enn utafør, det trur eg for visst. Men mange kjem dit fordi dei veit at det finst mykje makt i klostra. Den makta vil dei vere med å dele og mange vil kaste seg opp til å vere mellom dei som ikkjøtar denne makta. Kyrkja sine folk skal vere audmjuke. For mange er dette den vanskelegaste dygda.

- Og du sjøl. Koll?

- Bjørnulv, Bjørnulv, du har to i deg til å bli ein farleg sjelehyrde for dei som vil løyne seg bak fine ord. Men det trur eg at eg tør å seie at eg her i Borgfjæra har lært meg å vere audmjuk. Men kanskje har eg og lært meg å vere falskare enn eg var før. Eg har sett mykje falskheit innafor kyrkja

mellom dei som kallar seg for Krist sine tenarar, mykje smiger og mange krokvegar for å kare til seg makt. Men det kan eg seie med handa på hjartet at i klosteret hadde eg aldri trong til å ta del i dette spelet. Eg tørsta ikkje etter makt, men etter lærdom. Og for å skaffe seg lærdom, må ein vere sann og ikkje falsk. Som træl må ein lære seg å vere falsk, endå om ein er så heldig å ha ein god herre som Fåne. Men dette veit vel du like godt som eg, Bjørnulv.

Bjørnulv berre nikka og såg ned i drikkehornet. Dei sat tagale ei tid, før Bjørnulv brått spurte: Sei meg, Koll, det er noko eg ikkje heilt forstår. Du har sjøl sagt at dette livet vi no lever, men ar det verkelege livet er livet etter dauden, hos Krist. Korfor vil ikkje då Krist sine læresveinar til Krist så fort råd er. Korfor hastar dei ikkje til nåden og sæla og herlegdomen i Himmelen hallar. Koll smålo litt.

- Det er rart, Bjørnulv, dette at vi menneska i kyrkja, og kyrkja som heilskap, hevdar at dette livet berre er eit skyggetilvere - ein skygge av det sanne livet i Kristi nærleik etter dauden, og likevel er det truleg ingen av oss som vil til livet etter dauden. Vi klamrar oss til dette livet og vil ikkje forlate det, uansett kor falskt og utilfredsstillande det er, nærmast uakta kva slags synd vi må gjere for å få det til. Men når det er sagt, så må eg og seie at det er Herren som rår for liva våre. Det er Han som gjev liv og det er Han som avgjer dagen og timen då det skal takast tilbake. Derfor meiner og trur vi at det er ei kardinalsynd mot Herren å freiste for eiga hand å korta av det livet Herren har tilmålt oss. Det kan berre vere djevelen sitt verk å prøve å gripe inn i og endre Herren sin plan med oss.

- Du sa at du gjekk til trælkvinnene den første tida du var her i Borgfjæra, men du seier og at Krist har forbode munkar å gå til kvinnene. Korleis kunne du få gjort opp med Krist når du synda og ikkje kunne skrifte?

- Eg kan like gjerne seie sanninga. Det var ikkje så sjeldan som eg læst som sist eg nemnde det. Eg gjekk dit titt. Det gjorde eg fordi eg ikkje kjende meg mykje som munk då eg kom hit. La meg seie det som det er: Eg var harm på Krist. Eg gjekk i rette med han. Eg hadde tatt mål av meg til å bli den klokaste og kunnigaste mann i heile den kristne verda - til Kristi ære, sjølsagt. Og kva for rett hadde då Krist til å la meg bli riven ut av klosteret og bli ført som træl til dette heidninglandet. Eg sa til meg sjøl at eigentleg er det berre snakk om kva for ein djevel ein skal lite mest på. Og eg bøygde meg for den djevelen som raste i mitt eige kjøt og som eg kunne tukte i dei opnaste fanga. Tuktinga av den djevelen ga mest lykke og sæle. Seinare gjekk åra og tanken og gudsfrykta vann oftare og oftare forrang framfor dei kvite kvinnelåra som opna seg mot meg. Og ein dag innsåg eg at eg hadde lide av hybris - ovmot. Den dagen takka eg Krist og tok til å arbeide for hans sak mellom trælane.

Då Koll tagde vart Bjørnulv liggande framover bordet og mulle for seg sjøl. Så sette han seg opp og nikka fleire gonger.

- Du Koll, eg trur eg har tatt ei avgjerd. Eg vil bli kristmann, men ikkje munk. Eg meiner å vite at det berre er slik eg kan fri meg frå gråguden som vil ha meg som sin fulltrue. Trur du eg kan nok om kristendomen til å bli døypt?

- Du kan og veit nok. Eg har døypt trælar som berre kan ein liten del av det du kan. Men eg kjenner meg uviss på om flukt frå gråguden er grunn god nok til å døype deg. Til no har eg berre døypt slike som eg var viss på ville til Krist og elska han. Eg har aldri døypt nokon for å hjelpe han eller ho til å flykte frå noko anna. Men om det er slik at gråguden har slik makt over deg at du meiner du treng Kristi hjelp til å unnfly han, så er det mogleg at eg likevel ikkje bør nekte deg Kristi hjelp i den kampen. Men eg trur vi skal tenke over det nokre dagar, både du og eg.

- Om du kjem fram til at du skal døype meg, ventar du då at eg skal stå fram og vere ein Kristi talsmann her i Lofot? For det trur eg ikkje at eg har mot og styrke til å gjere.

- Nei, det er ikkje alle som er laga til å bli misjonærar. Det ventar eg ikkje av deg. Men det er noko anna du må tenke over: Korleis skal du te deg i høve til blotgilda? Det er ikkje tillate for kristmenn å ta del i blotgilde til heidne gudar. Korleis trur du Hjorten vil sjå på deg om du uteblir frå blotgilda. Korleis skal du forklare han det? Nei, blir du kristmann må du stå fram og stå for det, men då trur eg for visst at Tore Hjort ville få mindre lit til deg enn han no har. Korleis vil det bli for deg? Og korleis vil du te deg neste gong den kristne kongen Olav Tryggvason kjem for å legge Hålogaland under seg og kristne det. Han har tatt på seg ei misjonær oppgåve, og den vil han nok

ikkje legge frå seg. Og kva med venen din, Tore Hund? Han reknar seg visst som gråguden sin fulltrue. Trur du han vil halde fram med å rekne deg som ven om han veit du er blitt kristmann? Bjørnolv frøste.

- Om eg blir kristmann er eg framleis håloyg, og Olav Tryggvason har like liten rett til å prøve å kue håloygane anten han er kristmann eller gråguden sin fulltrue. Du har fortalt meg at også kristmenn krigar mot kvarandre. Eg skal gjere mitt til å verge håloygane sin rett til å styre seg sjøl, og i den retten meiner inngår kvar mann sin rett til å styre kva for ein gud han vil vere sin fulltrue. Og om eg legg saka slik fram for Hjorten, trur eg han vil gje meg rett i det. Men eg kan gje deg rett i at vi kan hende bør vente eit bel. Kanskje bør eg ta saka opp med Tore Hjort før eg tar dåpen, slik at han forstår at eg ikkje vil gå bak ryggen hans med det. Og når det gjeld Tore Hund så både håpar og trur eg at det er meg og ikkje gudstrua mi han er ven med. Skulle eg ta feil, vil det vere sårt. Men i så fall ville vel ikkje venskapen hans vere mykje verd.

Det var ikkje så lett å ta saka opp med Tore Hjort som Bjørnolv hadde trudd i botnen av ølhornet. Dagleg gjekk han der saman med Tore Hjort, og kvar dag sa han til seg sjøl at i dag må eg snakke med Tore. Men kvar gong svikta motet i siste liten. Det var til slutt Tore som tok hol på den vonde byllen. Ein dag dei sat oppå brinken høgst på Borg og såg utover jordene og folk som arbeidde der, sa Tore:

- Du verkar så stur og hugtung, Bjørnolv. No når du er åremann på Fånegarden med eiga frille, skulle vel ikkje livet vere så vranget. For aka del, Bjørnolv, eg er ikkje ute etter å grave i dine tankar og dine kjensler, men stundom er det slik at til og med den sterkaste kan ha trong til einkvan å snakke med om det som kjennest vranget i livet. Eg veit og du veit at ein mann skal vere sterk, men ormar som gneg i hugen gjer ingen sterkare.

Då tumla alt ut av Bjørnolv: Om det å vere håloyg, om det å vere fridomsman, om retten til å velge sin eigen gud og om otten for å bli sett ned på, men også gleda over å lære alt dette nye som Koll hadde i hovudet sitt. Tore sat lenge tagal etter at Bjørnolv hadde tømt seg. Han hadde nappa seg eit strå som han sat og togga på. Etter ei tid harka han og opna munnen som om han skulle til å seie noko. Så harka han igjen og tagde enno ei tid før han tok ordet:

- Det gjer meg ikkje glad det du no har fortalt meg. Så pass ærleg må eg vere. Kjennskap til iremålet kan neppe skade, endå om det mykje godt er slutt på den tida då vi segla til Irlandet og gjorde strandhogg der. Men alt dette andre om rissing av runer og stavar, og dette kyrkjemålet, kva skal du no med det? Og denne krist-guden, kva godt har han ført med seg? Men eg må vel gje deg rett i at kvar mann har rett til å velge sin eigen gud, og Einauge er ikkje den lettaste å halde seg til. Vite må du og at endå om eg held venskapen min med deg ved lag, så kjem du til å bli einsam. Eg veit at du ikkje er så mykje i lag med andre ungdomar, men at du og namnebroren min, Tore Hund, er gode vener. Om han vil kunne halde fram med å vere ven med ein som er kristmann veit eg ikkje. Vore det ikkje betre om du gjorde deg til kvitguden Balder sin fulltrue, endå om det knappast er andre som er det? Dei seier han har mykje sams med Krist, omframt det at Krist ikkje toler andre gudar attmed seg.

- Eg trur knappast Balder har makt til å verge meg mot Valhall-herren.

- Det trur eg du har rett i, men du snakkar med store ord om frie menn og retten til å velge. No tykkjest det meg som om det er gudar som strides om å velge deg, og ikkje omvendt. Allfar vil at du skal bli hans fulltrue. Må det ikkje vere kvar fri manns plikt å gjere det klårt for Allfar at han ikkje vil velge å bli Allfar sin fulltrue, utan først å kalle inn ein annan gud som stavnbu?

- Koll sa noko liknande, mulla Bjørnolv.

- Då er Koll klokare enn eg har visst. Men du får gjere det du synest rettast. Og det skal du vite, at om du blir kristmann, men som kristmann sver truskap til meg, så skal eg framleis vere venen din, for det er fridomen til håloygane som tel tyngst for meg og.

Det vart tunge dagar for Bjørnolv. Valets kval vog tungt på han. Det vart ikkje stort lettare etter at han hadde snakka med Tore Hjort. Dagleg tenkte han på å ta saka opp med venen sin, Tore Hund,

men kvar gong dei kom saman vart det slik at han ikkje syntest det høvde.

Nesten kvar natt kom gråguden til han i draumane hans. Men gråguden sa ikkje noko, han berre sat eller sto der og såg på Bjørnulf med ein blick som Bjørnulf ikkje kunne tolke. Etter mange slike netter tok gråguden til orde i draumen til Bjørnulf.

- Eg veit du ser meg, for slik har eg maka det. Eg har granska deg mange netter no, som du veit. Eg som sjøl har hengt i verdstreet og sete under mang ein hengt mann, eg har skaffa meg røynsle når det gjeld å granske hugen til levande menn. Men deg får eg ikkje heilt tak på. Du seier du vil bli vigd til Kvitekryst. Likevel vil du gladeleg gå til krig mot ein konge som er Kristmann for å verge hæløygane sin fridom, seier du. Kor lenge trur du hæløygane vil vere frie dersom dei gjev seg over til Kvitekryst? Straks dei har gjort det, så kjem det prestar og bispar og legg folket under ein einekonge i sør, og enno verre - under pavestolen i Romaborg. Eg veit ikkje kva det er med deg, Bjørnulf, træl og løysing har vore og no hirdmann og småbonde. Korfor er du så viktig? Men disene er einige med meg. Nett no er du det navet som soga dreiar seg kring. Det hjelper lite om du får tatt livet av Olav Tryggvason med ei av pilene dine. Går du til Kvitekryst, så går hæløygane og dit, og då blir hæløygane til alle tider trælka under stormenn frå sør. Kjem du til meg, så vil hæløygane få tid til å feste si eiga makt i nord. Kva det blir til med meg og mine frendar veit eg ikkje. Disene vil ikkje seie noko om det. Men no veit du kva val du har, og du veit kva som kjem ut av det valet du gjer. Du skal og vite at det er første gongen at eg, Allfar, har tigg nokon om å bli min fulltrue. No tigg eg ikkje lenger. No får du velge sjøl, no når du veit kva det fører til.

Då Bjørnulf vakna om morgonen sat draumen som nagla i minnet hans, og han ba seg fri frå pliktene sine hos Tore Hjort og gjekk for å søke opp Tore Hund.

Tore hadde hatt seinvakt kvelden før og sat enno ved dugurden då Bjørnulf kom. Bjørnulf var ikkje særleg god til å løyne kjenslene sine, så Tore såg straks at det var noko som ikkje var som det skulle vere. Han skynda seg å avslutte måltidet og vart med Bjørnulf bortover vollane til ein stad der dei var unna andre øyrer.

Bjørnulf våga ikkje sjå på Tore mens han fortalde, så det vart til at han fortalde historia si til Kvanntoppen. Då han var ferdig heldt han fram med å stirre stivt på Kvanntoppen, mens han venta på at Tore skulle seie noko. Tore sa ikkje noko, men etter ei tid hørte han nokre underlege lydar frå Tore. Han kasta eit raskt blick til sides og såg at Tore sat der og kjempa med ein boblande latter. Brått greidde ikkje Tore å kjempa med latteren lenger, og slo latterdøra på vidt gap. Det tok ei god økt før Tore hadde ledd frå seg. Då lattersalvene tok til å gje seg, sa Bjørnulf:

- Jada, eg forstår godt at du synest det er latterleg at eg har draumar om å vere så viktig. Skulle nokon vere så viktig at soga dreia seg kring han, så måtte det vel vere Tore Hjort. Det var godt å høyre latteren din. Den fekk meg til å forstå at det berre er dumskap eg driv og drøymmer om.

Tore vart brått alvorleg.

- Nei, eg trur du skal ta draumen din alvorleg. Når Allfar syner seg i draumane til folk og snakkar så klårt som han gjorde i draumen din, då er det grunn til å tenke. Eg ler fordi eg synest denne Kvitekryst er ein latterleg gud som alle som har smakt træleåket ser ut til å dragast mot: Du, Bodvar Bjarmending og Olav Tryggvason.

Munnen til Bjørnulf datt vidopen og det tok litt tid før han fekk hekta han nok i hop til å seie:

- Olav Tryggvason? Du kan då ikkje meine at Olav Tryggvason..?

- Bjørnulf, Bjørnulf, eg gløymer så ofte at du ikkje veit det same som andre stormannssoner veit. Jauda, Olav Tryggvason har vore træl borte i Estlandet, det er eit land som ligg på andre sida av sjøen aust for Sveariket. Der var han træl frå han var tre til han var ni år gammal. Eg skal fortelle deg historia. Far til Olav Tryggvason, Tryggve Olavsson, var konge på Opplanda. Han vart drepen av Gunnhild-sonene før Olav vart fødd. Mor til Olav, Åstrid, dottar til Eirik Bjodaskalle på Obrestad, måtte flykte for Gunnhild-sonene. Ho søkte seg i løynd til far sin der ho flytta ut i eit vatn og gøymde seg på ein holme med nokre få menn. Mellom dei var Torolv Luseskjegg, fosterfar hennar. Der fødte ho sonen sin og fekk aust vatn på han og kalla han Olav etter farfaren. Seinare rømte ho til Sveariket. Dette spurde Gunnhild-sonene og for til Håkon Gamle i Sveariket for å freiste narre Åstrid og Olav med seg til Norge. Dei sa at Gunnhild ville fostre Olav, men Åstrid såg bak dei fine orda og forsto at dei sto Olav etter livet. Då kjente Åstrid seg utrygg i Sveariket og

fekk det for seg at ho skulle fare til Sigurd, bror sin, som sat i stor ære hos kong Valdemar i Gardariket. På vegen over Austersjøen vart dei overfalle av estlandske vikingar og tatt som trælur. Då vart Olav skilt frå mor si og ein estlending som heitte Klerkon tok Olav og fosterbror hans, Torgils, og Torolv, fosterfar til Åstrid som trælur, men Klerkon syntest at Torolv var for gammal til å bli træl derfor drap han Torolv. Seinare vart Olav seld til ein mann som heitte Reas for ei god kappe. Og der fekk han det godt.

Bjørnolv lo.

- Det verkar som om kongesoner er billige i Estland. Rett nok er ei god kappe ikkje noko fattigmannseige, men når det gjeld kongesoner så skulle ein vel kunne skimte gull i bakgrunnen.

- Jau, men truleg var det ingen som visste at det var tale om ein kongeson. Det var seinare at Sigurd Eiriksson, bror til Åstrid kongemor, på ei sendeferd til Estland frå kong Valdemar i Holmgard oppdaga at det sat ein frende og kongsson som træl hos bonden Reas. Då kjøpte Sigurd fri både Olav og Torgils og tok dei med seg til Holmgard.

Så blir det fortalt at ein dag, då Olav var ni år gammal, sto han på torget i Holmgard og kjende igjen Klerkon, den mannen som hadde drepe Torolv. Olav hadde ei lita øks i handa og den syntest han det var høveleg å sette i skallen på Klerkon såpass at han kom av med livet. Og ettersom Sigurd fekk dronninga i Holmgard, Allogia, til å gå i brodden for Olav, slapp han å miste livet slik lova var i Holmgard.

- Var det i Holmgard hos dronning Allogia at Olav vart døypt?

- Nei, i Holmgard heldt dei på åsatrua, så det var ikkje før seinare at Olav vart døypt.

- Korleis gjekk det til?

- Etter at Geira Burislavdotter, dotter til kong Burislav i Vendland og første kona til Olav hadde døydd, så treivst ikkje Olav meir i Vendland, slik sørga han over Geira. Derfor ga han seg i veg i viking, og hamna til slutt på Syllingane, nokre øyer ute i havet vest for England. Der fekk han høyre om ein spåmann som alltid spådde sant. Denne spåmannen ville Olav gjerne tale med for å høyre korleis det ville gå om han freista få seg eit rike. Spåmannen sa då at Olav ville bli ein vidgjeten konge og føre mykje folk til tru og dåp. Olav spurte spåmannen om korleis det kunne ha seg at han kunne sjå inn i framtida så vist at det alltid vart rett det han spådde. Mannen svara då at det var den guden som dei kristne hadde som ga han denne gåva. Han fortalde Olav om mange andre av Krist sine undergjerningar, og det enda opp med at Olav let seg døype saman med heile følget sitt. Det var grunnen til at Olav ikkje herja i England på vikingvis, men vart gift i England med, Gyda, dotter til kong Olav Kvaran som var konge i Dublin. Ho hadde vore gift med ein mektig jarl i England og styrte riket etter at han hadde døydd. Det seiast at det var ho som fridde til Olav på eit ting ho hadde kalla saman for å velge seg ein mann. Det var mange som hadde fridd til ho etter at ho vart enke, men ho hadde ikkje villa hatt nokon av dei. Ein av dei som hadde fridd til Gyda og fått nei, heitte Alvine. Han var ein stor kjempe og holmgangsmann og baud Olav til holmgang etter at det var avtalefesta at Gyda og Olav skulle gifte seg. Olav sigra i holmgangen og tok seinare aka den eigeidomen som Alvine hadde ått. Det var også i England at Olav fekk tak i hunden Vige. Om denne hunden blir det sagt at han er overlag klok, og han har alltid følgt Olav seinare.

- Du seiast at han gifta seg med Gyda Olavsdotter, men eg meiner då å ha høyrt at kona hans blir kalla dronning Tyra.

- Ja, no er han gift meg Tyra Haraldsdotter, søster til kong Svein Tjugeskjegg av Danmark. Ho vart først gift med kong Burislav av Vendland, men ho kunne ikkje få seg til å leve mellom heidningar og flykta til Norge og søkte tilflukt hos Olav Tryggvason.

- Men dronning Gyda, kor vart det av ho?

- Det seiast at ho døydde i barselseng heim hos far sin i Irlandet, men eg veit ikkje kva eg skal tru. Rett nok er Olav Tryggvason ein stor idrettsmann, men det verkar ikkje som om han er så stor i sengekoven, det har aldri spurdest born etter han, verken med dei tre konene hans eller andre kvinnfolk. Men daud må ho nok i alle fall vere, for Kvitekrist tillet ikkje at verken kongar eller jarlar eller anna karfolk har meir enn ei kone. Og så ihuga kristmann som Olav er, så bryt han nok ikkje eit slikt påbod.



- Men no får det vere nok om Olav Tryggvason. No får vi tenke på Bjørnulf Steinbjørnsson. Er det så viktig for deg å bli Kvitekrist sin fulltrue at du er villig til å kaste håloygane sin fridom på båten?

- Håloygane sin fridom og håloygane sitt sjølstyre er viktig for meg. Men no er det slik at i natt kom det tre gamle kvinner til meg i draumen min. Eg trur det var Urd, Verdande og Skuld, men det er ikkje så godt å seie. Dei sa berre: "Vi er disene". Så det kan ha vore Frøya, Irpa og Halgerd Holgabrud, men eg kan ikkje tru at Frøya ville framstå som ei gammal kvinne i nokon mann sin draum, så derfor trur eg nok at det var dei tre første, og dei sa til meg det som eg vel visste frå før, at Gråguden ikkje alltid talar sanning, eller i alle fall ikkje berre sanning slik menneska forstår sanning. Stort meir sa dei ikkje, anna enn at også dei ikkje ville bli glade om eg vigde meg til Kvitekrist. Så no veit eg ikkje anna enn at det kan då ikkje vere rett at ein som eg blir utsett for slike val. Koll har fått meg til å tru at eg djupt inni meg er ein Kristmann, og Ranveig har ikkje direkte motsagt han, endå om ho ikkje har nokon stor godhug for Krist, ho heller. Tore, kan ein mann som eg, som stordelen av sitt liv har vore underlagt ein annan mann sin vilje, kan ein mann som i stordelen av sitt liv har vore træl nokon gong velge fritt? Eg vil så gjerne vere fri og velge, men kan eg det? Koll pressar meg ikkje i noka retning. Ranveig pressar meg ikkje i noko retning. Det gjer for så vidt ikkje Gråguden heller lenger. Men eg veit kva Koll vil, eg veit kva Ranveig vil, eg veit kva disene vil, eg veit kva Tore Hjort vil, og eg trur eg veit kva du vil. Den einaste eg ikkje veit kva vil er Allat, Steinbjørn Bjørnulfsson, far min. Eg trur eg veit kva eg sjøl vil. Eg trur at hugen min står til å vere Kristmann. Men du høyrer kva eg seier, eg trur eg veit, eg veit ikkje.

Tore sat litt og plukka nedi marka. Så såg han beint på Bjørnulf.

- Eg har høyrte sagt at om ikkje så lenge kjem Gyda Skaftadotter tilbake til Borg. Veit du kva ho meiner? Spør ho når ho kjem, kanskje er det det som skal til slik at du kan bestemme deg.

Bjørnulf sat oppi bakkane på Borg den dagen Gyda kom ridande til gards. Han såg korleis ho vart tatt imot av sjølvaste Asta, husfrua, og gledde seg på hennar vegne. Det var som om husfrua ville seie til alle på garden at her er det ikkje noka tyende som kjem til gards. Dette er ein frende som har vore på vitjing hos ein frende og skal takast slik imot. Han kjente at hjartet banka varmt for den byrge og ofte nedlatande husfrua fordi ho tok imot dotter til den forfalne og ærelause tidlegare bonden på Li på så høvisk vis. Truleg var det Asta sin måte å vise takksemd til Gyda fordi ho så trufast hadde gått Helga til hande under og etter barnefødselen.

Men så kunne han ikkje styre føtene sine lenger. Dei tok han i tånande trav ned mot garden. Han måtte kome Gyda så nær som mogleg, no når ho var attende på Borg. Han kunne like gjerne ha blitt sittande oppi bakkane. Gyda var lukka inne i kvinnekrisen, og der hadde ingen mann tilgjenge. Kvinnfolka ville nok høyre alt som var å høyre om det nye hovdingemnet til Borg.

Likevel vart han gåande og drive kring husa på Borg, heilt til han vart var dei løynde smila til huskarane som gjekk til og frå. Då tokka han seg nedover bakkane til garden sin. Og det kunne nok vere på tide, for det leid mot kveld og Koll venta nok med nye ord og regler både på latinen og iremålet. Kvar kveld var ein evig dragkamp mellom Koll og Åsa, når ho var i det gode lunet og ikkje hadde dagane sine.

I dagane som følgde gjekk han saman med Tore Hjort som han pla, men det var vanskeleg å samle tankane sine om det som Tore sa. Like vanskeleg var det å samle tankane sine om dei kunnskapane Koll freista hamre inn i hovudet hans om kveldane. Det hendte til og med at han ikkje fekk seg til å svare på freistingane frå Åsa når dei var komne i koven. Då vart ho sur og fræste litt før ho vendte ryggen mot han.

Når han gjekk saman med Tore hendte det at han såg Gyda på fråstand. Ho gjekk i tunet, like travel som han gjekk kring på bøane og i fjæra saman med Tore, men dei kom aldri kvarandre så nærre at dei fekk høve til å kaste ein smil til kvarandre. Men det hendte at han såg ho i samtale med Tore Hund, ja til og med i samtale med Gaute. Ein dag var han så nær at han såg ho smile til Gaute. Då kjente han det svartna inni seg. Der gjekk ho og smilte til Gaute, han som hadde freista ta ho med vald under Vågartinget. Ho smilte til Gaute, men hadde ikkje nærma seg Bjørnulf sidan ho

kom heim til Borg.

Koll tok han fatt ein kveld dei sat over stavane og dei framande orda.

- Eg veit ikkje kva det er som er fatt med deg, Bjørnulv, men eg har ei kjensle av at dei kveldsetene vi no har er bortkasta. Eg gjer så godt eg kan for å lære deg latin og iremål, men eg opplever det som om du ikkje er til stades. Eg opplever og at Åsa går her og kastar olme blick etter deg, så det kan ikkje vere hugen etter ho som får deg til å vere så fråverande. Kan du fortelle meg kva det er som rir deg?

Bjørnulv berre skula på Koll og sprang sin veg ut i mørket.

Dagen etter var det Tore Hjort sin tur til å peike på at Bjørnulv var fråverande.

- Om du ikkje har hug til å høyre etter kva eg seier, ser eg ingen grunn til at du skal gå saman med meg om dagane. Er det andre saker som rir hugen din, så kan du prate med meg om det. Viss ikkje, ser eg helst at du held deg heime på din eigen gard om dagane, og set den i stand til vinteren, som best du kan.

Bjørnulv lova bot og betring, både til Tore og Koll, og gjorde verkeleg så godt han kunne, men kjente seg nokså viss på at ingen av dei to vart særleg nøgd med han.

Ein kveld kom Ranveig bort til han og tok han til sides.

- Har du sett deg sjøl i ein skuggsjå i det siste?

Bjørnulv rista på hovudet.

- Nei, korfor skulle eg det? Skjeggvokstren min er enno ikkje så stor at eg treng skjere skjegget mitt, og håret kan vel og få vekse eit bel før det treng skjering.

Ranveig sa ikkje meir, berre heldt ein skuggsjå opp for han. Han vart støkt med det same. Han såg eit uttært ansikt og eit hår som låg i tover attover hovudet. Det gjekk eit bel før det gjekk opp for han at det var seg sjøl han såg.

Ranveig la merke til minespelet hans.

- Ja, ikkje sant? Det er eit stygt syn. Det vakre håret ditt er ikkje særleg vakkert lenger, og ansiktet ditt ser ut som ansiktet på ein som skal leggest i haug. No får du ta tak i deg sjøl og gjere noko med det som rir deg om det ikkje er slik at hugen din står til Helheimen. Eg ber deg, Bjørnulv, snakk til meg om det som rir deg. Kanskje kan eg hjelpe deg om du spør meg, men eg har ingen rett og ingen lyst til å hjelpe deg ubeden.

Bjørnulv kjente at det brått vart så trengt i halsen hans. Det var ein gråt som pressa seg opp og fram. Han kjempa imot så godt han makta, men greidde det ikkje heilt. Han snudde seg bort frå Ranveig og freista det han var kar om å kvele hulka som ville fram.

Ranveig var taus ei stund, men røysta var lite tålsam då ho tok til orde.

- Jaudå, jaudå, eg veit korleis de menn har det. De skal støtt vere så inni Helheimen mykje menn. Kjensler er noko som kvinner skal syne, og gråt er no i alle fall ikkje noko som ein ekte mann skal syne eit anna menneske. Så du får no gjere som du vil. Ver mann slik du og alle menn trur at menn skal vere, eller snakk med gamle Ranveig om det som rir deg. Men tenk no på dette, Bjørnulv: Korfor trur du at skaparen har gjeve oss gråten, om vi ikkje skal bruke han til lindring når vi treng han? Trur du skaparen har gjeve mennene gråten berre som ei plage? Trur du at du er den einaste mannen som nokon gong har gråte?

Då greidde ikkje Bjørnulv deg lenger. Han kasta seg framover bordet og let gråten fløyme fritt. Hulka reiv i bringa og tårene strøynde.

Det var først då hulka tok til å stilne og bordplata var våt under ansiktet at Ranveig la ei hand nedpå nakken hans.

- Det var det, Bjørnulv. Trur du at du er mindre mann no?

Ho stakk ei fille i handa hans og let han ordne ansiktet sitt før ho haldt fram.

- Eg spurde deg: Trur du at du er mindre mann no?

Ein hikst som enno ikkje hadde fått fridomen braut seg veg ut.

- Eg veit ikkje, Ranveig, eg veit ikkje. Kanhende veit eg ikkje kva det er å vere mann. Eg veit kva det er å vere træl. Eg veit litt om kva det er å vere huskar hos Tore Hjort, men mann, fri mann i sin eigen rett... Eg veit ikkje. Kanskje vore det best om eg framleis var træl.

Øyreteva dreiv hovudet hans bortover bordplata. Utan ein tenke greip handa hans om sverdhjaltet

og han sto på føtene med sverdet halvdrage.

- Sjå det, ja. Det er ein mann. Ein som dreg sverdet mot ei gammal kvinne som kjem i skade for å seie nokre sanningsord. Hogg meg, du, om det får deg til å kjenne deg betre.

Røysta til Ranveig var spottande og han kjende ein hug til å gjere nettopp det ho sa. Han måtte ta seg på tak for å skyve sverdet ned i balgen igjen. Så kom han til seg sjøl og sokk ned på kne framfor Ranveig.

- Orsak meg, gamlemor. Orsak meg, kviskra han fram

Igjen var dei vare og varme og mjuke hendene hennar om hovudet hans. Han luta hovudet fram og kvilte det mot magen hennar og saup inn den kjente og kjære lukta av gammal kvinne og urter av utallege slag.

- Ranveig, Ranveig, mulla han. - Korfor er du så god mot meg?

Latteren hennar var ertande.

- Eg trur snart eg gjev deg opp, Bjørnulv. Eg trur knappast eg har møtt nokon med så dårleg vett og så dårleg minne som deg. Minnast du ikkje kva eg har fortalt deg om farfar din og meg? Forstår du ikkje at eg er like kjær i deg som eg var i han. Vil du ha meg, Bjørnulv den unge, slik han ville, farfar din, då han var ung?

Med eit sprang var Bjørnulv på beina og rygga bort frå Ranveig. Han heldt hendene framfor seg som om han verga seg mot eit åtak.

Latteren til Ranveig var perlande som hos ei ungjente.

- Ja, du treng verge deg, Bjørnulv, men trur du det nyttar om gamle Ranveig kjem for å ta deg?

Han rygga endå nokre steg til han såg det ertande glimtet i auga til Ranveig. Då let han hendene sige

ned og rista overgitt på hovudet.

- Kva tid skal du, Ranveig, bli vaksen?

- Nei, det håpar eg då inderleg at eg aldri blir. Eg håpar forresten at du aldri blir det heller. Eg håpar at du også kan gråte og le når du blir så gamal som eg er. Men meir enn det: Eg håpar du kan lære sonene og sonesonene dine at dei kan gråte og le, og at gråten ikkje gjer dei til mindre menn.

Orda hennar fekk smilet til å tørke bort frå munnen til Bjørnulv.

- Eg veit ikkje kva det er for soner og sonesoner du snakkar om, Ranveig. For meg ser det ikkje ut til at kvinnene søker bosoa mi meir enn dei må om eg tvingar dei. Men det kan eg vel ikkje laste dei for når eg tenker på det skræmebiletet du nyss synte meg i skuggsjået ditt. Rett nok veit eg at det er min rett til å tvinge meg på trælkvinner og gjere dei barntunge, men enno har eg til gode å sjå ein fri mann som har knesett ein son avla med ei trælkvinne.

- Takar, takar, Bjørnulv, som har så lite drag på kvinnfolk. Takar, takar, Bjørnulv, som ikkje blir nedrent av det kvinnfolket han vil bli nedrent av. Set deg saman med Koll, du Bjørnulv. La han gjere deg til ein vis mann som avsverjar kvinner. La han gjere deg til munk, Bjørnulv. Eller tvett håret ditt. La kvinnene, eller særskilt ei kvinne, sjå det vakre håret ditt. La kvinnene, eller særskilt ei kvinne, sjå kor vakker du er. Ver deg sjøl, Bjørnulv, gå til ho. Snakk til ho. Om du ikkje vågar det, då er du ingen mann. Du kan gjerne gråte, og framleis vere mann. Men om du er fudfloge for den du elskar, då er du ingen mann. Det er mogleg ho viser deg bort. Mange menn har opplevd det, mange kvinner også, det skal vere visst. Men om du berre går kring og synest synd på deg sjøl og ikkje gjer noko for å vinne ho, då kan du berre ha det så godt. Då kan du bli munk. Då kan du reise til Irlandet og gå i kloster. Du kan vel iremålet godt nok til det.

- Jamen, Ranveig, ho er så opptatt heile tida. Ho er støtt omgjeven av andre kvinner, og om det ikkje er andre kvinner, så smiler ho og fjasar med Gaute og med Tore Hund. Det med Tore kan eg forstå. Han meiner eg har ei dyrisk tiltrekningskraft, endå så liten og svart han er. Kanskje har det noko med seidevnane hans å gjere. Det eg ikkje kan forstå er at ho kan smile og fjase med Gaute, som prøvde å valda ho under Vågartinget. Ranveig, eg fekk noko av Ullfrid i jula...

- Eg veit det, Bjørnulv. Det kan du bruke om det trengst. Men eg vil ta ein lovnad av deg som Ullfrid ikkje tok: Om du brukar det, då skal du også drikke av det same brygget. Helst såg eg at du kunne få ho utan å bruke det brygget. Og det trur eg visst at du kan, om du sluttar med å synest så overlåg synd på deg sjøl.

- Ranveig, du bur her på Fånevolden no, i di eiga stove. Kan du ikkje be dotter og dotterdotter di til stova di ein kveld, og så ber du meg og. Då kan eg få tale med ho i tosemd.

- Korleis skulle du kunne det? Trur du at mor hennar og eg vil tillate at ho vart saman med ein ung kåting som deg, utan oppsyn?

- Ranveig!

Røysta hans var bedande og latteren til Ranveig var ertande.

- Jaja, Bjørnulv, vi får vel sjå, vi får vel sjå. Men prøv no å få snakke med ho utan min mellomkomst. Blir det ikkje anna råd, så får vi kome attende til saka.

Etter det var Bjørnulv nøye på å fli seg, og gjorde seg særleg møye med håret mens han venta på at dei få fjona som tok til å stikke fram på haka skulle bli eit skjegg.

Ein dag Bjørnulv kom i stor fart kring nova på eit av bura på Borg heldt han på å springe rett på Gyda som kom ut av buret med eit trau med lauk og neper. Ho vart så støkt at ho heldt på å sleppe trauset. Fleire av laukane og nepene trilla bortover marka. Stotrande ba han om orsaking og tok til å plukke opp lauk og neper frå marka. Han kasta nokre sky skråblikk på ho mens han heldt på, men kunne ikkje tolke det vesle og - syntest han - spottande smilet som leika om munnen hennar. Ho sto der berre, med trauset i hendene mens han plukka opp.

Då han var ferdig visste han ikkje kva han skulle gjere, endå ho framleis vart ståande. Han leita etter ord og harka og kremta, men kunne ikkje finne på noko å seie.

Då smilte ho igjen, også denne gongen spottande, syntest han.

- Er bonden på Fånevolden vorten krimsjuk, så krimsjuk at han ikkje får ord for seg? Kanskje han skulle ta nokre av Ranveig sine lækjarmiddel, så mykje som han skal seie, både på iremål og latin.

- Korleis veit du det, Gyda, at Koll lærer meg latin og iremål?

Gyda vart sprutande raud med det same, men tok seg på tak og sa nesten likegyldig ut i lufta:

- Nei det var visst nokon som nemnte det her om dagen.

Då må det nok ha vore Ranveig. Andre er det ikkje som veit det, omframt Koll. Og han har du vel ikkje snakka med. I så stor ære som du er hos husbondsfolket på Borg, så snakkar du vel ikkje med ein som har vore træl, slik som Koll.

Røysta til Gyda var bitande då ho svara:

- Eg står no visst her og snakkar med deg, endå det skulle eg visst ikkje gjere. Husfrua ventar nok på det eg skulle hente.

Brått snudde ho ryggen til og tok til å gå mot eldhuset.

Bjørnulv ville det ikkje, men før han greidde anse seg, smatt det eit ord ut av munnen hans:

- Gyda!

Namnet hennar fekk ho til å stanse midt i eit steg, men ho snudde seg ikkje.

Fleire ord rasa gjennom hovudet på Bjørnulv, men han fekk ingen av dei ut or munnen, omframt eitt, det same som sist:

- Gyda?

Då snudde ho seg, og svarte med eit hånleg smil om munnen:

- Bjørnulv Steinbjørnsson, bonde på Fånevolden, korfor står du her og stammar på namnet til ei gardstaus på Borg? Korfor skundar du deg ikkje heim til garden din, der frilla di visseleg lengtar etter å sjå deg, no når du har vore borte heimanfrå nesten heile dagen?

- Korleis veit du det?

Orda slapp ut av han utan at han ville det.

Igjen vart ho sprutande raud, og snudde seg brått og sprang mot eldhuset, men snubla i ei tue og datt så lang ho var. Trauset sigla gjennom lufta, og igjen spreidde lauken og nepene sog bortover marka. Utan å tenke seg om kasta han seg ned på marka ved sida av ho og slo armane om ho. Ho forsøkte å vri seg laus, men han kunne ikkje sleppe. Han heldt og heldt, og oppdaga etter ei tid at det rann store tårer nedetter kinna hennar. Då vart han så forfjamsa at han nesten slapp ho, men ho kjente visst ikkje at taket hans losna, for ho nytta ikkje høvet til å rive seg laus.

Ei tid vart han berre sittande og sjå på tårene hennar. Dei var som store glasperler, syntest han.

Han prøvde å fange ei av dei med fingrane sine, men den gjekk straks sund og spreidde seg som væte over fingertuppane hans. Han senka hovudet og let panna kvile mot håret hennar. Då prøvde

ho igjen å rive seg laus, men ikkje særleg kraftfullt, syntest han. I alle fall kunne han ikkje greie å sleppe det taket han heldt om ho, og etter ei stund var det som om ho let kroppen sin kvile inn mot hans.

Dei vart verande slik, han visste ikkje kor lenge. Visste berre at slik kunne han sitte i aka æve. Men kroppen hans var ikkje samd i det. Etter ei tid tok det til å rykke så infernalsk i den eine foten som kroppen hennar kvilte mot. Han forsøkte å oversjå den gjenstridige foten, men den lystra ikkje ordre og tok etter ei tid til å rykke og verke. Men det var så godt å ha ho slik, trass i den gjenstridige foten at han berre heldt og heldt. Det rykte stadig verre i foten, og det vart støtt vondare, men han kunne ikkje lee på seg. Kroppen hennar kvilte så godt inn mot hans. Han kunne ikkje minnast at han nokon gong hadde hatt det så godt, trass i den gjenstridige foten som rykte og rykte. Kroppen hennar låg så mjuk og god inn mot hans. Men foten...

Ein låg og mjuk latter seig inn i medvitet hans. Det tok ei tid før han forsto at den kom frå jenta som han sat og heldt kring.

- Den foten din, Bjørnulv, den har det visst ikkje heilt godt.

- Æhh, foten?

Ein augeblink visste han ikkje kven det var som hadde sagt noko. Det einaste han kunne tenke på var den kroppen som låg inn mot hans, og så sjølsagt den irriterande smerten som han ikkje kunne gjere seg fri frå.

- Ja, det verkar som om den høgre foten, eg trur det er den høgre foten din, ikkje har det heilt godt. Den ligg visst litt vondt under meg. Og sant og seie ligg eg ikkje heilt godt sjøl heller, så om vi kunne...

Då kjente han varmen spreie seg over ansiktet, og visste at no vart han sprutande raud. Visste også at det var det berre jenter som skulle bli. Ein mann skulle aldri raudne. Visste det, og raudna meir.

Handa som strauk over nakken hans gjorde det litt likare, og røysta som kviskra i øyret hans gjorde han..., gjorde han... Han visste ikkje kva.

- Bjørnulv, no må foten din få fri, elles kan den fare ille. Og husfrua, ho ventar nok. Og gudane må vite kva folk trur om oss, om dei ser oss. Og her i tunet på Borg, her er det støtt auge som ser, det har eg lært. Hjelp meg å plukke opp lauken og nepene, så møtast vi på Varpneset i skjømninga, dersom eg slepp frå.

Han slapp ho, og forsøkte å reise seg opp, men kunne ikkje få den høgre foten til å halde vekta si, endå så mager han var vorten. Men det gjorde ikkje så mykje. Trauet låg på bakken. Nepene låg på bakken. Lauken låg på bakken. Det var berre ein leik å krype rundt og legge oppi trauet, legge oppi trauet og tenke på skjømningstunda på Varpneset.

Ho kom frå, og kom som eit lys i den svinnande dagen. Det vart prata mykje på Varpneset den kvelden. Det var heller ikkje heilt fritt for at det vart veksla nokre kyss. Ho fortalde at ho hadde fjasa med Tore Hund for å gjere han svartsjuk, og då det ikkje såg ut til å nytte, hadde ho tatt til å fjase med Gaute, endå det hadde bydd ho i mot. Han vedgjekk at det hadde vore ille nok med Tore, men at det med Gaute nesten ikkje hadde vore til å halde ut. Men han tilga ho så gjerne, for no var alt som det skulle vere, meinte han. Då brusa ho opp og sa imot. Alt var slett ikkje som det skulle vere. Åsa var ikkje der ho skulle vere. Han forsøkte å orsake seg med at det var Ranveig som hadde ordna det med Åsa, og at ho hadde sagt at det ville Gyda også ha gagn av når ho og Bjørnulv kom i lag. Gyda berre frøste og meinte at han knappast hadde vore vond å overtale, men at no fekk det i alle fall vere over.

- Det er meg, berre meg du skal ha. Eg vil ikkje dele deg med noka frille.

Brått small det ein sviande fik over kinnnet hans. Han vart så overraska at han berre vart sittande og gape. Då kasta ho seg inntil han og kyssa han vilt.

- Så, no har eg tilgjeve deg. Og straks Åsa er borte frå Fånevolden, då er alt som det skal vere.

Men ei vanske fekk dei ikkje rydda av vegen. Kven var det eigentleg som hadde mynde til å inngå festeavtale med Bjørnulv? Skafta nytta det visst lite å snakke med. Der var det då heller ikkje noka heimanfølge å hente. Bjørnulv meinte at det var det dei minst skulle ottast over, men Gyda likte ikkje tanken på å kome som ei fattigtaus til Fånevolden. Dei vart til sist samde om at Bjørnulv skulle ta saka opp med Tore Hjort.

Bjørnulv let ikkje graset gro under føtene på seg. Alt dagen etter fekk han lagt saka fram for Tore. Tore grunna ei stund, men var uviss . Ei slik sak hadde han aldri vore borti før. Skafte hadde ingen nærskylde frendar som kunne gå inn i hans stad. Han hadde rett nok hatt to brør, men dei hadde begge kome bort under lofotfisket. Han trudde nok at Tyra måtte kunne gjere avtalen, om han sjøl stødde under. Men det med heimanfølget var ikkje så lett. Rett nok hadde Tyra berga stordelen av heimanfølget sitt med seg frå Li, men om ho no ga det frå seg til Gyda, så sto ho sjøl snau om ho skulle finne på å gifte seg opp att. Så dette måtte han nok snakke med kvinnene sine om, før han tok ei avgjerd. Særleg Siv var kunnig i mangt frå gammalt av, og kunne truleg gje gode råd.

Det gjekk nokre dagar utan at Bjørnulv hørte noko meir frå Tore. Han gjekk som på glør, men greidde å halde seg frå å mase. Men så ein ettermiddag kom ei av tausene på Borg springande og ba han kome til gildehallen, der Tyra og Tore sat i høgsetet med Asta og Siv nedanfor på Tyra si side og Bodvar og Asgaut på Tore si side. Asgaut reiste seg og viste Bjørnulv ein plass litt lenger nede ved bordet. Straks etter at han hadde sett seg kom Gyda trippande og vart vist til plassen rett over bordet frå Bjørnulv.

Tore kremta og tok til orde:

- Vi er her i dag for å avtale festemål mellom Bjørnulv Steinbjørnsson og Gyda Skaftadotter. Med gode menn og kvinner sine råd har vi kome fram til følgande avtale: Tyra gjev dotter si, Gyda, halvdelen av den heimanfølget ho hadde med seg då ho gifta seg. Attåt dette legg Asta og Siv like mykje, slik at Gyda får den heimanfølget som høver seg ei kvinne av hennar ætt. Eg gjev Bjørnulv ei mark sølv og ein gullring som vederlag for den tida han har tent som huskar for meg. Frå Steinbjørn Bjørnulvsson har det kome ei sending med to gode kapper til kvar av festefolket. Kappene er fora med skinn av kostelege pelsdyr. Han sender og den ordsendinga og Bjørnulv kan drive Fånevolden som om det var hans eigen gard, så lenge Steinbjørn er i live. Inntil Bjørnulv kjem i gang med drifta på sin eigen gard, skal han ha det han treng til seg og hushaldet sitt frå Borg. Når handslag er gjeve og festeskål er drukke, kan Gyda flytte inn på Fånevolden utan æremink. Sjelve bryllaupet får vente til sommars, og skal stå på Borg, om festefolket vil det.

Det var som om det kom ei ny ånd i hallen på Fånevolden etter at Gyda kom i huset. Det gjekk heller ikkje lenge etter at Gyda hadde flytta inn før Tyra kom flyttande etter. Ho utstråla ei trygg kvinnero som Bjørnulv fann stor hugnad i. Og om det nok i røynda var Tyra som sto for det meste av hushaldet, så gjorde ho det på eit så finsleg vis at alle måtte tru at det var Gyda som gjorde det. Elles vart han glad i ho fordi ho tedde seg så naturleg og fint mot Koll.

Sjøsagt hadde Gyda og sine kvinnedagar, men ho vart ikkje bisk av det, berre litt stillare enn vanleg. Ho kraup heller ikkje fullt så tett inntil han i koven, dei nettene, som ho elles pla gjere. Ville vel ikkje freiste når ho ikkje kunne levere, trudde han.

Han gjekk ei tid og kvidde seg for å fortelle Gyda om Gråguden og Kvitekrist, endå om han nok meinte at som festekona hans hadde ho eit krav på å vite om det. Men ville ho tru at han var ein storskrytar når han fortalde kva Gråguden hadde sagt til han? Og korleis ville ho ta det når ho fekk vite at han hadde tankar om å snu seg til Kvitekrist?

For å mjuke ho opp fekk han Koll til å fortelle soger frå Kristi liv når dei sat ved elden om kveldane. Koll var også meir enn villig til å fortelle om sitt liv som munk, og om livet i Irlandet. Ein kveld dei sat slik, tok Tyra brått ordet:

- Det var ikkje rart om han vart drepen, denne Kvitekrist.

- Korleis det?

Det var Koll og Gyda som spurte i munnen på kvarandre.

- Det må då alle forstå at han var for god for denne verda. Men det vil eg berre seie at om det er sant at han no sit i hallen hos far sin og har makt til å gjere denne verda betre om fleire av oss, ikkje minst menn, blir hans fulltrue, ja då vil eg ønske han hjarteleg velkomen til nordlanda.

- Så du synest ikkje det er ei træletru eg pratar om, undra Koll.

- Eg trur dette er ei tru som både træljar og kvinner vil få det betre av. Og om det er slik at Krist set forbod mot å halde træljar, så er det til bate for mange og til skade for ingen. Sjå på Erling Skjalgsson frå Sola. Han lar trælane sine arbeide seg fri, om dei har tiltak til det. Og dette gjorde

han også før han vart kristmann. Eg trur ikkje nokon kan hevde med rette at han har minka verken i manndom eller rikdom av det. Og om du, Koll, har tolmod til det, så vil eg gjerne at du lærer meg om denne trua di. Og om du ein dag vil ause ein skvett vatn på hovudet mitt, så trur eg ikkje eg seier nei takk til det heller.

Då lo Ranveig.

- Det kan eg seie deg, dotter mi, at om det er noko Koll har tolmod til, og tolmod har han jamt over flust med, så er det å lære folk om Kvitekrist og dernest om munkemålet og iremålet. Vi veit litt om det, vi som har sete i denne hallen i nokre solvender.

Gyda såg storøygd på Ranveig.

- Kan du munkemål og iremål, mormor?

- Noko har det vel sige inn i den gamle skallen min og, men spør heller festemannen din, han kan det nok mykje betre.

Då tumla det ut av Bjørnulv, alt det han hadde gått og tenkt på korleis han skulle få sagt: Om Gråguden sine freistingar, om draginga mot Krist, om brytinga mellom det å vere med og verge håløygane sin fridom og å gje seg som fulltrue til ein gud som maktranarar sørfrå ville bruke som påskot for å kue håløygane.

Ikkje før var han ferdig så hadde han Gyda kring halsen sin.

- Kjæraste Bjørnulv min, så vondt du må ha hatt det. Kan du tilgje meg for at eg gjekk og gjorde meg til for andre for å gjere deg svartsjuk, og slik la stein til børa di?

Bjørnulv kjente at han raudna, og forsøkte lempeleg å skuve ho frå seg, men uakta kva han gjorde, så hang ho kring halsen hans og kyssa og klemte. Det var ei kremting frå Koll som til sist fekk ho til å sleppe.

- Det er ein ting eg må seie til deg, Gyda, og deg, Bjørnulv: Etter Kristi lære så er de to enno ikkje rette ektefolk, og lever i synd. Eg skulle gjerne ha vigd dykk til rette ektefolk for å fjerne den synda, men då må eg først få døypt dykk begge, men før det må eg få lært deg, Gyda, meir om Kristi bodskap. Så eg vil be dykk om at de ikkje lenger deler kove før dette er gjort. Eg vil ugjerne at to eg er så glad i skulle hamne i Helvetes pine.

Då slo Ranveig opp ein stor latter.

- Er det ikkje det eg seier. Det finst ingen gud som berre er god. Kven er han, denne Krist, at han skal nekte desse to unge å nyte kvarandre mens dei enno er unge. Nei, gudar, dei har alle hangen til å rå. Får dei rå og får dei blot, då er dei nøgde. Men ser dei at menneske har det bra med kvarandre, då skal dei støtt lage til noko travaskap. Menneske som veit sitt eige beste, dei held seg lengst mogleg unna gudar, kva no enn desse gudane kallar seg og vil ha oss til å tru.

Også Tyra tok til motmæle.

- Det seier eg deg, Koll, at desse to er festa etter lova, og då har guden din ingen rett til å legge seg borti det. Men likevel vil eg gjerne vite meir om guden din, så eg vil framleis gjerne at du lærer meg.

Då dei var komne i koven om kvelden kviskra Gyda:

- Du må gjerne bli kristmann, om du kjenner at det er rett. Kanhende følger eg deg på den vegen. Men du må love meg at du ikkje lar krist-trua skille oss i koven.

Bjørnulv lova så gjerne det.

Ein sein ettermiddag utpå seinhausten kom Bjørnulv rennande villøygd inn i hallen på Fånevolden. Han gjorde noko som han elles aldri pla gjere. Han sprang beint uti buret og henta ei kjenge med øl, duppa hornet i kjenga og tømte det utan å løfte munnen frå hornet. Koll - som sat einsleg i hallen - såg ovandotten på han.

- Kva er det som er dags, Bjørnulv?

Bjørnulv var nesten ikkje kar om å snakke reint, men fekk stotra fram:

- Vil du vere så gild at du hentar kvinnene til hallen, Koll. Det er noko eg må snakke med dykk om.

Litt seinare var Tyra og Ranveig i hallen. Berre Gyda drygde enno eit bel. Då ho kom såg ho straks at det var noko omfram galt fatt med Bjørnulv. Ho kasta seg på kne framfor han og greip han om livet og heldt så hardt som ho greidde.

- Kva er gale med deg, mannen min? Så oppøst har eg aldri sett deg før. Kva er det?

Enno eit horn med øl sende Bjørnulv ned gjennom strupen før han tok ordet.

- Kvate på Ægheim har vore hos Raud i Salten for å handle råvedstenger. Raud har spurt nytt frå Trøndelagen. Det seiast at til våren har Tryggvasonen tenkt seg nordover for å tukte håløygane og tvinge dei over til Kvitekrist og under sitt styre. Kvate og andre bønder kringom i Lofot har skipa eit sendelag til Tore Hjort. Dei

krev at til midtvinter må Tore blote trælur for å vinne gudane sin støtte til å tukte Krist-kongen når han kjem. Tore har ikkje avslått sendelaget sine krav. Eg har ei sterk kjensle av at det er Gråguden som står bak dette. Eg unner ikkje Gråguden å hente meir visdom frå å sitte under tre der det heng blota trælur. No, Koll, får du ause vatn på hovudet mitt. Eg vil bli Krist sin fulltrue. Gyda og Tyra, følger de meg? Deg, Ranveig, skal eg ikkje spørre. Eg veit korleis du ser på gudane.

Dei to kvinnene såg på han eit bel, så nikka dei begge.

- Ja, mannen min, eg følger deg. Det du gjer, gjer eg og. Men avsver du eiden din til Tore? Vil du ikkje følge han i strid mot Tryggvasonen?

- Eg har sverga ein eid til Tore. Den eiden held eg, endå om eg vil gjere alt eg kan for å hindre han frå å blote trælur. Tore er no den viktigaste hersen som no står mellom fridomen for håløygane og underkuing av makta sørfrå. Eg veit han er Gråguden sin fulltrue, likevel må eg følge han. Tyra, står du saman med meg?

Tyra nikka.

- Ja, eg har snakka mykje med Koll utan at du eller andre har vore til stades. Koll seier at du veit så mykje om Kristlæra no at han kan vigsla deg til setteprest.

- Setteprest, kva er det for noko?

Det var Koll som greip ordet.

- Setteprest, det er ein som eigentleg ikkje har kunnskapar nok og er klar til å bli vigsla til prest, men som kan gjere prestegjeringar når det vantar ein vigsla prest. Det vil seie at du kan vigsla Tyra og meg til ektefolk slik at vi kan leve saman utan at det strider mot Krist sine bod.

Haka til Bjørnulv datt ned på brystkassa og vart liggande der. Gyda vart like storøygd som Bjørnulv. Dei snakka begge i munnen på kvarandre:

- Vil det seie at...?

Tyra og Koll heldt kvarandre i hendene. Dei heldt kvarandre i hendene og raudna så smått. Dei såg på kvarandre til Koll nikka og Tyra tok til orde:

- Ja, vi har vorte samde om at han ikkje skal ta opp att munkelovnaden sin. Han meiner sjøl at han ikkje lenger er munk.

Det var liksom ho voks der ho sto. Det var som om ho trossa ein fiendehær.

- Vi er vortne samde om at vi skal slå oss i hop som ektefolk.

Gyda og Bjørnulv såg på kvarandre, og begge skulle til å ta ordet då Ranveig greip det:

- Jaja, då forstår eg korfor de begge har vore så tåpne den siste tida. Dotter mi, eg trudde du var komen over den fámne alderen, men... Det betyr vel ikkje så mykje for deg, men du skal vite at du har mi signing. Du kunne ha valt mykje verre enn den oskefisen der.

Ho lo brått ein hard latter.

- Ja, det har du forresten prova at du har vore i stand til. Ta iremunken du, og mi signing, endå det tyder vel ikkje så mykje for deg. Aus vatn på kvarandre og på kvarandre sine kvinner, Bjørnulv og Koll. Vatn har aldri skada eit hovud.

Ho lo, mjukare no.

- Eigentleg har eg vel sans for ein gud som vigslar folk til seg med vatn og ikkje med eld og reip.

Det vart brukt mykje vatn i hallen på Fånevolden den kvelden. Tre vart døypt og fire vart vigsla til ektefolk, men Koll måtte vedgå at om han kjente seg ikkje heilt trygg på at han kunne Gå til koven saman med Tyra om kvelden.

- Men eg gjer det no lell, sa han. - For det er slik at for meg har Krist alltid vore kjærleik. Og Krist veit at det eg kjenner for Tyra er kjærleik.

Ein dag rundt vårjamdøgn det året Koll kalla Anno Domini 999, kom Svart seglande einsleg mann i



ein lettbåt opp i støa nedfor Fånevolden. Bjørnulv var just ute, og gjekk til møtes med han. Svart var bister i åsynet.

- Vel møtt, ven, helsa Bjørnulv. - Kva er det som rir deg at du ser så bister ut?

- Eg har dårlege nyhende til Tore. Bli med meg opp til Borg, så får du og høyre.

Tore la og merke til det bistre åsynet til Svart, og undra om det hadde hendt noko galt med sonene hans. Kona til Svart hadde fødd tvillingar hausten før. Det var to velskapte og kraftige gutar, men så ulike som tvillingar kunne vere. Den eine var nesten like mørk som Svart, og hadde blå auge. Den andre var nesten like lys som mora, men hadde mørke brune auga. Det einaste som var likt på dei var håret. Det var brunt og krølla på begge.

Svart rista på hovudet.

- Nei, gutane er det ikkje noko galt med, enno. Men eg ottast dei kan vere farlause før sommaren er omme. Du får ta til å bu deg, Tore. Som du veit så har eg vore i Trondheimen etter jul. Der spørrest det at kongen etlar seg nordover på kristningsferd til sommaren. Denne gongen rømer nok ikkje kongen unna. Og no har du ikkje lenger Øyvind Kinnriva til å vakte ryggen din.

- Eg høyrte kongen hadde fått livet av Øyvind, men korleis det gjekk til har eg ikkje heilt fått greie på.

- Det er ei lang historie, og folk som fortel ho er ikkje heilt einige om alt. Eg...

Tore heldt ei hand avvergende opp.

- Vent no, Svart. Vi får samle folket og få mat og øl på bordet først. Etterpå er det tid for ei god historie.

Mens dei venta på at borda vart sette opp og maten og ølet bore fram, spurte Tore nytt om Bodvar. Svart kunne fortelle at han handla godt der sør i Trondheimen og samla mykje sølv, særleg for kvalrossreipa frå Bjarmland. Dette gledde Tore seg over, men han vart meir uglied då Svart ymta frampå om at Bodvar visst hadde latt seg døype til nytrua.

- Trur du hen vender seg mot meg? Korfor er det ikkje han som kjem med bod om at kongen planlegg kristningsferd til Hålogaland?

- Ta det ikkje slik, Tore. Så lenge Olav sit i Trondheimen er det ikkje mogleg å drive handel der utan å la seg kristne. Men du har vel og hatt nokre vass-skvettar på hovudet ditt opp gjennom åra, utan at dei har trengt inn i skallen på deg. Ottast ikkje for Bodvar. Han kjem når han kan. Kongen har mange auge, og Bodvar har alle på seg. Dei veit han er mågen din. Bodvar må akte høvet til å komme seg nordover.

Tore gliste og slo seg til ro med det.

Dei gjorde seg til gode av skreimølja. Snart glinsa det av feittstriper i skjegga og gode rap losna kring bordet. Tore hjelpte seg til ei siste skive rogn før han sleika av fingrane og ba Svart fortelle.

- Det starta eigentleg med to håloygske menn, Sigurd og Hauk, som hadde vore på handelsferd til England. På heimtur støyte dei på Olav sine menn på Nordmøre.

Straks kongen fekk høyre at det var komen heidne menn frå Hålogaland, kalla han dei to styrmennene til seg og tok til å snakke om Krist-trua og dåpen. Han snakka lenge med dei og både lokka og trua, men begge sto beinhardt imot. Til sist gjorde han seg grei til å skamfere dei og drepe dei, men like lite nytta det. Det endte med at kongen let dei legge i jern og lenker, og tok dei med seg. Seinare snakka kongen ofte med dei, både treeine og i lag med andre.

Men ei natt slapp dei ut av jerna og vart borte. Folk har undra seg mykje på korleis det gjekk til. Det er ikkje mange ein høyrer om som slepp ut av kongen sine jern og lenker utan at han sjøl vil det. Men kongen heldt eit svare leven då dei to var borte. Han skjelte ut mennene sine, og truga med å henge fleire av dei, ettersom dei ikkje greidde vakte to menn som låg i jern og lenker.

Det vart likevel ikkje av noka henging. Mennene orsaka seg med at det måtte vere trolldom og seidkunstar med i spelet. Enkelte gjekk så langt som til å hevde at det måtte vere Odin sjøl som hadde frigjort dei to fangane. Desse meinte å ha blitt prova rett då Sigurd og Hauk same hausten kom nord til Tjøtta. Der vart dei om vinteren og hadde det godt.

På tidlegssommaren kom dei to brørne seglande til Trondheimen med Hårek i båten. Ein dag Hårek keia seg hadde dei lura han med seg i båten, for å slå tida i hel. Då dei kom noko bort frå øya hadde dei gjeve han valet mellom å bli bunden eller drepen eller la dei råde for ferda og styringa. Hårek

likte kleint tanken på å bli drepen. Tanken på å ligge bunden i båten var heller ikkje særleg freistande, så han valde det siste.

Kongen let straks Hårek kalla til seg og ville døype han, men Hårek vreid seg unna som best han kunne. Hårek vart hos kongen lenge, men døype seg ville han ikkje. På seinsommaren ga kongen seg. Han ga Hårek eit skip med 30 mann og bau han fare heim. Dette gjorde han, sa han, fordi han og Hårek var nærskyldte og fordi ingen skulle kunne seie at han hadde vunne over Hårek med svik. Samtidig truga han med at han skulle komme nordover i sommar, og då skulle dei bli hardt refsa som ikkje ville ta ved dåpen.

Straks Hårek kom heim, sendte han bod på beste venen sin, Øyvind Kinnriva. Øyvind kom så fort han kunne, og dei to samtalte mykje om korleis dei skulle bu seg til å ta imot Olav om han gjorde alvor av å komme neste sommar. Ein dag dei gjekk og samtalte på ein kant av øya der ingen budde, kom Olav sine menn over dei og tok Øyvind med seg til Trondheimen.

Kongen prøvde først med det gode å få Øyvind til å døype seg. Kongen lokka både med gåver og veitsler, men Øyvind sa heile tida tvert nei. Det viste seg snart at kongen ikkje hadde like langt tålmod med Øyvind som han hadde hatt med Hårek. Kongen tok straks til å truge, og då det heller ikkje hjalp, la dei Øyvind ned på golvet og drog kleda av han. Så henta dei eit vaskefat fullt av glør og sette det på magen til Øyvind. Straks sprakk magen. Øyvind ba dei då ta vekk fatet. "Eg trur ikkje det treng stå her lenger", sa han. Kongen tok vekk fatet og spurte Øyvind om han no ville la seg døype. Men det ville ikkje Øyvind. "Men", sa han, "eit råd skal du få hos meg før eg døyr. Bu deg godt om du har tenkt deg til Hålogaland til sommars. Eg trur ikkje dei fleste hæløyane er ikkje særleg meir lettdøypte enn eg er".

Det var lenge stilt kring bordet då Svart hadde slutta historia si. Til sist løfta Tore hornet sitt.

- La oss drikke minneskål over Øyvind. Der for ein god hæløyg og ven til Valhall.

- Då dei hadde drukke såg Tore igjen på Svart.

- Er det slik å forstå at Hårek sat i ro på Tjøtta og let kongsmennene fare med Øyvind?

- Det seiest så, ja.

- Han akta ikkje

venen sin mykje.

- Kanhende trudde han ikkje at Øyvind skulle vere verre faren enn han sjøl var då han var hos kongen.

- Trur du det? Hårek visste at Øyvind ikkje var nærskyldt kongen. Og svik kan drapet ikkje kallast, så lenge det var kongsmenn som hadde henta Øyvind. Til sommaren er eg redd det berre blir Raud og eg som fer imot kongen. Men eg skal gjere mitt for å prøve Øyvind sannspådd. Kvitekrist og kongen skal ikkje komme lett til noko rike her i Hålogaland. Du får ha takk for fortellinga, Svart, endå om ho ikkje var av det mest hugnadsame slaget.

Koll sat oppe då Bjørnulv kom heim. Det var berrsynt at han var nyfiken på kva det var som hadde hendt. Då Bjørnulv hadde fortalt det, såg Koll alvorleg på han.

- Du får velge no, Bjørnulv, kven du aktar mest, Tore eller Kvitekrist.

- Eg har svore eiden min til Tore.

- Men du svor deg til Krist då du tok dåpen.

- Eg svor eiden til Tore først.

- Men du veit at Tore slåss for Odin og anna troll-ty. Trur du Krist vil ta imot deg om du stør ein slik kamp?

- Du snakkar så ofte om ein mild og kjærleg Krist. Korleis høver det med glofatet på magen til Øyvind?

- Krist har mange vegar. Øyvind fekk høve til å angre seg og finne vegen til den evige sæla før han døydde. Så mild var kongen. Det hjalp berre så lite mot ein trollkar som Øyvind. Kanhende kunne han ikkje heller, for det blir sagt at Øyvind var ein ånd som nokre trollkarar av skridfinnætt hadde mana inn i ein menneskekropp. Far til Øyvind hadde betalt skridfinnane godt for det, fordi han og kona hans ikkje kunne få born.

Den natta sov Bjørnulv lite. Utpå morgonsida døde han av.

To høge menn dreiv og brautest på ein vold. Den ein eine var gammal, gråkledd og med grått

tjafset hår. Det glitra av kampglød og - var det morskap? - i det eine auget hans. Den andre var ung, med langt gullgult hår nedover akslene. Auga hans var milde og sorgtunge. Han var ikkje særleg pågåande i kampen, men veik ikkje eit steg tilbake for dei ville åtaka frå den gamle. På kvar sin haug, litt til sides sto to andre menn, begge med spyda kampklare. Begge var overlag fint kledde. Den eine hadde raud kufte og blå kappe, den andre omvendt. Begge hadde gullslåtte hjelmar på hovudet. Ansikta deira fekk han ikkje tak på.

Med eitt låg Bjørnulv sjøl mellom føtene på dei to som braut. Han kjente seg så overlag liten der han låg, men visste likevel at han på eit vis var avgjerande for kampen mellom dei to. Han prøvde så godt han kunne å kravle seg bort frå innimellom dei trakkande føtene, men uansett kor han kraup og kor han åla, så var føtene rundt han heile tida. På eit eller anna vis greidde han heile tida å vri seg unna slik at dei ikkje trødde på han, men bort kom han seg ikkje.

Til slutt greip han i fortvilning tak om eine foten til den gamle, og skreik:

- Dette går ikkje lenger. Du får ta til vettet, du som er eldst.

Den unge nytta høvet, greip den gamle om begge akslene og slengte han i bakken så heile jorda skolv. I det same skaut dei to hovdingane spyda sine mot kvarandre. Spydet til han i den raude kappa råka den andre midt i bringa og gjekk rakt igjennom. Spydet til han i den blå kappa sneia berre så vidt den raude kappa.

Den usynlege munnen under den raude kappa lo ein stor latter og brølte til den lyshåra:

- Så skal vi sigre du og eg. Trua til krypet gjev oss kraft.

Den lyse smilte vemodig opp mot hovdingen.

- Ein siger blir det nok. Men fordi du trur dei er kryp, skal du aldri sigre slik du drøyer om. Den endelege sigeren blir min, men ikkje din. Eg skal vinne han saman med namnebroren din, og han skal kallast Den Heilage.

Den gamle, grå mannen på bakken løyste seg opp og kvarv. Til slutt var det berre igjen ein naken tanngard som glefste etter føtene til Bjørnulv. Tanngarden hogg seg fast on ankelen hans, og han skreik og skreik.

Bjørnulv kjente hender slite i seg. Han sprang og sprang, men hendene berre sleit og rista meir. Langt borte hørte han ein stemme, men han kunne ikkje høyre orda. Endå så langt han hadde sprunge, sto den lyse framleis like ved sida hans. Den lyse vaks og lyste. Han vart så stor at han fylte heile synsranda. Han la hendene sine på Bjørnulv. Dei var svale, men endå varmande. Han lutte seg ned over Bjørnulv og kviskra, og endå var orda som torden.

- Stå ved eiden din, Bjørnulv, den første. Eg likar ikkje eidsvikarar. Men når han du svor første eiden din er borte, då står eiden din til meg desto fastare, for alltid.

Med eitt kunne Bjørnulv høyre orda til den første stemmen. Det var noko så kjent og underleg kjært ved stemmen som mana han. Også desse hendene var svale, men varmande. Han slutta å stritte imot, berre seig inn i den svalande varmen frå hendene og den gode og kjære stemmen.

- Bjørnulv, kom no. Du har vore lenge nok der du er. Kom no, annars kjem du kanskje aldri. Kom no Bjørnulv, vi treng deg her, kom.

Ranveig sto bøygd over han, og hendene hennar heldt kring han. Auga hennar var alvorlege, men det flakka ein liten smil kring munnvikene.

- Er det du, Ranveig?

- Javisst er det eg. Ser du meg?

- Eg ser deg.

- Då er du her. Det er godt. Men no skal du ikkje sove meir. Du skal stå opp. Eg har åbiten klar. Han fekk på seg noko klede og tumla seg ut av koven. Elden lyste på grua, men hadde enno ikkje fått skikkeleg tak på den kulsande kulda i rommet. Ranveig sat innved åren attmed eit bord Koll hadde sett opp der. Ho hadde eit ullsjal godt kring seg, og kasta ein mjuk og vakker fell bort til han. Han såg det sto suvl og brød på bordet, og kjente lukta av varmt, krydra øl. Ranveig let han ete utan å seie noko. Først då han var ferdig spurte ho:

- Veit du meir no enn då du sovna?

- Eg trur det.

- Veit du nok til å velge?

- Ja

- Det er godt, kva det no enn blir.

Skreifisket var over og mennene hadde fare heim for å bu seg til ei verre ofse, før Bodvar kom. Det var glede på Borg over at han kom med knarren. Dei hadde frykta at han hadde måtta legge den igjen i Trondheimen for å komme seg unna auga til kongen. Heilt beinkløyvd hadde det heller ikkje vore for Bodvar å komme seg unna. Men ein kveld Bodvar og nokre av mennene hans hadde vore i hallen hos kongen, hadde han latt resten av mennene sine lure seg ut med knarren og legge seg til på Flakk og vente, med streng ordre om at kom det kongsskip ut frå Nidarosen skulle dei segle nordover det fortaste dei vann, utan å vente på Bodvar. Om natta rei Bodvar og dei mennene som var i lag med han, til Flakk, der skipet låg og venta.

- Var du innom Hårek? undra Tore.

Bodvar såg uglied ut.

- Ja, eg var hos Hårek.

- Så! Det var som eg ottast. Han budde seg ikkje?

- Til strid var alt ubudd. Eg spurte han, men fekk berre svevande svar om at enno var ikkje noko visst. Eg vart ikkje lenge hos Hårek, denne gongen. Eg vart ikkje lenge hos Raud heller. Det var ikkje naudsynt. Han bur seg. Han har alt bygd veter så han kan varsle oss om kongen kjem tidlegare enn vi ventar han. Det er greit at Raud heller vil rå seg sjøl, enn å bli kongen sin lendmann og Kvitekrist sin træl.

Ein dag kom Kalv Kvite ridande sjøl sjette til Borg. Han helsa høvisk på Tore, men ville ikkje la seg be inn.

- Nei, eg har mykje å gjere, og vil ikkje gjere turen til Borg lengre enn han treng. Eg ville berre la deg vite at eg har sjøsett langskipet på Li. Som du veit, følgde det ikkje med i gardskjøpet, men Skafta har gjeve meg det til låns, så eg kan følge deg mot kongen. Skafta er ein stor blotmann, veit du. Han ville like lite som eg trivast med ein Kristmann på Borg. Om det er så at du vil ha meg i følget ditt?

- I denne striden har eg ikkje råd til å velge meg vener. Kvar skip og kvar mann som vil følge, får vere velkomen.

- Det er ei sak eg tenkte du kunne hjelpe meg med om du ville. Eg har ikkje stavnbu til skipet mitt. Om du så syntes, vore det gildt om eg kunne låne Asgaut, men han treng du vel sjøl, så eg vart nøgd om eg fekk Kjartan.

- Asgaut er stavnbu på skipet mitt og Kjartan på Bodvar sitt, så dei kan du berre glømme. Men er det ikkje slik at du ofte drikk i lag med Halvdan Sigurdsson? Det er ikkje så mange vintrar sidan han var modig nok til å dra sverdet sitt i gildehallen min mens vi drakk jul. Korfor tar du ikkje han til stavnbu og lar han få prøve motet sitt mot Olav Tryggvason?

Kalv vart om mogleg enno kvitare enn vanleg.

- Eg trur eg har fått omlag nok av spitorða dine, kvæste han og snudde seg.

- Ro deg no, Kalv. Eg var kanhende i raskaste laget no. Du veit eg har fleire dugande karar på garden min, og du kjenner alle, så berre la meg vite kven du vil ha, så får du han. Men dei to som du nemnde kan eg ikkje låne bort.

Ein dag utpå vår-sommaren steig det tung røyk frå ein vete borti Salten. Sju skip med "Gullveng" i brodden låg velbudde i Borgpollen og venta på bør. I neste augeblinken fata veten på Blåtinden. Det steig eit sus frå skipa og frå mennene på land. Då Tore kom ridande frå Borg, hadde alle mennene funne sessane sine ombord i skipa. Alle mennene reiste hill-rop og slo på skjolda sine då Tore tok plassen ved styreåra ombord i "Gullveng". Berre i Li-skipet var hyllinga avdempa.

Dagen var ein av dei stillaste denne våren, men mennene greip utan å kny til årene og hæren gleid ut av pollen. Sundklakkstraumen bar imot, men skipa var nybreidde og lettrodde, så det var berre nokre få som murra om at det hadde vore lettare å gå nordom Gimsøya og ro seg sørover gjennom Gimsøystraumen. Dei tagna då andre minte dei om at Gimsøystraumen bar same vegen som

Sundklakkstraumen, og at før straumen snudde ville dei vere langt utimot Vestværbakkane og ha opne Vestfjorden framfor seg.

Også denne gongen hadde det blitt slik at Bjørnulv sat ombord i "Gullveng" og ikkje ombord i Steinbjørn sitt skip. Som alle andre som først og fremst var bogeskyttarar, sat han atte i skipet. Han la merke til at Gaute sat midtskips og hadde

fått rotørn frå starten av, og var glad for at dei ikkje sat nærmare kvarandre. Då ville det ha vore vanskeleg å unngå å nemne noko om at mens Steinbjørn segla sitt skip mot Olav Tryggvason for andre gong, så sat Frode Gautason heime med sitt skip også denne gongen. Som vanleg ville Frode "Ølvom" sjå kva veg krigslykka snudde, før han tok parti.

Det var eit syn å sjå "Ormen" og "Gullveng" segle jamsides sørover langs kysten. Mennene visste at her segla dei to største skipa i landet, styrt av to av dei største styrmennene i landet. Alle visste og at dei to styrmennene nytta kvart minste pust av vind for å forsøke å dra litt ifrå den andre. Men skipa låg som om dei var bundne saman. Brysta til kvar mann bula av byrgskap over å vere med i slik ein hær.

Børa var god no, sørover frå Salten. Mindre røynte styrmenn mulla noko om at her kanskje burde minskast segl og settast ei klo eller to, men begge hovdingane segla for fulle segl, og ingen ønska å bli hengande etter og tole spiten for det. Skipet frå Li tok inn vatn fleire gonger, men ikkje så mykje at dei ikkje greidde ause etter kvart.

Bjørnulv visste ikkje heilt kor han henta motet ifrå då han maka seg bort til Tore og stilt orda frampå at dei kanskje burde minske segl slik at mennene hos dei dårlegaste styrmennene ikkje var heilt utslitne når dei støyte på Tryggvasonen. Tore berre lo, men litt seinare såg Bjørnulv at han signaliserte til Raud, fekk svar tilbake, og begge skipa sette to klør. Det var nesten slik at Bjørnulv hørte sukket av lette frå fleire av skipa då det skjedde.

Det var seint om kvelden då dei søkte hamn i Lovund. Bonden der var ein langfrende til Raud. Han tok imot dei som var dei lenge sakna frendar som omsider kom. Han kunne og fortelle at kong Olav Tryggvason hadde segla forbi dagen før, og søkt inn Ranfjorden.

- Det vart vel for tungt for dei velfødde kongsmennene å ha vinden rett imot så lenge, flein han.

Dagen etter rodde dei inn Ranfjorden. På lang avstand vart dei vår kongeskipa og såg at kongen hadde mange fleire skip enn dei.

- Denne gongen treng han ikkje rømme for overmakt, kongen. Beste vona vår er at vi har to skip som er større enn kongen sine, grynta Tore der han sto i løftingen.

Han vinka over til Raud og dei la dei to skipa åt kvarandre og batt dei saman. Sidan batt dei åt dei andre og mindre skipa på kvar side, men slik at "Gullveng" og "Ormen" vart liggande så mykje lengre fram som dei var lange til. Berre Steinbjørn let ikkje skipet sitt binde saman med dei andre. Ein av dei yngre mennene i bakrommet undra seg over dette og sa:

- Gjer han seg klar til å fly alt no, Øgsfjordhovdingen?

Som takk for det fekk han eit drag over nakken frå ein av dei eldre.

- Akt kjeften din, kvelp. Steinbjørn flyg ikkje før han må. Dette er noko hovdingane har samsnakka seg om. Det er ofte bra å ha eit laust skip som fritt kan støyte til der det trengst mest.

Kongen la seg med "Trana" fram mot "Ormen", som var det staselegaste skipet. Han meinte truleg at det var der hovdingen for hæren var.

Frå "Ormen" kasta dei straks anker og stamnljåar ombord i kongeskipet og hadde overtaket i starten fordi "Ormen" var så mykje høgare enn "Trana". Frå det høge "Ormen" kunne dei skyte både med piler og spyd ned mot kongeskipet, og der tok det snart til å tynnast i framrommet. Men kor mange dei enn drap, så fyltest det opp med folk frå lenger bak i skipet og frå dei andre kongeskipa.

Slik gjekk slaget i midten til håloygane sin fordel, men etter kvart vart det klart at dei tapte slaget på fløyane. Kongsmennene rydda skip etter skip og hogg dei laus. Det hjelpte ikkje stort at Steinbjørn såg ut til å vere alle stader samtidig med skipet sitt for å hjelpe til der det trongst mest. Snart var det berre "Gullveng" og "Ormen" igjen i fylkinga til håloygane. Det siste skipet som vart entra var skipet til Bodvar som låg til venstre for "Gullveng". Bodvar og nokre få av mennene hans

greidde å komme seg over på "Gullveng" før skipet hans vart hogge laus.

Då sa Tore:

- Du Bjørnulv, du skyt betre enn dei fleste. Ta deg framover i skipet og sjå om du greier å få sett ei pil i kongen.

Bjørnulv åla seg framover i skipet, men det var ugreitt å ta seg fram, for midtskips hadde kongsmennene tatt til å komme ombord i "Gullveng". Likevel greidde han å lure seg forbi verste kamptummelen og kom seg opp på ei kiste for å komme høgt nok til å få skott på kongen. Han la pila på strengen, stramma buen og sikta mot halsen til kongen, der brynja ikkje var i veggen. Just i det same han slapp pila, kom ein av kongsmennene springande. Det var han som fekk pila gjennom halsen og stupte framfor føtene til kongen.

Bjørnulv beit tennene saman og fiska fram ei ny pil. Sakte stramma han buen. Nett i det same han skulle til å sleppe pila, råka eitkvart han i hovudet, og alt vart svart.

Raud gjorde teikn til Tore. Tore nikka, og frå begge skipa tok dei til å hogge over taua som batt skipa saman. Både Raud og Steinbjørn rodde til havs og drog opp segla. Raud var så stor ein trollkar at han støtt hadde bør der han segla. Og så sterk var trollkrafta hans at også Steinbjørn fekk bør berre han greidde å halde seg nært nok "Ormen".

Tore flydde med "Gullveng" inn mot land med "Trana" og fleire av dei andre kongeskipa etter seg. Rett utfor land hogg dei hol i skipet og let det søkke mens dei sprang på land.

Idet Tore forlet skipet såg han det rykkte i den eine armen til Bjørnulv, og forsto at han var i live. Han bøygde seg ned og fekk kasta Bjørnulv opp på aksla. Dette seinka Tore såpass mykje at han snart hadde kongen i hælane på seg. Han såg ingen annan utveg enn å sleppe Bjørnulv.

Olav var kjent som ein stor idrettsmann, men Tore hala likevel ifrå. Då ropa kongen til hunden sin som han hadde i lag med seg:

- Vige, ta hjorten.

Hunden for etter Tore og kasta seg over han. Tore stoppa og hogg etter hunden og ga han eit stort sår, men det hefta han såpass mykje at kongen kom nær nok til å kaste spydet sitt. Det råka Tore under eine armen, og kastet var så kraftig at spydet gjekk tvers gjennom han og sto ut på andre sida.

Bjørnulv vakna av at einkvan sparka han lett i sida. Det første han såg var ei raud kappe som båra i den lette vindgusten.

- Kjenner du denne pila?

Bjørnulv stavra seg på føtene, men hadde vanskar med å feste blikket på grunn av hamringa i hovudet. Etter ei tid greidde han å sjå at mannen sto med ei avbrekt pil i hendene. Han nikka. Det skulle han ikkje ha gjort, for det fekk nye smerterier til å skyte gjennom hovudet så han rava. Ei hand kom ein stad ifrå og stødde han.

- Det er mi pil, stønna han.

- Då var det du som skaut Sigvat herse så han datt på foten min. Og då er vel denne pila og di?

Denne gongen var det ei pil som odden var brekt av.

- Denne pila gjorde dette før ho gjekk med heile odden inn i styreknappen.

Mannen viste fram eit smalt sår langs halsen.

- Du er ein god skyttar, men Kvitekrist heldt handa si over meg i dag. Eg kan trenge folk som deg. Om du lar deg døype og sver truskap til meg, skal du få plass i krapperommet på skipet mitt.

- Døype meg treng eg ikkje, av di eg er døypt, om du godtar dåpen til ein irsk munk som lenge har vore træl i Lofot. Når det gjeld truskapseid så meiner eg at eiden min til Tore står ved lag enno ei tid, endå om du så har fått livet av han.

Bjørnulv såg at kongen likte svaret kleint.

- Vil du då at eg heller skal ta hovudet ditt?

- Om du synest du må, så ser eg ingen annan utveg. Men eg forstår ikkje kva du skal med ein eidsvikar i krapperommet ditt. Svik eg eiden til Tore, så kan eg vel like lett svike eiden til deg.

- Du seier at ein irsk munk har døypt deg. Korleis kan det då ha seg at du slåst for Odin og mot Krist?

- Eg slåst ikkje for Odin. Eg slåst for Tore. Eg slåst ikkje mot Krist. Eg slåst mot ditt herreveelde, konge. Endå var valet ikkje lett, før Krist kom til meg i ein draum og baud meg ære eiden min og

viste meg at han likevel ville vinne over Odin.

- Fortel meg draumen din.

Då Bjørnulv var ferdig såg kongen undrande på han.

- Du er visst ikkje ein som talar storfolk etter munnen, du. Men vi får no sjå om du er sanndrøymt. Du har gjeve meg mange grunnar til å hjelpe deg av med hovudet ditt. Likevel trur eg det er best det får vere der det er. Det er ikkje så mange menn oppi Lofot som får gjesting av Krist i draumane sine.

Bodvar blødde mykje frå eit sår i høgre armen. Han var bleik, men i live og hadde fått grid av kongen fordi han var blitt døypt i Trondheimen. Dei fekk vite at Asgaut hadde blitt hardt sår under slaget, og hadde neppe hengt ved livet særleg lenge om han ikkje var blitt hoggen i hel av kongsmennene då han nekta å la seg døype. Kjartan fekk dei ikkje spurlag på, endå fleire av mennene meinte dei hadde sett han springe i land frå "Gullveng". Gaute, fekk dei vite, hadde gått i kongen si teneste. Både Svart og Kalv Kvite var blitt hogne i hel av kongsmennene; Svart fordi dei trudde han var ein djevel og Kalv fordi han nekta å la seg døype. Dei som hadde hogd Svart kom seinare til kongen og skrytte av at dei hadde drept ein djevel. Då fekk dei skarp refs av kongen fordi dei ikkje hadde bydd han grid som alle andre.

Dagen etter heldt kongen dåp over alle dei mennene som enno var i live.

Etter dåpen kom han bort til Bodvar og Bjørnulv.

- Eg har forhøyrte meg med Gaute om gardane oppi Lofot#. Borg med Fånevolden, Li og Helle tar eg. Du, Bodvar, kan bli sittande på Hol. Du kan ta dei skipa du treng for å segle deg og mennene dine nordover. Eg ventar at det er gjort i stand til meg på gardane mine når eg kjem etter for å kristne folket.

- Korfor tar du garden til Bjørnulv og ikkje min?

- Det er ikkje hans gard, men Steinbjørn sin. Eg får sjå om eg får stunder til å gjere meg ein skjøyt inni Øgsfjorden for å tukte Steinbjørn mens eg er nordpå. Viss ikkje får år mannen som eg set etter meg på Borg syte for det. Etter det eg forstår vil ikkje Frode på Fjell vere uvillig til å hjelpe til med å tukte Steinbjørn.

Då dei landa i Holsfjæra sa Bodvar:

- Eg har sett meg føre å rive langhuset på Borg og segle til Island med det.

- Men på Island finst det vel ikkje ubygd mark lenger. Har du tenkt å sitte som huskar hos ein storbonde der?

- Vi har frendar på Island. Ætta etter Olav Tvennumbruni er nærfrendane til Tore. Dei kan vel hjelpe meg til å få kjøpt ein gard. Og skulle ikkje det vere mogleg, så finst det enno ubygd mark på Grønland, og i Vesterbygda sit ein ikkje så nær under makta til Eirik Raude. Han har no elles ord på seg for ikkje å vere den lettaste å leve nær innpå. Kjem du med?

- Eg har ikkje mykje som bind meg her lenger, når du fær. Men først må eg austover og åtvare far min, om du låner meg båt.

- Du finn vegen?

Bodvar kasta fanglina ombord i båten.

- Denne Molldøra som eg har høyrte gjete, veit eg ikkje om eg vågar meg på, men om veret held seg, så er det ingen risiko å segle den trygge leia sørom Skrova, og då er resten berre beine vegen.

- Men om veret endrar seg, finn du fram gjennom Molldøra då? Det er ikkje så vanskeleg.

- Vi får sjå. Eg kjem vel fram på eit vis, om det er så laga.

- Du er sikker på at du ikkje vil ha med deg ein mann som kjenner leia?

- Du treng dei folka du har. Du har ikkje så mange att. Og snart er kongen her. Då må du vere borte.

- Enn du då?

- Om eg når det, så.

Veret laga seg som skulle det ha vore tinga. Bjørnulv kjente seg nesten som ein Raud den Rame

der han for. Ein og annan gongen måtte han krysse seg litt fram mot vinden, men stort sett låg han på eit stendig slør den leia han skulle, og vindstyrken var stort sett lagleg for ein liten båt. Berre akkurat idet han runda Skrova måtte han sette eit par klør. Snart låg Hundsneset der strekte sin lange peikefinger ut mot øyene utafor.

Ved Hundsneset la han seg inn mot land, og segla nært inn mot Fjell. Der fira han seglet og la seg til å drive, let hatet bære i bringa på seg mens han stirra mot langhuset som luta seg inn mot Ørnhaugen. Han såg nokre træljar som sto og hakka i jorda oppe på Kjøpstaden. Så vart han vár ein mann som sprang frå Ålberrshaugen og opp mot husa. Han forsto at no fekk Frode Ølvom njosn om den framande båten som låg og dreiv, og fann det likast å heise seglet før dei kom etter han.

Husa i Kjos var like gråe som han hugsa dei, men han såg at mykje var vølt for ikkje lenge sidan, og at ingen av taka var innfalne.

- Han stokk då han nesten gjekk seg rett på den høge, gråe skapningen i bakkane opp mot husa.

Har han enno ikkje gjeve meg opp, fór det gjennom han, og han sette i:

- I Kristi namn...

- Du treng ikkje bruke Kristi namn mot meg, Bjørnolv, eg har ikkje tenkt å gjere deg noko vondt.

- Eg trudde det var gråguden. Du har lagt bort fargene igjen?

Steinbjørn lo ein hås latter.

- Du treff neppe gråguden her. Det er lenge sidan han eg har hatt noko med kvarandre å gjere. Når det gjeld fargene, så høvde dei for Steinbjørn hovding. For Allat er det best å kle seg i léter som ikkje synest for godt. Eg trur ikkje Ipmel vernar meg betre enn gråguden har gjort. Den som vernar meg best er eg sjøl. Då er det best å ikkje brikje for mykje.

- Eg kjem får å åtvare deg, far.

- Du skal ha takk for det, endå om det knappast var naudsynt. Men kom no. Her er ei som nok vil sjå for ein skapeleg mann eldste sonen hennar er vorten.

Den runde og smilande kvinna var mykje mindre enn han kunne hugse. Dei to vart berre ståande og sjå på kvarandre, heilt til Steinbjørn ga han ein kraftig dult i ryggen.

- Hels no skikkeleg på mor di gut.

Han snåva eit par skritt fram og nesten datt inn mot mor si. Ho sto støtt som eit fjell og slo armane kring han. Lenge sto dei slik. Så reiv ho seg laus og var som snarast med hende oppi augekrokane.

- Huff, så dum eg er. Stå slik. Du må vere svolten som har sigla så langt. Fridlaug, kor er du?

Ei ung taus stakk hovudet inn gjennom sidedøra.

- Nå, der er du. Vi har fått framand. Sjå til at det kjem mat og drykk på bordet. Steinbjørn, hent inn gutane så dei får møte bror sin.

Steinbjørn smilte og rista litt på hovudet før han bøygde seg ut døra.

Den runde, vesle kvinna før lettbeint som ein vind ut og inn døra, fekk inn eit par andre tauser som sette opp bord og la duk på. Før duken var skikkeleg lagt var mora og Fridlaug der med mat og ølkjenger. Snart sto det ein ovhendig overflod av kjøt og fisk og brød på bordet.

Ho såg orsakande på den vaksne og ukjente sonen sin.

- Eg vonar du tar til takke om maten er kald. Eg reknar med at du er svolten og vil ha maten no, men om du så vil, så tar det ikkje allverda med tid å få til noko varmt. Eg kan...

Ho var på veg ut døra i det same, men Bjørnolv fekk stoppa ho.

- Du har rett. Eg er svolten. Det ser godt ut slik det er.

Ho fekk han ned på benken og tok til å skuve fata bort til han. Han måtte nesten halde hendene hennar for å hindre at ho putta maten i munnen på han.

- Vent no litt mor, eg er ikkje så ihelsvolten at eg ikkje kan vente til far og brørne mine kjem.

- Vi er her.

Bjørnolv såg mot døra. Alle tre var komne inn utan at han hadde høyrte ein lyd.

- Fér de alltid så stilt?

- Vi har lært oss det. I fjellet er det ikkje våpengnyet som skaffar mat i munnen.

Dei to brørne var begge like faren. Den eldste var nesten like høg som faren og var ein ung mann, om skjegglaus enno. Den andre såg ut til å kunne vere ein tolv-tretten vintrar, men høg for alderen og noko meir breilagte enn faren og eldste broren.



- Hljote og Fåne, de får helse høvisk på bror dykkar.

Begge steig fram mot bordet og helsa slik det høver seg mellom hovdingar.

Det vart snakka lite kring bordet, og Bjørnulf la merke til at begge brørne hadde ein mykje vakrare bordskikk enn han hadde sett hos vørde folk i hallen på Borg. Han la og merke til at dei fór varsamt fram mot ølhorna sine. Så var vel det noko som låg i ætta, truleg.

Omsider rapa Steinbjørn godt og skuva matfata frå seg. Han drakk djupt av ølhornet, sette det frå seg og sukka.

- Eg trudde lykka no var i ferd med å vende tilbake til ætta vår, men det vart berre ei kort gjesting. Vi gjer det vi må. Vi gjer det rette, men lagnaden løner oss kleint for det. Ætta vår har lidd hardt av di langfar vår reiste odd og egg mot Harald Luva. Han fekk betale harde bøter til kongen, bøter som gjorde oss til fattigfolk. Du, Bjørnulf, er den av oss som hardast har kjent kva det førte med seg. Veit du kva denne kongen etlar seg til?

- Å ta alt.

Dei hørte tyste på mens han fortalde kva som hadde hendt etter at slaget var over.

- Eg trudde det. Jaja, han skal bli mindre rik av det enn Luva'n vart. Torhild, kva seier du til å ta fjellet fatt? Du er bra lettbeint enno.

Ho la handa si bortpå armen hans, samtidig som ho såg seg om i hallen.

- Å ja, fjellet. Det har gjeve meg mang ei god stund. Du veit, på eit vis såg eg vel fram til å bli gammal i denne hallen og komme i jorda her, men lagnaden ville det annleis. Ja, Steinbjørn, eg trur fjellet ventar på oss, deg og meg og gutane. Fjellet og finnane, dei svik oss ikkje.

- Og du, Bjørnulf, blir du med?

Det var nesten noko bedande i stemmen til Steinbjørn. Bjørnulf vreid seg og fann ikkje orda som trongst. Mora kom som snarast med handa si bortpå armen hans.

- Du treng ikkje seie noko, Bjørnulf. Du veit vi alle gjerne ville hatt deg hos oss, men du må vere der Gyda er.

- Men eg har då ikkje fortalt noko om...

Ho klappa han på armen igjen.

- Far din har fortalt.

- Korleis kan han vete..?

- Han ser og høyrer meir enn folk flest, far din. Visste du ikkje det? Han er mest som gråguden, far din, ja meir enn det. Far din, han har ikkje berre eit par ramnar han lyder til. Kvar einaste fugl, sjøl den minste sporv og meis har eitkvart å fortelle far din. Du skal lyde vel på fuglane, Bjørnulf. Eg trur du har det i deg, du og.

Idet båten runda Hamneset tok dei første eldblomane til å breie seg ut oppe på Kjos. I det same vart det så rar ein vind at den fukta auga til Bjørnulf og han mumla til seg sjøl:

- Han drøyer ikkje lenge med å sette i verk det han har bestemt seg for, far min.

Akkurat idet han hadde Myrodden om styrbord og lendet var i ferd med å opne utsynet inn mot Fjell, skaut det fram tre seksæringar på tvers av kursen hans. Han forsto at det var Frode Gautason sine menn, og utan å tenke seg om hogg han styreåra hardt over i babord. Dermed kom han for mykje opp mot vinden. Segla slo, og han tapte fart. Før han fekk justert kursen og seglføringa var dei over han. Han slapp alle taua, let båten sigle som den ville, greip sverdet og sto imot så godt han kunne, heit til eitkvart traff han i hovudet slik at han ikkje visste av noko meir.

Det første han såg då han vakna, var ei stor ølvom som dissa over han. Det neste han merka var at han ikkje kjente armane sine. Det fór kaldt gjennom heilen hans. Slaget i hovudet hadde gjort han lam! I neste augeblinken marka han tauet som skar seg inn både overarm og handled. Smerten sendte ei kjensle av lykke gjennom han så sterk at han nesten brast i latter. I neste augeblinken gjekk det opp for han kor latterleg det var å kjenne lykke over at han låg svinebunden under det som utan tvil måtte vere Frode Gautason si ølvom. Det vanvittige i desse kjenslene gjorde at han ikkje var i stand til å halde tilbake eit knis. Som svar på det mottok han eit hardt spark i sidebeina.

- Om det er så at du synest dette er morosamt, så kan eg godt gje deg meir å more deg over.

Bjørnulf tagde, og fekk eit nytt spark.

- Legg han i sørburet til i morgon. Då vonar eg mesteparten av morskapen er gått or han. Det vart ei lang økt i sørburet. Mat og vatn såg han ingenting til, berre eit og anna flirande ansikt i døra ender og gong. Heile tida arbeidde han som best han kunne for å halde blodstraumen gåande på eit vis ut i hender og føter.

Ein eller annan gongen måtte han ha sovna, for han vakna av at ei hand la seg over munnen hans for å hindre han i å gje lyd frå seg. Eit ansikt luta seg ned mot han og kviskra:

- Hald stilt, Bjore, eg skal hjelpe deg fri.

- Kven er du? Korfor..?

- Hysj! Kjenner du meg ikkje igjen, Bjore?

- Holla, er det deg? Her er så skumt og du er blitt så...

- Ja, eg veit det. Eg er ikkje mange vintrane eldre enn du. Likevel er eg gammal vorten, gammal av slit og barnefødsjar.

Ho tok til å sage med ein sløv kniv på banda som batt armene hans.

- Men kva er det du gjer, Holla. Enn om dei kjem? Enn om dei finn ut?

- Eg håpar dei ikkje kjem før du er borte. Etterpå kan det vere det samme. Du er så ung og vakker og stolt, Bjore. Eg vil ikkje at han, ølvomma, skal få kue deg slik han kuar alle. Når du er laus, ligg båten klar. Det er berre Fjoste som er på vakt i natt, og han sovnar støtt når det lir fram mot morgonen. Nett no søv han tyngre enn han pla gjere. To av dei unge trælane, gutar berre, har ordna det. Dei vil gjerne bli med deg, om du gjev dei lov.

Han sat og gnei armene sine mens ho gnikka laus på banda som batt i hop føtene hans. Det stakk som eldar straks blodet tok til å renne fritt igjen.

- Enn du, Holla, blir ikkje du med?

Ho hiksta til med det same og kniven glapp og skar ei flenge i hosene hans. Han kjente noko renne nedetter leggen. Orda som kom sat så fast i halsen hennar at dei mest ikkje var til å tyde.

- Takk for dei orda, Bjore, men det er for seint. For meg. Ta med deg dei to ved båten. Ein av dei har same mor som eg.

Dei to unge trælane møtte han med togn, men kasta halvt nedslåtte, halvt spørrande blick på han. Ingen av dei greidde å møte seg opp til å spørre om dei fekk vere med. Brått lyste ein av dei opp i eit lurt smil. Han vinka Bjørnulv med seg og løfta på eit klede som låg framme i båtskotten. Bjørnulv Trudde ikkje sine eigne auge. Våpna hans låg der! Han slo armene om den unge trælen og vinka den andre ombord. I det same dei kasta fanglina ombord, høyrte dei skrik frå Ålberrshaugen.

- Det gjer ikkje noko, tenkte Bjørnulv. - La dei berre skrike. Vi seglar frå dei. Og kjem dei for nær, så har eg både boge og piler og folk til å passe styreåre og segl. Det blir verst for dei om dei kjem oss for nær.

Vestom Skrova segla dei tvers igjennom ein hop med måsar som forlysta seg på ein sildeknute. Børa var god, så dei sjoa raskt gjennom. Likevel kunne ikkje Bjørnulv unngå å høyre kva fuglane skreik om:

- Sjå der seglar Bjørnulv Steinbjørnsson. Han skal til Island og kanskje endå lenger. No sit ho og ventar på Hol, møya som skal følge han.

Bjørnulv halla seg mot ripa og lo. Dei to ynglingane såg undrande på han, men vart rivne med. Latteren blanda seg med måseskrika i eit jublande:

- Til Island, til Island og kanskje endå lenger!

## ORDLISTE

Árs og frid - godt år og fred (vanleg helsing)

Bardagen - krigen

Bestla - mor til Odin

Blottein - kvist til å skvette blod under blota

Bolen - kroppen

Borsson - kallenamn for Odin

Dis - kvinneleg guddom  
Dros - jente  
Einherje - stor krigar som er komen til Odin i Valhall  
Flann - mannleg kjønnsorgan  
Flannfluga - frigid kvinne  
Flein - flire spottande  
Frævnad - forplantning  
Frøy - mannleg fruktbarheitsgud, bror av Frøya  
Frøya - kvinneleg fruktbarheitsgud  
Fud - kvinneleg kjønnsorgan  
Fudfeste - første samleie i ekteskapet  
Fudfloge - homofil mann  
Geirodd - spydodd  
Gydje - kvinneleg guddom, brukast også om kvinne som står for blotet  
Hamlet - ansiktsfarge  
Hamløype - ein mann eller kvinne som kan ikle seg dyreham etter eigen vilje  
Hauld - ættefaren som ligg i haug på ein gard  
Heimanfølget - medgift  
Horget - blotstad utomhus som er avgrensa av veband  
Horundfall - impotens  
Ikjotar - lekamleggjer  
Irpa - ættdis for Håloygætta som har fått gudestatus, søster til Torgjerd Holgabrud  
Knesette - berre born som faren tok på kneet og godtok som sine hadde rett til arv  
Kyrr - roleg eller smult vatn  
Meingjær - dårleg gjær i ølet slik at det blir veikt og surt  
Neglfare - skip som er gjort av daude menns neglar, og som kjem flott under Ragnarokk.  
Derfor bør ein alltid klippe neglane på menn som blir gravlagt ubrente for å utsette Ragnarokk.  
Njord - den eldste av vanegudane, far til Frøy og Frøya  
Njosne - spørre nytt  
Norne - skjebnegudinner  
Nålys - lys du kan sjå over eit hus når einkvan skal døy  
Ranrike - småkongedømme på Austlandet  
Seid - magi  
Serkland - Nord-Afrika  
Sigfader - kallenamn for Odin  
Sjo - susande lyd  
Skålen - opphaldsrom i eit langhus  
Stavnbu - Nestkommanderande ombord på eit langskip  
Sudr - sør  
Surtssønane - dei som seglar Neglfare til kamp mot æsane  
Talmast - slåst  
Tegn - fri bonde  
Torgerd Holgabrud - ættdis for Håloygætta som har fått gudestatus, gift med sagnkongen  
Holge som Hålogaland skal vere kalla opp etter. Søster til Irpa.  
Tyende - tenestefolk  
Tylft - tolv menn. Ofte var eit tylft naudsynt av juridiske grunnar.  
Vanedis - Frøya blir kalla vanedis fordi ho høyrer til vanegudane  
Vanevette - kallenamn for Frøya  
Veband - band rundt horget og/eller tingplassen, heilage band  
Veigsfjord - noverande Wexford i Irland  
Veitsle - ein kongeleg rett til å reise rundt på gardane med følge og ete på bøndene sin kostnad

Vorren - steinmur langs ei båtstø

Ygg-herre - kallenamn for Odin

Øyreting - tinget for trønderfylka

Åbiten - frukost

Åredeia - tenestejente som hadde til oppgåve å få tent opp elden om morgonen